



DET KONGELEGE
LANDBRUKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2001-2002)

FOR BUDSJETTERMINEN 2002

Utgiftskapitler: 1100-1161

Inntektskapitler: 4100-4150, 5545, 5571, 5651 og 5652



DET KONGELEGE
LANDBRUKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 1

(2001-2002)

FOR BUDSJETTERMINEN 2002

Utgiftskapitler: 1100-1161

Inntektskapitler: 4100-4150, 5545, 5571, 5651 og 5652

*Tilråding frå Landbruksdepartementet av 21. september 2001,
godkjend i statsråd same dag.*

*Del I
Innleiande del*

1 Oversikt over budsjettforslaget for programområde 15 Landbruk og mat

Landbruksdepartementet har ansvar for matpolitikk og landbrukspolitikken.

Matpolitikken skal sikre forbrukarane trygg mat av riktig kvalitet gjennom ein sunn matproduksjon, og leggje til rette for eit ernæringsmessig fullgodt kosthald. Landbruksdepartementet har i samarbeid med Fiskeridepartementet og Sosial- og helsedepartementet ansvaret for utforminga av matpolitikken og forvaltninga av matvaresystemet frå primærproduksjon fram til forbrukarane. Regjeringa har starta eit omfattande arbeid for å forenkle og forbetre lovverket og tilsynet. Samstundes vil ansvarsfordelinga mellom dei tre departementa bli klårare.

Landbrukspolitikken omfattar arealforvaltning, jord- og skogbruk, husdyrhald, reindrift og utvikling av nye næringar med utgangspunkt i landbruket. Landbrukspolitikken skal sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon, utvikle kunnskapsgrunnlaget i landbruket og medverke til verdiskaping og sysselsetjing i heile landet med utgangspunkt i landbruket og landbruksbaserte produkt.

Sentrale rammevilkår for mat- og landbrukspolitikken er den generelle økonomiske politikken, marknaden, handelspolitikken som følgje av WTO-avtalen og EØS-avtalen, og Stortinget si behandling av dokumenta St.meld. nr. 40 (1996-97), St.meld. nr. 17 (1998-99), St.meld. nr. 19 (1999-2000), St.prp. nr. 1 (2000-2001), St.prp. nr. 70 (2000-2001) og St.prp. nr. 92 (2000-2001).

Mat- og landbrukspolitikken baserer seg på to grunnleggjande forhold:

- Ein forbrukarorientering av all verksemd innanfor dei områda der Landbruksdepartementet har forvaltningsansvar.
- Ein effektiv og framtidsretta næringspolitikk som ser samfunns- og næringsomsyn i samanheng.

Dette ligg til grunn for dei måla som er fastsette for mat- og landbrukspolitikken, jf. pkt. 1.3 nedanfor.

1.1 Hovudpunkt i budsjettforslaget for 2002

Regjeringa gjer framlegg om eit budsjett under Landbruksdepartementet med vekt på å sikre forbrukarane trygge matvarer og tiltak for å sikre eit meir forbrukarretta landbruk. Budsjettforslaget følgjer opp dei retningslinjene som er trekte opp

for mat- og landbrukspolitikken ved Stortinget si behandling av St.meld. nr. 19 (1999-2000).

Budsjettforslaget har ei samla ramme på 14 425 mill. kr. Dette er ein auke i høve til saldert budsjett for 2001 på 0,7 pst. Auken er i hovudsak knytt til tiltak for å sikre forbrukarane trygge matvarer av god kvalitet og tiltak for å auke verdiskapinga i matproduksjonen og knytt til skog og trevirke. Hovudprioriteringane i budsjettforslaget er:

- at forbrukarane får trygge matvarer av riktig kvalitet
- landbruket som basisnæring i distrikta og som utgangspunkt for utvikling av andre næringar
- eit meir forbrukarretta og konkurransedyktig jordbruk som kan gi grunnlag for lågare råvare- og matvareprisar
- auka verdiskaping i jord- og skogbruk, i foredlingsledda og i reindriftsnæringa
- økologisk landbruk
- miljø og arealforvaltning
- forskning og utvikling
- internasjonalt arbeid
- fornying av offentleg sektor

Landbruksdepartementet gjer framlegg om å løyve 780 mill. kr til tiltak for å sikre at forbrukarane får trygge matvarer av god kvalitet. Dette skal skje gjennom eit systematisk kvalitetsarbeid og kontroll i alle ledd i matkjeda. Arbeidet byggjer på eit oppdatert regelverk, internkontrollsystem og offentleg tilsyn med praktisk verksemd, uttak og analyse av prøver, rådgjeving og vedtak med heimel i lov når det er nødvendig. Det blir lagt stor vekt på å ha kunnskap om kva som skjer i dei ulike ledda i kjeda. Plantevernmiddelkontroll, overvakings- og kontrollprogram for planter, dyr og mat, zoonosearbeidet og forbrukaromsyn vil ha spesiell prioritet.

Landbruksdepartementet vil auke innsatsen knytt til særskilde tiltak på matområdet med 107 mill. kr. Av dette vil 16,5 mill. kr bli nytta til tiltak for å auke forbrukarorienteringa av verksemda på matområdet. Det er såleis sett av midlar til m.a. arbeid for å kartleggje og overvake smittestoff og framandstoff i mat og fôr og til å utvikle og etablere ein internetbasert matportal. Innanfor satsinga er det vidare sett av 61 mill. kr til tiltak mot kugalskap og skrapesjuke. Dette gjeld i hovudsak testing av risikodyr og friske dyr i tillegg til kontroll- og tilsynstiltak. Omfanget av kugalskap-tiltak er redusert med om lag 46 mill. kr i høve til omfanget det ble lagt opp til i St.prp. nr. 84 (2000-2001). Det er òg sett av 8,5 mill. kr til auka satsing på fiskehelse, 3 mill. kr til tiltak for å heve standarden på norsk plantehelse og 5 mill. kr til å eta-

blere ei merkeordning for landbruksprodukt basert på særpreg, geografisk opphav, tradisjon og eigenart. Det er òg sett av midlar til å styrkje veterinærberedskapen og starte opp arbeidet med å omorganisere tilsynsarbeidet på matområdet.

Det er i budsjettframlegget lagt opp til at den auka satsinga på matkontroll med 107 mill. kr i hovudsak blir finansiert med auka avgifter. Dette må sjåast i samanheng med at det over statsbudsjettet blir nytta 780 mill. kr for å sikre forbrukarane trygge matvarer og at berre om lag halvparten av desse utgiftene blir dekt inn gjennom avgifter. I tillegg blei meirverdiavgiftssatsen på matvarer halvert frå 1.7.01 og dette ga ei avgiftslette på 6,65 mrd. kr på årsbasis. Ein viser til programkategori 15.10 for ei nærare omtale av satsinga og finansieringa av ho.

Regjeringa meiner det er nødvendig å auke verdiskapinga i jordbruket og i foredlingsindustrien. Det blei i 2000 derfor etablert eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon. Det er sett av 150 mill. kr til programmet i budsjettforslaget når ein reknar med midlane under Konkurransestrategiar for norsk mat.

Regjeringa vil prioritere verdiskapingstiltak innanfor skogsektoren. Ein gjer derfor framlegg om at løyvinga til Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke blir auka med 7,5 mill. kr til 32,5 mill. kr. Hovudmålet med programmet er høgare foredling og auka marknadsorientering i heile verdikjeda for med det å auke lønnsmda i skogbruket. Det stramme budsjettopplegget gjer at departementet må redusere løyvingane til skogkultur med 20 mill. kr. Dette vil føre med seg lågare tilskottssatsar og truleg redusert aktivitet i skogbruket. Grunneigarane må derfor ta eit større ansvar for investeringane i eigen skog. Hovudpunkta i miljøarbeidet i skogbruket blir knytt til kompetansetiltak og vidare satsing på miljøregistreringsprosjektet.

Regjeringa vil for jordbruksoppgjeret i 2002 legge opp til å føre vidare hovudprinsippa i jordbruksavtalen i 2001, m.a. ved å prioritere bruk der jordbruket gir eit viktig bidrag til sysselsetjing og inntekt samt tiltak som kan bidra til kostnadsreduksjonar, omstillingar i heile matvarekjeda og forenklingar i verkemiddelbruken.

Landbruksdepartementet legg vekt på landbruket si rolle i distriktspolitikken. Landbruket sitt bidrag til busetjing og sysselsetjing i distrikta føreset livskraftige driftseiningar og attraktive arbeidsplassar i næringa. Dette inneber at ein vil styrkje driftsgrunnlaget på dei einingane som driv aktiv landbruksproduksjon. For at landbruket i størst mogleg grad skal gi grunnlag for busetjing i

distrikta, langsiktig mattryggleik og eit levande kulturlandskap i alle delar av landet, vil det framleis vere ein geografisk arbeidsdeling i landbruket slik vi har i dag.

Landbruksdepartementet har i tråd med St.meld. nr. 58 (1996-97) utarbeidd ein miljøhandlingsplan for landbruket. Planen gir ein heilskapleg oversikt over status og tiltak for landbruket i høve til dei miljøpolitiske resultatområda. I tråd med St.meld. nr. 19 (1999-2000) er departementet saman med landbruksnæringa i gang med å prøve ut eit opplegg for miljøprogram og miljøplanar på den einskilte driftseining. Departementet tar sikte på at opplegget vil vere operativt frå 2003.

Det er ei målsetjing at 10 pst. av det totale jordbruksarealet skal vere økologisk innan 2010 under føresetnad av at det finst ein marknad for avsetjing av produkta. For å nå målsetjinga er det behov for ei monaleg styrking av satsinga på økologisk landbruk og regjeringa vil derfor auke satsinga til 125 mill. kr. Dette er ein auke på 50 mill. kr i høve til året før. Satsinga framover vil ta utgangspunkt i heile verdikjeda frå primærledd til forbrukar. Ein vil særleg arbeide for å auke den økologiske produksjonen til eit nivå som gjer det mogleg for aktørane i marknaden å omsette økologiske produkt på ein kostnadseffektiv måte. Ein vil òg leggje vekt på å styrkje forskings-, rettleings- og informasjonsarbeidet innan økologisk landbruk og arbeidet som er sett i gang med marknadstiltak.

Landbruksdepartementet vil prioritere arbeidet med samfunnsplanlegging og arealforvaltning, og eit sterkt jordvern for å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon. Det er sett av 5 mill. kr. til investeringar i GPS-utstyr i Jordskifterettane og 4 mill. kr. til auka satsing på arealressurskartlegging og formidling av ressursdata.

Landbruksdepartementet vil styrkje arbeidet for å få til ein betre balanse mellom reintal og ressursgrunnlaget. Landbruksdepartementet vil òg arbeide for auka verdiskaping i reindriftsnæringa. Det er etablert eit verdiskapingsprogram med ei ramme første året på 7 mill. kr. Løyvingane over reindriftsavtalen er auka med 20 mill. kr i høve til 2000.

Landbruksdepartementet vil prioritere forskning og utviklingstiltak. Departementet har i samarbeid med Forskingsrådet vurdert utfordringane som spring ut frå nyleg framlagde styringsdokument som gjeld både forskingspolitikk generelt og utforming av mat- og landbrukspolitikken. Med bakgrunn i dette har ein kome fram til sju prioriterte innsatsområde for mat- og landbruksforskninga i åra 2002 og framover. I tillegg vil ein

legge til grunn Langtidsplanen for landbruksforskning og dei utfordringane som blei utforma i budsjettforslaget for 2001. Landbruksdepartementet vil aktivt følgje opp evalueringa av forskning på mat- og landbruksområdet, jf. omtale under programkategori 15.20.

Forhandlingar i WTO, avtaler med EU og andre internasjonale prosessar påverkar rammevilkåra for den nasjonale mat- og landbrukspolitikken. Regjeringa vil arbeide aktivt for å påverke desse prosessane. Målet for landbruksforhandlingane i WTO er å sikre handlefridom for utforming av ein aktiv norsk landbrukspolitikk som inkluderer dei verkemidla som er nødvendige for å nå viktige samfunns mål og som gjer det mogleg å ha ein aktiv landbruksproduksjon i heile landet i tråd med Stortinget si behandling av St.meld. nr. 19 (1999-2000).

Nordisk Ministerråd har gjort vedtak om ein strategi for ein berekraftig utvikling i Norden. Strategien femner om fleire område som er viktig i oppfølginga av mat- og landbrukspolitikken, m.a. biologisk mangfald og genetiske ressursar, matvaretryggleik, jordbruk, skogbruk og akvakultur, jf. nærare omtale under pkt. 1.4.4 og 1.4.5 nedanfor. Regjeringa har peikt ut berekraftig utvikling som eitt av tre satsingsområde når Noreg tek over formannskapet i det nordiske samarbeidet i 2002.

Landbruksdepartementet følgjer opp regjeringa sitt program for fornying av offentleg sektor. Ein vil mellom anna samordne dei tre mattilsyna under Landbruksdepartementet og dei kommunale næringsmiddeltilsyna i eitt, statleg tilsyn. Ein vil òg overføre ansvaret for den regionale landbruksforvaltninga frå Fylkesmannen til fylkeskommunane. Desse tiltaka og andre tiltak er nærare omtalt i pkt. 1.2 nedanfor.

1.2 Fornyng av offentleg sektor

For å nå ei rekkje av regjeringas mål er det avgjerande å ha ein offentleg sektor som fungerer godt og som har sterk legitimitet i befolkninga. Regjeringa starta derfor opp eit program for å fornye, omstille og effektivisere forvaltninga slik at ho fungerer betre i høve til samfunnsøkonomien og forventningar i befolkninga.

Landbruksdepartementet har dei siste åra gjennomført fleire store omorganiseringar gjen-

nom etableringa av Statens landbruksforvaltning og avviklinga av Statens Landbruksbank med overføring av oppgåver til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond. I tillegg er ein i gang med å gjennomføre dei endringane som er vedtekne for Jordskifterettane. Departementet vil følgje opp arbeidet slik at ein får god effekt av desse omstillingane. Landbruksdepartementet vil vidare som ledd i regjeringa sitt fornyingsprogram aktivt halde fram arbeidet med å forbetre forvaltninga. Dei viktigaste tiltaka vil vere å:

- samordne verksemda i Statens dyrehelsetilsyn Statens landbrukstilsyn og Statens næringsmiddeltilsyn og næringsmiddeltilsynet som i dag blir utført av dei kommunale næringsmiddeltilsyna i eitt, statleg tilsyn
- auke handlingsrommet til kommunane og fylkeskommunane i landbrukspolitikken, mellom anna gjennom å overføre ansvaret for den regionale landbruksforvaltninga frå Fylkesmannen til fylkeskommunane. Landbruksdepartementet vil prioritere arbeidet med å etablere dialog og samhandling med fylkeskommunane, jf. omtale under kap. 1102.
- vere ein pådrivar for utforming av nettbasert informasjon og elektronisk saksbehandling (døgnopen forvaltning)
- forenkle dei økonomiske verkemidla over Jordbruksavtalen

Tiltaka er omtalt nærare i programkategori 15.00 og 15.10 og under dei aktuelle kapitla.

1.3 Overordna mål for mat- og landbrukspolitikken

Landbruksdepartementet har eit breitt, allmennretta forvaltningsansvar som er delt inn i følgjande 5 område:

- Matvaretryggleik, matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse
- arealforvaltning
- næringsutvikling og miljø
- forskning og utvikling
- landbruksadministrasjon

Innanfor desse områda arbeider Landbruksdepartementet etter målsetjingane som er refererte i tabell 1.1.

Tabell 1.1 Mål for mat- og landbrukspolitikken

Matvaretryggleik, matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse (programkategori 15.10) Hovudmål: – sikre forbrukarane trygge matvarer av riktig kvalitet gjennom ein sunn matproduksjon Delmål: – ein effektiv og miljøvenleg bioproduksjon – god plantehelse – eit etisk forsvarleg dyrehald ut frå åtferdsbehova til dyra – god dyrehelse – trygg mat og drikke – reieleg frambod av mat og drikke med riktig kvalitet – forbrukarane skal sikrast innverknad for å imøtekomme deira preferansar på matområdet
Næringsutvikling og miljø (programkategori 15.30) Hovudmål: – eit berekraftig landbruk som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av landet, både i primærproduksjonen og foredlingsindustrien Delmål: <i>Jordbruk:</i> – medverke til rimelege matvareprisar, konkurransedyktige råvareprisar, lågare kostnadsnivå og ein produksjon som er tilpassa etterspurnaden – sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levekår på linje med befolkninga elles – sikre miljøvenleg produksjon der òg omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt – verdiskapinga frå jordbruksbaserte næringar skal aukast – styrkje rekrutteringa til og likestillinga i næringa <i>Skogbruk:</i> – verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast – skogsektoren skal medverke til å løyse viktige miljøoppgåver – ei aktiv og langsiktig ressursforvaltning som legg til rette for verdiskapinga og miljøsatsinga <i>Reindrift:</i> – ei reindriftnæring i balanse med beiteressursane og som medverkar til å halde oppe samisk eigenart – medverke til kvalitetsproduksjon av reinsdyrkjøtt som sikrar inntektsgrunnlaget for reindriftsfolk <i>Nye næringar:</i> – medverke til nye lønnsame arbeidsplassar og ny verdiskaping i og knytt til landbruket – fremme berekraftig produksjon, og bruk av natur og utmark
Arealforvaltning (programkategori 15.30) Hovudmål: – sikre areal som grunnlag for varig landbruksproduksjon, og bidra til at arealressursane blir forvalta for å fremme verdiskaping, busetjing og sysselsetjing

Tabell 1.1 Mål for mat- og landbrukspolitikken

Delmål: – utvikle ein arealpolitikk som byggjer opp under ei langsiktig og berekraftig ressursforvaltning med eit sterkt jordvern, som blir praktisert strengast for dei mest produktive areala – ivareta landbruket sine interesser og verdier gjennom ei aktiv deltaking i samfunnsplanlegginga – medverke til ein rasjonell eigedoms- og driftseiningsstruktur – medverke til at arealressursane blir forvalta slik at busetjinga og sysselsetjinga i distrikta blir oppretthalde – ha ein velfungerande jordskifterett bygd på alminnelege domstolprinsipp – medverke til å utvikle data om landbruket sine arealressursar og gjere dei tilgjengelege for ålmenta, næringslivet og forvaltninga
Forskning og utvikling (programkategori 15.20) Hovudmål: – mat- og landbruksforskinga skal, innanfor ei etisk forsvarleg ramme og i brei næringspolitisk samanheng, vere leverandør av kunnskap med vekt på forbrukarkrav, verdiskaping, nyskaping, omstilling, miljø og helse- og livskvalitet Delmål: – fremme langsiktig og berekraftig utvikling i landbruket og i landbruksbasert verksemd til bevaring av naturgrunnlag og miljø, og til fremme av helse og livskvalitet hos menneske og dyr – utvikle marknadsorienterte produkt basert på norske råvarer og foredlingssystem – høyne nivået på kompetansen og graden av produktforedling med sikte på verdiskaping og sysselsetjing i landbruket og verksemd basert på landbruk – utvikle nye produkt, næringar og kombinasjonar av næringar innanfor eit heilskapleg nærings- og distriktsperspektiv – gi grunnlag for utforming av politikk, bruk av offentlege verkemiddel og forvaltning
Mat- og landbruksforvaltning m.m. (programkategori 15.00) Hovudmål: – gjennomføre og utvikle mat- og landbrukspolitikken på ein måte som gir størst mogleg grad av måloppnåing og tillit hos dei ulike samfunnsaktørane Delmål: – lokal fridom og betre oppgåvefordeling – brukaren i fokus – meir effektiv forvaltning og forvaltningssystem – motiverte og kompetente leiarar og tilsette

1.4 Utfordringar i mat- og landbrukspolitikken

1.4.1 Trygg mat, kvalitet og forbrukaromsyn

Matpolitikken må byggjast på ei brei plattform. FN-konvensjonen om økonomisk, sosial og kulturell rett som er nedfelt i norsk lov (jf. lov av 21. mai 1999) er viktig i så måte. I samsvar med denne har Regjeringa ei plikt å syte for at alle innbyggjarane har fysisk og økonomisk tilgang til nok og trygg mat for eit fullgodt kosthald som

møter ernæringsbehov og preferansar og som gir grunnlag for eit aktivt liv med god helse. I tillegg kjem omsynet til miljøet og til forbrukarane som har krav knytt til utval, tilgjenge, pris, kvalitet med vidare.

Mat- og landbrukspolitikken må vidare utformast i samsvar med internasjonale plikter nedfelt i mellom anna WTO-, SPS- og EØS-avtalane. Globalisering generelt og handel med matvarer over landegrensene spesielt, er òg ei utfordring som har fått stor merksemd. Ein ser at debatten om

mat, både nasjonalt og internasjonalt, meir og meir vert ein verdidebatt. Forbrukarane er framleis interesserte i kunnskap om farlege smittestoff og restar av kjemikaliar, men viser i tillegg stadig større interesse for korleis maten blir produsert, foredla og omsett. Slike omsyn må liggje i botnen når politikken blir forma.

Av tabell 1.1 går det fram at regjeringa har klare mål når det gjeld matvaretryggleik, matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse. Maten er sluttproduktet i ei lang produksjonskjede der kvaliteten på sluttproduktet avheng av tilhøva i kvart ledd.

Tilsynsetatane fører tilsyn langs heile matkjeda frå jord til bord, medan forskingsinstitutta gir tilsynsorgana fagleg støtte. Det ytre fag- og forvaltningsapparatet melder gjennomgåande om at tilstanden langs matkjeda, inkludert sluttprodukta, er tilfredsstillande.

Skal dei offentlege kontrollorgana vere truverdige, må status med omsyn til helse, smittestoff, reststoff m.m. vere godt dokumenterte. Samanlikna med tidlegare, skjer det i dag ei omfattande overvaking både på plante- og fôrsektoren, når det gjeld dyrehelsa og av ei lang rekke matvarer. Slike program er kostbare, men nødvendige av fleire grunnar. For det første er funn og resultat som kjem fram grunnlag for tiltak. Vidare er dokumentasjonen viktig for forbrukarpolitikken på matsektoren og dessutan viktig som grunnlag for å sette vilkår når det gjeld internasjonal handel. Både i samband med EØS-avtalen og WTO-avtalen ser ein på dei nasjonale kontroll- og overvakingssystema som avgjerande for å ta vare på dei føremoner som gode standarder gir. Ein god dokumentasjon av helse og kvalitet styrker òg dei norske produkta i marknaden, både nasjonalt og internasjonalt.

Det er ei prioritert oppgåve for departementet å involvere forbrukarane i utforminga og forvaltninga av matpolitikken. I tråd med Landbruksmeldinga har departementet utarbeidd ein handlingsplan for forbrukarorientering av mat- og landbrukspolitikken. Handlingsplanen konkretiserer og utdjupar forbrukarorienteringa og det er vidare foreslått ulike tiltak som skal gjere politikken om til konkret handling. Målet med planen er å angi ulike retningar for korleis brukarorienteringa bør setjast i verk, og dei fleste av tiltaka som er omtala handlar om å betre kommunikasjonen med forbrukarane. Departementet har så langt prioritert følgjande fire tiltak:

- kartlegge forbrukarane sine preferansar, m.a. gjennom å etablere forbrukarpanel
- omverdsanalyse, jf. omtale i programkategori 15.00

- styrking av Noreg sin forbrukarrepresentasjon i nasjonale og internasjonale fora
- føre vidare forbrukarretting av etatane

Framdrifta i desse prosjekta blir sikra gjennom samarbeid mellom Landbruksdepartementet og underliggjande verksemdar og gjennom dialog med dei frivillige organisasjonane.

Departementet har etablert ordningar for opphavsmarkering, og ordningar som mellom anna dokumenterer produksjonstilhøva. Opphavsmarkering skal gjere det enklare for forbrukarane å gjere val ut i frå eigne preferansar. Opplysningar om kor matvarene kjem frå er viktige for mange forbrukarar. Mange ønskjer å kunne velje produkt som kjem frå spesielle regionar eller som er sær-eigne tradisjonsprodukt. For å oppfylle slike ønske vil det offentlege leggje til rette for bruk av merkeordningar som definerer ein regional kvalitetsproduksjon av mat basert på tradisjon og matkultur. Landbruksdepartementet gjer framlegg om å etablere ei slik merkeordning i 2002, jf. omtale under programkategori 15.10 og 15.30.

I tillegg til overvakinga av produksjonskjeda og forbrukerrettinga av matpolitikken har departementet i gang fleire handlingsplanar og program for å førebyggje uheldige tilstandar på viktige område i framtida, t.d. Handlingsplan for redusert bruk av plantevernmidde, plantehelseplanen, tiltak for å motverke antibiotikaresistens i tillegg til dei vel 30 overvaksings- og kontrollprogramma på dyr og mat som nemnd ovanfor, jf. òg programkategori 15.10. Regjeringa ser det som sær viktig å halde oppe den gode folke- og dyrehelsa i Noreg. kugalskap har fått særleg stor merksemd i mange land, også i Noreg. Dette har ført til forbod mot bruk av kjøtt- og beinmjøl som fôr til produksjonsdyr, og utvida overvaking og testing, jf. omtale under programkategori 15.10.

Arbeidet ved Zoonosesenteret gir betre grunnlag for å kontrollere sjukdommar og smitteemne som går frå dyr til menneske. For å få ei betre samhandling mellom Zoonosesenteret og dei institusjonane som leverer data til senteret, vil Landbruksdepartementet og Sosial- og helsedepartementet sjå nærare på styringsmodellen for senteret.

På mat-, fôr- og plantesektoren er genmodifisering av organismar (GMO) ei viktig problemstilling både ut frå helse og miljø. Det er streng regulering av GMO på levende plantedelar med heimel i Genteknologilova. Regjeringa er budd på å praktisere ein restriktiv politikk med krav om godkjenning og merking av mat og fôr. GMO-analysar krev svært høg kompetanse ved laboratoria.

Denne kompetansen er under oppbygging. Sjølv med spisskompetanse og god utrustning, vil påvising av GMO i produkt vere ei stor utfordring. Dette fordi genmodifiseringa kan skje på mange ulike vis og gi seg høgst ulike utslag i produkta. Analysar ved laboratoria må bygge på opplysningar frå produsenten og arbeidet krev såleis ein open og tillitsfull kommunikasjon mellom industri og offentlege styresmakter. Departementet vil vurdere kva krav som skal stillast til produsentane med omsyn til produktokumentasjon. Vurderingane av kva slags risiko som er knytt til GMO-produkt i høve til miljø og helse er og svært krevjande.

Oppgåvene knytt til tilsyn langs matkjeda har til no vore delt på fleire verksemdar. Regjeringa har i lengre tid vurdert endringar i ansvarstilhøva og organiseringa av mattilsynet. Det er no sett i gang ein omfattande gjennomgang av både lovverk og tilsyn med sikte på forenkling, effektivisering og klårare ansvarstilhøve. Dei fem viktigaste lovene knytt til siste del av matkjeda vil bli gjort om til ei lov der den nye matforordninga til EU òg vil bli innpassa. Eit utkast til ny matlov vil bli utarbeidd av Sosial- og helsedepartementet i samarbeid med Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet. Ein tek sikte på å sende eit lovframlegg på høyring hausten 2002. Sosial- og helsedepartementet vil ha ansvaret for den nye lova.

Det vil vidare bli etablert eit klårare skilje mellom ansvar for risikovurdering og ansvar for risikohandtering. Sosial- og helsedepartementet vil ha det overordna ansvaret for risikovurdering. Det vil bli sett ned ein vitskapskomité som skal gi uavhengige, faglege vurderingar og råd om spørsmål langs heile matkjeda. Sosial- og helsedepartementet vil i samarbeid med Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet førebu opprettinga av ein ny vitskapskomité i 2002. Landbruksdepartementet og Fiskeridepartementet vil ha ansvaret for risikohandtering gjennom tilsyn med høvesvis landbasert og marin produksjon. Grensesnittet mot miljøretta helsevern og spørsmålet om forvaltning av sjukdomar hos akvatiske dyr vil bli vurdert nærare.

Landbruksdepartementet vil samordne tilsynsarbeidet med landbasert matproduksjon i eitt, statleg tilsyn. Opplegget for omorganiseringa, som er utforma i nært samarbeid med dei to andre departementa, er drøfta med Statens næringsmiddeltilsyn, Statens dyrehelsetilsyn, Statens landbrukstilsyn, Kommunenes Sentralforbund, KNT-forum og arbeidstakarorganisasjonane. Vidare har departementet orientert dei inte-

resseorganisasjonane som blir berørt av omorganiseringa om opplegget. Arbeidet med omorganiseringa er starta opp. Dette er ein omfattande fornying som ein tek sikte på å gjennomføre i 2003, jf. nærare omtale under pkt. 1.2 ovanfor og i programkategori 15.00 og 15.10 der òg siktemålet om ein meir effektiv ressursutnytting er konkretisert.

1.4.2 Næringsutvikling og verdiskaping

Regjeringa viser til St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon* som blei behandla i Stortinget 9. mai 2000. I Innst. S. nr. 167 (1999-2000) slutta fleirtalet i Næringskomiteen seg til hovudpunkta i meldinga. St.meld. nr. 19 (1999-2000) tar utgangspunkt i hovudmålsetjingane for landbruket i St.prp. nr. 8 (1992-93) *Landbruk i utvikling*, St.meld. nr. 40 (1996-97) *Matkvalitet og forbrukertrygghet*, St.meld. nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø - muligheter i skogsektoren*, og behandlinga av desse dokumenta i Stortinget.

St.meld. nr. 19 (1999-2000) legg vekt på landbruket sine samla bidrag til samfunnsnytte på kort og lang sikt. I Næringskomiteen sine merknader heiter det:

«Komiteen mener landbruket i tråd med samfunnets behov skal:

- produsere helsemessig trygg mat av høy kvalitet med bakgrunn i forbrukernes preferanser
- produsere andre varer og tjenester med utgangspunkt i næringens samlede ressurser
- produsere fellesgoder som livskraftige bygder, et bredt spekter av miljø- og kulturgoder, og sikre en langsiktig matforsyning.

Komiteen vil understreke at sumvirkningen av landbrukets ulike funksjoner representerer næringens totale samfunnsnytte, og legger til grunn at en attraktiv landbruksnæring og aktiv matproduksjon over hele landet er et viktig grunnlag for å få løst sentrale samfunnsoppgaver på en god måte.»

Det er lagt vekt på at landbrukspolitikken skal gi; sterkare forbrukerretting av landbruket, opnare bygder, eit aktivt landbruk i heile landet, eit attraktivt landbruk med gode inntektsmoglegheiter og rekruttering, synleggjering av landbruket sine samfunnsoppgåver og samordning av miljøvernpolitikken.

I ei auka forbrukarretting i landbruket og landbruksbasert matproduksjon er det behov for

å sjå heile matvarekjeda i samanheng. Dei ulike matrelaterte omsyna i kjeda, frå primærleddet gjennom foredlingsleddet og handelsleddet fram til forbrukar bør derfor integrerast i landbrukspolitikken. Det offentlege må ha klare strategier for utviklinga av matvaremarknaden. Dette er ein føresetnad for å nå måla for politikken samla sett.

Landbruksdepartementet legg vekt på å følgje utviklinga i matvaremarknaden. Dette er mellom anna viktig for å sikre at den reduserte matmomen kjem forbrukarane til gode. Det er no blitt etablert eit dokumentasjonsopplegg med månadleg dokumentasjon av prisar på produsent-, engros- og forbrukarnivå. Undersøkinga er i dei siste åra blitt utvikla etter oppdrag frå Landbruksdepartementet og blir gjennomført i samarbeid mellom Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Statistisk sentralbyrå (SSB). Ho blir publisert på NILF sine heimesider månadleg. Det er òg gjennomført ein analyse av marginar på ulike ledd. Analysen blir gjennomført i samarbeid mellom NILF og ECON Senter for økonomisk analyse. NILF, SSB og ECON har gjort ulike type prissamanlikningar med nabolanda. Departementet vil løpande følgje med i utviklinga på dette området og aktivt nytte resultata frå undersøkingane slik at sterke og svake sider kjem klårt fram. Departementet ser på desse undersøkingane som eit viktig reiskap for å effektivisere heile matvaresektoren og for å medverke til at dei ulike ledda i matvarekjeda får sin rimelege del av verdiskapinga.

Regjeringa legg til grunn at ei attraktiv landbruksnæring og aktiv matproduksjon over heile landet er eit viktig grunnlag for å få løyst sentrale samfunnsoppgåver på ein god måte. Det er understreka at næringa skal ha inntektsmoglegheiter og sosiale vilkår på linje med andre. Det må leggjast til rette for at ungdom finn det attraktivt å gå inn i næringa, og at kvinner og menn får like reelle moglegheiter til å eige og drive. Regjeringa legg vekt på at yrkesutøvarane i landbruket er sjølvstendige næringsdrivande. God utnytting av marknadsmoglegheitene, auka mangfald, ein balansert marknad, strukturelle endringar og fornuftige kostnadstilpassingar vil i aukande grad avgjera om måla for inntektsutviklinga kan bli nådde.

For å auke dynamikken i denne utviklinga har regjeringa starta opp eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon. Programmet legg til rette for verdiskaping på matområdet med utgangspunkt i utvikling av nye og særskilte produkt som ofte krev ein endra innfallsvinkel til produksjon og omsetning m.m. i heile verdikjeda.

Programmet skal òg ta opp bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologien knytt til nyskaping i mat- og landbruksnæringa. SND har ansvaret for gjennomføringa.

Arbeidet med etablering av Nordnorsk kompetansesenter blir ført vidare, jf. omtale under programkategori 15.10 og kap. 1112 post 51.

Samtidig som ein skal sikre levedyktige bestandar av dei store rovdyra i Noreg skal forvaltninga av bestandane skje på ein slik måte at det kan drivast forsvarleg jordbruksdrift og rein-driftsnæring innanfor akseptable økonomiske rammevilkår. Desse spørsmåla vil bli følgd opp i samarbeid med Miljøverndepartementet som har forvaltningsansvaret.

For ei heilskapleg rapportering til Stortinget om utviklinga i primærproduksjonen, foredlinga og distribusjonsledda viser ein til kap. 3 og 4 i St.prp. nr. 92 (2000-2001).

Behandlinga av St.meld. nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø - muligheter i skogsektoren* i Stortinget viser at det er brei semje om skogpolitikken. Skogmeldinga dreg opp politikken for ei rasjonell og berekraftig utnytting av skogressursane framover, og siktar mot å auke verdiskapinga frå skogsektoren. Meldinga slår fast at det er knytt store verdar til skogen i Noreg, og at skogbruk gir gode moglegheiter for eit variert næringsliv i landet.

Skogsektoren arbeider i ein internasjonal marknad med raske endringar. Utviklinga, både internasjonalt og nasjonalt, har dei siste åra endra rammevilkåra for skognæringa og ført med seg ei stadig fallande lønnsemd.

Regjeringa vil føre ein nasjonal skogpolitikk for å styrkje skogen sitt bidrag til velferd for befolkninga, til meir berekraftige produksjons- og forbruksmønstre og levande bygder. I slike samanhenger blir det viktig å sikre kvinnene si aktive deltaking i skogbruket. Regjeringa vil arbeide for at

- verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast. Det femårige verdiskapingsprogrammet som blei starta opp i 2000 har som mål å auke skogsektoren sitt bidrag til verdiskapinga og meir berekraftig produksjon og forbruk. Programmet skal fokusere på auka bruk av trevirke og betre koplingar mellom skogbruk og marknad.
- skogsektoren skal bidra til å løyse viktige miljøoppgåver. Ei framtidsretta skognæring må ha ein god miljøprofil. Hovudstrategien i miljøarbeidet framover vil bli å bygge opp god kunnskap innan alle ledd i sektoren og å delta aktivt

i arbeidet med å følgje opp internasjonale avtaler og prosessar.

Reindrifta skal vere berekraftig økologisk, økonomisk og kulturelt, jf. St.meld. nr. 28 (1991-92) og St.prp. nr. 70 (2000-2001). Næringsgrunnlaget for den samiske reindriften skal sikrast, m.a. ved å tilpasse reintalet til beiteressursane. Regjeringa legg til grunn at reindrifta er ein sentral berar av samisk kultur. Reindriftpolitikken skal òg bidra til utvikling av tilleggs- og kombinasjonsnæringar i reindrifta med utgangspunkt i samisk tradisjon og kultur. Dette er særleg viktig for kvinnene og for å ta vare på heilskapen i reindriftskulturen. I reindriftsavtalen i 2001 blei partane samde om å starte opp eit verdiskapingsprogram for reindrifta. Formålet med programmet er å leggje til rette for auka verdiskaping for reindriftnæringa. Verdiskapingsprogrammet skal byggje på dei same prinsippa som verdiskapingsprogrammet for norsk mat, men skal femne om alle delar av reindrifta.

Misforholdet mellom reintal og ressursgrunnlag har framleis høgste prioritet sett frå styresmaktene si side. Arbeidet med oppfølging av stortingsvedtaket om fastsetjing av øvre reintal per distrikt, jf. Innst. S. nr. 216 (1999-2000), er sett i gang, og utgreiinga om øvre reintal for Vest-Finnmark var ferdig våren 2001 og har seinare vore på høyring. Det ligg etter dette til rette for at øvre reintal for Vest-Finnmark kan bli fastsett i løpet av inneverande år. Utgreiinga om øvre reintal i Aust-Finnmark er starte opp og vil vere ferdig våren 2002.

Det er ei viktig målsetjing for Regjeringa å sikre hovudtrekka i busetjingsmønsteret. For at landbruket skal kunne medverke til å oppfylle viktige samfunns mål knytt til busetjing og verdiskaping, er det ein sentral strategi å leggje til rette for heilskapleg næringsutvikling på bygdene. Det er derfor eit mål å fremme lønnsam næringsutvikling i bygdene i og i tilknytning til landbruket. Den samla næringspolitikken for bygdene må styrkje og utvide næringsgrunnlaget for å utvikle eit allsidig næringsliv og eit breiare grunnlag for busetjingsmønsteret. Bygdeutviklingsmidlane er ein integrert del av distriktpolitikken og Regjeringa sin politikk i høve til primærnæringane. Ein legg særleg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gir fleire arbeidsplassar for kvinner og ungdom.

For å få betre kunnskap om effekten av verkemidla i eit likestillingsperspektiv, vil departementet gjennomføre ein kjønnsvurdering av utvalde deler av budsjettet. I 2002 vil ein vurdere dei tre

verdiskapingsprogramma som er starta opp inn-
anfor høvesvis matproduksjon, skogbruk og rein-
drift.

1.4.3 Samfunnsplanlegging og arealforvaltning

Landbruket har eit ansvar for å sikre areal for mat-, fôr-, og virkeproduksjon på lang sikt. Av det samla landarealet er berre om lag 3 pst. dyrka jord, og av klimatiske årsaker er det berre mogleg å dyrke matkorn på ein tredel av desse areala. Regjeringa legg ut frå nasjonale beredskapsomsyn og globale fordelingspolitiske omsyn stor vekt på at landet har ei god sjølvforsyning av mat, m.a. ut frå retningslinjene frå toppmøtet om verdas matvaretryggleik i 1996. Eit sterkt jordvern er grunnlag for ei økologisk langsiktig ressursforvaltning og vår nasjonale matvaretryggleik. Regjeringa har gjennom St.meld. nr. 24 (2000-2001) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* integrert jordvern som ein del av den nasjonale miljøvernpolitikken.

Dei fleste byane og tettstadene i Sør-Noreg er omkransa av landbruksareal med høg produksjonsevne, og areala er mange stader truga av nedbygging. Kvart år vert det bygd ned om lag 20 000 daa dyrka og dyrkbar jord, mykje av dette er god kornjord i område med godt klima. Landbruksdepartementet meiner det er behov for betre arealdokumentasjon og vil innanfor ei ramme på 4 mill. kr prioritere arealressurskartlegging og formidling av ressursdata. Departementet har starta arbeidet med å skaffe fram betre dokumentasjon av kvaliteten på landbruksareala i form av jordressurskart. Dette skal mellom anna nyttast for å dokumentere landbruket sine interesser i høve til arealplanlegging og for ein meir presis registrering av avgang av landbruksareal. God dokumentasjon gjer betre grunnlag for å sikre verdifulle landbruksareal. Landbruksdepartementet legg stor vekt på at landbruksstyresmaktene på kommune- og fylkesnivå tar aktivt del i planprosessar i dei høva dette vedkjem landbruket. Dei har viktige oppgåver med å leggje til rette for næringsutvikling, bidra til høg utnytting av areal tatt til utbyggingsformål og styre ny utbygging mot mindre produktive areal.

Landbruksdepartementet har laga ein rettleiar for utarbeiding av kommunevise landbruksplanar. Slike planar kan medverke til å sette landbruket på dagsorden i kommunane. Gjennom gode planprosessar kan kommunane skaffe seg meir heilskapleg innsikt i den nasjonale landbrukspolitikken og gjennom det finne handlingsrom for utfor-

ming av ein lokal landbrukspolitikk innafor rammene av den nasjonale politikken.

God eigedomsutforming og klåre eigar- og rettstilhøve er viktig for auka verdiskaping. For å få til dette kan det vere nødvendig å omforme eigedommar eller gjere andre endringar i eigartilhøva og med det sikre god ressursutnytting og omsyn til miljø. Det er òg ofte behov for at grunn-eigarar set i gang fellestiltak. For eigaren eller leigetakaren er det viktig at ikkje eigedomstilhøva stenger for god arealutnytting og eit godt inntektsgrunnlag. For samfunnet er det viktig å få ned kostnadene i landbruket. Det kan medverke til auka verdiskaping, noko som igjen tener selssetjinga i næringa og busetjing i distrikta. Grunneigarane kan bruke jordskifterettane for å få løyst slike problem, og landbruksstyresmak-tene kan nytte lovverket elles.

Lover og reglar for landbruket er ein viktig del av den samla landbrukspolitikken. Det er viktig å ha kunnskap om korleis lover og regler verker. Landbruksdepartementet arbeider med å få fram meir forskingsbasert kunnskap om dette.

I saker der ein nyttar reglane for å gjere inn-grep i den private eigedomsretten er det særleg viktig at omsynet til rettstryggleiken blir tatt omsyn til på ein god måte.

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) er mange sider ved arealforvaltning tatt opp. Fleire av forslaga i stortingsmeldinga blei gjennomført våren 2001, jf. Stortinget si behandling av Ot.pr. nr. 33 (2000-2001) *Om lov om endringer i konsesjonsloven og odelsloven m.v.*, jf. Innst.O. nr. 61 (2000-2001). Lov-endringa blei sanksjonert i statsråd 4. mai 2001. Endringane gjaldt m.a. oppheving av forkjøpsretten og heving av arealgrensene i konsesjonslova § 5 første ledd nr. 2 og odelslova § 2. Det er opp-nemnt eit utval som skal greie ut verknadene av odelslova og fremme forslag til lovendringar. Dei andre forslaga som er nemnt i stortingsmeldinga, vil bli følgt opp seinare i samband med ein gene-rell gjennomgang av konsesjonslova. Ei nærare omtale av lovendringane og dei andre forslaga er gitt under programkategori 15.30.

1.4.4 Berekraftig utvikling

For å møte utfordringane og målsetjingane om eit berekraftig landbruk, må landbrukspolitikken ha eit heilskapleg perspektiv der miljøomsyna er integrerte i alle delar av politikken. Departemen-tet legg opp til auka bruk av økologiske driftsme-todar i landbruket, og å sikre ein kostnadseffektiv produksjon av miljøgode. Vidare legg departe-mentet vekt på å utnytte skogsektoren sine moglegheiter for å løyse viktige miljøoppgåver.

Skogen er ein fornybar ressurs som kan med-verke til utvikling av meir berekraftig produksjon og forbruk.

I tilknytning til budsjettet for 2001, la departe-mentet fram ein handlingsplan om miljø. Dette inn-går som ein del av oppfølginga av St.meld. nr. 58 (1996-97) *Miljøpolitikk for ein bærekraftig utvikling*. Miljøhandlingsplanen er eit bindeledd mellom regjeringa sin landbrukspolitikk og miljøvernpoli-tikk og skal medverke til å gjere landbruket sitt sektoransvar for miljø tydelegare. Miljøhandlings-planen gir ei samla framstilling og konkretisering av miljøtiltak i landbrukspolitikken mellom anna med utgangspunkt i meldingar til Stortinget, jord-bruksoppgjeret 2000 og statsbudsjettet for 2001. Planen har ein fireårig tidshorisont.

Landbruksdepartementet er komme godt i gang med oppfølginga av miljøhandlingsplanen. Ein har starta opp arbeidet på dei fleste tiltaka i planen. Det er likevel gått for kort tid til at tiltaka er ferdigstilte. Departementet vil med jamne mel-lomrom gjennomføre ein fullstendig oppdatering av status for tiltaka i planen, slik at ein sikrar fokus på oppfølginga. Det er også nær kontakt med Miljøverndepartement i samband med opp-følginga. For nærmare omtale av den faglege opp-følginga, sjå programkategori 15.10 og 15.30.

Genetisk materiale er grunnlaget for all mat-produksjon. Som del av mat- og landbrukspolitik-ken og arbeidet med biologisk mangfald legg departementet derfor stor vekt på bevaring av genressursar. Landbruksdepartementet har laga ein plan for forvaltning av genetiske ressursar som omhandlar både husdyr, kulturplanter og skog. I tillegg er det nordiske samarbeidet styrkt på området. For å sikre oppfølging av norske og nordiske prioriteringar er det oppretta eit nasjo-nalt råd for genressursar, og genressursutval inn-anfor kvart av områda husdyr kulturplanter og skogstre. Noreg deltar aktivt i Nordisk genres-sursråd.

Noreg tek over formannskapet i det nordiske samarbeidet i 2002. Regjeringa har prioritert tre satsingsområde, mellom anna arbeidet for bere-kraftig utvikling. Regjeringa vil i formannskapspe-rioden legge vekt på arbeidet med eit meir miljø-vennleg landbruk og vil forsterke innsatsen innan økologisk jordbruk. Ein visar til nærare omtale under pkt. 1.4.5 Internasjonale tilhøve.

1.4.5 Internasjonale tilhøve

Landbruksdepartementets virkeområde er nær knytt opp til ei rekkje internasjonale prosessar og avtalar. Dette legg føringar og rammer for utfor-minga av mål og verkemiddel på alle dei ulike

politikkområda; både jordbruk, skogbruk, mat og forskning. Det er ei målsetting å arbeide aktivt internasjonalt for å ta vare på nasjonale interesser og samtidig bidra til framgang i dei internasjonale prosessane.

På landbruksområdet vil WTO-forhandlingane stå sentralt i åra som kjem. Forhandlingane pågår no i samsvar med artikkel 20 i Landbruksavtalen. Frå norsk side er målsettinga for forhandlingane å sikre eit nasjonalt handlingsrom for å føre ein aktiv landbrukspolitikk som gir grunnlag for jordbruksdrift over heile landet i tråd med målsetjingane om eit fleirfunksjonelt landbruk. Landbruksavtalen i WTO må derfor òg framover gi rom for eit breitt spekter av verkemiddel. Frå norsk side skal det førast ei aktiv linje i forhandlingane om jordbruk, m.a. gjennom eit aktivt samarbeid med dei aktørane som Noreg har heilt eller delvis samanfallande interesser med.

Forhandlingane på jordbruksområdet pågår i WTO Landbrukskomiteen, Spesialesjonen. I februar 2001 blei det norske forhandlingsforslaget lagt fram. Forslaget legg vekt på at ein i forhandlingane må ta nok omsyn til dei såkalla ikkje-handelsmessige tilhøve. Det norske forslaget viser til at det i dei fleste tilfelle er ei klar kopling mellom eit aktivt jordbruk og dei samfunnsgoda som jordbruket bidreg med. Forhandlingane må derfor mellom anna få fram at det er stor variasjon i vilkåra for jordbruksproduksjon mellom dei ulike medlemslanda og sikre stor nok fleksibilitet i den nasjonale politikktutforminga. Forhandlingsforslaget inneheld ei rekkje konkrete forslag på forhandlingsområda marknadstilgang, intern støtte, eksportstøtte og spesialbehandling av utviklingsland. Det er laga ein arbeidsplan for forhandlingane fram til mars 2002, men det er ikkje fastsett tidspunkt for når forhandlingane skal vere avslutta.

Protokoll 3 til EØS-avtalen omfattar handel med foredla jordbruksvarer (RÅK) og tek sikte på å jamne ut forskjellar i råvareprisar mellom EU og EFTA (EØS) landa. EU og EFTA (EØS) kom fram til ei skisse til avtale i juli 1999, men denne blei ikkje godkjend av medlemslanda i EU. Noreg og EU-kommisjonen har seinare lagt fram nye forslag med sikte på å bli samde om å iverksetje avtala som skal erstatte Protokoll 2 etter frihandelsavtalen med EU frå 1973. Når forhandlingane om protokoll 3 er avslutta, tek ein frå norsk side sikte på å fortsetje forhandlingane etter artikkel 19 i EØS-avtalen der formålet er utvida handel med jordbruksvarer. Målsetjinga for forhandlingane er å nå fram til ei gjensidig balansert løysing.

Innanfor ramma av EFTA er det inngått frihandelsavtale med Mexico, Jordan og Kroatia. Det pågår forhandlingar med Canada, Chile, Egypt, Kypros, Tunisia og Singapore. I løpet av kort tid vil forhandlingar med Jugoslavia og Sør-Afrika starte opp.

Importvernet er ein berebjelke i norsk landbrukspolitikk, m.a. for å sikre at funksjonane til landbruket, utover matproduksjon, blir sikra. Det er difor avgjerande framleis å ha eit importvern som gir preferanse for norsk produksjon. Ut frå ei samla vurdering der ein særleg legg vekt på norske interesser i forhandlingane i WTO, ser ikkje regjeringa det som aktuelt å setje i verk generelle tollreduksjonar utan at dette inngår i ei forhandlingsløysing med EU eller i samband med dei pågåande forhandlingane i WTO.

Stortinget slutta seg til forslaga i St.prp. nr. 6 (1998-99) (EØS-avtalen sitt vedlegg I – Veterinær og plantesanitære forhold). Når det gjelde spørsmål knytt til mattryggleik, er det meste av regelverket på matsektoren, og det gjeld for heile kjeda, felles for heile EØS-området. Oppfølginga av avtalen krev store ressursar. Overvakingssorganet til EFTA (ESA) følgjer opp norske tilsynsorgan både når det gjeld det norske regelverket og med hyppige besøk for å sjå korleis regelverket blir etterlevd. Dei har peikt på manglar og gitt fristar for forbetringar. På den måten er den veterinære grensekontrollen mot tredjeland blitt betre. Det er òg peikt på manglar ved slakteria og i nedskjæringsverksemdar. Manglane blir retta på. Det er grunn til å tru at ESA i framtida vil styrkje oppfølginga av norske styresmakter både med ettersyn av korleis EØS-regelverket blir tatt inn i norsk rett og korleis regelverket blir etterlevd. Ein kan rekna med at ESA framover m.a. vil fokusere på medisinbruken i matproduksjonen, avfallsproblematikken, meierisektoren og fjørfeproduksjonen.

Å innarbeide nye rettsakter på veterinærområdet er krevjande både m.o.t. omfang og kompleksitet. Samstundes er det nødvendig å justere dei prinsipielle samarbeidsrutinane. Dette kan vere politisk vanskeleg både for Noreg og EU. Mellom anna har ein ennå ikkje blitt enige om behandlingsmåten for godkjenning av såkalla tilleggsgarantiar. Slike problem gjer at rettsakter som blir vurdert å vere uproblematisk, heller ikkje blir vedtekne og implementert i norsk rett, eller dei blir sterkt forseinka i forhold til EU-landa. For å lette arbeidet i EØS-komiteen har EFTA og EU derfor blitt samde om forenklingar i behandlinga av nye rettsakter for import frå land utanfor EØS. Det same gjeld prosedyrar for godkjenning av nye

grensekontrollstasjoner i Island og Noreg. Forhandlingsløysinga har enda ikkje blitt behandla i Det europeiske råd, og ein må derfor inntil vidare behandle vedtak og implementering av desse rettsaktene som tidlegare.

EFTAs overvakingsorgan ESA kjem jamleg ut med ein samanliknande oversikt ("scoreboard") over implementeringa av EØS-regelverket i alle EØS-landa. Siste års oversikt viste for dårleg resultat og at det er behov for å skjerpe inn rutiane og etablere nye rutinar for ein rask implementering av EØS-regelverket. Samarbeidet og koordineringa med departement med overlappinge ansvar må òg forbetrast. Arbeidet vil bli krevjande på fleire vis, og Landbruksdepartementet gjer i budsjettet framlegg om å auke ressursbruken på området.

EU har sett i gang ein omfattande revisjon av alt regelverket som gjeld mat og helse. Gjennomgåande vil dette innebære ei innskjerping av regelverket på dei fleste områda innanfor omgrepet trygg mat. Det er framleis ei målsetjing å halde seg mest mogleg i framkant av utviklinga på sentrale område. Ein må derfor vere godt oppdatert på utviklinga og syte for å setje i verk nye tiltak for å halde oppe tiltrua til norsk regelverk, eksisterande kontrollordningar og maten generelt sett.

Ved behandlinga av St.prp. nr. 6 (1998-99) blei det føresett at Regjeringa innan utgangen av 2001 skulle leggje fram ei totalvurdering av det nye regelverket og smittesituasjonen. Ei internasjonal evalueringsgruppe har vurdert spørsmåla og leverte si innstilling, jf. uttrykt vedlegg. Hovudkonklusjonen er at det ikkje har vore nokon klår endring av smittestatus til no. Den gode statusen ein hadde frå før er derfor halden oppe. Det blir peikt på at vurderinga berre byggjer på åra 1999 og 2000. Evalueringsgruppa tilrår derfor ei ny evaluering etter tre til fem nye år. Dei ulike praktiske tiltaka og samspelet mellom private og offentlege aktørar ser ut til verke bra. Regelverket er komplisert og bør forenklast der det er mogeleg. I programkategori 15.10 og dei aktuelle kapitla er oppfølgingstiltak omtala.

På næringsmiddelområdet er arbeidet innan FN-organet Codex Alimentarius nært knytt opp til arbeidet som gjerast nasjonalt. Norsk deltaking i dei viktigaste komiteane i Codex-systemet sikrar ein kontinuerleg oversikt og innspel til globale prinsipp, retningslinjer og standardar som blir nytta av WTO i internasjonale tvistar. Likeins er SPS-komiteen i WTO eit sentralt forum for internasjonal regelverksutvikling på næringsmiddelområdet. Arbeidet i desse komiteane har etter at

SPS-avtalen trådde i kraft i 1995, blitt meir politisert. Mange andre land og internasjonale organisasjonar har matvaretryggleik på sin agenda, ikkje minst EU, men òg FAO, OECD og WHO. Det er derfor eit krevjande arbeid å koordinere aktivitetane, utvikle norske posisjonar og påverke regelverket innanfor det internasjonale arbeidet.

OIE (Verdas dyrehelseorganisasjon) er eit viktig forvaltningsfagleg forum for å arbeide fram internasjonale standardar for handel med dyr og dyreprodukt. Noreg har dei siste åra særleg arbeidd for å få fokus på sammenhengen mellom god dyrehelse og god folkehelse.

Det internasjonale skogpolitiske arbeidet er ei viktig drivkraft for å sikre ei berekraftig skogforvaltning. Dette arbeidet har direkte verknad for skogbruket og skogindustrien i Noreg og for utforminga av den nasjonale skogpolitikken. Regjeringa legg opp til at Noreg skal bidra aktivt i internasjonal skogpolitikk og bidra konstruktivt til utvikling av berekraftig skogbruk globalt. Det er i tillegg viktig å sikre at internasjonale avtaler tek omsyn til norske interesser. Ein aktiv internasjonal innsats frå styresmaktene si side kan også styrke norske interesser og verksemdar i utlandet, og samstundes oppmuntre til opparbeiding av internasjonal skogkompetanse som kan vere nyttig nasjonalt. Dei viktigaste prosessane for Noreg er Skogforumet i FN (United Nations Forum on Forests) som blei vedtatt oppretta i 2001, FNs klimakonvensjon og Kyotoprotokollen, FN-konvensjonen om biologisk mangfald og Ministerkonferansane om trygging av skogane i Europa. Noreg tek aktivt del i arbeidet internasjonalt og spelar mellom anna saman med dei andre nordiske landa ei viktig rolle i utviklinga av arbeidet på europeisk og globalt plan.

Regjeringa ønskjer å ta del i det internasjonale arbeidet under FAO sin kommisjon for genetiske ressursar, og mellom anna gjennomføre FN sin konvensjon om biologisk mangfald gjennom å sikre at det blir etablert ein internasjonal avtale om plantegenetiske ressursar.

Noreg tek over formannskapet i Nordisk Ministerråd i 2002 og regjeringa har prioritert følgjande satsingsområde for formannskapsperioden:

- Matvaretryggleik – frå hav og jord til bord. Utarbeiding av ein handlingsplan for auka matvaretryggleik i Norden.
- Berekraftig utvikling – ny kurs for Norden og nærområda. Oppfølging av den nordiske handlingsplanen for berekraftig utvikling.
- Barn og ungdom

Regjeringa vil i formannskapsperioden legge vekt på arbeidet med eit meir miljøvennleg landbruk (bruk av sprøytemidlar/tap av næringsstoff i jordbruket) samt forsterke innsatsen på økologisk jordbruk. Ein vil vidare arbeide med å utvikle natur- og miljøvennleg skogforvaltning i tråd med prioriteringane som ligg i den nordiske strategien for berekraft. Noreg vil bruke den nordiske kontaktgruppa for internasjonal skogpolitikk aktivt i arbeidet knytt til oppfølging av ministerkonferansen for trygging av Europas skogar, Konvensjonen om biologisk mangfald, skog i FN sin klimakonvensjon og i Kyotoprotokollen samt FN sitt Skogforum. Under det norske formannskapet vil ein vidare ta initiativ til ein gjennomgang av det nordiske samarbeidet innan utdanning, forskning og utvikling i landbrukssektoren med sikte på samordning og større nytte av innsatsen. Vidare vil Noreg under formannskapsperioden arbeide for at Nordisk genbank kan starte arbeidet med å utvide mandatartene til òg å omfatte kryddermedisinal-, pryd- og landskapsvekster og til at genbanken kan bidra sterkare i planteforedlinga i dei nordlege områda i Norden. Vidare vil ein ta initiativ til at Nordisk genbank for husdyr etable-

rer eit nordisk samarbeid om internasjonal konkurransedyktig husdyrforedling med spesiell vekt på mjølkekyr.

Gjennom Nordisk genressursråd vil regjeringa delta aktivt for å styrkje det nordiske arbeidet med genressursar og mellom anna leggje vekt på å regulere rettar knytte til dei genetiske ressursane som det nordiske samarbeidet femner om.

Innan internasjonalt forskningssamarbeid har EU sitt rammeprogram for forskning og utvikling og nordisk forskningssamarbeid hovudprioritet. Oppfølginga av EU sitt femte rammeprogram og førebuingar til det sjette rammeprogrammet blir viktige oppgåver framover.

Ein komité med medlemmar frå Danmark, Finland, Sverige og Noreg har evaluert forskinga og den høgre utdanninga på landbruksområdet i Noreg. Komiteen fremmer m.a. ei rekkje forslag for utvida og nye former for samarbeid og arbeidsdeling i sektoren både nasjonalt og internasjonalt. Komiteen gir òg råd om institusjonane si organisasjonsform og peiker på utfordringar og moglegheiter innan einskilte område. Framlegga til komiteen og Regjeringa si oppfølging er omtalt i programkategori 15.20.

Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
	Mat- og landbruksforvaltning m.m.				
1100	Landbruksdepartementet (jf. kap. 4100)	123 195	113 380	112 773	-0,5
1102	Fylkesmannens landbruksavdeling (jf. kap. 4102)	298 392			
	<i>Sum kategori 15.00</i>	421 587	113 380	112 773	-0,5
	Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse				
1107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)	203 516	232 788	248 483	6,7
1110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)	110 133	91 401	116 430	27,4
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgå- ver og kunnskapsutvikling m.m.	143 011	145 590	168 776	15,9
1114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)	170 081	174 470	245 644	40,8
	<i>Sum kategori 15.10</i>	626 742	644 249	779 333	21,0

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
Forskning og utvikling					
1137	Forskning og utvikling	255 516	266 351	281 737	5,8
	<i>Sum kategori 15.20</i>	255 516	266 351	281 737	5,8
Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning					
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	50 979	54 147	54 914	1,4
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	156 460	153 067	139 975	-8,6
1143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)	158 647	164 900	161 918	-1,8
1145	Jordskifterettene (jf. kap. 4145)	135 737	132 536	135 811	2,5
1146	Norsk institutt for jord- og skogkart- legging (jf. kap. 4146)	70 091	57 895	63 167	9,1
1147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)	40 582	37 504	33 831	-9,8
1148	Naturskade - erstatninger og sikring	61 562	60 083	61 497	2,4
1150	Til gjennomføring av jordbruksavta- len m.m. (jf. kap. 4150)	13 061 952	12 522 008	12 470 289	-0,4
1151	Til gjennomføring av reindriftsavtalen	93 577	83 000	103 000	24,1
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift	23 554	23 180	26 255	13,3
1163	Avslutning av Statens Kornforretning (jf. kap. 4163)	124 819			
2411	Statens nærings- og distrikts- utviklingsfond (jf. kap. 5311)	324 892	6 500		-100,0
	<i>Sum kategori 15.30</i>	14 302 852	13 294 820	13 250 657	-0,3
Forretningsdrift					
1170	Statkorn Holding ASA	1 205 186			
	<i>Sum kategori 15.40</i>	1 205 186			
	<i>Sum programområde 15</i>	16 811 884	14 318 800	14 424 500	0,7
	<i>Sum utgifter</i>	16 811 884	14 318 800	14 424 500	0,7

Inntekter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
	Mat- og landbruksforvaltning m.m.				
4100	Landbruksdepartementet (jf. kap. 1100)	4 083	375	386	2,9
4102	Fylkesmannens landbruksavdeling (jf. kap. 1102)	54 421			
	<i>Sum kategori 15.00</i>	58 504	375	386	2,9
	Matvarekvalitet, dyrehelse og plante helse				
4107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)	12 958	19 303	38 302	98,4
4110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)	73 597	78 946	88 114	11,6
4114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)	155 763	174 942	256 413	46,6
	<i>Sum kategori 15.10</i>	242 318	273 191	382 829	40,1
	Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning				
4143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)	26 709	24 088	22 999	-4,5
4145	Jordskifterettene (jf. kap. 1145)	9 144	15 247	12 687	-16,8
4146	Norsk institutt for jord- og skogkart- legging (jf. kap. 1146)	25 444	16 261	16 749	3,0
4147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 1147)	4 058	1 586	1 500	-5,4
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen (jf. kap. 1150)	121 811	121 000	122 000	0,8
4163	Avslutning av Statens Kornforretning (jf. kap. 1163)	124 819			
5311	Statens nærings- og distriktsutvi- klingsfond, lån til landbruksformål (jf. kap. 2411)	369 881			
5545	Miljøavgifter i landbruket	54 870	60 000	40 000	-33,3
5571	Totalisatoravgift	88 175	98 000	98 000	0,0
	<i>Sum kategori 15.30</i>	824 911	336 182	313 935	-6,6
	Forretningsdrift				
4162	Sal av Drevsjø Trelast AS (jf. kap. 1162)	550			
5614	Renter av lån til landbruksformål	275 360			

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
5651	Aksjar i selskap under Landbruks- departementet	1 762	21 500	750	-96,5
5652	Innskottskapital i Statskog SF	10 000	8 500	8 500	0,0
	<i>Sum kategori 15.40</i>	<i>287 673</i>	<i>30 000</i>	<i>9 250</i>	<i>-69,2</i>
	<i>Sum programområde 15</i>	<i>1 413 405</i>	<i>639 748</i>	<i>706 400</i>	<i>10,4</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>1 413 405</i>	<i>639 748</i>	<i>706 400</i>	<i>10,4</i>

1.5 Oversikt over bruk av stikkordet "kan overføres"

Under Landbruksdepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30-49

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2001	Forslag 2002
1140	77	Miljøretta prosjektarbeid m.m.	3 382	36 281
1142	71	Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket	7 244	100 439
1142	76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket	8 098	23 415
1143	70	Tilskott til beredskap i kornsektoren		13 045
1143	71	Omstillingsstøtte til slakteri	12 213	9 100
1147	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark	426	2 109
1148	70	Tilskott til sikringstiltak m.m.	4 136	20 016
1150	70	Marknadsregulering	35 083	222 500
1150	74	Direkte tilskott	3 476	6 873 558
1150	77	Utviklingstiltak	37 851	359 000
1150	78	Velferdsordningar	4 816	1 773 854
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	2 760	46 200
1170	21	Spesielle driftsutgifter	4 814	

Løyvingane under kap. 1140 post 77, kap. 1142 post 76 og kap. 1147 post 71 er støtte til prosjekt som kan strekke seg over fleire år. Kap. 1142 post 71 og kap. 1148 post 70 gjeld tilskott til investeringar med treårig arbeidsfrist. Kap. 1143 post 70 og 71 gjeld utbetalingar som kan falle i to budsjettår.

Når det gjeld postane under kap. 1150 og 1151, er dette avtalte beløp mellom staten og næringsorganisasjonane der utbetalingane av ymse grunnar fell i to kalenderår. Avtalane gjeld frå 1.7. eit år til 30.6. året etter.

Del II
Budsjettforslag

Programområde 15 Landbruk og mat

Programkategori 15.00 Mat- og landbruksforvaltning m.m.

Mat- og landbrukspolitikken baserer seg på to grunnleggjande forhold:

- Ein forbrukerorientering av all verksemd innanfor dei områda der departementet har forvaltningsansvar
- Ein effektiv og framtidsretta næringspolitikk som ser samfunns- og næringsomsyn i samanheng

Dette ligg til grunn for dei måla som er fastsette for mat- og landbrukspolitikken og forvaltninga sitt arbeid for å nå desse måla, jf. pkt. 1.3 i innleiinga.

Forvaltninga, som er desentralisert med etatar og institusjonar over heile landet, har som hovudmål å gjennomføre og utvikle mat- og landbrukspolitikken på ein måte som gir størst mogleg grad av måloppnåing og tillit hos dei ulike samfunnsaktørane.

Forvaltninga sine ansvarsområde og prioriteringar er òg reflektert i departementet sin verksemdidé:

«Landbruksdepartementet skal dekkje eit breitt forvaltningsområde gjennom ansvaret for mat- og landbrukspolitikken. Landbruksdepartementet er eit departement med ansvar for matproduksjon, jordbruk, skogbruk og andre næringar innanfor departementet sitt ansvarsområde. Grunnlaget for verksemda og næringspolitikken til departementet er å arbeide på forbrukarane sine premisser og dekkje behova deira. Departementet må ha fokus på produkta, produksjonen og verdiskapinga i heile kjeda frå jord og skog og fram til forbrukarane. Landbruksdepartementet skal sikre forbrukarane trygge matvarer av riktig kvalitet gjennom ein sunn matproduksjon. Tryggleiken til forbrukarane er eit overordna mål for matproduksjonen. Departementet må arbeide med utvikling av næringa, næringspolitikken og ressursforvaltninga slik at aksept frå samfunnet blir sikra og slik at ein møter dagens og framtidens behov. Arealressursane skal forvaltast slik at dei gir grunnlag for varig landbruksproduksjon og berekraftig ressursforvaltning.»

Tabell 2.1 Oversikt over utgifter til mat- og landbruksforvaltning (i 1 000 kr)

Kap/post	Verksemd	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr.
1100/01	Landbruksdepartementet	105 306	107 532	2,1
1107/01	Statens dyrehelsetilsyn	176 788	186 901	5,7
1110/01	Statens landbrukstilsyn	90 819	116 430	28,2
1114/01	Statens næringsmiddeltilsyn	174 470	245 644	40,8
1143/01	Statens landbruksforvaltning	141 794	139 673	-1,5
1145/01	Jordskifterettane	132 536	135 811	2,5
1146/01	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging	57 895	63 167	9,1
1147/01	Reindriftsforvaltninga	28 564	28 036	-1,8
	Sum	908 172	1 023 194	12,7

Tabell 2.1 viser at administrasjonsutgiftene aukar med 12,7 pst. i høve til 2001. Justert for

kompensasjon for pris- og lønnsveksten er auken på vel 10 pst.

Auken er i hovudsak knytt til regjeringa si satsing på mattryggleik. Mykje av denne auken er innarbeidd i løyvinga til Statens næringsmiddeltilsyn (SNT). Nokre av tiltaka som denne løyvinga skal dekkje, føreset medverknad frå andre tilsyn i matkjeda og frå institutt som gir forvaltningsstøtte. Departementet vil derfor vurdere nærare om ein mindre del av løyvinga til SNT skal stillast til disposisjon for andre tilsyn, jf. omtale under programkategori 15.10 og dei einskilde kapitla.

Det er lagt opp til ei auka satsing på kartlegging av arealressursar og formidling av ressursdata. Løyvinga til Norsk institutt for jord- og skogkartlegging er derfor auka med vel 9 pst.

Reduksjonen i løyvinga til Statens landbruksforvaltning må sjåast i samanheng med omlegginga av marknadsordninga for korn. Løyvinga til Reindriftsforvaltninga er òg redusert som følgje av at det er overført midlar til Kommunal- og regionaldepartementets budsjett for å styrkje Sameininga sitt arbeid med reindrift, jf. kap. 1147.

Status for området, mål og tiltak

For å nå regjeringa sine mål for mat- og landbrukspolitikken er det avgjerande å ha ein godt fungerande offentleg sektor med sterk legitimitet i befolkninga og dei ulike brukargruppene. Endringar i internasjonale forhold, samfunnsutviklinga generelt, auka forbrukerfokus på næringane og trygg mat av ønskt og rett kvalitet stiller krav til omstilling av forvaltninga.

Landbruksdepartementet følgjer opp ei rekkje av reformene i regjeringa sitt program for å fornye, omstille og effektivisere offentleg forvaltning.

1. Lokal fridom og betre oppgåvefordeling

Auka kommunalt handlingsrom

I St.meld. nr. 31 (2000-2001) *Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling* er det lagt vekt på å auke kommunane sitt handlingsrom, m.a. for å leggje til rette for nærleik mellom forvaltning og ulike brukargrupper. Kommunane skal på det landbrukspolitiske området stimulerast til å sikre lokal forankring, forståing og aksept for viktige landbrukspolitiske oppgåver og sentrale vurderingar. Departementet vil setje i gang eit arbeid som retter seg inn mot å auke kommunane sitt handlingsrom.

Omlegging av regional landbruksforvaltning

Gjennom St.meld. nr. 31 (2000-2001) *Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling* blei det òg lagt til rette for at fylkeskommunane skal få auka ansvar for regional utvikling. Dette inneber m.a. at dei oppgåvene som fylkesmannen i dag løyser på landbruksområdet skal overførast til fylkeskommunane, med unntak av klagebehandlinga og lovlighetskontroll. Samstundes med overføringa av oppgåver på landbruksområdet til fylkeskommunane, vil Landbruksdepartementet m.a. vurdere korleis ein kan auke det regionalpolitiske handlingsrommet. Overføringa av styresmakt og oppgåver til fylkeskommunane skal gjennomførast snarast mogleg og seinast innan 01.01.2003. Landbruksdepartementet vil prioritere arbeidet med å etablere dialog og samhandling med fylkeskommunane knytt til dei oppgåvene som blir overført, jf. omtale under kap. 1102.

2. Brukaren i fokus

Kommunisere mat og landsbrukspolitikken

Landbruksdepartementet arbeider for ein aktiv dialog og samhandling med viktige mål- og interessegrupper. Landbruksdepartementets omverdsanalyse tar utgangspunkt i at ulike forbrukargrupperingar, daglegvarehandelen, næringsmiddelindustrien, næringsutøvarar, nærings- og interesseorganisasjonar, media, forskingsmiljø og forvaltninga elles er departementet sine viktigaste målgrupper. Omverdsanalyse skal gi viktig informasjon og kunnskap om samfunnet og dei ulike målgruppene og interessegruppene for departementet. Dette vil gi eit godt grunnlag for kommunikasjon og eit godt grunnlag for utvikling av organisasjonen gjennom kunnskapsleiing. Omverdsanalysen har valt forbrukarretting og økologisk landbruk som særskilde satsingsområde i 2001 og 2002.

Ei evaluering som er gjort av beredskapen og kommunikasjonen i samband med munn- og klauvsjuka-epidemien i Europa vinteren 2001, viser at det var eit sterkt press frå media. Mediaanalysar dokumenterer at Landbruksdepartementet fikk gjennomslag for sine saker og klarte å kommunisere rollefordelinga mellom departementet og forvaltninga. Dersom ein liknande situasjon skulle oppstå, vil presset truleg bli enda større og kravet til styresmaktene om å stå til rådvelde for media bli enda sterkare. Landbruksdepartementet vil derfor prioritere å utvikle kommu-

nikasjonsberedskapen og heve kompetansen knytt til risikokommunikasjon.

Det er oppretta eit forum for informasjons- og kommunikasjonsansvarlege i underliggjande verksemdar for å betre samhandlinga på kommunikasjonsområdet.

Landbruksdepartementet følgjer opp departementets miljøhandlingsplan for 2001-2004, mellom anna med å utarbeide en kommunikasjonsplan for innføring av miljøplanar for gardsbruk.

Departementet legg opp til å involvere forbrukarane i utforminga og forvaltninga av matpolitikken. I tråd med signala i St.meld. nr. 19 (1999-2000), har departementet utarbeidd ein handlingsplan for forbrukarorientering av mat og landbrukspolitikken.

Døgnåpen forvaltning og effektivisering ved hjelp av IKT

Landbruksdepartementet vil leggje til rette og vere ein pådrivar for utforming av nettbasert informasjon og elektronisk saksbehandling. Følgjande tiltak innanfor mat- og landbruksforvaltninga er prioritert:

- Som ledd i forbrukarorienteringa av matforvaltninga vil departementet utvikle ein felles nettbasert portal for trygg mat der publikum og andre kan finne oppdatert informasjon frå 2002. Matportalen skal utviklast og drivast som eit samarbeid mellom Statens næringsmiddeltilsyn, Statens dyrehelsetilsyn, Statens landbrukstilsyn, Veterinærinstituttet og Planteforsk. Her skal ein samla informasjon frå verksemdene. I tillegg vil det vere naturleg å trekkje inn andre sentrale aktørar som har ansvar for ernæring og helsespørsmål knytt til mat. Satsinga er eit viktig element i IKT-strategien som er utvikla for mat- og landbruksforvaltninga og er ei oppfølging av Kommunikasjonsprogrammet *Trygg mat*. Det vil bli arbeidd med å utvikle elektroniske sjølvbetjeningssløysingar av ulike type for både forbrukarar og næringsutøvarar.
- Landbruksdepartementet vil prioritere utviklinga av IKT-løysingar som forenkler søknadsbehandlinga av tilskott og effektiviserer forvaltningssystema. Departementet er ansvarleg for mange ulike tilskottsordningar retta mot eit stort tal næringsutøvarar. Det er derfor viktig at få utvikle løysingar som gjer søknadsprosessen enklare for søkerane. I tillegg er det nødvendig å forenkle og samordne arbeidsprosessar knytt til ulike tilskott òg få til ein enklare administrasjon på tvers av forvaltningsnivåa.

- Geografiske kartdata er viktig som informasjonskjelde på mange av departementet sine ansvarsområde, både i plansaker, tilskottsforvaltning, enkeltsaksbehandling, rettleings- og rådgjevingarbeid, overvaking og kontroll og til forskning og utvikling. Departementet har utarbeidd ein strategi for geografisk informasjonsteknologi og det blir viktig å følgje opp tiltaka i denne strategien.

3. Meir ansvarlege og effektive system

Landbruksdepartementet har dei siste åra gjennomført omfattande forvaltningsreformer. Statens landbruksforvaltning blei oppretta 1. juli 2000 og omfattar verksemd som tidlegare låg til Statens kornforretning, Omsetningsrådet, Fraktkontoret for slakt og Statens landbruksbank. I tillegg blei ei rekkje forvaltningsoppgåver som tidlegare blei utført i departementet delegert til SLF.

Landbruksdepartementet arbeider med å rein-dyrke si rolle som sekretariat for den politiske leiinga og vil delegere oppgåver som ikkje må utførast på departementsnivå.

Modernisering og effektivisering av mattilsynet

Det blir i dag nytta om lag 1 600 årsverk til offentlig tilsyn langs matkjeda fordelt på Statens næringsmiddeltilsyn, Statens landbrukstilsyn, Statens dyrehelsetilsyn, Fiskeridirektoratet og dei kommunale næringsmiddeltilsyna.

Regjeringa har vedtatt at ansvaret for heile tilsynet skal leggjast til Landbruksdepartementet, utanom tilsynet med marine produkt, som framleis skal liggje hos Fiskeridirektoratet. Vidare har regjeringa vedtatt at Statens næringsmiddeltilsyn, Statens landbrukstilsyn, Statens dyrehelsetilsyn og næringsmiddeltilsynet som i dag blir utført av dei kommunale næringsmiddeltilsyna skal samordnast i eitt, statleg tilsyn. På sikt skal dette kunne gi ein effektiviseringsgevinst på minimum 10 pst. Ein tek sikte på etablering av det nye tilsynet frå 2003. Ein viser til nærare omtale av omorganiseringa under programkategori 15.10.

Omorganisering av jordskifterettane

I Innst. S. nr. 8 (2000-2001) støtta Stortinget opp om omorganiseringa av jordskifterettane. Dette innebar både nedlegging og flytting av kontor, samt nedlegging av fylkesjordskiftekontora. Landbruksdepartementet har starta opp arbeidet med omorganiseringa som vil bli gjennomført i løpet av 2003. Det er eit mål at omorganiseringa skal gi

ein effektivisering på opp mot 10 pst. etter at omstillinga er gjennomført og omstillingskostnadene dekt. Omorganiseringa er nærare omtala under kap. 1145.

Omstilling av reindriftsforvaltninga

Reindriftsforvaltninga er ei lita organisasjon med fleire små einingar. På bakgrunn av røynsler og NIBR sine evalueringar av forvaltninga, vurderte ei arbeidsgruppe i 2001 forvaltninga med tanke på ei betre oppnåing av gitte politiske mål innanfor fastsette økonomiske rammer. Forvaltninga skal omorganisast til ein flatare struktur slik at kompetansen kan utnyttast betre samstundes som forvaltninga kan utføre effektive omstillingar i forhold til endringar i oppgåveporteføljen. Ein tar sikte på å styrkje forvaltninga administrativt, kompetansemessig og kommunikasjonsmessig.

Omorganisering av NIJOS

Verksemda ved NIJOS er organisert med eit hovudkontor på Ås og distriktkontor i Bø, Hamar, Andselv og Steinkjer. Landbruksdepartementet ser det som føremålstenleg å vurdere ei anna organisering, og vil i den samanheng sjå nærare på ei nedlegging av distriktkontoret på Hamar frå 2003, jf. omtale under kap. 1146.

Evaluering av forskinga - framlegg om organisatoriske endringar

Som ei oppfølging av omorganiseringa av høgare utdanning og sektorforsking på landbruksområdet frå 1997, har ein nordisk samansett komité nyleg lagt fram ei evaluering av forsking og relevant høgare utdanning på landbruksområdet. Komiteen gjer framlegg om større organisatoriske endringar samt at ein vurderer ulik ansvarsdeling mellom departementet, Noregs forskingsråd og institutta. Departementet vil vurdere dei tiltaka som komiteen gjer framlegg om i samarbeid med m.a. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Noregs forskingsråd og dei miljøa og brukarane dette gjeld. Nærare omtale er gitt under kat. 15.20 og kap. 1137.

Forenklingar i dei økonomiske virkemidla over jordbruksavtalen

I St.meld. nr. 19 (1999-2000) og i Innst.S. nr. 167 (1999-2000) er det lagt vekt på at det er nødvendig å gjere tilskottsordningane i jordbrukspolitikken enklare og meir målretta. Fleirtalet i Næringsko-

miteen var i Innst.S. nr. 167 (1999-2000) merksame på at ei forenkling av verkemidla vil føre til ulike utslag på ulike typar bruk, og la til grunn at partane i jordbruksoppgjeret skulle sørge for ei gradvis gjennomføring av forenklingane gjennom dei årlege jordbruksforhandlingane.

Ordningane som blir finansiert over jordbruksavtalen har utvikla seg over ein lang periode. Noko av årsaka til det komplekse verkemiddelsystemet er at dei årlege jordbruksoppgjera opnar for hyppige endringar i verkemiddelbruk og rammevilkår. Kompleksiteten har òg ei historisk forklaring fordi ordningane er etablert og utvikla over tid.

Fram til jordbruksoppgjeret i 2001 gjorde Landbruksdepartementet ein gjennomgang av verkemidla innanfor jordbruksavtalen, og på dette grunnlaget foreslo staten sitt forhandlingsutval ei rekkje forenklingar i tilbodet som ble lagt fram. I arbeidet med å få til ein avtale måtte staten gå med på at mange av desse forslaga ikkje blei del av avtalen.

Landbruksdepartementet meiner at det er nødvendig med ein ny gjennomgang av verkemiddelbruken, både i høve til St.meld. nr. 19 (1999-2000) og WTO-forhandlingane. I tillegg vil oppfølging av forslaga i St.meld. nr. 31 (2000-2001) *Kommune, fylke, stat, - en bedre oppgavefordeling* og Regjeringa sitt fornyingsprogram gi viktige forringar særleg i høve til forvaltning av verkemidla.

4. Motiverte og kompetente leiarar og tilsette

Landbruksdepartementet har gjennom fleire år arbeidd målretta med leiarutvikling. Ein har lagt vekt på å sjå leiarutviklinga i samanheng med omstillinga som mat- og landbruksforvaltninga no gjennomgår m.o.t. roller og oppgåver. I arbeidet for å auke leiarkompetansen nyttar ein òg ymse andre verkemiddel, som leiarkontraktar, resultatlønn, leiarevalueringar og haldningsarbeid for å styrkje leiarkompetansen i departementet og forvaltninga.

I mat- og landbruksforvaltninga er det no 31 pst. kvinnelege leiarar. Landbruksdepartementet har utforma ein handlingsplan for å få fleire kvinnelege leiarar i mat- og landbruksforvaltninga.

Ei vellukka omstilling i mat- og landbruksforvaltninga avheng av motivasjonen og innsatsen til dei tilsette. I departementet har det blitt gjennomført ein brei og omfattande strategiprosess der alle tilsette har medverka. Fokus har mellom anna vore på departementet sin legitimitet, kompetanse, organisering og leiing. Resultata vil vere førande for leiarane si prioritering av tilgjengelege

ressursar, korleis arbeidsoppgåvene blir utført og korleis departementet framstår i høve til oppdrags-givarar, samarbeidspartar og brukargrupper.

Økonomiregelverket i staten

Bakgrunn

I 1996 blei det ved kongeleg resolusjon fastsett nytt økonomireglement for staten, og same år fastsette Finansdepartementet nærare reglar (funksjonelle krav) for oppfølging av reglementet.

Siktemålet med regelverket er å styrkje økonomiforvaltninga ved m.a.

- meir forpliktande mål- og resultatstyring
- betre styringssystem/-dialog
- modernisering av betalingsformidlinga og rekneskapsføringa i staten
- betre og dokumenterte oppfølgings- og kontrollrutinar

Departementet og underliggjande verksemdar har i lang tid arbeidd med å implementere krava som er sette for rekneskapsføring, betalingsformidling, styring og oppfølging av verksemdene og tilskottsløyvingane. På dei fleste område er arbeidet med innføring av nye system og rutinar slutført. Arbeidet vidare vil særleg utgjere oppdatering og utvikling av system og rutinar for å gjere økonomistyringa meir effektiv og sikker. Landbruksdepartementet vil i den samanhengen òg ta del i arbeidet som Finansdepartementet leier for å gjere regelverket smidigare og enklare å administrere.

Når det gjeld forvaltninga av statlege tilskott set regelverket ei rekkje krav. Den store ulikskapen mellom dei mange statlege tilskottsordningane har likevel gjort at det ikkje har vore mogleg å fastsette eit regelverk som høver til alle ordningane. Innanfor Landbruksdepartementet sitt område har det derfor vore nødvendig med ei rekkje større og mindre tilpassingar for at forvaltninga av ordningane skal vere rimeleg effektiv. Dei viktigaste tilpassingane gjeld særleg i høve til korleis ein måler resultat og effektar av ordningane. Dette har departementet ved fleire høve orientert Stortinget om, særleg i samband med proposisjonen om jordbruksoppgjæret 1998, jf. St. prp. nr. 67 (1997-98) kap. 4. For ei noko meir omfattande framstilling av utfordringar og løysingar viser ein til denne proposisjonen. Nedanfor blir det kort gjort greie for viktige tilpassingar og andre føresetnader som departementet tar sikte på å leggje til grunn for oppfølging av tilskottsløyvingane dei komande åra. I tillegg er det under einskilde budsjettkapittel orientert om mindre til-

passingar. Mindre tilpassingar vil òg kunne gå fram av forskrifter, retningsliner eller nærare reglar for ordningane når dette er tenleg for ei effektiv og brukarvenleg forvaltning, jf. m.a. omtalen nedanfor om tilhøvet til arbeidet med fornying av offentleg sektor.

Økonomiregelverket og fornying av offentleg sektor

Krava i økonomiregelverket kan kome i motstrid til arbeidet med fornying av offentleg sektor, jf. omtalen av fornyingsarbeidet ovanfor. Særleg vil regelverket for tilskottsløyvingane kunne føre til auka behandlingstid og kostnader for staten og tilskottsmottakarane/brukarane dersom regelverket ikkje blir praktisert fleksibelt og tilpassa sær- trekka ved ordningane. Med dei tilpassingane som departementet gjer greie for her er det lagt eit godt grunnlag for ei tilskottsforvaltning som tek omsyn både til dei særlege tilhøva som gjeld for store delar av overføringane i landbruket og til ønskje om ei effektiv og samstundes forsvarleg tilskottsforvaltning. Ved etablering av oppfølgings- og kontrollordningar må nytten av opplegga stå i rimeleg forhold til kostnadene som følgjer med. Arbeidet med å gjere tilskottsordningane enklare med mellom anna færre og enklare ordningar, jf. omtalen nedanfor, vil også gjere det lettare å følgje opp og kontrollere ordningane. Finansdepartementet legg opp til å halde fram arbeidet med å forenkle økonomiregelverket. Ein gjennomgang av heile regelverket skal vere avslutta innan utgangen av 2002.

Resultatrapportering under jordbruksavtalen

Økonomiregelverket føreset at det blir formulert målsetting for kvar tilskottsordning eller grupper av ordningar under same løyving, og at det blir fastsett kriterium som gjer det mogleg å etterprøve om målet blir nådd, og rapportere i forhold til desse kriteria. Ein slik reindyrka mål- og resultatstyringsmodell høver dårleg for mange ordningar under jordbruksavtalen. Desse løyvingane inngår i eit samansett system av økonomiske og juridiske verkemiddel som verkar mot fleire mål samstundes, jf. nærare utgreiing i St.prp. nr. 67 (1997-98) kap. 4. Som der gjort greie for vil departementet halde fram med å gi Stortinget ei samla framstilling av utviklinga innan sentrale område i landbruket, basert på eit omfattande materiale utarbeidd av Budsjettnemnda for jordbruket, og i mindre grad rapportere om resultat av kvar einskild ordning. Rapporteringa vil i hovudsak bli gjort i samband med framlegginga av proposisjo-

nen om jordbruksoppgjøret, der det òg blir gjort greie for dei aktuelle landbrukspolitiske måla og verkemiddelsystemet.

Nærare om viktige avvik i høve til normalkrava til tilskottsforvaltning

Departementet vil her kort gjere samla greie for område som det ikkje er meningsfylt å følge krava i økonomiregelverket fullt ut. Dersom det er behov for ytterlegare presiseringar, blir dette gjort saman med framlegget til løyving. Departementet viser også her til ei noko grundigare utgreiing i St.prp. nr. 67 (1997-98) kap. 4.

1. Direkte tilskott

Ordningane blir i hovudsak løyvd under jordbruksavtalen, kap. 1150 post 74 og 78. Tilskotta er baserte på fastsette kriterium som dyretal, areal, produksjonstype m.m. Det er ikkje tenleg å rapportere på kvar einskild ordning, men på den samla verknaden. Det er heller ikkje aktuelt med rapport frå tilskottsmottakarane då tilskotta normalt blir tildelt på grunnlag av eigenmelding frå søkarane og opplysningane blir kontrollerte i ei rekkje datakontrollar og ved stikkprøvekontroll.

2. Marknadsregulering og pristilskott/frakttilskott

Gruppa omfattar ei rekkje forskjellige ordningar, i hovudsak under jordbruksavtalen kap. 1150 postane 70 og 73. Satsane er eit resultat av forhandlingar og tilskotta er baserte på fastsette kriterium, som produktgruppe, levert volum, distrikt m.m. Resultatrapporteringa vil òg for desse tilskotta i hovudsak finne stad i den samla rapporteringa i samband med jordbruksoppgjøret. For denne gruppa av ordningar er det vidare ikkje aktuelt for tilskottsmottakarane (produsentane) sjølve å søke om tilskott, og tilskotta blir utbetalte enten via eit omsetningsledd, t.d. til slakteri eller meieriselskap, eller til omsetningsleddet. Det blir heller ikkje sendt tilsegnsbrev til produsentane, kravd rapport eller gjort kontroll hos tilskottsmottakarane (produsentane) fordi tilskottet blir gitt mot levert vare. Kontrollbehovet blir teke omsyn til ved kontroll hos omsetningsledda som leverer grunnlaget for utbetalingane og som formidlar tilskottet til produsentane.

3. Kollektive overføringar

På nokre område er det tenleg å overføre tilskotta direkte til ein sams mottakar, f.eks til Rikstrygde-

verket, framfor først å gi tilskottet til kvar produsent som igjen betalar dette inn. Dei største «kollektive overføringane» har bakgrunn i at produsentar i jordbruket og reindrifta betaler redusert trygdeavgift på line med lønstakarar. Oppfølginga av desse ordningane vil normalt bli å overføre løyvd beløp. Med mellomrom vil ein i tillegg vurdere om ordningane er tenlege og om løyvingane er av rett storleik.

4. Tilskott til organisasjonar

Under oppfølginga av næringsavtalene, jf. kap. 1150 post 77 og kap. 1151 post 72, og fleire andre stader som under kap. 1140 post 77 og kap. 1142 post 76, blir det gjort framlegg om tilskott til drift av ei rekkje organisasjonar. Grunnlaget for desse tilskotta er at organisasjonane sitt arbeid er viktig for departementet sitt forvaltningsområde. Storleiken på tilskotta blir fastsett skjønnsmessig og er såleis ikkje basert på medlemstal eller andre fastsette kriterium. Når det viktigaste formålet med tilskottet er å halde oppe aktiviteten, enten i organisasjonen generelt eller på bestemte område, finn departementet at kravet til rapportering kan setjast vesentleg lågare enn for tiltaksretta tilskott.

5. Tilskott til erstatningar

Under departementet blir det løyvd midlar til mange erstatningsordningar, jf. m.a. tiltak mot dyresjukdommar, kap. 1107 post 73, erstatningar under Naturskadeordninga, kap. 1148 post 71 og ei rekkje ordningar under Katastrofefondet for planteproduksjon og Tiltaksfondet for småfe og fjørfe, jf. kap. 1150 post 50. Erstatningsordningane skil seg frå andre tilskott ved at dei skal kompensere i ettertid for eit tap som er lidd. Ordningane skal med andre ord ikkje primært påverke ein framtidig aktivitet. Viktigaste oppfølginga av denne gruppa av ordningar blir å vurdere og kontrollere at utbetalingane blir rette i høve til dei erstatningsreglar som er fastsette.

Under departementet blir det òg løyvd til fleire erstatningsliknande ordningar og refusjonsordningar som til dømes Tiltak mot radioaktivitet under kap. 1150 post 74 og Tilskott til forvaltningsdrift under kap. 1161 Statskog SF post 70. Oppfølginga av desse ordningane vil også i hovudsak bli å vurdere og kontrollere at utbetalingane blir rette.

6. Tilskott til prosjekt, investeringar og utviklings- og kompetansetiltak m.m.

Tilskott til prosjekt, investeringar og utviklings- og kompetansetiltak m.m. er tiltaksretta ordningar som i hovudsak kan følgje normalkrava, med eventuelt mindre tilpassingar i regelverk for ordningane. Mange større og mindre ordningar er av denne gruppa, som tilskottsordningane under Landbrukets utviklingsfond, jf. kap. 1150 post 50.11, einskilte ordningar under Tiltaksfondet for småfe- og fjørfe, jf. kap. 1150 post 50.13 og Rein-drifta sitt utviklingsfond, jf. kap. 1151 post 51, og heile eller delar av løyvingane under kap. 1140 post 77, kap. 1142 postane 71 og 76, kap. 1148 post 70 og kap. 1150 post 77.

Tilskottsforvaltar som ikkje er omfatta av økonomi-reglementet

Økonomiregelverket omfattar departementet og underliggjande verksemdar som får løyvingane fastsette på statsbudsjettet, og det er lagt til grunn at statlege tilskott som hovudregel skal forvaltast av statlege organ. På fleire område har Landbruksdepartementet i lang tid sett det nødvendig å nytte tilskottsforvaltarar som ikkje er underliggjande organ og som heller ikkje er omfatta av krava til økonomistyring og -kontroll i staten. Etter at Statens landbruksforvaltning blei oppretta blei bruken av slike organ redusert, men framleis er tilskottsforvaltninga basert på medverknad frå eit stort tal verksemdar som ikkje er omfatta av økonomiregelverket for staten. Dette gjeld m.a. kanaliseringa av pris- og frakttilskotta via omsetningsledda, bruken av SND i forvaltninga av ei rekkje ordningar under Landbrukets utviklingsfond og kommunane når det gjeld søknadsbehandling og kontroll av m.a. dei direkte tilskotta under jordbruksavtalen, BU-ordningane og andre ordningar under Landbrukets utviklings-

fond. I samband med at ansvaret for landbrukssaker i fylka blir overført frå fylkesmannen til fylkeskommunane innan 1.01.2003, vil departementet få ei ny slik gruppe forvaltningsorgan å ta omsyn til.

Med grunnlag i krava til statleg økonomiforvaltning vil departementet med mellomrom gå gjennom opplegga for å sikre ei forsvarleg forvaltning, uavhengig av om det er underliggjande statlege organ, andre offentlege organ eller meir frittstående eller private verksemdar som medverkar i tilskottsforvaltninga. Private verksemdar som medverkar i forvaltninga må utføre oppgåvene i samsvar med dei retningslinene som departementet eller Statens landbruksforvaltning fastset. Når det gjeld forvaltningsoppgåvene som kommunar og seinare fylkeskommunar utfører, vil desse i hovudsak gå fram av forskrifter med heimel i jordlova og skoglova.

Dekning av administrative kostnader

Størsteparten av dei administrative kostnadene til oppfølging av tilskottsordningane under departementet blir dekte innanfor løyvingane til drift av verksemdene som forvaltar ordningane, og til kommunane gjennom rammetilskottet frå Kommunal- og regionaldepartementet. For ein del ordningar, særleg under jordbruksavtalen er det likevel aktuelt å dekkje einskilte administrative utgifter over tilskottsløyvinga. Dette gjelde t.d. godtgjersle til partssamansette organ og ein del andre utgifter med nær tilknytning til ordningane, som utgifter til søknadsskjema, porto og betalingstenester, samt drift og utvikling av datasystem og til evaluering av ordningane. Dette vil det bli gjort nærare greie for under dei aktuelle budsjettframlegga i proposisjonen. Også utgifter som private verksemdar har i samband med at dei medverkar i tilskottsforvaltninga vil i rimeleg grad bli dekte over tilskottsløyvinga.

Kap. 1100 Landbruksdepartementet (jf. kap. 4100)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	107 447	105 306	107 532
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald - ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1100 post 50</i>	15 498	7 624	4 741
50	Store utstyrskjøp og vedlikehald - forvaltningsorgan med særskilde fullmakter		200	200
70	Tilskott til drifta av Staur gard	250	250	300
	Sum kap. 1100	123 195	113 380	112 773

Mål og strategiar

Landbruksdepartementet har ansvar for å følge opp dei retningslinjene som Stortinget og regjeringa gir for mat- og landbrukspolitikken. Ansvarsområdet til departementet er matpolitikk, jordbruk, skogbruk, reindrift, husdyrhald, helseforholda i oppdrettsnæringa, ressursvern og utvikling av nye landbruksbaserte næringar. Departementet er ein viktig premissleverandør når det gjeld forbrukarspørsmål og spørsmål om miljø, arealplanlegging, kulturvern, distriktsutbygging og utanrikshandel.

- Strategiane for Landbruksdepartementet er å
- utvikle og sikre eit fagleg grunnlag for politiske avgjerd i mat- og landbrukspolitikken
 - kommunisere mat- og landbrukspolitikken aktivt for å få samfunnsmessig tilslutning og politisk gjennomslag
 - målrette og kommunisere økonomiske og juridiske verkemiddel og påverke internasjonalt for å ivareta nasjonale interesser best mogleg
 - utvikle og forbetre system for kontroll og kvalitetssikring i verdikjedene
 - imøtekomme forbrukarane sine preferansar på matområdet gjennom innverknad på mat- og landbrukspolitikken
 - skape samanheng og samspel mellom forsking, planlegging, verkemiddel og forvaltning, og å utvikle kvart av desse områda vidare
 - avklare roller og funksjonar i departementet sitt samspel med andre offentlege og private aktørar.

For å vere eit tenleg verktøy er det ein føresetnad at departementet har ein fleksibel organisasjon. Departementet vil derfor nytte dei verkemidla som er nedfelte i St.meld. nr. 35 (1991-92) *Om statens forvaltnings- og personalpolitikk* og seinare

forvaltningspolitiske utgreiingar samt St.meld. nr. 19 (1999-2000). Oppsummering og konklusjonar frå departementet sin interne strategiprosess vil òg leggje klare føringar for prioritering av departementet sine ressursar. Det er i den samanheng lagt opp til at departementet i større grad reindyrker si rolle som politisk sekretariat og vurderer delegering av oppgåver til underliggjande verksemdar. Ein stor og aukande del av departementet si verksemd er knytt til internasjonale avtaler og prosessar som t.d. EØS-avtalen, WTO-avtalen og internasjonalt skogpolitisk arbeid. Det er derfor nødvendig å leggje auka vekt på dei internasjonale oppgåvene. Samstundes vil departementet si auka fokus på mattryggleik m.a. ved etablering av eit mattilsyn, medføre auka ressursinnsats.

Resultatrapport 2000

Landbruksdepartementet viser til statusomtalene under programkategoriane. Mange av dei resultatane som er omtalte der, er knytt til verksemd som Landbruksdepartementet har tatt initiativ til og tatt del i.

Landbruksdepartementet har i 2000 arbeidd aktivt med ei rekkje internasjonale oppgåver som til dømes oppfølging og vidareutvikling av EØS-avtalen, nordisk samarbeid, oppfølging av Ministerkonferansane for vern av Europas skogar samt oppfølging av landbrukspolitikken i WTO/SPS og internasjonale miljøavtaler.

Oppfølging av St.meld. nr. 19 (1999-2000) har blitt høgt prioritert, kor arbeidet med forenkling og effektivisering av regelverket og verkemiddelbruken har kravd mykje ressursar. Det er lagt fram sektorvis miljøhandlingsplan for å utvikle miljøprofilen vidare i mat- og landbrukspolitikken. Eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon blei etablert i 2000. Departementet har òg

sett i gang eit verdiskapingsprogram for bruk og foredling av trevirke, samstundes som det er utarbeidd strategi for eit verdiskapingsprogram innan reindrift.

Statens Kornforretning, Omsetningsrådet og Fraktkontoret for slakt samt delar av Landbruksbanken blei samordna i ei verksemd. Den nye verksemda, Statens landbruksforvaltning, blei etablert 1.7.00.

Landbruksdepartementet har arbeidd målmedvete for å auke talet på kvinnelege leiarar både i departementet og i underliggjande verksemdar. Arbeidet med ny IKT-strategi har òg blitt prioritert.

Beredskapsarbeidet knytt til dyresjukdommar har fått mykje merksemd i 2000. Det blei m.a. iverksett fleire tiltak mot kugalskap for å tryggje folkehelsa i høve til denne sjukdommen.

Landbruksdepartementet har samarbeidd med Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet i utarbeidinga av St. meld. nr. 31 (2000-2001) *Kommune, fylke, stat – ei bedre oppgavefordeling*.

Budsjettforslag 2002

Post 01 Driftsutgifter

Landbruksdepartementet skal dekkje eit breitt forvaltningsområde gjennom sitt ansvar for mat- og landbrukspolitikken. Posten dekkjer dei ordinære driftsutgiftene til Landbruksdepartementet.

Post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald- ordinære forvaltningsorgan

Løyvinga kan nyttast til delfinansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinært vedlikehald ved ordinære forvaltningsorgan under departementet. Løyvinga kan òg nyttast til store nyinnkjøp i departementet.

Departementet føreset at ordinært vedlikehald og mindre innkjøp blir dekt over dei ordinære løyvingane til verksemdene.

Verksemdar under departementet forvaltar eigedomar og disponerer ein stor bygningsmasse. I einskilde tilfelle kan det vere aktuelt å selje feste- tomter, areal til utbyggingsformål, vegggrunn m.m. Departementet gjer framlegg om at inntekt frå sal kan nyttast til ombygging og ekstraordinært vedlikehald av bygningsmassen som verksemdene disponerer, jf. forslag til vedtak II. Vidare gjer ein framlegg om at unytta meirinntekt frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av beløp som kan overførast på posten, jf. forslag til vedtak II.

Post 50 Store utstyrskjøp og vedlikehald - forvaltningsorgan med særskilde fullmakter

Løyvinga kan nyttast til delfinansiering av store nyinnkjøp og ekstraordinært vedlikehald ved forvaltningsorgan under departementet som får løyvd midlar over 50-postar. Departementet føreset at ordinært vedlikehald og mindre innkjøp blir dekt over løyvingane til verksemdene på kap. 1112, 1140, og 1142.

Post 70 Tilskott til drift av Staur gard

Staur gard har vore i statleg eige sidan 1960. Frå 1995 og inntil nyleg har garden vore eigd av Statkorn Holding ASA (no Cermaq ASA). Cermaq ASA skal børsnoterast og staten skal redusere sitt eigarskap i selskapet. I samband med dette er eigdommen skilt ut og overført til Landbruksdepartementet.

Det er stifta eit driftsselskap for gardsdrifta, Staur gard A/S. Det statlege eigarskapet av Staur gard sikrar vidare bruk av garden til forskning og utvikling, møteverksemd og representasjon.

Å halde dei mange bygningane ved garden vedlike er svært krevjande, og departementet foreslår å yte eit tilskott til Staur gard AS si drift av garden. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 300 000 kr under posten.

Kap. 4100 Landbruksdepartementet (jf. kap. 1100)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
01	Refusjon og gebyr	327	375	386
16	Refusjon, fødselspengar / adopsjonspengar	1 632		
18	Refusjon sjukepengar	1 707		
40	Sal av eigedom	417		
	Sum kap. 4100	4 083	375	386

Post 01 omfattar inntekter frå ymse refusjonar.

Kap. 1102 Fylkesmannens landbruksavdeling (jf. kap. 4102)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	249 163		
21	Spesielle driftsutgifter	49 229		
	Sum kap. 1102	298 392		

Mål og strategiar*Innleiing*

Budsjetteringa av fylkesmannen blei endra frå 2001 ved at løyvingane til lønn og drift til Fylkesmannens landbruksavdeling og Fylkesmannens miljøvernnavdeling blir budsjettert over kap. 1510 Fylkesmannsembeta. Arbeids- og administrasjonsdepartementet har det administrative ansvaret for fylkesmannsembeta, mens Landbruksdepartementet har det faglege ansvaret for dei oppgåvene fylkesmannsembeta skal løyse innanfor mat- og landbruksområdet. Midlar til enkelte faglege prosjekt retta mot landbruket blir i all hovudsak budsjettert på kap. 1140 post 77.

I denne omtala er det lagt vekt på oppfølginga av St. meld. nr. 31 (2001-2002) *Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling* og rapport for 2000. Landbruksdepartementet viser elles til St.prp. nr. 1 (2001-2002) for *Arbeids- og administrasjonsdepartementet*, kategori 01.10.

St.meld. nr. 31 (2001-2002) Kommune, fylke, stat- ein betre oppgåvefordeling

Gjennom St.meld. nr. 31 (2001-2002) vedtok Stortinget at fylkeskommunen skal styrkjast som regional utviklingsaktør. Dette skal leggje til rette for at den samla verdiskapinga i landet blir styrkt

med grunnlag i føresetnadene og utviklingsmoglegheitene i det lokale næringslivet. Ved å utvikle fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør, får ein samla dei næringspolitiske verkemidla og skapt ei binding mellom dei og arbeidet for regional utvikling som fylkeskommunen driv.

Dette inneber m.a. at fylkesmannens landbruks- og miljøvernnavdeling skal overførast til fylkeskommunen, med unntak av klagebehandlinga av kommunale enkeltvedtak og lovlighetskontroll, som skal vere igjen hos fylkesmannen. Dette er ønskjeleg for å ivareta dei positive effektane felles leiing har gitt miljø og landbruk regionalt, men òg for å integrere miljøomsyna i andre sektorar og for å få regionalpolitiske avgjersler inn i miljøvernet.

Med unntak av dei ressursane som er knytte til klagebehandlinga og lovlighetskontroll av kommunale enkeltvedtak, må dei faglege administrative ressursane som i dag nyttast på oppgåver knytte til miljøvern og landbruk hos fylkesmannen trekkast ut av fylkesmannsembeta. Dette inneber at dei tidlegare fagkapitla 1406 Fylkesmannens miljøvernnavdeling og kap. 1102 Fylkesmannens landbruksavdeling, som blei innlemma i kap. 1510 Fylkesmannsembeta frå 1.1.2001, og dei tidlegare administrative overførte økonomiske ressursar til same kapittel, i all hovudsak trekkast ut av kap. 1510. Kap. 1510 blir administrert av

Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Ressursbruken knytt til klagebehandlingen er av Landbruksdepartementet rekna ut til eit årsverk pr. fylke.

Fylkeskommunen si rolle i det regionale utviklingsarbeidet vil bli styrkt ved at landbruksretta utviklingsarbeid blir integrert i andre sektorar og blir gjenstand for regionalpolitiske vurderingar og skjønn. Fylkeskommunen overtek m.a. bygdeutviklingsmidlane (BU-midlane) til utgreiings- og tilretteleggingstiltak. Dette inneber at fylkeskommunen må vere aktiv for å etablere samarbeid og samhandling med Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND). I denne samanheng er det viktig at fylkeskommunen og SND utviklar felles strategiar for bruk av BU-midlane til utgreiing og tilrettelegging og dei verksemdretta BU-midlane, samt bruk av felles kompetanse. Endringa i ansvaret for forvaltninga av BU-midlane, inneber inga endring for kommunane som førstelinjestyresmakt for BU-midlane.

Overføringa av hovuddelen av fylkesmanns-embetas landbruksoppgåver og styremakt til fylkeskommunane, inneber at fylkeskommunane må overta dei oppgåver og plikter fylkesmannen har i dag. Ein vesentleg del av dei oppgåvene fylkeskommunane overtek er kjenneteikna av at dei er av nasjonal karakter, der det vil vere behov for ein relativt sterk grad av statleg styring.

Fylkeskommunane overtek m.a. ansvaret for forvaltninga av store delar av ordningane over jordbruksavtalen. Desse ordningane har i liten grad regionale tilpassingar og ein kan derfor ikkje gi fylkeskommunane stort regionalt handlingsrom på dette området. Endringa av forvaltninga av ordningane inneber inga endring i jordbruksforhandlingane og jordbruksavtalen. Fylkeskommunane må følgje retningslinjene for verkemiddelbruken som er nedfelt i jordbruksavtalen og i den nasjonale landbrukspolitikken. Avtalepartane i jordbruksforhandlingane trekk opp retningslinjene for bruken av midlane og skal vere med og avgjere bruken av dei. I arbeidet med forenklinga av dei landbrukspolitiske verkemidla vil det bli vurdert om det er rom for eit auka regionalpolitisk handlingsrom. Dette må òg sjåast i samanheng med Landbruksdepartementet sitt arbeid med satsing på kommunane, der ein vurderer om det er mogleg å auke det kommunale handlingsrommet, jf. kat. 15.00.

Fylkeskommunane vil òg overta ansvaret for behandling av saker etter jord- og konsesjonslovgivinga og tilsynsoppgåver i høve til kommunane på landbruksområdet, og vil som høringsorgan til kommunale arealplanar få eit breiare ansvar for å

sjå til at kommunane følgjer nasjonale retningslinjer for vern av dyrka og dyrkbar jord.

I arbeidet med overføringa av oppgåver frå Fylkesmannen til fylkeskommunane, legg Landbruksdepartementet vekt på ein aktiv dialog og eit aktivt samarbeid og samhandling i forhold til fylkeskommunane, andre departement, m.a. Miljøverndepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Fylkesmannen, dei tilsette og deira organisasjonar.

Det vil bli gjort ein rekkje lov- og forskriftsendringar som vil bli fremma for Stortinget våren 2002.

Omorganiseringa skal gjennomførast snarast mogleg og seinast innan 01.01.2003.

Resultatrapport 2000

1. Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling, jf. kategori 15.30

Fylkesmannen har spela ei viktig rolle i arbeidet med næringsutvikling, og dette arbeidet har vore prioritert i 2000.

Det er danna gode regionale nettverk med nær kontakt til brukarar, anna forvaltning, kompetanseinstitusjonar og næringsliv, i fleire embete. Særleg har ein samarbeidd ved utarbeiding og saksbehandlingen av utviklingsprosjekt, samt ved utarbeiding av fylkesplanar og strategiske næringsprosjekt. Fylkesmannen har òg samarbeide med SND, der samarbeidsavtalar no er inngått, samt med fylkeskommunen og næringsorganisasjonane om landbruksbasert næringsutvikling. Målet er å oppnå samspel mellom utviklingsmidlane hos Fylkesmannen og midlane til verksemdutvikling i SND, slik at det i praksis blir ein heilskapleg forvaltning av BU-midlane. Fylkesmannen har vore aktiv i samband med utviklingsprosjektet innanfor matområdet, m.a. i samband med Norsk Gardsmat.

Fylkesmannen har i 2000 samarbeidd godt med Norske 4H, som har bidrege i arbeidet med rekruttering av ungdom til landbruksnæringa. Fleire prosjekt er sett i gang og gir positive effektar i høve til interessa for og haldningane til landbruket. I fordelinga av midlane til praktikantordninga har Fylkesmannen prioritert kvinner og ungdom.

Fylkesmannen har òg samarbeidd med skogselskapa og hageselskapa.

Fylkesmannen har vore aktiv når det gjeld rettleiing, informasjon, haldningsskapande arbeid, mobilisering og nettverksbygging for kvinner innan tradisjonelt landbruk og i nye næringar.

Fylkesmannen har ei viktig rolle innan skogbruket, og resultatane av hovudtiltaka her blir rapportert under kap. 1142.

2. Miljø og arealforvaltning, jf. kategori 15.30 og kap 1140, 1142 og 1150

Fylkesmannen har i 2000 lagt vekt på å delta i samfunnsplanprosessane, og har arbeidd aktivt for å få kommunane til å utarbeide landbruksplan. Engasjementet hos kommunane for å få i gang landbruksplanarbeid varierer mellom fylka. Enkelte fylke er i startfasen medan andre har arbeidd med dette lenge og ser no resultatane av dette.

Fylkesmannen har i 2000 særleg lagt vekt på økologisk landbruk, områdetiltak og regionale utfordringar innan kulturlandskap og erosjon og avrenning av næringssalt. Fylkesmannen har etablert gode nettverk og samarbeider mellom anna med næringsorganisasjonane i landbruket, ulike fagmiljø, kommunane og fylkeskommunen om miljøspørsmål i landbruket. Mange fylke er i gang med, eller har utvikla ein handlingsplan for økologisk landbruk i 2000, og fleire fylke arbeider med å etablere nettverk mellom dei økologiske produsentane. Mange fylke har rullert eller utarbeidd nye strategiar for miljøinnsatsen i landbruket sitt kulturlandskap.

Fylkesmannen har arbeidd for å sikre landbruket sine arealressursar på ein betre måte. Løysinga har vore å komme tidleg inn i planprosessane og ha ein tett dialog med fylkeskommunane og andre regionale aktørar. Til tross for dette blir det framleis bygd ned mykje dyrka og dyrkbart areal. I fleire fylkesmannsembete har fylkesplanprosessane blitt nytta til å sette jordvern på dagsorden gjennom engasjement kring m.a. by- og tettstadsutforming.

Fylkesmannen si handtering av saker knytt til jord- og konsesjonslovgevinga er omtalt i St.meld. nr. 35 (1999-2000).

Fleire fylkesmannsembete har auka aktiviteten i arbeidet med frivillig jordformidling. Fylkesmannen i Møre- og Romsdal starta i 2000 eit nytt 3-årig prosjekt med vekt på å skaffe og prøve ut kunnskap om den praktiske oppfølginga for å få i stand frivillig eigedomsoverføring.

Fylkesmannsembeta har teke i bruk geografiske informasjonssystem (GIS) i saksbehandlinga og tilbakemeldingane viser at dette er blitt eit viktig hjelpemiddel.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak i jordbruket

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for forvaltning og kontroll av dei direkte tilskotta i jordbruket. Ordningane går inn som ein del av det totale verkemiddelapparatet. Ein viser derfor til omtale under kategori 15.30, kap. 1150 og til St.prp. nr. 92 (2000-2001).

4. Rettleiing og internadministrasjon

Fylkesmannen har prioritert kontakt og dialog med kommunane i 2000. Enkelte embete har arrangert kontaktmøte med kommunane der aktuelle tema blir sett på dagsorden og der politisk og administrativ leiing i kommunane deltek. I tillegg til disse møta har enkelte embete valt å bruke forventningsbrev, medan andre har direkte dialog med kommunane for å formidle dei landbrukspolitiske måla. Kommunane blir òg følgd opp med faglege samlingar og løpande kontakt med fylkesmannen.

Frå 01.01.2000 blei nokre oppgåver og ressursar overført frå Fylkesmannen til SND. Samarbeidsavtaler er no inngått i alle fylke, og samordninga av midlane til utvikling hos fylkesmannen og midlane til verksemdutvikling i SND funksjonerer godt.

Talet på kvinner som er tilsette i landbruksavdelingane hos fylkesmannen er aukande, men framleis for lågt. Særleg er talet på kvinnelege leiarar for lågt.

Kap. 4102 Fylkesmannens landbruksavdeling (jf. kap. 1102)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
04	Oppdragsinntekter og refusjonar	46 957		
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	195		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	2 760		
17	Refusjon, lærlinger	28		
18	Refusjon sjukepengar	4 482		
	Sum kap. 4102	54 421		

Programkategori 15.10 Matvaretryggleik, matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse

Utgifter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)	203 516	232 788	248 483	6,7
1110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)	110 133	91 401	116 430	27,4
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsopp- gåver og kunnskapsutvikling m.m.	143 011	145 590	168 776	15,9
1114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)	170 081	174 470	245 644	40,8
Sum kategori 15.10		626 742	644 249	779 333	21,0

Inntekter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
4107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)	12 958	19 303	38 302	98,4
4110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)	73 597	78 946	88 114	11,6
4114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)	155 763	174 942	256 413	46,6
Sum kategori 15.10		242 318	273 191	382 829	40,1

Status

Arbeidet innanfor området matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse er lagt opp etter ein strategi der ein sikrar kvaliteten på sluttprodukta gjennom innsats i kvar del av matvarekjeda frå jord til bord. Som eit ledd i dette arbeidet ønskjer regjeringa å samordne dei tre etatane under Landbruksdepartementet som har ansvar for alt tilsynet av den landbaserte matproduksjonen og dei kommunale næringsmiddeltilsyna i eitt, statleg tilsyn, jf. pkt. 1.4.1 i innleiinga.

I tillegg til ei særskilt omtale av omorganiseringa av mattilsynet og evalueringa av EØS-avtalen på veterinærområdet tek omtalen under for

seg status for dei ulike hovudområda som er delt opp i produksjon, plantehelse, plantevernmiddel, dyrevelferd, dyrehelse og matvarer.

Modernisering og effektivisering av mattilsynet

Det blir i dag nytta om lag 1 600 årsverk til offentlig tilsyn langs matkjeda fordelt på Statens næringsmiddeltilsyn (110), Statens landbrukstilsyn (150), Statens dyrehelsetilsyn (260), Fiskeridirektoratet (150) og dei kommunale næringsmiddeltilsyna (950).

Regjeringa har vedtatt at ansvaret for heile tilsynet skal leggjast til Landbruksdepartementet, utanom tilsynet med marine produkt, som fram-

leis skal liggje hos Fiskeridirektoratet. Vidare har regjeringa vedtatt at Statens næringsmiddeltilsyn, Statens landbrukstilsyn, Statens dyrehelsetilsyn og næringsmiddeltilsynet som i dag blir utført av dei kommunale næringsmiddeltilsyna, skal samordnast i eitt, statleg tilsyn. På sikt skal dette kunne gi ein effektiviseringsgevinst på minimum 10 pst. Ein tek sikte på etablering av det nye tilsynet frå 2003.

Det er sett i gang ein omfattande gjennomgang av både lovverk og tilsyn med sikte på ei forenkling og fornying og ei klårare ansvarsfordeling mellom Landbruksdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Fiskeridepartementet, jf. òg omtale under pkt. 1.4.1 i innleiinga.

EØS-evalueringa

Ved behandling av St.prp. nr. 6 (1998-99) blei det føresett at Regjeringa innan utgangen av 2001 skulle leggje fram ei totalvurdering av smittesituasjonen og det nye regelverket, samt forslag til tiltak som bør gjennomførast.

Arbeidet starta i 2000, og dei fleste offentlege instansar som er omfatta av vedtaket om revisjon av Vedlegg I til EØS-avtalen, byrja ei gjennomgang av saksområda sine. Hausten 2000 oppnemnde Landbruksdepartementet i samråd med Fiskeridepartementet og Sosial og helsedepartementet ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide den endelege rapporten til Stortinget. For å sikre ei mest mogleg uavhengig vurdering, blei arbeidsgruppa samansett av fagfolk frå Sverige, Finland og Noreg. Arbeidsgruppa har nytta dei evalueringsrapportane som dei offentlege instansane har laga, og gjennomført eigne undersøkingar både nasjonalt og internasjonalt samt gjort eigne analysar.

Rapporten frå arbeidsgruppa følgjer som ikkje trykt vedlegg. Hovudkonklusjonane frå rapporten er at det ikkje har skjedd noko forverring av helsesituasjonen verken for dyr eller menneske som kan førast tilbake til Stortingets vedtak om å revidere "veterinæravtalen". Dette tyder på at den gode statusen ein hadde frå før er halden oppe.

Arbeidsgruppa kjem ikkje med konkrete framlegg om endringar i dei tiltaka som blei gjennomført ved innføring av avtalen. Gruppa peiker på visse organisatoriske tiltak, og foreslår å sjå nærare på korleis einskilde organ eller institusjonar er organisert, til dømes organiseringa av Zoonosenteret, dei veterinære grensekontrollstasjonane og dei fire "mattilsyna"; Statens landbrukstilsyn, Statens dyrehelsetilsyn, Statens næringsmiddeltilsyn og Fiskeridirektoratet. Arbeidsgruppa fore-

slår òg å auke satsinga på forvaltningsretta forskning, samt å gjere ei ny evaluering om 3-5 år.

Produksjon

Landbruksdepartementet legg vekt på at kvaliteten på innsatsvarene i matproduksjonen bygger opp under målet om å tilby forbrukarane helsemessig trygge matvarer av god kvalitet.

Organisk avfall er ein ressurs som må utnytast på ein berekraftig måte der omsyn til så vel miljø som plante-, dyre- og folkehelse blir teke vare på. Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet har saman med ulike organisasjonar i jordbruket og avfallsbransjen etablert eit 5-årig program (2000-2004) (ORIO) for auka omsetning av produkt basert på våtorganisk avfall og slam. Programmet skal medverke til å utløyse det potensialet som finnst for auka bruk av dette avfallet til eit breitt spekter av formål, som fôr, gjødsel, jordforbetningsmiddel, energi eller liknande. Det er sett av midlar til programmet over kap. 1150.

I samråd med Miljøverndepartementet og Sosial- og helsedepartementet skal forskriftene som regulerer silopressaft, husdyrgjødsel, avløpslam og det meste av gjødselvarane samordnast i ei ny forskrift. Forvaltninga av regelverket blir lagt i linje under Landbruksdepartementet og siktemålet med endringa er forenkling. Ein tek sikte på at endringane blir sett i verk i løpet av første halvår 2002.

Regelverket for økologisk landbruksproduksjon er tilpassa EU sitt nye regelverk for økologisk husdyrhald. Som følge av dei verkemidla som er sett inn for å nå målsettinga om at 10 pst. av jordbruksarealet skal drivast økologisk innan 2010, jf. St.meld. nr. 19 (1999-2000) og Innst. S. nr. 167 (1999-2000), er det no ei sterk auke i talet på produsentar av økologiske landbruksprodukt. Tilsynet må byggjast opp og effektiviserast i takt med dette.

Plantehelse

I 1999 starta Landbruksdepartementet ei større satsing for å sikre og heve standarden på norsk plantehelse, basert på førebyggjande tiltak og tilsyn med nøkkelledd i produksjonen. Med auka løyvingar i 2000 og 2001 er satsinga no oppe i 17 mill. kr. Departementet vil auke satsinga ytterlegare i 2002, jf. kap. 1110.

Hovudelementet i satsinga er oppbygging av eit system for innanlands produksjonskontroll, basert på dei same hovudprinsippa som gjeld i

EU. Systemet inneber at det blir stilt krav til produsentane om sikringstiltak i produksjonen og handtering av plantemateriale, og at det blir ført offentleg tilsyn med dette. Elles legg ein opp til å styrkje generell overvaking av farlege planteskadegjerarar, og å føre optimalt tilsyn med den stadig aukande importen.

Dei nye krava knytte til produksjonskontrollen, er nedfelte i ny *forskrift om planter og tiltak mot planteskadegjørere* av 1. desember 2000.

Plantevernmiddel

Handlingsplan for å redusere helse- og miljørisikoen ved bruk av plantevernmiddel for perioden 1998-2002 er ført vidare med midlar avsette i dei årlege jordbruksoppgjera. I 2002 er det sett av 20 mill. kr som er ei auke på 3 mill. kr i høve til 2001, jf. òg St.prp. nr. 92 (2000-2001). Satsinga inneber gjennomføring av ei rekkje tiltak og verkemiddel, inkludert miljøavgift på plantevernmiddel differensiert etter helse- og miljørisiko. Samla sett skal dette gi ei ønskt utvikling i retning av minst mogleg risikofylt bruk av plantevernmiddel.

Dyrevelferd

Rovdyr i utmark der bufe beiter opptek mange dyrevernsnemnder, fordi skadeomfanget utgjer eit stort dyrevernsproblem. Det er gjort enkelte forbetringar når det gjeld dyreverns i samband med slakteriverksemd. Dyrevernslova er endra på ein del område. Reglane om kastrering av gris er innskjerpa og det er innført forbod mot kastrering av rein. Dyreverns er òg regulert av internasjonale avtaler i EØS og Europarådet. Dyrehelsetilsynet tek mellom anna del i Europarådet sitt arbeid for å iverksetje standardar for dyreverns ved oppdrett av fisk. EU har vedtatt eit forbod mot hald av eggleggjande høner i tradisjonelle bur frå 2012 der forskrifta skal vere vedteken innan 1.1.2002. Noreg tek sikte på å innføre forskrifta innan fristen. Departementet har sett i gang arbeidet med ei melding om dyrehald og dyrevelferd som vil bli lagt fram for Stortinget i 2002.

Dyrehelse

Det er ikkje påvist alvorlege smittsame sjukdommar i kommersielle dyrehald i 2000. Overvakings- og kontrollverksemda knytt til sjukdom i husdyrhald og akvakulturdyr er i hovudsak ført vidare på same nivå som i fjor. Resultata syner at helsetilstanden til akvatiske dyr og landdyr er jamt over god, sjølv om einskilte sjukdomar førar til pro-

duksjonstap hos dyreeigarane. Dette er òg viktig i samband med det arbeidet som er gjennomført for å redusere bruken av antibiotika i norske dyrehald. Når det gjeld helse hos viltlevande dyr, er truleg den trusselen *Gyrodactylus salaris* utgjør i høve til atlantisk laks den mest alvorlege.

Arbeidet med oppfølging av Noregs internasjonale avtarar er krevjande og tek store ressursar.

I juli i 2000 la EU si vitskapelege styringsgruppe fram ein rapport som plasserte Noreg, som det einaste Europeiske landet, i den beste klassen av dei 25 land i verda som blei vurdert når det gjeld sannsyn for å finne BSE-smitte i dyrepopulasjonen. Den gunstige situasjonen i Noreg skuldast fleire forhold, som ein relativt liten import av livdyr og strenge krav med omsyn til varmebehandling og restriksjonar på bruk av kjøttbeinmjøl. Ytterlegare tiltak er sette i verk i etterkant. Særleg viktig er forbod mot import, omsetning og bruk av kjøttbeinmjøl i fôr til alle produksjonsdyr. Som ei oppfølging til dette er det innført visse bruksbegrensingar på gjødselprodukt som inneheld kompostert animalsk avfall eller foredla animalske protein. I tillegg er det innført slaktemetodar som fjernar spesielt risikomateriale (SRM) til menneskemat.

I samband med forslaget i Dok 8:61 (1998-1999) og Innst. S. nr. 36 (1999-2000) om erstatningsreglar etter fiskesjukdomslova har Landbruksdepartementet sett ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Finansdepartementet, Fiskeridepartementet, Landbruksdepartementet og næringa. Arbeidsgruppa skal sjå nærare på ulike løysingar. Eit forslag frå arbeidsgruppa kan ventast hausten 2001 eller våren 2002. Regjeringa vil kome attende til Stortinget med saka.

Matvarer

Hovudelementa i dei seinare års strategiar når det gjeld å medverke til trygge matvarer for forbrukarane har blitt ført vidare. Avgjerande føresetnader for dette har vore å etablere og vedlikehalde overvakings- og kontrollprogram. Vidare er dokumentasjonen av ulike helseparametre blitt ført vidare for å betre kontrollsystema og styrke Noreg sin handelssituasjon med omsyn til import og eksport. Den relativt gunstige situasjonen tener med andre ord til både å hindre uønskt import med omsyn til helse og til å fremme produksjon av norske kvalitetsvarer som kan vere konkurranseedyktige.

Arbeidet med å etablere ein handlingsplan for forbrukarorientering av mat- og landbrukspolitikken har blitt slutført. Noreg har òg arbeidd for å

auke forbrukarane sin innverknad i internasjonale fora som CODEX Alimentarius og OIE (Verdas dyrehelseorganisasjon).

For at matvarene skal vere trygge for norske forbrukarar er det viktig at òg matvarer produserte i utlandet er tilfredsstillande med omsyn til helse. Det er tilsvarende viktig at internasjonale standardar for produksjon og handel held eit høgt nivå. Det internasjonale arbeidet frå norsk side innan EØS-samarbeidet og CODEX Alimentarius m.fl. har derfor blitt styrkt. EU kommisjonen har sett inn store ressursar i dette arbeidet, fatta ei rekkje nye vedtak og fremma forslag til nye forordningar på matområdet som har kravd store ressursar i oppfølging og gjennomføring.

Mål og tiltak

Mål

Hovudmålet for matpolitikken er å sikre forbrukarane trygge matvarer (norskproduserte og importerte) av riktig kvalitet gjennom ein sunn matproduksjon. Dei overordna måla og strategiane på dette området er omtalt i St.meld. nr. 40 (1996-97) og i St.prp. nr. 19 (1999-2000). Delmåla er omtalt i pkt. 1.3 i innleiinga.

Matproduksjonen er ein kompleks biologisk produksjon der ulike risikofaktorar kan kome inn i produksjonen langs heile matvarekjeda frå jord og fjord til bord. Dette syner dei dramatiske hen-

dingane i Europa dei siste åra med påvising av kugalskap, utbrot av munn- og klauvsjuka og dioksin-skandalar. Skal ein òg framover nå målsetjingane om trygg mat og tillit hos forbrukarane må det satsast på tiltak som tek sikte på å auke kunnskapen om risikofaktorane og korleis desse kan kontrollerast. Det må òg satsast på forenklingar og å sikra ein open og reieleg kommunikasjon med forbrukarane.

Tiltak

Landbruksdepartementet gjer framlegg om ei samla løyving under programkategori 15.10 på 779 mill. kr. Trygge matvarer føreset at risikoreducerande tiltak blir sette i verk langs heile matvarekjeda frå jord og fjord til bord. Det er nødvendig med auka overvaking og kontroll med smittestoff og framandstoff hos landdyr og fisk. Samstundes må forbrukarane sin moglegheit til å påverke mat- og landbrukspolitikken aukast.

Budsjettframlegget inneber ei auka innsats knytt til særskilde tiltak på matområdet med om lag 107 mill. kr. Av dette legg ein opp til å nytte 5 mill. kr under andre programkategoriar.

Av den samla innsatsen på 779 mill. kr under matområdet legg ein opp til at om lag 383 mill. kr, som utgjer knapt halvparten av utgiftene, blir dekt opp gjennom ulike gebyr og avgifter knytt til tilsyn langs heile matkjeda.

Nærare omtale av satsinga på matområdet

Tabell 2.2 Oversikt over tiltaka som inngår i satsinga på matområdet

Tiltak	Beløp
Testing for kugalskap:	40,0 mill. kr
Testing for skrapesjuka:	21,3 mill. kr
Forbrukerorientering:	16,5 mill. kr
– Matportal	7,5 mill. kr
– Overvaking av smittestoff og framandstoff i mat og fôr	5,5 mill. kr
– Kompetansetiltak i matsektoren	3,0 mill. kr
– EØS-evaluering/oppfølging	0,5 mill. kr
Fiskehelse:	8,5 mill. kr
Plantehelse:	3,0 mill. kr
Merkeordning for landbruksprodukt:	5,0 mill. kr
Mattilsyn, gjennomgang, forenkling og statleggjering:	4,0 mill. kr
Veterinær vaktordning:	5,0 mill. kr
Nord-norsk kompetansesenter:	4,0 mill. kr
Sum	107,3 mill. kr

Kugalskap og skrapesjuke

Innanfor satsinga er det sett av 61,3 mill. kr til tiltak knytt til overvaking og kontroll av kugalskap (BSE) og skrapesjuke. Omfanget av BSE-tiltak er redusert med om lag 46 mill. kr i høve til omfanget det blei lagt opp til i St. prp. nr. 84 (2000-2001).

Når det gjeld testing for kugalskap vil regjeringa føre vidare overvåkingsprogrammet frå 2001, men programmet er vesentleg utvida i høve til det som blei lagt til grunn i St.prp. nr. 1 (2000-2001). EU har gjennom Råds- og parlamentsforordning 999/2001/EF bestemt at alle risikodyr eldre enn 24 månader og alle dyr som skal til humant konsum og som er eldre enn 30 månader skal testast for kugalskap. Sverige, Finland og Austerrike har fått unntak frå kravet om å teste alle friske dyr, og skal berre testa eit utval, som ikkje skal være mindre enn 10 000 dyr. Regjeringa har gjort framlegg om at kravet om å teste alle dyr som skal til humant konsum ikkje skal gjerast gjeldande for Noreg, når Råds- og parlamentsforordning 999/2001/EF kjem inn for EØS-komiteen. For 2002 legg Regjeringa derfor til grunn eit testprogram der alle risikodyr eldre enn 24 månader skal testast, dvs. dyr som viser symptom som gjer at ein ikkje kan sjå bort frå kugalskap. Dette omfattar 15 600 storfe, som er 13 600 fleire dyr enn det som ein la opp til i St. prp. nr. 1 (2000-2001). Det er sett av 20,8 mill. kr til dette arbeidet i 2002.

I tillegg vil det innførast stikkprøvekontroll av friske dyr på slakteri. Denne testinga vil ha eit omfang på 10 000 dyr. Det er sett av 8,7 mill. kr til overvakinga som har same relative omfang som i Sverige. Det er og budsjettert med 2 mill. kr til kommunikasjonstiltak, 2,4 mill. kr til storfedatabase og 4 mill. kr til erstatningar for kasserte slaktedyr som følgje av feil ved prøver. I tillegg er det sett av 2 mill. kr til oppfølging av forbod mot kjøttbeinmjøl i fôr.

Fram til i dag har overvaking av hjernemateriell med omsyn til skrapesjuke hos småfe skjedd i eit nasjonalt overvåkings- og kontrollprogram. Dette har fram til no hatt eit omfang på om lag 3 000 dyr. Gjennom Råds- og parlamentsforordning 999/2001/EF har EU vedteke å setje i verk ei generell overvaking av skrapesjuke. Dette fordi ein ikkje kan sjå bort frå at BSE har blitt overført til sau og geit, men blitt feildiagnostisert som skrapesjuke i land der BSE er påvist. Det nasjonale overvåkingsprogrammet må derfor utvidast i tråd med EØS-reglane. Frå 1. januar 2002 må programmet omfatte omlag 2 500 sau og geit eldre enn 18 mnd. som døyr eller er avliva utan å vere

slakta for humant konsum, dvs risikodyr. I tillegg er Noreg forplikta til å teste 15 000 sau og geit som skal til konsum. Ein legg opp til ei auka løyving på om lag 21,3 mill. kr i 2002 for testing for skrapesjuke. Av dette er 2 mill. kr knytt til oppstart av programmet.

Forbrukarorientering

Landbruksdepartementet legg i budsjettframlegget opp til å nytte 16,5 mill. kr til forbrukerorientering av verksemda på matområdet. Innanfor denne ramma er det sett av 7,5 mill. kr til utvikling og etablering av ein matportal som skal styrke kommunikasjonen mellom forvaltninga, forbrukarane og næringsaktørane når det gjeld kunnskapsformidling og forvaltningsrelaterte spørsmål. Matportalen på internett skal samle informasjon frå ei rekkje etatar. I tillegg til etatane underlagt Landbruksdepartementet (Statens næringsmiddeltilsyn, Statens dyrehelsetilsyn, Statens landbrukstilsyn, Veterinærinstituttet og Planteforsk), er det naturleg å trekke inn andre sentrale aktørar som har ansvar for ernæring, mat i eit jord til bord-konsept og helsespørsmål knytt til mat.

Hovudfokus for portalen vil vere matvaretryggleik, med brei nyheitsdekking og lett tilgang til oppdatert regelverk for alle brukarar. Portalen vil leggje vekt på å vise samanhengar i produksjonsprosessane frå jord til bord, og vil i tillegg til å gi forbrukarorientert informasjon òg vere ein rettleiar for næringsdrivande om regelverk og ansvarsfordeling mellom ulike offentlege verksemder. Satsinga er ein integrert del av arbeidet med døgnopen forvaltning, der ein gir ulike brukargrupper lettare tilgang til offentlege tenester via elektroniske kanalar. Statens næringsmiddeltilsyn skal ha koordineringsansvaret for portalen, jf. kap. 1114.

Det er vidare sett av 5,5 mill. kr til å kartleggje og overvake smittestoff og framandstoff i mat og fôr, jf. kap. 1110 og kap. 1114.

Landbruksdepartementet vil sette av 2 mill. kr til å utvikle eit program for kompetanseutvikling i matsektoren. Dette skal fungere som ein koplingsboks, og koordinere ulike tilbod og etterspurnader om etter – og vidareutdanning på matområdet. Ei rekkje aktørar innan næring, handel, tilsyn, forskning og utdanning er med i eit forprosjekt som avsluttast i starten av 2002. Resultatet frå forprosjektet vil legge føringar for korleis det vidare arbeidet skal organiserast.

I tillegg vil det bli gitt støtte til arbeidet med samordning av forskning, utvikling og utdanning på matområdet, gjennom Matalliansen som er eit

strategisk samarbeid mellom MATFORSK og Noregs landbrukshøgskole.

EØS-evalueringa peiker på at det er nødvendig å få meir kunnskap om effekten av dei forvaltningstiltaka styresmaktene set i verk, og korleis ein kan oppnå betre bruk av ressursane. Ein legg derfor opp til å nytte 0,5 mill. kr for å kunne initiere forskning på dette området, jf. kap. 1112 post 50.

Fiskehelse

Landbruksdepartementet legg opp til ei satsing på 8,5 mill. kr til fiskehelse. Produksjonen av oppdrettslaks er i dag dobbel så stor som den landbaserte kjøttproduksjonen og det er framleis venta stor vekst i havbruksnæringa. Veksten innanfor tradisjonelt lakseoppdrett og nye oppdrettsartar, som skjel og kvitfisk, gjer det nødvendig å satse på utvikling av nye alternative fôrstoff, samt å auke innsatsen når det gjeld smittsame sjukdommar. Det er òg nødvendig å auke den internasjonale innsatsen i høve til utforming av framtidig rammevilkår for helse hos akvakulturdyr. Regjeringa har i noko tid forhandla med EU-kommisjonen om plassering av ein norsk ekspert på fiskehelseforvaltning i EU-kommisjonen. Forhandlingane er ikkje slutført.

Plantehelse

Landbruksdepartementet legg opp til ei auka satsing på 3 mill. kr for å sikre og heve standarden på norsk plantehelse. Ei betra plantehelse vil gi ein miljøgevinst gjennom lågare forbruk av plantevernemiddel, betre produktkvalitet og nye moglegheiter i marknaden.

Merkeordning for landbruksprodukt

Det er sett av 5 mill. kr til å etablere ei merkeordning for landbruksprodukt som definerer ein regional kvalitetsproduksjon av mat basert på tradisjon og matkultur. Av dette er 2 mill. kr sett av under verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon på kap. 1150. Formålet med merkeordninga er å betre utnyttinga av moglegheitene i marknaden for landbruksprodukt og auke forbrukarane sine moglegheiter for å velje mellom ulike produkt på matområdet. Erfaring frå mellom anna EU-land viser at opphavsmerking som kombinerer kriteriet for kvalitet med kriteriet for særpreg og geografisk opphav, kan auke omsetninga og lønsemda, og kan derfor vere til stor nytte for så vel produsentar som forbrukarar. Merkeordninga vil vere ein integrert del av verdiskapingspro-

grammet for norsk matproduksjon. Som eit element i verdiskapingsstrategien, vil merkeordninga stimulere utviklinga av spesialiserte matvarer av høg kvalitet, basert på norske mattradisjonar og lokale og regionale matspesialitetar. Det er lagt til grunn at Statens næringsmiddeltilsyn får ansvar for å forvalte regelverket og at Stiftelsen Godt Norsk skal administrere ordninga.

Mattilsyn

Landbruksdepartementet vil samordne tilsynsarbeidet med landbasert matproduksjon i eitt, statleg tilsyn. Dette er ein omfattande fornying som ein tek sikte på å gjennomføre i 2003. Arbeidet med nytt mattilsyn er organisert som eit prosjekt. Det vil bli oppretta ei styringsgruppe som skal leiast frå departementet og ha deltakarar frå berørte departement og tilsyn. Som prosjektleiar og leiarar for diverse arbeidsgrupper skal det hentast inn personar med brei samfunnsmessig og politisk erfaring og som har kompetanse innan m.a. organisasjonsutvikling. Som del av prosjektet er det nødvendig å hente inn erfaring frå tilsvarende arbeid som allereie er gjennomført i våre naboland og i EU. Departementet har sett av 4 mill. kr til prosjektet.

Veterinær vaktordning

Statens dyrehelsetilsyn og Den Norske Veterinærforening er samde om forvaltningsvakta for 2002. Det er òg forhandla fram ei mellombels avtale om klinisk vakt for primærhelseteneste hos alle dyr for 4. kvartal 2001. Det er ikkje oppnådd avtale om tilskott til klinisk vaktordning for 2002 innanfor ei ramme på 45,4 mill. kr, jf. kap. 1107.

Nord-Norsk kompetansenter

For å medverke til nyskaping og styrking av verksemdar innanfor landbruk, naturbruk og tilknytt næringer i den nordlege landsdelen, legg ein opp til å auke løyvinga til eit kompetansesenter på Planteforsk Holt med 4 mill. kr. Av dette er 3 mill. kr ei eingongsløyving som skal nyttast til oppbygging av kompetansesenteret, jf. kap. 1112.

Dyrevelferd

Eit etisk dyrehald er nødvendig for forbrukarane sin tillit til norsk matproduksjon. Departementet ønskjer å ligge i førekant når det gjeld etisk husdyrhald og dyrevernarbeid internasjonalt. Departementet har starta eit arbeid med ein brei gjen-

nomgang av forhold mellom ulike former for dyrehald og velferd hos dyr. Det er nedsett ei prosjektgruppe og ei styringsgruppe for å utarbeide utkast til stortingsmelding om dyrehald og dyrevelferd. Meldinga skal leggjast fram i løpet av 2002.

Nærare om finansieringa av satsinga på matkontroll

Det er lagt opp til at den auka satsinga på matkontroll i hovudsak blir finansiert med auka gebyr og avgifter. Dette må sjåast i samanheng med at det offentlege bruker monalege midlar på å sikre

trygge matvarer og at meirverdiavgiftssatsen på matvarer blei halvert frå 1.7.01.

Departementet gjer framlegg om inntekter frå gebyr og avgifter på 383 mill. kr. Dette svarar til knapt halvparten av utgiftene til matkontroll i budsjettframlegget. Inntektene aukar med vel 109 mill. kr i høve til 2001 og kjem frå gebyr og avgifter langs heile matvarekjeda. Av dette er 98,2 mill. kr. knytt til auke i gebyr- og avgiftssatsar, medan resten er knytt til justering av verdigrunnlag eller mengde.

Oversikten nedanfor viser kva for auke i gebyr og avgifter det er budsjetttert med og kva for område auken skal finansiere.

Tabell 2.3 Oversikt over budsjetttert auke i gebyr og avgifter

Avgiftssats 2002 (2001):	Beløp	Område
Norsk/importert råvare: 1,16% (0,9%) av fakturaverdi	51,7 mill. kr	Næringsmiddeltilsyn
Importert ferdigvare: 0,92% (0,71%) av fakturaverdi		
Avgiftssats på kraftfôr: 8 kr pr. tonn fôr (ny)	13,7 mill. kr	Dyrehelsetilsyn
Avgiftssats på slakt: 8,5 øre pr. kg kontrollert kjøtt (ny)	21,3 mill. kr	Dyrehelsetilsyn
Ny avgift knytt til norske produkt: 0,03 % av fakturaverdi	3,0 mill. kr	Næringsmiddeltilsyn
Avgiftssats på kraftfôr: 12 kr pr. tonn fôr	8,5 mill. kr	Fiskehelsetilsyn

Framlegget inneber at 89,7 mill. kr av gebyr- og avgiftsauken blir lagt på landbasert matproduksjon medan resten, 8,5 mill. kr, blir finansiert av havbruksnæringa.

Vel halvparten av inntektsauken på 98,2 mill. kr kjem frå auka næringsmiddelavgift. Budsjettframlegget føreset såleis at næringsmiddelavgifta for råvarer og ferdigvarer aukar med høvesvis 0,26 prosentpoeng og 0,21 prosentpoeng. I tillegg kjem ein avgift på norskproduserte varer på 0,03 pst. Ein reknar ikkje med at dette vil ha vesentleg

innverknad på matprisane. Auken i avgiftssatsen på kraftfôr med 8 kr pr. tonn fôr gjer at fôrkostnadene for landbruket vil auke med om lag 0,85 øre pr. kg, jf., kap. 4107 og kap. 4110. Framlegget til avgiftssats på kraftfôr til havbruksnæringa med 12 kr. pr. tonn fôr gjer at kostnadene for denne næringa vil auke med vel 1 øre pr. kg fôr eller med 1 og 2 øre pr. kg fiskekjøtt.

For nærare omtale av finansieringa av satsinga på matkontroll visar ein til kap. 4107, 4110 og 4114.

Kap. 1107 Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	187 279	176 788	186 901
70	Tilskott til veterinær beredskap	3 000	40 000	45 416
73	Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, <i>overslagsløyving</i>	13 237	16 000	16 166
	Sum kap. 1107	203 516	232 788	248 483

Mål og strategiar

Den primære oppgåva til Statens dyrehelsetilsyn er å tryggja helsa hos tamme og ville landdyr og akvatiske dyr. Dyrevern er ein del av dette arbeidsfeltet. Statens dyrehelsetilsyn har følgjande overordna mål:

- Noreg skal vere fritt for alvorlege smittsame sjukdommar
- førekomsten av mindre alvorlege sjukdommar hos landdyr og akvatiske dyr skal vere så låg som mogleg
- råvarer frå landdyr og akvatiske dyr til matproduksjon skal vere helsemessig trygge
- landdyr og fisk skal holdast på ein måte slik at dei ikkje lid i utrenghet

I det strategiske arbeidet vil Statens dyrehelsetilsyn leggje særleg vekt på:

- fagleg kompetanse og god forvaltningsskikk
- kontakt med forbrukarane og næringane
- utvikling av eigen organisasjon
- ha ein aktiv kommunikasjon med samfunnet om verksemda

Resultatrapport 2000

Husdyrhelsa i Noreg er god når det gjeld alvorlege smittsame sjukdommar. Forutan infeksjons laryngotrakeitt (ILT) hos hobbyfjørfe er det ikkje påvist A-sjukdommar i 2000.

Beredskapsarbeidet har høg prioritet. Det er utvikla ei ny administrativ beredskapsplan for sentraleininga. Arbeidet med fagleg plan for bekjemping av svinepest er ferdigstilt, og oppdaterte planer for bekjemping av Newcastle disease og munn- og klauvsjuka er under slutføring.

Det er ikkje påvist at alvorlege smittsame sjukdommar er kome inn i landet via dyr som blei innført i 2000.

Overvåkingsprogramma for ei lang rekkje smittsame sjukdommar hos landdyr og fisk er i hovudtrekk gjennomført i samsvar med planane. Overvåkingsprogramma er strategisk viktige for å oppretthalde ei god dyrehelse i ein stadig meir globalisert handel. Skrapesjuka blei i 2000 påvist i fem saueflokkar mot tre i kvart av åra 1998 og 1999. Talet på tilfelle av denne sjukdomen er sterkt redusert sidan 1996. Det er ikkje påvist nye tilfelle av paratuberkulose hos storfe i 2000.

Det er i 2000 etablert fleire nye tiltak for å hindre at kugalskap (BSE) kan etablere seg i Noreg og for å tryggje folkehelsa i høve til denne sjukdommen. Det er gjort førebuingar til ei vesentleg utviding av overvåkingsprogrammet for kugal-

skap i 2001. Samstundes ga mistanken om kugalskap i Østfold forvaltninga ei nyttig gjennomgang av handsaming av slike saker.

Helsestatusen er framleis god i oppdrettsnæringa. Talet på nye tilfelle av infeksjons anemi (ILA) hos oppdrettslaks har synt ein svak auke dei siste tre åra. Einskilde virussjukdomar gir framleis store økonomiske tap i oppdrettsnæringa og auken i utbrot av like sjukdommar hos fisk gir grunn til otte. Dyrehelsetilsynet har auka innsatsen andsynes sjukdomar hos marine artar i oppdrett, men oppbygginga av kompetanse har ikkje kome så langt som ønskeleg.

Tilsynet med registrering av og tiltak mot lakselus har hatt høg prioritet. Førekomsten av denne parasitten i oppdrettsanlegga syner nedgang.

Lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* blei på ny påvist to elver i 2000; Beiarelva i Nordland og Signaldalselva nær Skibotnvassdraget i Troms. Både i Beiarelva og Skibotnvassdraget har det tidlegare vore nytta rotenon for å prøve å utrydde parasitten. Dyrehelsetilsynet har i rapportåret prioritert arbeidet med smitteførebyggjande tiltak mot *Gyrodactylus salaris* og lakselus.

Arbeidet med tilsyn etter det EØS-baserte regelverket for merking av dyr har vore prioritert i 2000. Mange brukarar oppfyller enno ikkje desse krava. Det er utvikla elektronisk register for å registrere opplysningar om kvart einaste av landets storfe om fødsel, kjøp og sal samt slakting. Arbeidet er noko forseinka i høve til de opphavlege planane. Registeret skal nyttast i samband med sjukdomsnedkjemping og opphavsmerking av storfekjøtt.

Arbeidet med å redusere førekomsten av den tapsbringande sjukdomen bovin virusdiaré blei ført vidare i 2000. Det er omlag 26 pst. færre smitta buskapar i 2000 enn året før.

Overvåkingsprogrammet med omsyn til salmonella hos fjørfe, gris og storfe er ført vidare. Det blei funne salmonellabakteriar i berre seks av omlag 12 000 prøver i 2000.

Antibiotikaforbruket i den animalske matproduksjonen er på eit svært gunstig, lågt nivå. Det blir brukt særleg lite antibiotika i oppdrettsnæringa, og det er registrert ein reduksjon i antibiotikabruken til landdyr på meir enn 30 pst. sidan 1995. Dyrehelsetilsynet si overvaking har ikkje avdekt bruk av ulovlege vekstfremmarar i husdyrproduksjonen.

Arbeidet med å kartleggje førekomsten av *E. coli* O 157 («hamburgarbakterien») er ført vidare. Førekomsten av dette smittestoffet hos norsk storfe ser ut til å vere låg.

Arbeidet i dyrevernnemndene skjer i høve til føresetnadene. Talet på dyrevernninspeksjonar er redusert med om lag 5 pst. i høve til førre året, men er framleis det området ressursbruken er størst. Om lag 6 pst. av inspeksjonane førte til pålegg om utbetringar. Distriktsveterinærane har ei viktig rolle i dyrevernarbeidet, og ei aukande mengd av tilsynsoppgåvene blir løyst av distriktsveterinærane, noko som gir betre ressursutnytting. Tap og skadar på beitande bufe årsaka av rovvilt opptek mange nemnder og utgjer eit stort dyrevernproblem. Det er gjort einskilte forbetringar i dyreverntilhøva i samband med slakteriverksemd. Regelverket er endra og gir no grunnlag for ei meir effektiv oppfølging av regelverksbrot. Dyrehelsetilsynet tek del i Europarådet sitt arbeid for å etablere dyrevernstandardar, mellom anna for oppdrett av fisk.

Siste året er 5 veterinærdistrikt slått saman.

Dyrehelsetilsynet samarbeider med Den Norske Veterinærforening, Statens næringsmiddeltilsyn og Noregs veterinærhøgskole om eit langsiktig kompetanseprogram for veterinærer som ønskjer særskild kompetanse innan offentleg forvaltning.

Budsjettframlegg 2002

Arbeidet med å tryggje dyrehelsa og velferda til dyra blir i aukande grad sett i samband med opplevd matvaretryggleik. Dyrehelsetilsynet sitt arbeid med sjukdomar og smittestoff som kan overførast frå dyr til menneske samt overvakinga av reststoff og forbodne stoff er viktig for matvaretryggleiken.

Arbeidet med sjukdomskontroll, sjukdomsovervaking, regelverksutvikling og tilsyn med dyr og dyreprodukt i samsvar med internasjonale avtarar skal saman med dyrevernsarbeid prioriterast. Arbeidet med oppfølging av "*Handlingsplan mot antibiotikaresistens*", der målet m.a. er å få ned og få betre kontroll med antibiotikabruken i norske dyrehald skal halde fram.

I tråd med konklusjonane frå EØS-evalueringa vil dei nasjonale overvåkings- og kontrollprogramma bli kontinuerleg evaluert for å sjå om dei tener den funksjonen dei skal ha på ein god måte. Einskilde program må utvidast for å oppfylle internasjonale krav. Dette gjeld program for overvaking av overførbare spongiforme encefalopatiar (TSE), mellom anna kugalskap og skrapesjuke. Når det gjeld tiltak i samband med kugalskap er det sett av 3,4 mill. kr under Statens dyrehelsetilsyn til drift av den sentrale individdatabasen for storfe og til tilsyn med forbod mot bruk av kjøtt-

beinmjøl i fôr til produksjonsdyr, jf. òg kap. 1110, 1112 og 1114.

Havbruk er ei stor vekstnæring i Noreg. Det er viktig å unngå at vekst i havbruksnæringa, både av tradisjonelle anadrome artar og nye marine artar fører til tilsvarande sjukdomsproblem som det ein såg tidlegare i lakseoppdrettet. Dyrehelsetilsynet har gjennom forvaltning av fiskesjukdomslova og dyrevernlova ei viktig oppgåve i å bidra til ein berekraftig utvikling i havbruksnæringa. I samband med dette vil Dyrehelsetilsynet òg samarbeide med andre forvaltningsorgan for å få ein meir effektiv saksbehandling av søknader om oppdrettsløyve. Arbeidet med tiltak mot lakselus skal først vidare. Det er framleis nødvendig å ha merksemd mot infeksjøs lakseanemi (ILA), der det m.a. må leggjast vekt på at det smitteførebyggjande regelverket blir følgt. Overvåkingsprogrammet for *Gyrodactylus salaris* blir ført vidare i 2002. For å styrke fiskehelsearbeidet legg ein opp til ei auka løyving på 3,5 mill. kr.

Dyrevernarbeidet krev stor innsats. Det gjeld òg oppdrettsfisk der deltaking i Europarådet sitt arbeid med normer for dyrevern må prioriterast.

Arbeidet med forenkling av regelverket og delegering av styresmakt må halde fram. Dyrehelsetilsynet må og ta del i internasjonale fora på prioriterte område for å sjå til at utviklinga går i ei lei som Noreg er tent med og at nasjonale omsyn blir ivaretekne på best mogleg måte.

Statens dyrehelsetilsyn skal delta i arbeidet med ein matportal på internett og til utvikling av e-Noreg på matområdet, jf. kat. 15.10 og kap. 1114.

Dei organisatoriske endringane som er omtala i St.prp. nr. 54 (1999-2000) må setjast i verk. Likeins må ein følgje opp Stortinget si behandling av Ot.prp. nr. 52 (2000-2001) om lov om veterinærer og anna dyrehelsepersonell. Dette blir ei viktig oppgåve.

Statens dyrehelsetilsyn og Den Norske Veterinærforening er samde om forvaltningsvakta for 2002. Det er sett av 15 mill. kr til dette under kap. 1107. Det er òg tinga fram ei mellombels avtale om kliniske vaktordningar for primærhelseteneste hos alle dyr for 4. kvartal 2001. Avtalen for 4. kvartal 2001 har ei ramme som svarer til 40 mill. kr på årsbasis. Det er òg tinga om kliniske vaktordningar for 2002. Staten la fram eit forslag basert på ei ramme på 45,4 mill. kr. Forslaget ville innebære ei auke på 13,5 pst. i høve til saldert budsjett 2001. Det er ikkje kome til semje med Den Norske Veterinærforening om kliniske vaktordningar for 2002 innanfor denne ramma. Land-

bruksdepartementet gjer framlegg om ei løyving på 45,4 mill. kr til veterinær beredskap i samsvar med forslaget som blei lagt fram i tingingane, jf. kap. 1107 post 70.

Distriktsveterinærane sin kompetanse innan offentleg forvaltning må styrkjast for å bidra til berekraftig produksjon av trygg mat.

Ansvar for Rådet for dyreetikk er overført til Dyrehelsetilsynet.

Merknader til dei einskilde postane

Post 70 Tilskott til veterinær beredskap

Departementet foreslår å auke tilskottet til kliniske vaktordningar og andre økonomiske tiltak knytt til veterinær beredskap med 5,4 mill. kr til 45,4 mill. kr i 2002, jf. omtale ovanfor. Målet med løyvinga er å sikre at sjuke eller skadde dyr kan

skaffast hjelp innan forsvarleg tid over heile landet, jf. St.prp. nr. 54 (1999-2000) og Ot.prp. nr. 52 (2000-2001).

Post 73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar

Målsetjinga med løyvinga er å halde landet fritt for alvorlege smittsame sjukdomar hos husdyr, under det familiedyr og akvatiske organismar, og førebyggje at dyr lir. Løyvinga skal dekkje utgifter i samband med nedslakting som det offentlege pålegg etter føresegner i husdyrlova, og utgifter til einskilde tiltak innafor fiskesjukdomslova, dyrevernlova og lov om farlege hundar. Posten er ei overslagsløyving som gjer det mogleg raskt å gjennomføre tiltak ved utbrot av alvorlege smittsame sjukdommar og forpliktingar heimla i nemnde lovverk.

Kap. 4107 Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
03	Gebyr og analyseinntekter m.m.	10 657	19 303	38 302
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	866		
18	Refusjon sjukepengar	1 435		
	Sum kap. 4107	12 958	19 303	38 302

Post 03 Gebyr og analyseinntekter m.m.

Posten omfattar ulike gebyr og avgifter knytt til Dyrehelsetilsynet si verksemd. Departementet gjer framlegg om å auke inntektene under kap. 4107 med om lag 19 mill. kr, jf. at satsinga på matområdet i hovudsak er foreslått finansiert med auka avgifter.

Det er budsjettert med inntekter på om lag 29 mill. kr frå avgift på fôr til husdyr, jf. Dyrehelsetilsynet sitt tilsynsarbeid knytt til husdyr òg forvaltningsstøtte- og forskingsverksemd under kap. 1112 og 1137. Framlegget inneber at ein legg opp til å utvide avgiftsgrunnlaget til å gjelde alle husdyr mot tidlegare berre familiedyr. Dette vil inne-

bere ei auke i kraftfôrkostnadene for landbruket på 0,62 øre pr. kg. Når det gjeld fôr til familiedyr legg departementet opp til uendra avgiftssats i høve til 2001.

Det er budsjettert med inntekter på 8,5 mill. kr frå avgift på fôr til akvakulturdyr. Inntektene skal gå til å dekkje utgifter knytt til helsearbeid retta mot oppdrettsfisk og skjel, jf. òg kap. 1112 og 1137. Avgifta vil innebere at havbruksnæringa får auka fôrkostnadene sine med vel 1 øre pr. kg fiskefôr.

Budsjettframlegget føreset endringar i fiskesjukdomslova og husdyrlova. Forslag til endring av desse lovane vil bli lagt fram for Stortinget hausten 2001.

Kap. 1110 Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	91 851	90 819	116 430
45	Kjøp og renovering av Moerveien 12	16 500		
73	Tilskott til stamsædavl, <i>overslagsløyving</i>	1 782	582	
	Sum kap. 1110	110 133	91 401	116 430

Mål og strategiar

Landbrukstilsynet har som oppgåve å ivareta samfunnet sine krav om berekraftig miljø og trygg mat for forbrukarane. Landbrukstilsynet har følgjande hovudmål:

- ein landbruksproduksjon med forbrukartillit
- god plantehelse
- innsatsvarer som gir trygg mat
- innsatsvarer som ikkje skadar natur- og arbeidsmiljø
- innsatsvarer som har riktig brukskvalitet

Utviklinga av rammevilkåra for norsk landbruk talar for at kriteria og krava til ein optimal produksjon vil kunne endre seg. Landbrukstilsynet må derfor ha ein fleksibel strategi og ein organisasjon som har evne til omstilling. Landbrukstilsynet skal delta i internasjonalt arbeid innanfor sitt forvaltingsområde, og påverke avgjerdsprosessar i ein tidleg fase.

Resultatrapport 2000

Innsatsen er auka monaleg innanfor verksemdområdet plantehelse. Auken heng saman med gjennomføringa av *Prosjekt plantehelse*. Handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel fører til auka ressursbruk på dette området, og også innan gjødselvarer er det ein reell auke i innsatsen.

Internkontroll er i bruk som tilsynsprinsipp innanfor alle områda til verksemda, kvalitetssikring av eiga verksemd har halde fram, og ein er godt i gang med revisjonsbesøk overfor dei fleste bransjane.

Arbeidet med EØS-saker i 2000 omfattar områda förvarer, gjødselvarer, såvarer og økologisk landbruk. Når det gjeld plantevernmiddel, der Noreg har unntak frå EØS-avtalen, har Landbrukstilsynet observatørstatus i EU si arbeidsgruppe. Landbrukstilsynet tek del i ulike faggrupper og komitéar i den samanhengen.

Landbrukstilsynet tek del i internasjonalt samarbeid på plantehelseområdet. Dei viktigaste fora er interimkommisjonen for plantehelsetiltak under FAO, plantevernorganisasjonen for Europa og Middelhavsområdet (EPPO), nordisk samarbeid og EU. For såvareområdet står det internasjonale arbeidet i ISTA sentralt. Plantehelse er ikkje ein del av EØS-avtalen, men norsk regelverk er i stor grad samanfallande med EU sitt regelverk.

For område plantehelse har det i 2000 blitt utført fleire importkontrollar enn året før. Ved kontrollen blei om lag 5 pst. av sendingane heilt eller delvis avviste etter funn av farlege skadegjerarar eller formelle manglar. Denne avvisningsprosenten er på line med tidlegare år. I 2000 har det vore utbrot av pærebrann i Rogaland/Sunnhordland (første sidan 1993) og elles gjort funn av gul og kvit potetecystenematode. I potetringråteprosjektet er det påvist sjukdom på 58 av 1073 undersøkte bruk i Hedmark, Oppland, Akershus og Nord-Trøndelag. Sharkavirus på plomme er funne på vel 20 nye lokalitetar. Større kartleggingsundersøking er gjort for sharkavirus i plomme, trips i veksthuskulturar og for furuvednematode. Nytt regelverk for produksjonskontroll innanfor plantehelseområdet var klar til bruk frå 1.1.2001.

Såvareområdet er ein del av EØS-avtalen. Det blir stilt strenge krav til såvarene for å sikre at såvarer er tilpassa veksevilkåra, krav til avlingsnivå og kvalitet. Såvare som ikkje held mål vil gi ein monaleg avlingsreduksjon. For korn kan det dreie seg om verdiar på 30-60 mill. kr pr. år. Gjennom godkjenning av nye sortar kan kornsortar som er mottakelege for soppsjukdommar bli erstatta med meir resistente sortar som treng mindre plantevernmidlar. Landbrukstilsynet gjennomfører obligatoriske beisebehovsanalysar for bygg, havre og kveite. Behovsprøvinga har i gjennomsnitt redusert kostnadene for korndyrkarane med om lag 6 mill. kr pr. år. Vidare blir miljøet spart for om lag 8 tonn kjemikalium i forhold til år då alt såkornet må beisast.

Når det gjelde økologisk landbruk fører Landbrukstilsynet kontroll med verksemda til DEBIO som er godkjent som utøvande kontrollorgan for primærproduksjon. I 2000 var 1840 bruk kontrollerte for økologisk produksjon eller var under omlegging, mot 1762 i 1999. Det økologiske arealet er nå 1,9 pst. av det totale jordbruksarealet. Tilsynet i Noreg er samordna med tilsyn i andre land gjennom EØS-avtalen.

Landbrukstilsynet registrerte i 2000 16 nye gjødselprodukt baserte på organisk avfall, mot 8 godkjenningar i 1999. Omsetnaden av kompost viser ein auke på om lag 20 pst. frå 1999 til 2000.

Tilsynet med fôr viser at norsk kraftfôr har svært god hygienisk kvalitet. Det er ikkje påvist salmonella i kraftfôrblandingar i 2000. Importørane er pålagde å dokumentere at forskrifta sine krav til eigenkontroll for salmonella er gjennomførte. Risikoråvarer med tanke på salmonella blir prioritert ved prøvetaking. Ein fann salmonella i nokre prøver av importert og norskprodusert fiskemjøl. Fiskemjøl med påvist salmonella blir behandla med varme. Ved kontroll har ein gjort nokre påvisingar av kjøttbeinmjøl i fôr til drøvtyggarar kor bruk har vore forbode lenge. All bruk av kjøttbeinmjøl i fôr til alle produksjonsdyr blei førebels forbode i 2000. Analysar for GMO syner berre spormengder av genmodifisert materiale. Bruk av avfall og matrestar som fôr er eit prioritert kontrollområde. Avfall frå næringsmiddel- og fiskeindustri går i stor grad til fôrindustrien, medan matavfall på privathushold er forbode brukt til fôr.

Heller ikkje i 2000 blei det brukt antibiotika i fôrblendingar her i landet, sjølv om det er tillate å bruke sinkbacitracin. Bruk av koksidiostatika, som er eit antibiotikaliknande stoff, syner ein viss auke. Det er ikkje lov å bruke hormon i fôr til husdyr i Noreg.

Landbrukstilsynet arbeider for at risiko for helse og miljø ved bruk av plantevernmiddel skal vere låg og akseptabel. Resultata frå overvakingsprogrammet for restar av plantevernmiddel i miljøet (JOVÅ-programmet) er eit viktig grunnlag i dette arbeidet. Programmet syner at ein finn mindre restar av plantevernmiddel i jordbruksbekker og i einskilde tilfelle i private grunnvassbrønner. Landbrukstilsynet har som resultat av dette trekt attende godkjenning eller endra bruksområde for einskilde plantevernmiddel.

Salsstatistikken for plantevernmiddel syner ei halvering i salet frå importør til omsetningsledda i forhold til 1999. Hovudforklaringa på dette kan være tidlegare tilpassingar i marknaden ved auke i miljøavgift og ein overgang til bruk av middel i

dei lågare avgiftsklassane. Ein må derfor vurdere utviklinga i forbruket over fleire år under eitt for å kunne seie noko sikkert om utviklingstrenden. Forbruket varierer òg naturleg mellom år, mellom anna på grunn av variasjonar i sprøytebehovet. Landbrukstilsynet arbeider for å få fram statistikk over bruken av plantevernmiddel det enkelte år. Oppfølging av ulovleg bruk av plantevernmiddel er intensivert.

Arbeidet med tekniske innretningar skal mellom anna redusere risikoen for lekkasje og avrenning frå landbruket, og sikre eit godt miljø for husdyra.

Budsjettframlegg 2002

Det er sett av om lag 20 mill. kr til satsing på planthelse i 2002. Dette er ei auke på 3 mill. kr i forhold til 2001. Formålet med satsinga er å gjere norsk planteproduksjon meir robust og konkurransedyktig ved å:

- redusere faren for spreining av skadegjerarar ved import og nasjonal produksjon,
- effektivisere utrydding av skadegjerarar,
- redusere behovet for bruk av plantevernmiddel,
- redusere tap og kostnader ved utbrot av farlege skadegjerarar, og
- leggje tilhøva til rette for eksport av friskt plantemateriale.

Siste ledd i satsinga vil i hovudsak gå til overvaking, utgreiingsarbeid og tiltak for å hindre spreining av farlege skadegjerarar.

Framlegget om løyving gjeld òg kjøp av tenester, jf. kap. 1112 og kap. 1137. Landbrukstilsynet kjøper tenester m.a. av Planteforsk i samband med desse forvaltningsoppgåvene:

- planteskadegjerarar, inkludert floghavrediagnostisering, nytteorganismar
- godkjenning av norske og utanlandske plantesortar og
- utprøving av plantevernmiddel til bruk i norsk planteproduksjon

Det er overført 4,5 mill. kr frå kap. 1150 post 77 til kap. 1110 post 01, jf. St. prp. nr. 92 (2000-2001). Midlane skal gå til kontroll og informasjon i samband med økologisk landbruk.

Landbrukstilsynet skal delta i arbeidet med ein matportal på internett og til utvikling av e-Noreg på matområdet, jf. kat. 15.10 og kap. 1114.

Vidare er det sett av 2,5 mill. kr til å betre kunnskapane om førekomsten av risikofaktorar som framandstoff og smittestoff i fôr.

Landbrukstilsynet skal i 2002 halde fram tilsyn i samband med forbod mot kjøttbeinmjøl i fôr. Det er sett av 1 mill. kr. til dette arbeidet.

Som ei følgje av samordninga av regelverket som regulerer gjødselprodukt basert på organisk opphav, vil Landbrukstilsynet få auka ansvar på dette området.

Kap. 4110 Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
01	Gebyr og analyseinntekter m.m.	72 496	78 946	88 114
16	Refusjon, fødselspengar / adopsjonspengar	463		
18	Refusjon sjukepengar	638		
	Sum kap. 4110	73 597	78 946	88 114

Post 01 Gebyr og analyseinntekter m.m.

Posten omfattar alle gebyr og analyseinntekter under Landbrukstilsynet. Departementet gjer framlegg om å auke inntektene under kap. 4110, jf. at satsinga på matområdet er foreslått finansiert med auka avgifter.

Kontrollavgifta på kraftfôr foreslås auke med 3,8 mill. kr som inneber ei auka i avgifta på 0,23 øre pr. kg fôr, jf. òg kat. 15.10. Resten av inntektsauken på posten er knytt til justering av verdi- eller mengdegrunnlag.

Kap. 1112 Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
50	Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, Veterinærinstituttet	91 807	91 645	106 848
51	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk	38 574	41 349	49 107
52	Støtte til fagsentra, Planteforsk	12 631	12 596	12 821
	Sum kap. 1112	143 011	145 590	168 776

Post 50 Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og tilpassa den nye finansieringsstrukturen med basisfinansiering frå NFR, jf. kap. 1137 post 51.

Mål og strategiar

Veterinærinstituttet skal vere eit nasjonalt forskings- og kompetansesenter for husdyrhelse, fiske- og skjelhelse og fôr- og næringsmiddelhygiene, og skal medverke til trygge matvarer og god dyre, fiske- og skjelhelse i Noreg.

For å nå desse måla skal Veterinærinstituttet:

- gi forskingsbasert forvaltningsstøtte til Landbruksdepartementet, Statens næringsmiddeltilsyn, Statens dyrehelsetilsyn og Statens landbrukstilsyn
- ha ståande laboratorieberedskap ved mistanke om alvorlege smittsame sjukdommar hos husdyr, fisk, skjel og vilt
- ha referansefunksjonar og vere kompetansesenter for laboratoriediagnostikk og –analysar på fiske-, skjel- og landdyrhelseområdet, og på næringsmiddel-, fôr- og miljøområdet
- medverke til berekraftig og miljøvenleg husdyr- og akvakulturproduksjon.
- ha eit overordna ansvar for å samle, analysere og presentere epidemiologiske data for zoono-

ser i heile næringskjeda i Noreg gjennom Norsk zoonosesenter

- levere risikovurderingar
- overvake førekomsten av antibiotikaresistens hos bakterier frå dyr og i næringsmidlar,
- formidle kunnskap innan sitt ansvarsområde og arbeide for at forskingsresultat kjem styresmakter, næringsliv og allmenta til gode.

For å nå desse måla skal Veterinærinstituttet legge følgjande strategiar til grunn:

- auke forskingsaktiviteten med fokus på områda fôr- og mattryggleik, dyresjukdommar med forvaltningsmessig betydning, zoonoser, virus- og parasittsjukdomar hos fisk og miljøgifter i villfauna
- styrke kompetansen spesielt på området mattryggleik, fiske- og skjelhelse
- ta i bruk ny teknologi innan diagnostikk og analysar, førebyggjande helsearbeid og i administrasjon av verksemda
- vidareutvikle vitskapeleg basert rådgiving til forvaltninga og andre brukarar
- byggje opp informasjon og samfunnskontaktfunksjonen
- utvikle Norsk Zoonosesenter ved Veterinærinstituttet og styrke samarbeidet med m.a. Folkehelsa,
- utvikle Veterinærinstituttet som organisasjon og effektivisere ressursbruken.

Resultatrapport 2000

Noregs forskingsråd, med ei internasjonal bedømmingspanel, har gjennomført ei evaluering av forskinga ved Veterinærinstituttet. Dei konkluderer med at forskinga ved Veterinærinstituttet gis karakteren "meget god". Produksjonen av vitenskapelige artiklar i tidsskrift med referee var i 2000 omlag 80, ei auke på ca. 60 pst. i høve til dei siste åra. Særleg god framgang har instituttet hatt i forskingsprosjekta som omhandlar fiskehelse og trygg sjømat, som sjukdomane infeksjøs lakseanemi (ILA), infeksjøs pankreas nekrose (IPN) og algetoksin i skjel. Likeins har det vore stor framgang i forskinga omkring sjukdommane paratuberkulose og skrapesjuka, og på forskning knytt til genmodifiserte organismar i mat (GMO).

Rådgiving til Statens dyrehelsetilsyn, Statens næringsmiddeltilsyn og Statens landbrukstilsyn og Landbruksdepartementet har i 2000 vore omfattande for Veterinærinstituttet. Viktige tema har vore kugalskap (BSE), antibiotikaresistens, GMO, dioksin, fôrantibiotika, gyroductylusned-

kjemping, paratuberkulosenedkjeming, koksidiostatika og framandstoff i mat.

Veterinærinstituttet har i 2000 levert tenester knytt til overvakings-, kartleggings- og kontrollprogram som er etablerte m.a. gjennom EØS-avtalen. Det er ikkje påvist endring i forhold til dei seinare åra i førekomst av smittestoff og framandstoff i mat og drikke i Noreg. Med omsyn til funn knytt til overvakings- og kontrollprogram blir det vist til kap. 1107 og 1114.

Det har vore stor merksemd om kugalskap i heile Europa, også i Noreg. Risikovurderingar har stått sentralt i diskusjonen om denne sjukdommen. Veterinærinstituttet har gjennom dei siste åra bygd opp solid kompetanse på dette området og har utarbeidd risikovurderingar m.a. for førekomst av kugalskap hos storfe i Noreg, om BSE-risiko knytt til behandling av slakteavfall og vurdering av BSE-smitte i matvarer. Veterinærinstituttet har innarbeidd ny metodikk for rask testing av BSE og etablert eit nødvendig tryggleiks laboratorium for slik testing som blei kraftig utvida i 2001.

Veterinærinstituttet har òg i vesentleg grad medverka i risikovurdering av dioksin/PCB restar i fisk og fiskefôr. Dette spørsmålet er viktig i samband med eksport av norsk fisk i høve til dei toleransegrensene EU set til slike stoff for fisk til menneskemat.

Veterinærinstituttet sitt arbeid med å bli representert i internasjonale komitear og arbeidet i desse komiteane har blitt prioritert. Veterinærinstituttet er representert i EU sine vitenskapelige komitear for "Toksikologi" og "Veterinary matters related to public health", og arbeidsgrupper under EU sin faste veterinærkomité. Ein ekspert frå Veterinærinstituttet er no inne i sin andre periode som leiar for OIE (verdens dyrehelseorganisasjon) sin Fish Diseases Commission. OIEs regelverk for handtering av sjukdommar hos dyr og handel med dyr, og prosedyrar for diagnostikk og førebygging av dyresjukdommar, gjeld som rettesnor ved usemje mellom medlemsland i WTO (SPS-avtalen). Vidare deltek ekspertar frå Veterinærinstituttet i komitear under Codex alimentarius.

Beredskap for diagnostikk av alvorlege smittsamt dyresjukdommar, som er ein av dei viktigaste oppgåvene for Veterinærinstituttet, er styrkt i 2000.

Veterinærinstituttet Bergen har i 2000 flytta frå Minde til Bontelabo. Samlokaliseringa med KNT Bergen, fylkesveterinæren i Bergen og etablering av samarbeidsavtale med Havforskningsinstituttet, er del av Veterinærinstituttet sin strategi for å styr-

kje og vidareutvikle verksemda særleg på fiske- og skjelhelseområdet.

Den norske zoonoserapporten som blei samanstilt ved Norsk zoonosenter, blir synleggjort på ein god måte i EU sin samla zoonoserapport. Zoonosesenteret koordinerer overvakinga av antibiotikaresistens på det veterinære området (NORM-VET).

Budsjettforslag 2002

Ein legg vekt på at Veterinærinstituttet utviklar seg vidare som forskingsbasert forvaltningsstøtteverksemd på område fôr- og matvaretryggleik, dyre-, fiske- og skjelhelse, m.a. ved at det diagnostisk og analytisk apparatet blir utvikla i samsvar med ny kunnskap. Det må derfor etablerast kvalitetssikre laboratorium i tråd med internasjonal standard. Veterinærinstituttet må leggje vekt på å følgje opp EU si kvitbok på risikovurderingsområdet med m.a. auka fokus på open framferd og sjølvstende.

Ein legg opp til ei auke i løyvinga på om lag 8,2 mill. kr til arbeidet med analyseverksemd knytt til overvåkingsprogramma for kugalskap og skrape-sjuka. Dette femner òg om kostnader ved dei nødvendige systema for å føre kontroll med, og å utnytte all informasjonen som prøvesvar frå meir enn 40 000 analysar gir. For nærare omtale av tiltaka, sjå kap. 1107 og 1114.

Veterinærinstituttet skal delta i arbeidet med ein matportal på internett og til utvikling av e-Noreg på matområdet, jf. kat. 15.10 og kat. 1114.

Det er sett av 0,5 mill. kr slik at Veterinærinstituttet kan støtte mattilsyna (Statens dyrehelsetilsyn, Statens næringsmiddeltilsyn og Landbruks-tilsynet) med forskingsprosjekt der føremålet er å auka kunnskapen om effekten av tiltaka som forvaltninga gjennomfører.

Munn- og klauvsjuekeepidemien i Europa i 2001 viste at det både er nødvendig med rask og effektiv diagnostikk og god kompetanse i epidemiologi for å kunne avgrense sjukdommen. Veterinærinstituttet må føre vidare arbeidet med å oppdatere beredskapen for diagnostikk av eksotiske sjukdommar m.a. med nødvendige avtaler med dei internasjonale referanselaboratoria og halde fram oppbygginga av kompetanse i epidemiologi.

Veterinærinstituttet sitt arbeid med helseproblem hos dyr og menneske med årsak i sopp og sopptoksin, plantetoksin og algetoksin skal halde fram. I samarbeid med m.a. Nasjonalt Folkehel-

seinstitutt og Voksentoppen senter for astma og allergi skal Veterinærinstituttet opparbeide kompetanse innanfor matallergiar og ta sikte på å bli nasjonalt senter for slike analysar.

Arbeidet ved det nye Zoonosesenteret gir betre grunnlag for å kontrollere sjukdommar som kan overførast frå dyr til menneske. For å få ei betre samhandling mellom Zoonosesenteret og dei institusjonane som leverer data til senteret, vil departementet sjå nærare på korleis styringa blir organisert. Forsking på og overvaking av antibiotikaresistens hos bakteriar frå dyr og matvarer er viktige i oppfølginga av tiltaksplanen for å motverke antibiotikaresistens. Det er sett av 2,2 mill. kr til arbeidet ved zoonosesenteret under post 50. Departementet har vidare overført 1,1 mill. kr til Sosial- og helsedepartementet til arbeid ved Norsk zoonosenter.

For å møte behovet i samband med den sterke veksten som er venta i havbruksnæringa, skal Veterinærinstituttet prioritere arbeidet med å bygge opp kunnskapen knytt til nye artar i oppdrett, m.a. for å gjere forvaltninga i stand til å fatte riktige avgjersler når det gjeld etablering av marint oppdrett nær eksisterande lakseoppdrett. Veterinærinstituttet skal òg prioritere arbeidet med sjukdom hos marine artar av fisk og hos skjel. For å gjere Veterinærinstituttet betre i stand til å nå desse måla, og å kunne levere de nødvendige analysane knytt til overvåkingsprogrammet for Gyrodactylus salaris er innsatsen knytt til fiskehelsearbeidet auka med 2 mill. kr. Saman med m.a. Noregs veterinærhøgskole, Havforskningsinstituttet og SINTEF skal Veterinærinstituttet arbeidet vidare med å utvikle betre metodar og auke kompetansen for å påvise algetoksin i skjel.

Arbeidet med overvåkings- og kontrollprogram skal halde fram med analysar av produksjonsdyr på land, og hos fisk.

Veterinærinstituttet si sterke satsing på arbeidet i internasjonale fora, som OIE, EUs ekspertgrupper og standardiseringsorgana Codex (FN sitt organ for matvaresikring) og CEN (Den europeiske standardiseringsorganisasjonen), skal halde fram.

Post 51 Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling, Planteforsk

Planteforsk er eit forvaltingsorgan med særskilde fullmakter og tilpassa den nye finansieringsstrukturen med basisfinansiering frå NFR, jf. kap. 1137 post 51.

Mål og strategiar

Planteforsk skal være leiande i bruksretta forskning og utvikling innan planteproduksjon, og eit nasjonalt kompetansesenter i plantefaglege spørsmål. Planteforsk har som mål å utvikle kunnskap og metodar som medverkar til:

- effektiv og konkurransedyktig planteproduksjon i heile landet
- miljøvenlege produksjonsformar, inkludert økologiske
- god plantehelse
- rasjonell og forsvarleg bruk av naturgrunnlaget
- trygg mat fri for plantevernmiddel
- redusert avrenning frå jordbruksareala

Strategiane for å nå desse måla er:

- rett kompetanse
- kvalifiserte og dyktige medarbeidarar
- tilpassa organisasjon og leiing
- nært samarbeid med Forsøksringane og andre FoU-organisasjonar
- nært samarbeid med næringslivet gjennom brukarstyrt forskning og utvikling
- regional forankring

Resultatrapport 2000

Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling har eit langsiktig perspektiv der fleire aktørar medverker. Det er derfor vanskeleg å talfeste den einskilde aktøren sitt bidrag til dei endringane som kan målast. Nedanfor er omtalt nokre døme på praktiske resultat frå område der Planteforsk har vore ein vesentleg leverandør av kunnskapsgrunnlaget.

Arbeidet med å redusere kostnadene i planteproduksjonen har gitt resultat. Dei variable kostnadene i korn- og grovfôrproduksjonen er redusert med 60 mill. kr årleg sidan 1993.

Avrenninga av næringsstoff frå landbruksareal er redusert sidan 1985 med 26 pst. for fosfor og 19 pst. for nitrogen. Reduksjonen har skjedd samstundes med at nitrogengjødslinga har lege på same nivå. Dette skuldast større avlingar, forenkla jordarbeiding og nye forskingsbaserte gjødslingsmetodar.

Det blir heile tida arbeidd med å utvikle nye rådgjerder mot planteskadegjerarar. Fleire av desse metodane nyttar ikkje kjemiske plantevernmiddel. Arbeidet skjer både på eit praktisk plan og i nokon grad ved hjelp av bioteknologiske metodar.

Forskinga på miljøkonsekvensar frå plantevernmiddel har sett Planteforsk i stand til å utvikle nedkjempingsstrategiar som reduserer risikoen for utvasking.

Planteforsk har stor innsats retta mot å gjere plantene meir motstandsdyktige gjennom tradisjonell planteforedling, og for dei nye norske sortane innan gras og kløver er ikkje sjukdomsangrep noko stort problem. Nye sortar av frukt og bær som no blir sende ut på marknaden er meir resistente enn dei gamle sortane. I 2000 blei seks nye plantesortar frå Planteforsk godkjende og marknadsførte. Sortane som Planteforsk eig har høge marknadsdelar i Noreg.

Planteforsk arbeider med å utvikle metodar for lønsam økologisk planteproduksjon i heile landet. Ein av dei største og viktigaste oppgåvene er å utvikle dyrkingsmetodar for ein lønsam og berekraftig økologisk kornproduksjon, noko som er naudsynt for å auke farten i omlegginga til økologisk produksjon.

Beitebruken er på veg oppover etter ein nedgang fram til 1992. Beite sin andel av det totale fôropptaket i mjølkeproduksjonen er på vel 17 pst.

Budsjettforslag 2002

Framlegget omfattar finansiering av vitskapeleg basert forvaltningsstøtte til Landbruksdepartementet og underliggjande etatar, m.a. SNT. Framlegget omfattar òg oppgåver Planteforsk skal utføre innan utvikling og kunnskapsformidling.

For å gi fagleg grunnlag for verksemda til forvaltninga skal Planteforsk utføre desse oppgåvene:

- gi effektiv diagnostisering av planteskadegjerarar. Planteforsk skaffar oversikt over plantehelsa i Noreg
- vere kunnskapsbase for forvaltning på plantehelseområdet
- skaffe data om ulike plantesortar som grunnlag for godkjenning/rechtsvern av norske og utanlandske plantesortar
- skaffe kvalitetssikra data som grunnlag for godkjenning av plantevernmiddel til bruk i norsk planteproduksjon
- ha data og modellar som grunnlag for betre tilpassa gjødsling i heile landet. Dette skal gi grunnlag for betre utnytting av gjødsla og redusert næringsavrenning
- skaffe sikre måle- og analysedata for nærings-salt og plantevernmiddel i avrenningsvatn til overvåkingsprogrammet for jordsmonn
- gjennomføre effektive og kvalitetssikre analy-sar av restar av plantevernmiddel i norske og

importerte vegetabilar som grunnlag for effektiv matvarekontroll

- gjennomføre langvarige gjødsel-/referanseforsøk for å dokumentere langtidsverknad av ulike tiltak i jordbruket,
- utvikle automatiske rettleiingstenester.

Viktige oppgaver knytt til utviklingsarbeid og kunnskapsformidling er:

- utvikle og finne fram til nye konkurransedyktige plantesortar for norske forhold
- skaffe dyrkarane plantemateriale av godkjende sortar som er fritt for skadegjerarar
- drive utprøving for å medverke til redusert risiko ved bruk av plantevernmidde
- redusere kostnadene i grovfôrproduksjon
- medverke til aktivt landbruk i dei nordlegaste delane av landet
- gjere forskingsresultat tilgjengeleg for brukarane
- ha kunnskap om kulturmark, beiting, biologisk mangfald m.m. utifrå eit kulturlandskaps- og dyrkingssynspunkt
- skaffe meteorologiske data for varslingssteneste og forskning
- fremje kunnskap om effektive dyrkingssystem som reduserer faren for avrenning av næringsstoff,
- gi presise råd til dyrkarane om bruk av plantevernmidde og gjødsel

Tenestene innanfor desse områda blir delfinansierte av brukarane, enten ved avgift/gebyr eller ved direkte betaling for tenestene.

Med utgangspunkt i handlingsplanen for redusert risiko ved bruk av plantevernmidde, har Planteforsk oppgaver med å skaffe fram kunnskap for integrert plantevern, forskning på området, miljøkonsekvensar av plantevernmidde, skadetersklar, prognosar og varslings m.m.

Det er sett av 6 mill. kr til Nordnorsk kompetansesenter, Planteforsk som er ei auke med 4 mill. kr i forhold til 2001. Av dette er 3 mill. kr ei engongsløyving til oppbygging av kompetansesenteret. Kompetansesenteret skal være ein koplingsboks som skapar, tar i mot, formar og realiserer idear om nyskaping gjennom å utnytte naturgjevne mogelegheiter og ressursar i den nordlege landsdelen. Det skal leggjast vekt på at brukarane sine interesser skal kome til uttrykk i kompetansesenteret sin organisering, innhald og funksjon. Styret i Planteforsk skal utvidast med ein representant frå landsdelen og brukarstyringa skal sikrast gjennom etableringa av fag/referansegrupper innafor innsatsområda til kompetansesenteret.

Planteforsk skal delta i arbeidet med ein matportal på internett og til utvikling av e-Noreg på matområdet, jf. kat. 15.10 og kap. 1114.

Den internasjonale utgreiinga om forsknings- og undervisningsverksemda på landbruksområdet har gjort framlegg om ei samanslåing av Jordforsk, Norsøk og Planteforsk. Framlegget representerer ei videreføring av det organiserte samarbeidet som har utvikla seg.

Regjeringa føreslår derfor at Jordforsk, NOR-SØK og Planteforsk må arbeide med sikte på ei samordning til ein organisasjon som kan bli ein viktig aktør både for næringslivet og samfunnet og som vil fremme ei berekraftig utvikling langs heile verdikjeda. Ein slik organisasjon vil styrkje verdikjedetenkinga i jord- og planteproduksjonen og i miljøforvaltninga med fokus på forbrukarane og miljøet, jf. òg programkategori 15.20 Forsking og utvikling. Siktetålet er at forskings- og utviklingsverksemda skal styrkast gjennom ein større og meir slagkraftig organisasjon.

Eigarform, struktur og geografisk spreiding må greiast ut i nært samarbeide med dei tre institusjonane. Det må leggjast vekt på at forskings- og kompetansesenterfunksjonen innan økologisk landbruk skal framstå einsarta med ansvar for å sikre utøvarane i næringa tilstrekkeleg omleggingskompetanse. Senteret på Tingvoll vil ha ein sentral plass i arbeidet. Landbruksdepartementet legg til grunn at den nye organisasjonen skal samhandle med miljøinstitutta på samme måte som Jordforsk gjer i dag. Miljøverndepartementet vil framleis finansiere miljøretta strategiske instituttprogram (SIP) og program ved institusjonen, men Landbruksdepartementet vil ha ansvar for heile grunnbevilgninga. Ein viser til kap. 1137 for omtale av dei ulike institusjonane.

Dei tidlegare planane om eit tilbygg til Fellesbygget på Ås er trekt tilbake etter at Statens landbrukstilsyn fekk høve til å kjøpe eigedomen Moerveien 12 i Ås til kontor- og laboratoriumformål, jf. omtale i St. prp. nr. 67 (1998-99). I same proposisjonen blei det orientert om behovet for rehabilitering av Fellesbygget som etter at Landbrukstilsynet er flytta til Moerveien 12 vil gi nødvendig plass til hovudadministrasjonen til Planteforsk og avdeling Plantevern.

Rehabilitering av Fellesbygget er kostnadsrekna til 133 mill. kr med 85 pst. tryggleik mot overskriding, men vil ha ei styringsramme på 125,7 mill. kr. Prosjektet gjeld full rehabilitering av midtfløy, vestfløy og undervisningsfløy. I tillegg er det rekna med nødvendig brannteknisk oppgradering av austfløya. Rehabilitering av austfløya elles kjem ein attende til seinare. Arbeidet vil

kunne ta til straks etter årsskifte 2002 og vare i om lag 18 måneder. Prosjektet er ført opp under kap. 1530, post 31 på budsjettet til Arbeids- og administrasjonsdepartementet der ein har gjort framlegg om ei løyving på 20,99 mill. kr for 2002.

Post 52 Støtte til fagsentra

Fagsentra i Planteforsk blei etablerte i 1995. Dei fire fagsentra er Sæter i Hedmark, Fureneset i Sogn og Fjordane, Tjøtta i Nordland og Svanhovd miljøsenter i Finnmark.

Fagsentra har som formål å medverke til lokal og regional næringsutvikling innan landbruk og miljø. Dei tilbyr òg tenester innan kunnskapsformidling og service. Fagsentra tek òg forskingsoppdrag, men då styrt av forskingssentra i Planteforsk.

Sæter er engasjert i sauenæringa med fokus på næringsutvikling. Fureneset har som mål å bli eit senter for næringsutvikling og utprøving innan landbruk, naturbruk og miljøspørsmål i kystregionar. Tjøtta har fått nytt driftstun som blir nytta som modell for utvikling av meir rasjonelle driftssystem i regionen, spesielt for sau og ammekyr. Samstundes arbeider Tjøtta med næringsutvikling gjennom kulturbasert turisme. Svanhovd er eit senter innan forskning, utvikling og miljøinformasjon om natur-, landbruk- og ressursforvaltning i Barentsregionen. Miljøsentret har òg oppdrag frå lokale, regionale og nasjonale oppdragsgjeva-

rar. Den nye konferanseavdelinga gjer at miljøsentret no har eit komplett anlegg for formålet.

Resultatrapport 2000

Omorganiseringa frå forskingsstasjonar til fagsentra har så langt vore vellukka. Overgangen frå landbruksforskning til utviklingsarbeid og service har kome langt. Investeringane i bygningar på Tjøtta og Svanhovd gjer desse fagsentra til attraktive medspelarar. Sæter og Fureneset er ikkje like godt utrusta, men også dei dreg fordel av å vere med i nettverket i Planteforsk. Tilgangen på oppdrag er ein god indikator på kor vellukka ordninga er. Fram til no har talet på oppdrag auka mykje og oppdragsinntektene har òg auka noko. Fagsentra har mange, men oftast små oppdrag. Dette set store krav til effektiv administrasjon for å få god nok lønsemd. Oppdragsinntekta ved fagsentra auka frå 10,6 mill. kr. i 1999 til 11,7 mill. kr. i 2000.

Budsjettframlegg 2002

Samarbeidet mellom fagsentra og fylkesmennene må utviklast vidare for å skape større breidde i produktspekteret til Planteforsk og for å gjere resten av kompetansen i Planteforsk tilgjengeleg. Om lag halvparten av løyvinga blir styrt av dei aktuelle fylkesmennene.

Kap. 1114 Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	170 081	174 470	245 644
	Sum kap 1114	170 081	174 470	245 644

Mål og strategiar

Statens næringsmiddeltilsyn (SNT) forvaltar regelverket på næringsmiddelområdet gitt med heimel i lover under Landbruksdepartementet, Sosial- og helsedepartementet og Fiskeridepartementet. Det utøvande tilsyn med næringsmiddel blir utført lokalt av det kommunale næringsmiddeltilsyn (KNT). SNT er oppretta som sentralt organ for å samordne næringsmiddelforvaltninga og ei viktig oppgåve for SNT er å være nasjonal samordnar av KNT. SNT er òg tillagt forvaltningsansvaret for kosmetikk underlagt Sosial- og helsedepartementet.

SNT har følgjande hovudmål:

- produksjon, import, lagring, transport og frambod av mat og drikke skal skje på ein måte som sikrar at produkta er helsemessig trygge
- mat og drikke skal ikkje innehalde stoff som kan medføre helsefare
- kosmetikk skal være helsemessig trygg
- mat, drikke og kosmetikk skal frambyts reieleg og ha riktig kvalitet
- det offentlege næringsmiddeltilsynet skal ta omsyn til – og involvere forbrukarane og andre viktige interessegrupper
- det offentlege næringsmiddeltilsyn skal være fagleg sterkt, samordna, effektivt og truverdig

I det strategiske arbeidet vil SNT legge vekt på:

- betre utnytting av ressursane og eit meir ein-skapleg tilsyn ved betre samordning av det kommunale næringsmiddeltilsynet
- å utvikle eit regelverket som er tenleg for brukarane og som tek omsyn til forbrukarane sitt behov for helsemessig trygg mat og valfridom
- at tilsynet med verksemder og produkt skal medverke til at mat og drikke på det norske marknaden er helsemessig trygg, frambyr på ein reieleg måte og har tilfredsstillande kvalitet
- å bidra til å utvikle og samordne nasjonale synspunkt i internasjonale fora, EU/EØS, Codex Alimentarius og i det nordiske samarbeidet, på matområdet
- å dokumentere status med omsyn på framandstoff og smittestoff i mat for å kunne setje i verk nødvendige tiltak
- å vidareutvikle næringsmiddeltilsynet sin eigen kompetanse og ha tilgang til kompetanse i forskingsmiljø for å kunne handtere nye og vanskelege problemstillingar på ein god måte
- å kommunisere aktivt med forbrukarane, næringsliv og andre aktuelle interessentar
- å samarbeide aktivt med andre myndigheiter langs produksjonsskjeda frå jord og fjord til bord for å sikre at mat og drikke ikkje inneheld uønskt stoff

Resultatrapport 2000

Mat og drikke som frambyr i Noreg er helsemessig trygg. Talet på meldingar om næringsmidlar som har vore årsak til sjukdom er på same nivå som tidlegare. Talet på registrerte personar smitta av *Campylobacter* aukar i Noreg, og er no den hyppigast årsaka til matbåren sjukdom her i landet. Noreg er framleis et av få land i verda med lite *Salmonella*. Oppfølging av tiltak mot kugalskap i slakteria, inkludert handsaming av særskild risikomateriale frå slakt (SRM), og opphavsmerking av storfekjøtt har vore arbeidskrevjande.

Innhaldet av miljøgifter (tungmetall, dioksin/PCB m.m.) kan være høgt i enkelte matvarer. Berre ein liten del av befolkninga har hyppig inntak av matvarer med høge konsentrasjonar av miljøgifter. SNT gir kosthaldsråd tilpassa situasjonen. Overvakingssystemet for plantevernmiddelrestar i mat og vatn har vore utvida, og visar at dei hyppigaste overskridingane finst i varer som blir ete meir sporadisk, til dømes eksotisk frukt og grønnsaker. I drikkevatn er funna få og restverdiane låge. SNT tilrår ikkje fast overvaking av plantevernmiddelrestar i drikkevatn. Nivåa av nitrat i salat og spinat er framleis for høge. Dette

vil følgjast opp med større merksemd på dyrkingsvilkår i samarbeid med Statens landbrukstilsyn. Reinsdyr og småfe i utsette områder kan framleis ha høge verdier av radioaktivitet.

Det er stor mangel på data om kva norske barn og ungdom et. Slike opplysningar er nødvendig for å rekne ut inntak av ulike stoff og gjere risikovurderingar for desse gruppene. Det pågår tre landsdekkjande undersøkingar av kosthald hos barn og ungdom i samarbeid med Statens råd for ernæring og fysisk aktivitet og Institutt for ernæringsforskning, UiO.

Kartleggingsprosjektet for å avdekkje om det blir omsett produkt i Noreg med ulovlege mengder GMO, syner at det i berre nokre tilfelle er nødvendig med nærare undersøkingar. Den viktigaste erfaringa frå kartleggingsprosjektet er at tilsyn med genmodifisert mat i liten grad kan baserast på analysar åleine. I tillegg er ein avhengig av dokumentkontroll.

Arbeidet med regelverksutvikling har vore prioritert. Internasjonale organ som Codex Alimentarius og EU, har stor innverknad på framtidig norsk regelverk. EUs kvitbok om mattryggleik får konsekvensar for norsk næringsmiddelstyring. Arbeidet med å fremje norske synspunkt internasjonalt, og følgje opp internasjonale vedtak nasjonalt har vore ressurskrevjande.

Alle næringsmiddelverksemder blei i 2000 klassifiserte i tilsynsklasser med tilhøyrande minste tilsynsfrekvens. Saman med andre tiltak, m.a. elektronisk rapportering av tilsynsaktiviteten, har dette ført til eit meir kostnadseffektivt tilsyn. Regionaliseringsprosjektet blei sett i gang i tråd med føresetnaden.

SNT har ansvaret for grensekontrollstasjonane ved Oslo Hamn og Borg Hamn. Arbeidet her går etter føresetnadene. I 0,5 pst. av nær 18 000 førehandsvarsla vareparti over Oslo Hamn blei det gitt forbod mot import eller frambud. I tillegg har importkontrollen ved Oslo Hamn og Borg Hamn, avvist om lag 3,5 pst. av dei om lag 700 partia av animalsk opphav frå tredjeland.

Tal frå tilsyn med importørar av næringsmiddel, syner at graden av innføring av internkontrollsystemet IK-MAT har auka frå 8 pst. til 45 pst. Denne prosentdelen er framleis for låg, og tilsynet må gis merksemd òg neste år.

Budsjettforslag 2002

Arbeidet med tilsyn i næringsmiddelverksemder, kontroll og overvaking av framandstoff og smittestoff i mat, og regelverksutvikling i samsvar med internasjonale avtalar, skal prioriterast.

Som eit ledd i forbrukarorienteringa av verksemda på matområdet er det sett av 7,5 mill kr til etablering av matportal på Internett og til utvikling av e-Noreg på matområdet. Matportalen er eit samarbeid mellom Statens næringsmiddeltilsyn, Statens dyrehelsetilsyn, Statens landbrukstilsyn, Veterinærinstituttet og Planteforsk. Statens næringsmiddeltilsyn skal ha koordineringsanvaret for portalen. Gjennom e-Noreg legg ein opp til sjølvbetjeningsløyningar av ulik type for både forbrukarar og næringslivet. I denne samanheng er det viktig at både det statlege og kommunale næringsmiddeltilsyn er omfatta, slik at ein kan tilby dei same elektroniske løysingane til brukarane over heile landet. Løyvinga til prosjektet er sett av under kap. 1114.

Det er lagt opp til ei satsing på 48,7 mill. kr til program for overvaking av kugalskap og skrapesjuka. Dette omfatter uttak av prøver frå dyr, kompensasjon for dyr som må kasserast på grunn av feil med prøven, kostnader ved transport av prøver til analyselaboratorium, og tiltak knytt til behovet for ein aktiv haldning til kommunikasjon med næringa og forbrukarar i slike saker.

Det er samla sett av 56,2 mill. kr til etablering av ein matportal og til program for overvaking av kugalskap/skrapesjuka under kap. 1114, jf. omtale over. Nokre av desse tiltaka føresett medverknad frå Statens dyrehelsetilsyn, Staten landbrukstilsyn, Planteforsk og Veterinærinstituttet. Det vil derfor bli vurdert nærare om nokre av midlane som er budsjettert under kap. 1114 skal stillast til disposisjon for andre tilsyn.

I tråd med konklusjonane frå EØS-evalueringa vil dei nasjonale overvakings- og kontrollprogramma bli kontinuerleg evaluert for å sjå om dei tener funksjonen dei skal ha på ein god måte. Arbeidet med å følgje opp St.prp. nr. 12 (2000–2001) *Om innlemming av direktiva for tilsetningsstoff i EØS-avtalen* og følgje opp internasjonale forpliktingar m.o.t. biotoksin skal gis høg prioritet. Det er sett av 3,0 mill. kr til å skaffe kunnskap

om innhaldet av framandstoff og smittestoff i mat. Målet er å redusere befolkninga sin eksponering for framandstoff og smittestoff. For å gjere det mogleg å samanlikne risiko frå norskprodusert og import mat, er det nødvendig å sette i gang liknande overvåkingsprogram for norske produkt som ein har for importerte produkt. Data frå analysar av norskprodusert og importert mat må kunne samanliknast.

Det er sett av 5 mill. kr til etablering av ei ordning for merking av norskproduserte landbruksprodukt, basert på geografisk opphav, tradisjon og eigenart. Av dette er 2 mill. kr sett av under verdiskapingsprogrammet på kap. 1150.

Arbeidet med forenkling av regelverket må halde fram. SNT skal og ta del i internasjonale fora på prioriterte område for å sjå til at utviklinga går i ei lei som Noreg er tent med og at nasjonale omsyn blir ivaretekne på best mogleg måte.

Kjøttkontroll

Inntekter og utgifter til kjøttkontrollen blir ført i Fondet for kjøttkontroll. I 2002 er det budsjettert med om lag 125 mill. kr til kjøttkontroll fordelt med om lag 110 mill. kr til KNT si verksemd og om lag 15 mill. kr til SNT si verksemd. Det er budsjettert med 1,3 mill. kr til administrasjon mens resten av dei sentrale midlane går til m. a. opplæring og ulike overvåkingsprogram. Systemet med at det enkelte slakteri skal betale for planlagt tilsynsmengde i samhøve med slakteplan og tilsyns- og kontrollplan blei innført i 1999. Eit forslag til endring i systemet, som inneber ei monaleg reduksjon i talet på dagsverk og ei auke i dagsverksatsen, vil bli sendt på høyring hausten 2001. Forslaget inneber at dei totale utgiftene til kjøttkontroll i 2002 vil vere på same nivå som i 2001. Endeleg dagsverksats vil bli fastsett i etterkant av høyringa. Ein legg inntil vidare opp til ein dagsverksats på om lag 3 300 kr for å dekke sentrale og lokale utgifter til kjøttkontroll.

Kap. 4114 Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
01	Gebyr og analyseinntekter m.m.	153 603	174 942	256 413
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	900		
18	Refusjon sjukepengar	1 260		
	Sum kap. 4114	155 763	174 942	256 413

Post 01 Gebyr og analyseinntekter

SNT sine inntekter kjem frå næringsmiddelavgift på norskproduserte og importerte råvarer og importerte ferdigvarer, kosmetikkavgift, gebyr ved import frå tredjeland, publikasjonssal og overføringar frå Fondet for kjøttkontroll.

Departementet gjer framlegg om å auke inntektene under kap. 4114 med om lag 81,5 mill. kr, jf. at satsinga på matkontroll i hovudsak vil bli finansiert med auka avgifter. Av dette kjem 76 mill. kr frå auka avgifter mens resten kjem frå enda verdigrunnlag.

Regjeringa legg opp til ei auke i næringsmiddelavgifta frå 0,9 pst. til 1,16 pst. av fakturabeløpet

på norskproduserte og importerte råvarer, og frå 0,71 pst. til 0,92 pst. av fakturabeløpet på importerte ferdigvarer i høve til saldert budsjett 2001. Budsjettframlegget føreset såleis at næringsmiddelavgifta for råvarer og ferdigvarer aukar med høvesvis 0,26 prosentpoeng og 0,21 prosentpoeng. I tillegg gjer ein framlegg om ei ny særavgift for norskproduserte varer på 0,03 pst., jf. Ot.prp. nr. 85 (2000-2001). Auka næringsmiddelavgift gir ei auke i inntektene på om lag 55 mill. kr.

Ein gjer framlegg om å auke kosmetikkavgifta frå 4 500 kr. til 5 000 kr. Vidare legg ein opp til å innføre ei avgift på norskprodusert kjøtt gjennom ein øresats på 8,5 øre pr. kg godkjend slakt, jf. òg kat. 15.10.

Programkategori 15.20 Forsking og utvikling

Utgifter under programkategori 15.20 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1137	Forsking og utvikling	255 516	266 351	281 737	5,8
	Sum kategori 15.20	255 516	266 351	281 737	5,8

Innleiing

Landbruksdepartementet finansierer forskning og utvikling retta mot næringa, forvaltninga og allmenta sine kunnskapsbehov. Forsking er eit verkemiddel for å oppfylle mat- og landbrukspolitiske målsetjingar, og departementet kanalisere hovudtyngda av forskingsmidlane gjennom Noregs forskingsråd.

Landbruksforskinga medverker til gjennomføringa av den nasjonale forskingspolitikken, jf. St.meld. nr. 39 (1998-1999) *Forsking ved eit tidskille* og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF) sin St.prp. nr. 1 (2001-2002). Departementet viser til St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon*, St.meld. nr. 17 (1998-99) *Verdiskaping og miljø – muligheter i skogsektoren*, St.meld. nr. 40 (1996-97) *Matkvalitet og forbrukertrygghet*, St.meld. nr. 42 (2000-2001) *Biologisk mangfald*, St.prp. nr. 92 (2000-2001) *Om Jordbruksoppgjøret 2001* og St.prp. nr. 70 (2000-2001) *Om reindriftsavtalen 2001-2002, om dekning av kostnader vedrørende radioaktivitet i reinkjøtt, og om endringer i statsbudsjettet for 2001*, og Stortinget si behandling av desse, når det gjeld føringar for departementet sin FoU-politikk i 2002. Ein viser og til fagkapitla i denne proposisjonen for prioriteringar som har konsekvensar for departementet si forskningssatsing, og til budsjett-proposisjonen for 2001 for Landbruksdepartementet for omtale av Langtidsplanen for landbruksforsking.

Noregs landbrukshøgskole (NLH) og Noregs veterinærhøgskole (NVH) er sentrale aktørar i mat- og landbruksforskinga med hovudansvar for kompetanseoppbygging og strategisk grunnforskning, (jf. KUF sin St.prp. nr. 1 (2001-2002),

kapitla 278 og 279). Institutta NORSØK, Skogforsk, Planteforsk, Bygdeforskning, Veterinærinstituttet, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Jordforsk og Akvaforsk (sjå kap. 1137 post 51), har eit særskilt ansvar for å drive forskning relatert til landbruk og matproduksjon. Samarbeidet mellom høgskolane og institutta er særskilt viktig.

Matforsk er eit sjølvstendig institutt som driv næringsmiddelforskning, og som mottar basisløyving over fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, jf. *Lov om forskingsavgift på landbruksprodukter* av 26. juni 1970. Det er etablert ein formell strategisk allianse mellom NLH og Matforsk, som skal medverke til ein meir konkurransedyktig norsk næringsmiddelindustri.

Departementet vil styrke koplinga mellom mat- og landbruksforskinga og miljøforskinga, jf. St.meld. nr. 42 (2000-2001) *Biologisk mangfald*, og mellom mat- og landbruksforskinga og grunnforskingmiljøa innan biologisk og bioteknologisk grunnforskning (jf. biofagevalueringa og omtalen av denne i KUF sin St. prp. nr. 1 (2001-2002)).

Regjeringa har foreslått å setje av 100 mill. kr til ei offentleg satsing på funksjonell genomforskning (FUGE), jf. KUF sin budsjettproposisjon for 2002. Gjennom denne satsinga ønskjer Regjeringa å styrkje norsk biologisk grunnforskning, og særleg marin og medisinsk forskning. Mat- og landbruksforskinga har i stor grad vore aktiv i høve til utviklinga innanfor m.a. akvakultur, og dei vitenskaplege miljøa baserer store delar av si verksamhet på biologiske fag. Mat- og landbruksforskinga inngår derfor som ein naturleg og integrert del i Regjeringa si satsing på FUGE.

Arbeidet med utviklingstiltak i landbruket er i stor grad forskingsbasert. Det er derfor viktig å

sikre gode koplingar mellom forskingsmidlane og midlar til utviklingstiltak. Forskinga blir finansiert med midlar frå både offentlege og private aktørar. Departementet legg vekt på å styrkje koplinga mellom forskning og utvikling for å nå næringspolitiske mål, t.d. i arbeidet med dei tre verdiskapingsprogramma innan mat, rein og trevirke, jf. kategori 15.30 og samarbeidsavtala mellom Noregs forskingsråd og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND).

Status

Kategorien omfattar departementet sine løyvingar over kap. 1137. I tillegg til dei åtte institusjonane med basisløyving over kap. 1137 post 51, er NLH, NVH og Matforsk viktige forskingsinstitusjonar innan landbrukssektoren.

Den private finansieringa av forskninga på sektoren skjer i dag hovudsakleg gjennom industrien. Departementet reknar den avgiftsfinansierte forskninga som brukarfinansiering av kollektiv art. På denne bakgrunn har regjeringa fastsett ei avgift på skogsvirke frå 1. juli 2000 til fremme av fellestiltak i skogbruket, jf. lov av 9. november 1956. Ordninga er i første omgang ei prøveordning i 5 år som blir forvalta av styret i Skogtiltaksfondet.

Vidare er lov av 26. juni 1970 nr. 74 om forskningsavgift på landbruksprodukter endra ved at lovas formål og avgiftsgrunnlag er utvida slik som varsla i St. meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon*. Formålet med endringane er å leggje forholda til rette for auka primærproduksjonsorientert forskning, styrke næringsretta forskning knytta til nærings- og nytelsesmiddelproduksjon i alle ledd frå jord til bord, og sikre trygge matvarer av god kvalitet. Avgiftsgrunnlaget er utvida slik at dei aller fleste råvaretypar som blir nytta i tilknytning til framstilling av nærings- og nytelsesmiddel er omfatta av lova. Endringane inneber m.a. at og melk, matkorn og potet til potetmel- og råspitindustrien skal avgiftsbeleggjast. I tillegg er fôrkorn omfatta av ordninga. Avgiftssatsen er 0,3 pst. for norskproduserte varer og 0,2 pst. for importerte varer. Det blir anslått at utvidelsen av avgiftsgrunnlaget vil gi ca. 30–35 mill. kr i auka avgiftsmidlar pr. år. Avgiftsmidlane blir kanalisert utanom statsbudsjettet direkte til Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukter. Fondet forvaltar midlane i tråd med reglar gitt av Landbruksdepartementet.

Vidare blir ein del av næringsmiddelavgifta brukt til forvaltningsretta kunnskapstiltak, og ein del av omsetningsavgifta blir brukt til FoU-rela-

terte tiltak. Bruken av omsetningsavgifta blir styrt av Omsetningsrådet.

Departementet har og løyvingar til forskning over jordbruksavtala, kap. 1150 (postane 77.13 og 77.16), og reindriftsavtala, kap. 1151, samt kap. 1114 (6,9 mill). I tillegg har departementet monaleg innsats knytt til utvikling i tradisjonelle og nye næringar basert på landbruk, og til utvikling av kunnskap til bruk i forvaltninga. Departementet har løyvingar til næringsretta utviklingstiltak over jordbruksavtala, kap. 1150, og reindriftsavtala, kap. 1151, til forvaltningsretta oppgåver over kapitla 1110, 1112, 1140, 1142 og 1147 og til kunnskapsutvikling over kap. 1114.

Departementet og Forskingsrådet har, som varsla i St.meld. nr. 19 (1999–2000), utarbeidd ein *Handlingsplan med prioriteringar for landbruksforskninga*, som saman med *Langtidsplan for landbruksforskninga (1998-2005)* blir lagt til grunn for planlegging og prioritering for mat- og landbruksforskninga. Handlingsplanen er omtalt nærare under Tiltak og verkemiddel.

Vidare har departementet, i samarbeid med KUF, og i tråd med St.prp. nr. 63 (1995-96) og Innst. S. nr. 269 (1995-96), fått gjennomført ei evaluering av forskning og relevant høgre utdanning på landbruksområdet i Noreg. Evalueringa er utført av ei nordisk samansett evalueringsgruppe. Vurderingane frå komiteen er omtalt under Strategiar og mål (under).

Strategiar og mål for forskning på mat og landbruk

Departementet legg *Langtidsplan for landbruksforskninga (1998-2005)* til grunn for strategiske prioriteringar og hovudmålet i Langtidsplanen er som følgjer: *Landbruksforskninga skal, innanfor ei etisk forsvarleg ramme, og i brei næringspolitisk samanheng, vere leverandør av kunnskap med vekt på krav frå forbrukarane, verdiskaping, nyskaping, omstilling, miljø, helse og livskvalitet.*

Langtidsplanen er delt opp i fem innsatsområder:

- Forbruk, matvarekvalitet og –tryggleik,
- Drifts- og eigeformer, produksjonssystem og arealbruk,
- Verdiskaping basert på skog,
- Ny næringsutvikling og
- Livskraftige distrikt

Vi viser til budsjettproposisjonen for 2000-2001 for ein nærare omtale av Langtidsplanen, og kap. 1137 Resultatrapport 2000 der det er rapportert etter denne oppdelinga.

Departementet legg vekt på at den grunnleggjande forskinga, særleg den strategiske grunnforskinga, blir styrkt, jf. St.meld. nr. 39 (1998-99).

På stadig fleire område blir mat- og landbrukspolitikken utforma gjennom internasjonalt samarbeid, jf. EØS- og WTO-avtalen m.fl. Derfor er det viktig at ein nyttar forskning, og forvaltningsretta FoU, aktivt i høve til sentrale spørsmål for å kunne gjere politiske prioriteringar og utforme tiltak.

Innan internasjonalt forskningssamarbeid prioriterer departementet europeisk forskningssamarbeid gjennom EU sitt 5. rammeprogram, og arbeidet med førebuingane til det 6. rammeprogrammet. I tillegg legg departementet vekt på kunnskapsbehov knytt til internasjonale konvensjonar og Noreg sitt internasjonale samarbeid, mellom anna styrking av landbruksforskinga si rolle som premissgivar for utviklingsforskning. I forslaget til nordisk strategi for berekraftig utvikling er det konkludert med ei sterkare nordisk samordning av forskning knytt til sentrale område i jordbruk, skogbruk og matvaretryggleik. Desse områda vil bli gitt høg prioritet.

Evaluering av mat- og landbruksforskinga (Carlsson-komiteen)

Carlsson-komiteen sitt mandat var å gi ei samla vurdering av samarbeid, organisering og arbeidsdeling innan mat- og landbruksforskninga. Komiteens evalueringsrapport *"Forskning og relevant høyere utdanning på landbruksområdet"* som blei levert i august 2001, gir ein grundig gjennomgang av mat- og landbruksforskninga. Denne gjennomgangen er den største og breiaste som er gjennomført på området, og komiteen har vært samansatt med høgt kompetente personar frå Sverige, Danmark, Finland og Noreg. Leiar har vore Mårten Carlsson, tidligare rektor ved Sveriges Lantbruksuniversitet og Det Nordiske Veterinær- og Landbruksuniversitet (NOVA).

I høve til omorganiseringane frå 1997 seier komiteen at overføringa av NLH og NVH til KUF har gitt dei to høgskulene ein meir profesjonell samarbeidspartnar i utdanningsspørsmål på departementsnivå, men at forskingsinstitutta blir for lite nytta i undervisninga. På område der dei to høgskulane er pålagt sektoransvar for brukarretta forskning; husdyr, deler av veterinærmedisinen og landbruksteknikk, har overføringa fungert mindre bra.

Dei fire landbruksinstitutta NILF, Planteforsk, Skogforsk og Veterinærinstituttet blei forvaltningsorgan med særskilde fullmakter frå 1997.

Komiteen meiner denne organisasjonsforma har fungert godt, men viser til at den har visse ulemper i den auka konkurransen som institutta har møtt. Komiteen meiner at dagens finansieringsordningar i liten grad tar omsyn til behova for strategisk grunnforskning og for å oppretthalde ein viss minsteaktivitet og på tema som ikkje har høg prioritet i dag.

Komiteen fremmer elles ei rekkje forslag for utvida og nye former for mål- og rammestyring, og samarbeid og arbeidsdeling i sektoren både nasjonalt og internasjonalt. Komiteen peiker vidare på utfordringar innan einskilde område og moglegheiter i vidareføring av pågåande prosessar.

Tilhøva for å drive landbruk og næringsverksmd varierer sterkt mellom ulike regionar i Noreg. Komiteen er derfor opptatt av at det blir satsa på aktivitetar i regionane. Ein del av forskings- og utdanningsmiljøa er for små til å oppfylle dagen og morgondagen sine krav. Komiteen prioriterer derfor fastare nasjonale samarbeidsløysingar og nordisk samarbeid og arbeidsdeling, og som eit sterkare grunnlag for nødvendig internasjonalisering. Komiteen meiner at det må setjast i gang ein prosess for å vurdere utviding av formalisert nordisk samarbeid og arbeidsdeling.

Komiteen meiner vidare at sektoransvar for strategisk forskning og brukarretta forskning i hovudsak skal følgje departementsstrukturen. Landbruksdepartementet bør reindyrke sine forskingsmidlar til område som ligg innanfor sektoransvaret. Andre sektordepartement må ta ansvar for finansiering av forskning som landbruksforskingsinstitusjonane utførar innanfor deira sektorar. Komiteen har og gjort framlegg om ei samanslåing av Jordforsk, NORSØK og Plante-forsk. Framlegget representerer ei vidareføring av det organiserte samarbeidet som har utvikla seg. Regjeringa si vidare oppfølging av saka er omtalt under kap. 1112 og kap. 1137.

Landbruksdepartementet vil, i dialog med KUF, Forskringsrådet og forskingsinstitusjonane vurdere forslaga frå komiteen og kva for tiltak som skal setjast i verk, og deretter komme attende til Stortinget på egna vis. Rapporten følger som ikkje trykt vedlegg.

Tiltak og verkemiddel

Det blei i St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon* varsla at departementet, i samarbeid med Forskringsrådet og sektororgan innan forskning og landbruk, skulle lage ein handlingsplan for landbruksforskninga. I fjor varsla

departementet om at framdrifta for dette arbeidet gjekk seinare enn planlagt, og at ein ville komme attende med ein presentasjon først i budsjettforslaget for 2002.

Departementet har i samarbeid med Forskingsrådet vurdert utfordringane som spring ut frå seinare framlagde styringsdokument som gjeld både forskingspolitikk generelt og utforming av politikken innan landbrukssektoren. Med bakgrunn i dette har ein kome fram til sju prioriterte innsatsområde. Sektororgan innan forskning og landbruk har og gjeve innspel i denne prosessen. Dei sju områda danner grunnlaget for prioriteringar innanfor departementet si forskningssatsing for 2002 og framover, og gjeld m a dei ulike verkemidla under kap. 1137. I tillegg vil ein legge til grunn dei meir overordna prioriteringane i Langtidsplanen for landbruksforskning og dei utfordringane som blei omtala i budsjettforslaget frå departementet for 2001.

Følgjande sju innsatsområde er peika ut i handlingsplan for landbruksforskning:

1. Trygge matvarer
2. Spesialiserte landbruksprodukt
3. Kollektive gode
4. Biologisk mangfald
5. Klima og energi
6. Økologisk landbruk
7. Kunnskapsgrunnlag for politikkkutforming

Handlingsplanen omtaler utfordringane under dei sju innsatsområda og prioriterer viktige kunnskapsutfordringar. Planen skal effektivisere og konkretisere dialogen mellom departement, Forskingsråd og forskingsmiljøa.

Forskingsmeldinga prioriterer marin forskning, medisin og helse, forskning i skjeringpunktet mellom miljø og energi, samt IKT. Landbruksforskning spenner vidt, og den nye handlingsplanen binder saman satsingane i Langtidsplan for landbruksforskning og satsingsområda i Forskingsmeldinga. Handlingsplanen er nærare omtalt i kap. 1137 post 50.

Kap. 1137 Forsking og utvikling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
50	Forskingsaktivitet	113 302	120 212	131 214
51	Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.	142 214	146 139	150 523
	Sum kap. 1137	255 516	266 351	281 737

Innleiing

Kap. 1137 omfattar løyvingar til forskingsaktivitet, hovudsakleg i regi av Forskingsrådet (post 50), og basisløyvingar til forskingsinstitutt innan Landbruksdepartementet sitt sektoransvar (post 51). Basisløyvingane omfattar grunnløyving og strategiske instituttprogram. I tillegg omfattar kapitlet løyvingar til nasjonale oppgåver og investeringsstøtte, samt utviklings- og evalueringstiltak.

Forskingsrådet skal gi råd i forskingspolitiske spørsmål og initiere, koordinere, finansiere og evaluere formålstenleg forskingsinnsats ut frå sektormåla til Landbruksdepartementet. Departementet legg til grunn ei sterkare tydeleggjering av mat- og landbruksforskninga i høve til St.meld. nr. 39 (1998-99) *Forsking ved et tidsskille*, og synleggjing av den kunnskapen som mat- og landbruksforskningsmiljøa kan medverke med i høve til prioriteringane i Forskingsmeldinga.

Departementet legg vekt på at Forskingsrådet er pådrivar for auka samarbeid mellom forskingsmiljø nasjonalt og internasjonalt, mellom brukarar og forskingsmiljøa, og mellom forskinga og det øvrige verke-middelapparatet. I denne samanheng er det og viktig å skape betre kopling mellom forskning og næringsutvikling.

Forskingsrådet har ei strategisk oppgåve overfor alle forskingsinstitutta i sektoren, slik at institutta er sikra den kompetansen som blir etterspurt og kan levere forskning og andre kunnskapsbaserte tenester av høg kvalitet. Institutta og dei regionale høgskolane gir grunnlag for kunnskap og utvikling i distrikta, og det er viktig å styrkje samhandlinga mellom dei. Landbruksinstitutta er eit viktig verktøy for oppfølging av forskingspolitikken innan landbrukssektoren og gir viktig kunnskapsgrunnlag for utforming av landbrukspolitikken.

Post 50 Forskingsaktivitet

Resultatrapport 2000

Løyvingane frå Landbruksdepartementet har i hovudsak blitt brukt til forskingsprogram, strategiske program og andre forskingsaktivitetar. Vel 85 prosent av løyvinga under post 50 for 2000 gjekk til aktivitetar innan forskingsprogramma, mens knappe 7 pst. blei brukt til strategiske program. Tilsvarande tal for 1999 var knapt 89 prosent og berre 0,2 pst. Forskingsrådet har prioritert strategiske program ved å nytte midlar frå forskingsaktivitet over post 50. I 2000 blei likevel hovudtyngda av dei strategiske programma finansiert med midlar over post 51.

Midlane frå Landbruksdepartementet blei brukt til finansiering av i alt 15 forskingsprogram. 12 av desse hadde og finansiering frå andre departement. Året 2000 var første året i programperioden for heile åtte av programma. Arbeidet i desse programma var prega av oppstart av ei rekke nye forskingsprosjekt og innleiande arbeid innanfor problemstillingar som var identifisert og prioritert i handlingsplanane til programma. Det har likevel blitt rapportert om ei rekkje forskingsresultat i 2000 både frå nye prosjekt og frå avslutning av prosjekt frå den siste programperioden. Fleire av programma femner og om miljøspørsmål sjølv om dette i liten grad kjem fram i resultatrapporten.

Rapporteringa under er gjort i høve til prioriteringane i Langtidsplan for landbruksforskning.

Forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik

Hovuddelen av forskinga retta mot forbruk, matvarekvalitet og -tryggleik har blitt gjennomført innanfor forskingsprogramma *Bioteknologi, Havbruk – oppdrett av akvatiske organismer, Jord, planter og husdyr og Næringsmidler*. Og innanfor programma *Forurensning – kilder, spredning og effekter* og *Klima- og ozonspørsmål* har det vore aktivitet retta mot slike problemstillingar.

Kompetanseoppbygging i risikoanalyse og kunnskap om helseskadelege framandstoff og smittestoff i dyr og mat har blitt vidareført både innanfor forskingsprogramma og gjennom strategiske program. Satsinga Mat og helse er eit samarbeid mellom områda Bioproduksjon og foredling og Medisin og helse om grunnleggjande forskning, der det blir bygd opp eit samarbeid mellom FoU-miljø innan næringsmidlar, ernæringsforskning og medisinsk forskning. Programmet *Næringsmidler* har disponert 6,9 mill. kr til forvaltningsrelatert forskning på matvaretryggleik. Sat-

singa blir finansiert med midlar frå Landbruksdepartementet til Statens næringsmiddeltilsyn.

Forskinga på scrapie er vidareført med ei ramme på ca. 5 mill. kr gjennom samfinansiering frå Jordbruksavtala, Omsetningsrådet og Forskingsrådet. Forskinga har vore viktig for å gi eit betre kunnskapsgrunnlag for tiltak mot denne sjukdommen. Gjennom fleire prosjekt både i programmet *Havbruk* og i strategiske program har det vore lagt vekt på forskning som skal bidra til å førebyggje sjukdom og til å betre helse og kvalitet hos oppdrettsartane. Ein har vidare fokusert på arbeid med helse hos familiedyr og ernæring og føring av hund.

Drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk

Hovuddelen av forskinga retta mot drifts- og eigarformer, produksjonssystem og arealbruk har blitt gjennomført innanfor forskingsprogrammet *Jord, planter og husdyr*. Men og innanfor programma *Biologisk mangfold, Bioteknologi, Bærekraftig produksjon og forbruk, Endringer i klima- og ozonlag, Forurensning – kilder, spredning, Landskap i endring* og *Marked og samfunn* har det vore aktivitet retta mot slike problemstillingar.

Auka press på produksjonsareala i landbruket krev auka forskingsinnsats innanfor arealplanlegging, planprosessar og meir kunnskap om konsekvensar av regelverket. Det er igangsett prosjekt innan programma *Marked og samfunn* og *Landskap i endring* med relevans til arealplanlegging og planprosessar. Prosjekta tek opp problemstillingar knytt til ulike forvaltningsregime. Eit av prosjekta har som mål å klarleggje ulike tilhøve som påverkar omdisponering av landbruksareal.

Målet i Nordsjøplanen om reduksjon av nitrogenilførsel i vatn og utslepp til luft er forskingsmessig følgt opp gjennom aktivitet i programmet *Forurensning – kilder, spredning og effekter*. Nasjonalt har det vore arbeidd for å få meir kunnskap for å løyse problem knytt til miljøgifter herunder plantevernmidlar. Dette er ei særleg satsing innanfor programmet *Forurensning – kilder, spredning og effekter*, men og innanfor *Jord, planter og husdyr* og ved bruk av midlar frå Jordbruksavtala er temaet omhandla. Forskinga tek opp ei rekkje problemstillingar, herunder akkumulering og transport i jord og avrenning. Redusert bruk av plantevernmidlar er og fokusert i prosjekt og program som tek opp alternative driftsformer og strategiar for å redusere bruken av plantevernmidlar.

Når det gjeld økologisk landbruk har det vore samvirke mellom prosjekt finansiert over Jord-

bruksavtala administrert av programmet Jord, planter og husdyr, og over dei ordinære prosjektløyvingane samt strategiske program. I det strategiske programmet om dyrehelse i økologisk landbruk blir det og gjennomført forskning om alternativ medisin i husdyrhaldet. På oppdrag frå departementet utarbeidde Forskingsrådet i 2000 ein strategi- og handlingsplan for økologisk landbruk.

Eit prosjekt om mjølking av rein er sett i gang i samarbeid med forskingsmiljø i Sverige og Finland, og det har blitt arbeidd for å starte opp forskning om beiteressursgrunnlaget for rein. Det er vidare i gang forskning om naturleg produksjon og hausting i reindriftsnæringa og korleis denne varierer i høve til klima og reintettleik.

Verdiskaping basert på skog

Forskinga retta mot auka verdiskaping basert på skog har vore organisert i programmet *Skog – ressurser og verdiskaping og programmet Trevirke og treindustri – Verdiskaping og Foredling (TTVF)*, som var ein del av Landbruksdepartementet si særskilde satsing på miljø- og næringstiltak i skogbruket (kap. 1142 post 71). Fleire prosjekt under programma *Biologisk mangfold, Landskap i endring og Marked og samfunn* har og vore retta mot problemstillingar innanfor resultatområdet.

I samsvar med vedtekne program- og handlingsplanar har FoU-innsatsen innanfor dette området vore forankra i Skogmeldinga. Satsinga har fokusert på auka foredling og auka bruk av trevirke samt betre koplingar mellom skogbruk og marknad. Vidare har skogskjøtsel og tiltak som fremjar kvalitet på skogsvirket vore prioritert. Gjennom fleire prosjekt har ein sett søkjelys på ulike miljømessige mål og miljøkrava som blir stilt til produksjon av trevirke. Forsking knytt til skogstrea sin genetik og klimatilpassing er støtta gjennom strategiske program.

Landbruksdepartementet sitt *verdiskapingsprogram for bruk og foredling av trevirke* kom i gang i 2000 under administrasjon av Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND). Mange av aktivitetane innanfor verdiskapingsprogrammet er basert på forskning finansiert over programma til Forskingsrådet.

Ny næringsutvikling

Satsinga på forskning for utvikling av ny, alternativ landbruksbasert næringsutvikling er vidareført i 2000, og satsinga har mellom anna vore retta mot SMB og småskalaverksemder. Fleire av desse

prosjekta er blitt realiserte i nært samarbeid med SND. Slik forskning har vore gjennomført innanfor dei fleste av forskingsprogramma og særleg vektlagt innanfor programma *Marked og samfunn, Regional utvikling og Reiseliv*.

Forskingsrådet sin reviderte strategi for næringsretta forskning og utvikling er lagt til grunn for aktiviteten på området så langt det har vore tenleg. Styrking av den regionale kunnskapsallmenninga er forskingsmessig i særleg grad teke vare på gjennom programmet *Regional utvikling*. Programmet *Marked og samfunn* finansierte i 2000 fleire prosjekt retta mot å avklare forbrukarane sine haldningar til pris og kvalitet, samt tillit til den helsemessige kvaliteten til matvareprodukta.

Forskingsrådet har arbeid aktivt med å stimulere nærings- og bransjeorganisasjonane til større FoU-aktivitet særleg retta mot SMB-sektoren. Samarbeidet med SND har stått i fokus. Hovudkontoret og det regionale apparatet til SND blir brukt som ein ressurs i søknadsvurderinga i Forskingsrådet og til samfinansiering av interessante prosjekt, som inkluderer både forskning, utvikling og implementering. Programmet *Næringsutvikling for marine arter i oppdrett (NUMARIO)* er vidareført.

Livskraftige distrikt

Hovuddelen av forskinga retta mot livskraftige distrikt har vore gjennomført innanfor forskingsprogramma *Levekår, utvikling og omstilling i landbruket, Marked og samfunn og Regional utvikling*.

Ein har prioritert å framskaffe meir kunnskap om den fleirfunksjonelle rollen til landbruket. Forsking knytt til fleirfunksjonaliteten i landbruket blir og gjennomført innanfor prosjekt og program med breie målsetjingar og resultatområde.

Forsking om strukturutvikling i næringsmiddelindustrien skjer innanfor programmet *Levekår, utvikling og omstilling i landbruket*, der det er gjennomført prosjekt om strukturendringar innanfor mottak og foredling av landbruksvarer.

Internasjonalt forskningssamarbeid

Forskingsrådet har arbeidd aktivt for å få dei norske FoU-miljøa og næringslivet til å delta i EU sitt 5. rammeprogram. Det er gitt støtte til førebuande prosjektering og søknadsførebuingar. I tillegg til forskingsinstitusjonane har særleg verksemder innan havbruksnæringa og på næringsmiddelområdet vore aktive.

Det nordiske samarbeidet har i særleg grad vore teke hand om gjennom Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ). Arbeidet med revisjon av NKJ sin strategiplan (2001-2004) er slutført. Planen legg opp til eit vidare samarbeid om utgreiingar, nettverk og forskingsprosjekt. Det er nedsett tre arbeidsgrupper for utgreiing av forskingsoppgåver på områda *Genteknikk, Genetiske ressurser og biologisk mangfold* samt *Sjukdommar på mjølkekyr i Norden*.

Den nye strategien til SamNordisk Skogsforskning (SNS) inneber at SNS skal verke meir strategisk initierende i nordisk skogforskning og ha ei sterkare rolle som rådgjevar for ministerrådet. To arbeidsgrupper skal sjå på om det er råd å få til meir nordisk samarbeid innan skogleg forskarutdanning og meir aktivt forskingssamarbeid med nærområda.

Forskarrekruttering

Norsk institutt for studiar av forskning og utdanning (NIFU) har utarbeidd rapporten *"Forskerrekruttering til bioproduksjon og foredling. Situasjonsbeskrivelse og behovsanslag mot 2015"* (Rapport 8/2000). Rapporten reknar ut trongen for forskarrekruittar innanfor bioproduksjon og foredling fram mot år 2015 i tre ulike vekstalternativ. Den presenterer og statistikk om forskarpersonalet og forskarrekruittane. Resultata frå rekrutteringsanalysen viser at det er ein monaleg underdekking i talet på forskarrekruittar og at det trengst ei ekstraordinær opptopping dei næraste åra. Rapporten viser at det er ulike behov innanfor dei enkelte fagområda (jord- og skogbruk, veterinærmedisin og fiskeri og havbruk). Rekrutteringssituasjonen i veterinærmedisin er vanskelegare enn i dei to andre faggruppene.

Forskarrekrutteringa retta mot landbrukssektoren har i 2000 i hovudsak skjedd innan rammene av forskingsprogramma eller innanfor dei strategiske programma. Det blei finansiert i alt 82 årsverk knytt til doktorgradsstipend innan landbrukssektoren. Kvinnedelen var 61 pst. I tillegg til midlar frå Landbruksdepartementet, blei det brukt generelle midlar frå KUF til forskarrekruttering retta mot landbrukssektoren. Det blei avlagt 17 doktorgrader innan sektoren i 2000, her av 8 kvinner.

Budsjettforslag 2002

I samsvar med dei tematiske satsingane i Forskingsmeldinga og satsingsområda i Langtidsplanen vil departementet leggje vekt på å styrkje innsatsen på dei prioriterte områda i handlingsplanen. Løyvingane under kap. 1137 er auka med 5,8 pst. frå 2001 til 2002.

Departementet legg framleis vekt på å halde oppe innsatsen innanfor forskarrekruitering slik at dette inngår i ulike verkemiddel som m.a. forskingsprogram, strategiske program med kompetanseoppbygging og stipend til forskarrekruittar.

Internasjonalt forskningssamarbeid vil hovudsakeleg skje gjennom EØS-avtalen der Noreg tek del i EU sitt 5. rammeprogram for forskning. Departementet deltek og i førebuingane av 6. rammeprogram, og legg vekt på at Forskingsrådet oppmoder norske miljø om å ta del i EU sitt rammeprogram for forskning. Frå 2001 er det m.a. finansiert ein nasjonal ekspert til EU-kommisjonen sitt forskingsdirektorat.

Nettverksbygging internasjonalt gjennom COST og EUREKA vil framleis vere viktig.

Det nordiske forskningssamarbeidet skal styrkast gjennom å sjå nærare på korleis ei sterkare nordisk samordning av forskning knytt til sentrale områda i jordbruk, skogbruk og matvaretryggleik kan gjennomførast. Den norske aktiviteten er knytt til Nordisk forskingspolitisk råd, Nordisk landbruksuniversitet (NOVA), Nordisk kontaktorgan for jordbruksforskning (NKJ), SamNordisk Skogsforskning (SNS), Nordiske jordbruksforskjarar si foreining (NJF) og Nordisk organ for reinforskning (NOR).

Den nyutvikla handlingsplanen for landbruksforskning vil utgjere grunnlaget for prioriteringane i år 2002 og framover. I tråd med planen skal opptoppinga fordelast over dei sju innsatsområda. Desse områda er utvikla mellom anna på bakgrunn av dei tematiske satsingane i Forskingsmeldinga og satsingsområda i Langtidsplanen for landbruksforskning. Ein visar til handlingsplanen for ein oversikt over desse koplingane. Formålet med handlingsplanen er å binde saman dei nye stortingsmeldingane og overordna strategi- og programdokument innan forskning.

Boks 2.1 Handlingsplan "Prioritering innen landbruksforskning"*Trygge matvarer*

Matpolitikken skal sikre forbrukarane trygg mat og legge til rette for eit ernæringsmessig fullgodt kosthald. Ein må utvikla kunnskap som kan syta for produksjon av trygg mat som kjem forbrukarane sine behov i møte. Det er naudsynt å fokusera på samanhengen mellom den maten folk et og helsetilstanden, og å få til betre koordinering mellom næringsmiddel forskinga og den medisinske forskinga.

Kunnskap om forbrukarane sine behov og haldningar og deira ønskjer i høve til mat, er viktig for å komme samfunnet sine behov i møte. Samstundes er ikkje risikobilete med omsyn på smittestoff og framandstoff i mat og fôr statisk. Risikobilete endrast med endring av produksjon, vidareforedling og handelsmønster, og verkar inn på vurdering, handtering og kommunisering av risiko. For å kunne møte ein slik dynamisk situasjon, må forvaltninga ha relevant kunnskap om korleis risikobilete endrast.

Ei vidare utvikling av oppdrettsnæringa både når det gjeld laks, skjell og nye marine artar vil vere heilt avhengig av kontroll med fiskehelsa. I høve til det potensialet som ligg i denne næringa må Noreg, både kunnskaps- og tiltaksmessig, vere internasjonalt leiande på sjukdomsforskning på dei artane som er, og kan bli, viktigast for norsk havbruksnæring. Slik forskning må prioriterast.

Produksjon av spesialiserte landbruksprodukt (jord, skog og rein)

Departementet har etablert ei satsing der fokus er retta mot å fremme produksjon av spesialiserte og meir bearbeida produkt i landbruket m.a. gjennom dei etablerte verdiskapingsprogramma. Kunnskapen om entreprenørskap og verksemdsutvikling må styrkjast som ein kunnskaps-base for desse programma.

Det er vidare behov for auka kunnskap om marknaden for spesialiserte produkt frå skogbruk, jordbruk og reindrift. Det vil og vere viktig med auka kunnskap om produksjon og produksjonssystem i høve til kvalitative eigenskapar til produkt, produksjonstekniske tilhøve, produktprofilering og dokumentasjon av kvalitet. Forsking retta mot utfordringar ved små-

skalaproduksjon, tradisjonell produksjon og produksjonar basert på reindriftsnæringa er spesielt viktig.

Kollektive gode

Landbruket sine leveransar av kollektive gode og den rolle desse spelar i samfunnet har stor merksemd nasjonalt og internasjonalt. Det trengst kunnskap om økonomiske, sosiologiske, biologiske og organisatoriske effektar knytt til produksjon av slike gode, som innspel til nasjonal politikktutforming og internasjonale forhandlingar. Det er nødvendig å se både på samspelet mellom dei enkelte gode, og mellom dei ulike gode og sjølve primærproduksjonen i landbruket.

Det er vidare viktig med avklaringar og tilpassingar av lovverk i høve til areal- og fleirbrukskonfliktar som oppstår mellom landbruksinteresse og andre sektorar sine interesse i område nær byar og tettstader, ved utvikling av naturbaserte næringar og ved ulike miljøkonfliktar.

Å utvikle analyseverktøy som grunnlag for politikktutforming og ulike tiltak for produksjon av kollektive gode, er sentralt. Kunnskapsutvikling i høve til legitimitets- og transaksjonskostnader knytt til dei ulike metodene for leveransar, samt vurdering av stabilitet og endringsprosessar under ulike forvaltningsregime, er og viktig.

Biologisk mangfald

Landbruket si verksemd har konsekvensar for tilhøve knytt til biologisk mangfald og byggjer på ein aktiv bruk av denne. Dei biologiske ressursane i plante-, skog- og dyremateriale spelar ein heilt sentral rolle for mat- og landbruksproduksjonen.

Naturleg biologisk bekjemping er eit forskingsområde som vil gi så vel økonomiske som miljømessige positive konsekvensar. Her trengst både grunnleggjande forskning omkring populasjonsdynamikk og meir spesialisert, brukarretta forskning.

Det er vidare eit stort behov for kunnskap når det gjeld mekanismar for endring i genetisk variasjon, m.a. for å ta vare på genetiske ressursar og biologisk mangfald.

Boksen fortsetter neste side.

Boks 2.1 fortsetter

Vidare bør det forskast på effektar av introduksjonar av genmodifiserte organismar, som er eit felt med låg innsats i dag, og kor ein treng kunnskap for å gjere effekt- og risikovurderingar.

Klima og energi

Klimaendringar og effektar av menneskeskapte klimagassutslepp står høgt på dagsorden nasjonalt og internasjonalt. Kunnskapsutfordringane innan landbrukssektoren knyter seg til verknader av og tilpassing til klimaendringar, og korleis aktivitetar innan landbruket verkar på klimautviklinga, herunder utslipp og opptak av klimagassar i jord- og skogbrukssektoren. Det er vidare behov for å vurdere auka bruk av biomasse frå landbruket til energiføremål.

Når det gjeld verknader av klimaendringar på produksjonstilhøve, endringar i vegetasjonen og miljøverdiar i landbruket, samt moglege tilpassingar i høve til endringane, bør forskingsinnsatsen aukast og skje i samanheng med anna forskning på effektar av klimaendringar.

Og kunnskap om skog- og jordbruket sine klimagassutslepp og -opptak bør styrkast og sjåast i samanheng med anna forskning knytt til klimagassane sine syklar. Det er særleg viktig med auka fokus på prosessmodellering for heile skogøkosystem, inkludert jordprosessar.

Miljømessige og distriktsmessige tilhøve bør bli vektlagd når det gjeld forskning om bruk av biomasse til energiformål. Den samfunnsmessige forskinga på feltet bør styrkjast.

Økologisk landbruk

Det er ein målsetting at 10 pst. av totalt jordbruksareal skal vere økologisk driven innan 2010 forutsett at det finst ein marknad for økologiske produkt. Det er i dag aukande etterspurnad etter økologiske produkt. Den økologiske produksjonen bidreg til å gjere det norske landbruket meir miljøvennleg både gjen-

nom den økologiske drifta i seg sjølv og gjennom å utvikle meir miljøvennlege driftsmetodar elles.

Det er stort behov for kunnskap som kan bidra til betre kvalitet og sikre produksjonssystem innanfor økologisk planteproduksjon. Det trengst forskning om handtering av både biologisk og økonomisk risiko i økologisk landbruk. Forsking knytt til dei økologiske produksjonsprosessane i heile verdikjeda frå primærproduksjon via foredling og til ferdig produkt må aukast.

Innanfor marknadsutvikling, berekraftig omsetnad og forbruk av økologiske varar trengst forskning om omsetningsledd, marknader og kundegrupper for økologiske produkt med omsyn til forbrukarkrav, trender, kunde-profilar og potensial.

Kunnskapsgrunnlag for politikkutforming i landbruket

Den samfunnsfaglege kunnskapsproduksjonen må m.a. byggje på dei biologiske, teknologiske, bioteknologiske faktorane som ligg til grunn i ein sektor dominert av biologisk produksjon, slik at politikk på området blir heilskaplig utforma. I denne samanheng er det kunnskapsbehov knytt til å evaluere/modellere korleis ulike verkemiddel i politikken verkar inn på kvarandre.

Det er viktig å auke kunnskapen om forvaltninga av arealressursane, då spesielt i høve til omdisponering av landbruksareal og kva for aktørar og argument som har påverka i slike prosessar.

Vidare trengst forskning om effektar av landbrukspolitikken og verkemiddelbruk ut frå ein samfunnsmessig heilskap, men og med dei ulike verkemidla kvar for seg. Det er viktig å sjå på sektorvise verkemiddel og deira samspilleffektar i høve til samfunnsmessige mål. Forsking som følgjer ulike tiltak, vil medverke til å justere verkemidla for ein meir effektiv måloppnåing.

Innafor innsatsområde Trygge matvarer er det venta at tilgangen til fôr med rette eigenskapar vil kunne verke som ein faktor som kan sette grenser for vidare vekst i havbruksnæringa. Den tradisjonelle mat- og landbruksforskninga har i lang tid generert mykje kunnskap omkring

områda fôr, avl og genetikk som vil kunne fremje god dyrehelse. Denne kunnskapen må kome havbruksnæringa til gode. Regjeringa gjer derfor framlegg om å løyve 3 mill. kr til forskning for å overføre resultata til bruk i havbruksnæringa.

Post 51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
51.11	Grunnløyvingar til forskingsinstitutt	88 000	87 925	88 384
51.12	Strategiske instituttprogram	45 595	49 595	52 020
51.13	Nasjonale oppgåver	6 619	6 619	8 119
51.14	Investeringsstøtte	2 000	2 000	2 000
	Sum post 51	142 214	146 139	150 523

Noregs forskingsråd har ansvar for tildeling av basisløyvingar over post 51 til åtte forskingsinstitutt som Landbruksdepartementet har sektoransvar for; Norsk institutt for planteforskning, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Norsk institutt for skogforskning, Veterinærinstituttet, Senter for jordfagleg miljøforskning, Institutt for akvakulturforskning, Norsk senter for økologisk landbruk og Norsk senter for bygdeforskning. Nokre av institutta har oppgåver som ikkje er forskning. Dei er til dels store og omfattar m.a. oppgåver på oppdrag frå Landbruksdepartementet og andre forvaltningsorgan. Utgiftene til desse oppgåvene som utgjør forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsformidling, er ført opp under kap. 1112, 1140 og 1142.

Departementet meiner det er viktig å følge opp anbefalingane frå Carlsson-komiteen med omsyn til alliansebygging og arbeidsdeling mellom miljøa nasjonalt og internasjonalt.

Evalueringar

Forskringsrådet si evaluering av dei fem landbruksforskinsinstitutta NORSØK, Skogforsk (tidl. NISK), Planteforsk, Norsk senter for bygdeforskning og Veterinærinstituttet blei avslutta i 2000. Evalueringskomiteen konkluderte med at desse institutta fyller rollen sin som nasjonale kompetansesentra på ein god måte, men at det framleis er rom for forbetringar når det gjeld å tilfredsstille kundane. Marknadstenkinga og -orienteringa har trengt ulikt langt ned i institutta. Balansen mellom forskning og oppdragsverksemd blei vurdert til å vere akseptabel, og oppdragsverksemda, herunder forvaltningsstøttefunksjonen, blei vurdert til å vere tilfredsstillande forskingsbasert. Evalueringskomiteen meinte og at institutta gjennomgåande har ein høg vitenskapleg produksjon, men rådde til framleis å ha fokus på, og prioritering av, internasjonal publisering.

Komiteen omtalte økonomien til institutta som vanskeleg, og fant at det er naudsynt å arbeide for å styrkje inntektene og redusere kostnadene. Det blei fremja forslag om at Forskringsrådet bør ta ut ein del av grunnløyvinga og tildele denne etter utvalde kriterie, slik at tildelinga blir mest mogleg einsarta i høve til institutta sin kvalitet, oppgave og rolle i samfunnet. Forskringsrådet gjennomførte ei utgreiing av dette spørsmålet hausten 2000 og vil sjå saka i samanheng med innføring av treårige kontraktar for grunnløyving til institutta.

Evalueringskomiteen gjorde andre framlegg som Forskringsrådet ennå ikkje har teke stilling til i påvente av evalueringa av forskning og relevant høgare utdanning på landbrukssektoren (sjå omtalen under kategori 15.20).

Carlsson-komiteen har gjort framlegg om ei samanslåing av Jordforsk, NORSØK og Planteforsk. Framlegget representerer ei vidareføring av det organiserte samarbeidet som har utvikla seg.

Regjeringa foreslår derfor at Jordforsk, NORSØK og Planteforsk må arbeide vidare med sikte på ei samordning til ein organisasjon som kan bli ein viktig aktør både for næringslivet og samfunnet og som vil fremja ei bærekraftig utvikling langs heile verdikjeda. Ein slik organisasjon vil styrkje verdikjedetenkinga i jord- og planteproduksjonen og i miljøforvaltninga med fokus på forbrukarane og miljøet, jf. òg programkategori 15.20 Forsking og utvikling. Siktemålet er at forskings- og utviklingsverksemda skal styrkast gjennom ein større og meir slagkraftig organisasjon.

Eigarform, struktur og geografisk spreiding må greiast ut i nært samarbeide med dei tre institusjonane. Det må leggjast vekt på at forskings- og kompetansesenterfunksjonen innan økologisk landbruk skal framstå einsarta med ansvar for å sikre utøvarane i næringa tilstrekkeleg omleggingskompetanse. Senteret på Tingvoll vil ha ein sentral plass i arbeidet. Landbruksdepartementet

legg til grunn at den nye organisasjonen skal samhandle med miljøinstitutta på samme måte som Jordforsk gjer i dag. Miljøverndepartementet vil framleis finansiere miljøretta strategiske institutt-

program (SIP) og programmer ved institusjonen, men Landbruksdepartementet vil ha ansvar for heile grunnbevilgninga. Ein viser òg til omtalen av dei ulike institusjonane og kapittel 1112, post 51.

Hovudtrekk i utviklinga

Tabell 2.4 Økonomiske nøkkeltal for landbruksforskinsinstitutta 2000

	Drifts- Inntekter ¹⁾	Drifts- Resultat ¹⁾	Grunn- løyving	Løyving til strategiske program	Basisløyv. i % av driftsinntektene
	Mill. kr	1 000 kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Akvaforsk	50,9	-767	10,3	4,8	29,7 %
Jordforsk	50,0	-548	5,7	4,0	19,4 %
NILF	37,2	1 084	4,9	3,4	22,3 %
Skogforsk (NISK)	68,4	-2 080	19,9	11,8	46,3 %
NORSØK	11,5	-384	3,4	3,7	61,7 %
Planteforsk	205,1	3 294	36,6	9,5	22,5 %
Bygdeforsking	17,1	367	2,0	1,9	22,8 %
Veterinærinstituttet	141,8	- 2 175	7,0	3,1	7,1 %
Gjennomsnitt	72,8	-151	11,2	5,3	22,7 %

¹⁾ ekskl. finansinntekter og ekstraordinære inntekter

Tabell 2.5 Personale, publisering og formidling ved landbruksforskinsinstitutta 2000

	Totale årsverk	Forskarårsv i % av totalt antal års- verk	Tilsette med dr. grad pr. forskarårsv.	Vit. artklar m/referee pr forskarårsv.	Faglege rapportar pr. forskarårsv ¹⁾ .	Annan formidling pr forskar årsv ²⁾ .
	Antal	Prosent	Forh. tal	Forh. tal	Forh. tal	Forh. Tal
Akvaforsk	74	46 %	0,71	0,82	2,7	2,7
Jordforsk	77	53 %	0,36	0,46	2,9	4,1
NILF	68	40 %	0,19	0,22	1,6	6,9
Skogforsk (NISK)	128	44 %	0,72	0,68	1,1	1,3
NORSØK	24	42 %	0,30	0,50	0,8	9,7
Planteforsk	375	38 %	0,64	0,39	0,5	5,6
Bygdeforsking	19	80 %	0,58	0,19	1,7	7,5
Veterinærinstituttet	263	40 %	0,67	0,81	0,5	1,5
Gjennomsnitt	128	42 %	0,60	0,55	1,1	3,9

¹⁾ Omfattar rapportar i eigen rapportserie, i ekstern rapportserie og rapportar til oppdragsgjevar

²⁾ Omfattar fagbøker, lærebøker, kapitler/artiklar i bøker, foredrag, populærvitskapelege artiklar m.m.

Landbruksforskinsinstitutta har hatt ein svak, men jamn vekst i total omsetnad på knapt seks prosent frå 1997 til 2000. Driftsresultatet i 2000 for dei fleste av institutta må karakteriserast som dårleg. Bygdeforsking, NILF og Planteforsk hadde overskott, mens dei øvrige institutta gjorde opp driftsrekneskapen med negativt resultat.

Forskringsrådet kanaliserte i 2000 vel 171 mill. kr til institutta, fordelt med 132 mill. kr som basisløyvingar (grunnløyving + strategiske program) og 39 mill. kr som ordinære prosjektmidlar og andre løyvingar. Basisfinansieringa har vore stabil i perioden 1997 til 2000 og har kvart år utgjort omkring 20 pst. av dei totale inntektene til insti-

tutta. Grunnløyvinga til landbruksforskinsinstitutta er redusert med vel 19 mill. kr frå 1997 til 2000, mens løyvingane til strategiske program til institutta er auka med knapt 27 mill. kr. Målsettinga om eit høvetal på 2:1 for grunnløyving i høve til strategiske program er oppnådd for landbruksforskinsinstitutta samla.

Institutta har i 2000 hatt oppdragsinntekter frå offentleg forvaltning og næringsliv på 179 mill. kr fordelt med 58 pst. frå offentleg forvaltning og 42 pst. frå næringslivet. Inntektene frå forvaltninga viser ein auke på vel 16 pst. frå 1997 til 2000, medan inntektene frå næringslivet viser ein auke i perioden på heile 29 pst.

Personalressursane utgjorde i 2000 1 028 årsverk, som er om lag det same nivået som i 1997. Knapt 42 pst. av desse årsverka er klassifisert som forskarårsverk, dette er ein liten nedgang i høve til 1998. Talet på tilsette forskarar med doktorgrad ved institutta viser likevel ei positiv utvikling i perioden 1997-2000. Frå 217 i 1997 er talet auka til 256 i 2000, og 30 pst. av desse er kvinner. I alt 74 doktorgradsstipendiatar hadde arbeidsplass ved institutta, av desse var 58 pst. kvinner. I tillegg kjem 50 andre tilsette som arbeider med doktorgrad, slik at samla tal på tilsette som arbeider med doktorgrad var 124. Det er stor variasjon mellom institutta med omsyn på kor mange tilsette som arbeider med doktorgrad.

Talet på vitskaplege artiklar publisert i tidskrift med refereeordning gjekk ned i åra 1997 til 1999. Talet viste ein auke igjen frå 1999 til 2000 og var i 2000 oppe i 239 artiklar. Dette er likevel lågare enn i 1997. Utrekna som artiklar pr. forskarårsverk er utviklinga den same. Gjennomsnittstalet var 0,55 artiklar pr. forskarårsverk i 2000 mens det i 1997 var på 0,68 artiklar.

Budsjettforslag 2002

Ein gjer framlegg om ei løyving på 150,523 mill. kr som basisløyvingar til forskingsinstitutt, fordelt på grunnløyving, strategiske instituttprogram, nasjonale oppgåver og investeringsstøtte til Akvaforsk. Framlegget inneber ein auke på om lag 4,4 mill kr i forhold til saldert budsjett 2001.

Institutt for akvakulturforskning AS (AKVAFORSK)

AKVAFORSK er eit aksjeselskap eigd av NLH, Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS (VESO), NVH, kommunane Sunndal og Averøy, Fiskeridepartementet og Landbruksdepartementet.

Rapport 2000

AKVAFORSK har dei siste tre åra hatt underskott på drifta, men økonomien ved instituttet viser no ei positiv utvikling. Basisfinansieringa frå Forskingsrådet var i 2000 på 15,1 mill. kr, dette er same summen som i 1997. AKVAFORSK hadde i tillegg 13,3 mill. kr i finansinntekter for 2000 etter realisering av verdiane i aksjar i selskapet Aqua-Gen. Av nye satsingar er det i 2000 særleg brukt ressursar til utvikling og sal av tenester direkte til oppdrettarane, både nasjonalt og internasjonalt, samt profilering av tenester innan avlsarbeid med vekt på aktiviteter knytt til AKVAFORSK Genetic Center AS.

AKVAFORSK har hatt tre strategiske program som del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd. Eit program om avlsforskning på kveite er avslutta og kan gje grunnlag for eit effektivt avlsarbeid på kveite på lik linje med det ein i dag har for laks og regnbogeaure. Kompetanse i bruk av genetiske markørar i arbeid med sjukdomsresistens i laks blir bygt opp gjennom eit program om utvikling og bruk av genkart. Eit program innan ernæring vil bidra med auka kunnskap som kan sikre fleksibel og sikker bruk av ulike feittkjelder som råvare i fiskefôr. Frå 2001 startar i tillegg eit program som har som mål å styrkje konkurranseevna i norsk produksjon av kvalitetsprodukt frå fisk og husdyr.

Målsetjing 2002

AKVAFORSK skal vere eit leiande forskingsinstitutt innan akvakultur på fagfelte avl, ernæring og produktkvalitet. Den tverrfaglege kompetansen ved instituttet skal nyttast til å skape betre lønnsemd, ressursutnytting, helsetilstand og kvalitet i akvakulturproduksjonen, og til å fremje oppdrett av nye artar. AKVAFORSK skal aktivt bruke kunnskapen til å auke verdiskapinga og utviklinga i akvakulturnæringa innanfor ramma av ei berekraftig utvikling.

AKVAFORSK skal satse vidare på kommersiell utnytting av kunnskap for nyskaping i oppdrettsnæringa, og for ytterlegare å utvikle instituttet sitt internasjonale engasjement. Arbeidet for å utvikle kunnskap omkring nye artar i oppdrett, jf. satsing innan NUMARIO og ny satsing på marine ressursar, skal aukast. Det er eit mål at totalkompetansen ved AKVAFORSK skal vere eit viktig verkemiddel for å medverke til ei vidare utvikling og eit større overskott for havbruksnæringa. Den breie kompetansen er og svært verdifull i undervisninga AKVAFORSK utførar.

Senter for jordfaglig miljøforskning (Jordforsk)

Stiftelsen Jordforsk er eit nasjonalt kompetanse-senter innanfor jordfaglege og tilgrensande fag-område med hovudvekt på miljø og ressurs-spørsmål. Jordforsk har si faglege verksemd innan biologisk avfallshandtering, spesialavfall og miljøgifter, jordressursar og miljøinformasjon, hydrogeologi, økologisk renseteknologi og vann- og stoffbalanse i kulturlandskapet. Jordforsk har eige laboratorium, Jordforsk Lab, som leverar rutineanalyser til landbruket, miljøforvaltninga og forskninga.

Rapport 2000

Sjølv om stiftinga Jordforsk også i 2000 hadde eit underskott på drifta, byrjar effektane av kostnadsreduksjonar og auka marknadsføring å verke, slik at underskottet var vesentleg lågare enn året før. Jordforsk har framleis ein solid økonomi, med ein eigenkapitaldel på over 40 pst. Basisfinansieringa frå Forskingsrådet var i 2000 på 9,7 mill. kr og utgjorde 19 pst. av dei totale inntektene. Denne delen har vore stabil i perioden 1997-2000. Resultatet for rutineanalyselaboratoriet vart vesentleg betra i høve til året før. Jordforsk gjennomførte i 2000 ei omorganisering av forskingsavdelingane. Talet på avdelingar blei redusert frå tre til to: *Arealressurs-* og *Miljøteknologiavdelingen*. Arealressursavdelingen har to faggrupper; *Jordkvalitet* og *jordressurser* og *Hydrologiske prosesser i nedbørsfelt*. Miljøteknologiavdelingen har tre faggrupper; *Naturbaserte rensesystemer*, *Jordforurensing* og *Biologisk avfallsbehandling*. Faggruppene speglar dei viktigaste fagfelte instituttet no arbeider innanfor.

Jordforsk har hatt tre strategiske program som ein del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd. Programma omhandlar avfallsøkologi, avløp og avrenning og bærekraftig landbruk og er fellesfinansiert med midlar frå Miljøverndepartementet. Frå 2001 startar i tillegg eit program i samarbeid med Planteforsk innan jordkvalitet og presisjonsjordbruk.

Målsetjing 2002, jf. òg kap. 1140 post 77

Jordforsk skal styrkje forskingsaktiviteten gjennom spesielt å satse på fem sentrale kjerneområde der instituttet skal ligge på eit høgt internasjonalt forskingsnivå. Instituttet må auke den vit-skapelege publiseringa og delta meir aktivt i internasjonale forskingsnettverk, m.a. gjennom EU-prosjekt. Jordforsk skal vere marknadsorien-

tert og knytte sin aktivitet opp til kunnskapsutvikling for forvaltning og næringsliv.

Carlsson-komiteen har gjort framlegg om ei samanslåing av Jordforsk, NORSØK og Planteforsk. Framlegget representerer ei videreføring av det organiserte samarbeidet som har utvikla seg.

Regjeringa føreslår derfor at Jordforsk, NORSØK og Planteforsk må arbeide med sikte på ei samordning til ein organisasjon som kan bli ein viktig aktør både for næringslivet og samfunnet og som vil fremja ei berekraftig utvikling langs heile verdikjeda. Ein visar til nærare omtale under avsnitt om Evalueringar over.

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)

NILF er eit forskings-, utgreiings- og dokumentasjonsmiljø som skal medverke til høgt kunnskapsnivå i samfunnet og til eit solid grunnlag for økonomiske og landbrukspolitiske avgjerder knytt til produksjon, foredling og omsetning av landbruksprodukt. Instituttet skal vere leiande innanfor næringsøkonomi og føretaksøkonomi i landbruket og landbruksbasert industri.

Rapport 2000

NILF hadde driftsoverskott både i 1998, 1999 og 2000 og instituttet sin økonomi er god. Basisløyvinga frå Forskingsrådet var i 2000 på 8,3 mill. kr som er ein reduksjon på 1,2 mill. kr frå 1999. I perioden 1998 til 2000 er basisløyvinga i prosent av totale inntekter redusert frå 26 pst. til 22 pst. I 2000 er det lagt stor vekt på å byggje opp og vidareutvikle instituttet sin forskingskompetanse gjennom målretta bruk av grunnløyvinga og dei strategiske programma til kompetanseheving, forskarutdanning, utanlandsopphald, auka kontakt med universitet og forskingsinstitutt nasjonalt og internasjonalt, og meritterande forskning. Resultata i form av tal på artiklar publisert i internasjonale tidsskrifter med referee-ordning er monaleg betra dei siste åra, men er enno på eit relativt lågt nivå. Dei tradisjonelle forskingsfelte i NILF er føretaksøkonomi i primærlandbruket (med produksjonsøkonomi i ulike produksjonar) og nasjonal og internasjonal landbrukspolitikk. Innan produksjonsøkonomi har instituttet eit omfattande samarbeid med dei biologiske og tekniske forskingsmiljøa.

NILF har hatt to strategiske program som ein del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd. Det eine programmet vil heve den grunnleggjande

forslingskompetansen om føretaksøkonomiske emne. Endra rammevilkår medfører store utfordringar for norsk næringsmiddelindustri og eit program som blei satt i gang i 2000 vil gje større tyngde i satsinga på forskning som er relevant for blant anna foredlingsleddet i matvarekjedene.

Målsetjing 2002, jf. òg kap. 1140 post 50

Forskningsverksemda til NILF skal ta utgangspunkt i skisserte mål og oppgåver for instituttet. Dette inneber at verksemda skal byggje på kjerneområda føretaksøkonomi og nasjonal og internasjonal landbrukspolitikk. Instituttet må på same tid arbeide aktivt for å sikre tilgang på nye oppdrag. Det vil vere viktig for instituttet å orientere seg etter marknaden og styrke kompetansen innanfor felt der ein kan rekne med at forskning og utgreiing vil bli etterspurd. Departementet legg til grunn at FoU relatert til matvareindustri og matvarehandel vil vere eit sentralt fagområde for NILF dei kommande åra. Både offentlege og private aktørar vil etterspørre arbeid på dette området. Departementet vil framleis ha stort behov for forskning og utgreiing om norske og internasjonale landbrukspolitiske spørsmål.

Norsk institutt for planteforskning (Planteforsk)

Planteforsk skal utvikle kunnskap som grunnlag for ein konkurransekraftig, verdiskapande produksjon og ei berekraftig forvaltning av naturressursane. Kunnskapen skal styrkje grunnlaget for verksemd i distrikta, sikre miljøet og ivareta etiske og estetiske verdiar i samfunnet. Planteforsk skal vere leiande i bruksretta forskning og utvikling i planteproduksjon, eit nasjonalt kompetansesenter i plantefaglege spørsmål og skaffe fram kunnskap som medverkar til konkurransedyktig planteproduksjon, miljøvenlege produksjonsformer og forsvaret bruk av naturgrunnlaget.

Rapport 2000

Planteforsk har hatt driftsoverskott i heile perioden 1997-2000 og økonomien til instituttet er god. Instituttet er stort med 375 årsverk i 2000, av dette er 141 årsverk forskarar. Av forskarane har 90 doktorgrad. Basisfinansieringa var i 2000 på 46,1 mill. kr som utgjorde 22 pst. av dei totale inntektene. Denne delen har gått ned i perioden 1997 til 2000. Talet på publiserte vitenskaplege artiklar i tidsskrift med referee-ordning gjekk monaleg ned i perioden 1997 til 1999, men auka igjen i 2000. Planteforsk har starta arbeidet med ei strategisk

utgreiing av kva som vil bli etterspurt av kunnskap dei næraste fem åra framover, og prioritert område som ein vil vurdere med omsyn til finansiering av FoU. Døme er: faglege og økonomiske samanhengar mellom innsatsfaktorane i primærproduksjonen, trygge og sunne matvarer, lagring og transport av vegetabilier, presisjonsjordbruk, økologisk produksjon, grøntanlegg og våtorganisk avfall. Instituttet har sett av midlar til utgreiingar, planlegging og søknadsarbeid på desse områda.

Planteforsk har hatt sju strategiske program som ein del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd. To program omhandlar grovforproduksjon. Eit av dei skal styrkje kunnskapsgrunnlaget for eit økologisk og økonomisk bærekraftig landbruk i Nord-Noreg basert på grovfôrproduksjon medan det andre skal byggje opp kompetanse og kunnskap om ein berekraftig grovfôrproduksjon tilpassa nitrogenforsyning frå mineralisering og biologisk fiksering. To program styrkjer kompetansen innan plantesjukdommar og omhandlar molekylær diagnostikk av skadeorganismar og utnytting av plantene si naturlege motstandsevne mot sjukdommar. Eit program om næringsforsyning i økologiske dyrkingssystem tek opp spørsmål om korleis ein kan produsere og utnytte fangvekstar i korn- og grønsakdyrking på best mogeleg måte. I samarbeid med Jordforsk blir det gjennomført eit program for å auke kompetansen om eksponering av plantevernmiddel på miljøet. Kompetansen innan kulturlandskap blir og styrkt gjennom eit eige strategisk program.

Målsetjing 2002, jf. òg kap. 1112 postane 51 og 52

Planteforsk er engasjert i *Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel*, og skal fortsett spele ei nøkkelrolle i å skaffe fram kunnskap og i formidling. Planteforsk skal òg ha viktige oppgåver i satsinga på plantehelse. Økologisk landbruk er eit satsingsområde som skal utviklast vidare i samarbeid med NORSØK.

Planteforsk må òg halde fram arbeidet med å styrkje den vitenskaplege kompetansen på prioriterte område og auke publiseringssraten i internasjonale tidsskrift. Instituttet skal satsa på auka samarbeid med næringslivet gjennom brukarstyrt forskning. Planteforsk må halde fram arbeidet med dei nye satsingsområda, jamfør omtale i rapport 2000, med finansiering og iverksetting som dei viktigaste oppgåvene.

Carlsson-komiteen har gjort framlegg om ei samanslåing av Jordforsk, NORSØK og Planteforsk. Framlegget representerer ei videreføring

av det organiserte samarbeidet som har utvikla seg.

Regjeringa føreslår derfor at Jordforsk, NOR-SØK og Planteforsk må arbeide med sikte på ei samordning til ein organisasjon som kan bli ein viktig aktør både for næringslivet og samfunnet og som vil fremja ei berekraftig utvikling langs heile verdikjeda. Ein visar nærare omtale under avsnitt om Evalueringar over.

Norsk institutt for skogforskning (Skogforsk, tidligere NISK)

Styret har vedteke å endre instituttet si kortforma namn til Skogforsk frå 2001. Skogforsk skal vere ein leiande forskingsinstitusjon innan fagområde knytt til skog. Instituttet skal styrkje det vitskaplege grunnlaget for ei berekraftig forvaltning av skogressursane, verdiskaping basert på skog og miljøinnsats i skog. Innan utvalde område skal Skogforsk vere på eit høgt internasjonalt nivå.

Rapport 2000

Skogforsk har vore i ein svært vanskeleg økonomisk situasjon dei siste åra og det er i 2000 gjennomført tiltak for å oppnå betre samsvar mellom utgifter og inntekter ved instituttet. Det er gjennomført ein reduksjon i talet på tilsette frå 159 årsverk totalt i 1997 til 128 i 2000. Dette var ein reduksjon frå 72 til 56 årsverk forskarar. Instituttet hadde ei basisfinansiering på 31,7 mill. kr frå Forskringsrådet i 2000, dette tilsvarer 46 pst. av dei totale inntektene. For 1997 utgjorde basisfinansieringa 38 pst. av dei totale inntektene. Skogforsk er det instituttet som har det høgaste talet på forskarar med doktorgrad, heile 72 pst. av forskarstaben har doktorgrad. Verksemda ved instituttet har i 2000 vore konsentrert om å styrkje det vitskaplege grunnlaget for berekraftig forvaltning av skogressursane, verdiskaping basert på skog og miljøinnsats i skog.

Skogforsk har i 2000 hatt fem strategiske program som ein del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd. Kunnskap om prosessar som styrer oppbygging og tap av karbon i skogsjord blir bygt opp. Kompetanse på området modellering av veksten til tre- og skogbestandar, livsdynamikk og konkurransetilhøve blir styrkt for å kunne vurdere effektar av framtidig klima, forureining og skoghandsaming. Kunnskap om bruk av moderne molekylærbiologiske metodar til å forklare ulike former av stress hos gran blir vidareutvikla. Kompetanse om samspel mellom røtter og jord med sikte på å forbetre planteproduksjonen med fokus

på nord-norske tilhøve blir bygt opp. Eit program byggjer opp kompetansen ved instituttet omkring lønsam utnytting av skog- og utmarksressursar knytt til småskala driftsteknikk og vidareforedling av trevirke. Frå 2001 startar og eit program som skal byggje opp Skogforsk sin kompetanse innan molekylærgenetikk på skogstre.

Målsetjing 2002, jf. òg kap. 1142 post 50

Forskningsverksemda ved instituttet skal ta utgangspunkt i Strategisk plan 2001-2004. Instituttet må halde oppe høg kompetanse innan ressursforvaltning, der den tradisjonelle skogforskinga står sterkt. Miljøinnsats i skogbruket er òg eit viktig område som er nært knytt opp til god ressursforvaltning. Instituttet må styrkje sin kompetanse og sitt arbeid når det gjeld verdiskaping og nye måtar å nytte trevirke og skogprodukt på. Dei faglege satsingsområda må utviklast vidare for å betre grunnlaget for instituttet si verksemd. Det er framleis ei viktig utfordring å betre økonomien ved instituttet.

Norsk senter for bygdeforskning (Bygdeforskning)

Bygdeforskning er eit nasjonalt senter for bygdeforskning og blei omgjort til ei eiga stifting fra 2001. Senteret skal gjennom forskning og utviklingsarbeid gi fakta, analysar, idear og ny kunnskap som kan vere med å løyse problem og skape ei positiv utvikling i bygde-Noreg. Bygdeforskning har eit nasjonalt ansvar for å utvikle og ta vare på ein teoretisk og metodisk grunnleggjande forskingskompetanse innan bygdesosiologi.

Rapport 2000

Bygdeforskning blei frå 1. januar 2001 ei eiga stifting. Alle tilsette og prosjekt blei overført frå Senter for bygdeforskning, som var ei avdeling i Allforsk, til den nye stiftinga. Bygdeforskning har hatt eit positivt driftsresultat i heile perioden 1997-2000. I denne perioden har senteret vokse frå 15 årsverk i 1997 til 19 årsverk i 2000, herav 13 og 15 årsverk forskarar. Av dei 15 forskarane har ni doktorgrad. I same periode har basisfinansieringa auka frå 2,3 mill. kr i 1997 til 3,9 mill. kr i 2000. Talet på vitskaplege artiklar publisert i tidsskrift med referee har variert mykje i perioden 1997-2000, men har som trend vist ein nedgang. Bygdeforskning har i 2000 arbeidd med samfunnsvitskapleg forskning innan seks område; Næringar i lokalsamfunn, Forbrukarhaldningar og etikk,

Bedrift og produksjonsskjeder, Lokal utvikling, Kultur og levekår og Ressursforvaltning og miljø.

Bygdeforskning har hatt to strategiske program som ein del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd. Eit program tek for seg både jordbruk, fiskeri og oppdrett og skal heve kompetansen om korleis distrikta kan auke verdiskapinga frå matvareforedling basert på eigne ressursar. Det andre programmet blir gjennomført i samarbeid med Statens institutt for forbruksforskning og skal heve kompetansen om matsystemet og utvikle kunnskap for betre å skjønne og ta hand om utfordringar som følger av ulike endringar. Frå 2001 startar eit nytt program som vil bidra til teoriutvikling og auke forståinga av endringsprosessar i bygdene.

Målsetjing 2002

Bygdeforskning må framleis leggje vekt på kunnskapsutvikling og formidling innan feltet:

- næringsutvikling og sosiale endringsprosessar knytt til bygder og landbruk i omstilling
- berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar i kyst- og bygdesamfunn
- næringsmiddelindustrien og lokal foredling av matvarer frå naturbaserte næringer
- matproduksjon, forbrukarspørsmål og miljø i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv
- bygdeutvikling med fokus på rekruttering og kjønsspørsmål

Bygdeforskning må oppretthalde og vidareutvikle sitt omfattande samarbeid med nasjonale og internasjonale forskingsinstitusjonar, m.a. ved deltaking i fleire komparative prosjekt i Norden og Europa.

Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)

Stiftelsen NORSØK er eit nasjonalt kompetansesenter med formål å fremme utviklinga av økologisk landbruk. Instituttet samarbeider nært med dei andre landbruksfaglege FoU institusjonane, og har sekretariatsfunksjonen for Forskingsutvalet for økologisk landbruk.

Rapport 2000

Etter to år med balanse i drifta, fekk NORSØK eit lite underskott på drifta i 2000. Instituttet si basisfinansiering har auka frå 4,8 mill. kr i 1997 til 7,1 mill. kr i 2000 som svarar til ein auke frå 56 pst. til 61 pst. av dei totale driftsinntektene. Basisløyvinga til NORSØK rekna pr. forskarårsverk er heller høg, og langt høgare enn dei andre landbruks-

institutta. Instituttet har lagt vekt på å auke den vitskaplege publiseringa og viser ein god auke i talet på vitskaplege artiklar publisert i internasjonale tidsskrift med referee-ordning frå 1999 til 2000. Forskinga har vore konsentrert om: Analyse og utvikling av driftssystem, Jordressursar, næringsstoff og organisk materiale, på gardsnivå og i verdikjeder, Produksjonsmetodar og -strategiar for effektiv ressursutnytting i økologisk planteproduksjon, samt Dyrevelferd og sjukdomsførebyggjande arbeid innan husdyrhaldet.

NORSØK har hatt tre strategiske program som ein del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd. Det blir bygt opp generell kompetanse om sjukdomsførebyggjande tiltak og alternative handsamingsformer med tanke på å nytte dei i økologisk landbruk. Vidare blir det bygt opp kompetanse om heilskaplege handsamingsmetodar og produksjonssystem tilpassa økologisk landbruk. Dette skal på lang sikt føre til betre plante- og dyrehelse og bidra til å redusere forbruket av antibiotika. Kompetanse om mineralforsyning i økologiske driftsopplegg med særleg vekt på trong for mineraltilskott til drøvtyggjarar blir også bygt opp.

Målsetjing 2002

NORSØK skal vere eit leiande fagmiljø innan økologisk landbruk der FoU, formidling, næringsutvikling og opplæring skal vere hovudaktivitetane. Instituttet må arbeide vidare med å styrkje den forskingsfaglege kompetansen og auke samarbeidet med andre FoU-institusjonar både nasjonalt og internasjonalt for gjensidig utnytting av spesialkompetanse.

NORSØK må ta aktivt del i arbeidet med å nå målsettinga som Stortinget har sett om 10 pst. av arealet som økologisk innan 2010. Vidare må instituttet styrkje arbeidet med formidling og informasjon om økologisk landbruk. Omlegging til økologisk produksjon stiller store krav til økt kompetanse hos primærprodusentar og her skal NORSØK ha ein sentral rolle (jf. Inst. S. nr. 345 (2000-2001)) NORSØK har i denne samanhengen særleg satsa på å tilby kurs og opplæring til aktørar i verdikjeda, bla gjennom ei satsing på IKT. Dette arbeidet må førast vidare.

Carlsson-komiteen har gjort framlegg om ei samanslåing av Jordforsk, NORSØK og Plante-forsk. Framlegget representerer ei videreføring av det organiserte samarbeidet som har utvikla seg.

Regjeringa føreslår derfor at Jordforsk, NORSØK og Plante-forsk må arbeide med sikte på ei

samordning til ein organisasjon som kan bli ein viktig aktør både for næringslivet og samfunnet og som vil fremja ei berekraftig utvikling langs heile verdikjeda. Ein visar nærare omtale under avsnitt om Evalueringar over.

Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet er ein vitskapeleg forskings- og kompetanseinstitusjon innan laboratoriediagnostikk, og - analyse, epidemiologi, førebyggjande helsearbeid og sjukdomskontroll. Verksemda omfattar næringsmiddel, husdyr, fisk, vilt og fôr.

Rapport 2000

I åra 1997-2000 hadde Veterinærinstituttet eit driftsoverskott. Instituttet si basisfinansiering auka frå 5,4 mill. kr i 1997 til 10,1 mill. kr i 2000, men dette utgjør likevel ein liten del (7 pst.) av dei totale inntektene. Veterinærinstituttet gjer forvaltningsretta forskning og strategisk grunnforskning for å fylle oppgåva som kompetanseinstitusjon og forvaltningsstøtteinstitusjon. Forskinga omfattar husdyrhelse, fiske- og skjelhelse samt fôr- og næringsmiddelhygiene. I tillegg gjer Veterinærinstituttet eksternt finansierte forskingsoppdrag for m.a. industrien og EU.

Veterinærinstituttet har hatt tre strategiske program som ein del av basisløyvinga frå Noregs forskingsråd. Landbruksforvaltninga treng råd og støtte for å vurdere risiko for uønska hendingar og konsekvensar av desse ved auka internasjonal handel med levande dyr og dyreprodukt, planter og næringsmiddel. Det blir bygt opp kompetanse i teori, metode og empiri om tilhøve mellom sjukdom hos husdyr og planter og dei økonomiske konsekvensane av slik sjukdom. Eit program byggjer opp kompetansen innan sjukdomsforskning for marine oppdrettsartar, eit anna byggjer opp kompetanse om GMO i næringsmidlar. Frå 2001 startar i tillegg eit stort strategisk program innan virologi i samarbeid med forskingsmiljøa i Bergen og Tromsø.

Målsetjing 2002, jf. òg kap. 1112 post 50

Det er eit overordna mål at forskingsverksemda ved Veterinærinstituttet skal aukast. I tråd med tilrådingane frå evalueringa av EØS-avtalen (jf kat. 15.10), legg ein til grunn at Veterinærinstituttet særleg skal leggje vekt på forvaltningsretta forskning innan områda:

- zoonosar (infeksjonssjukdommar som kan overførast frå dyr til menneske)

- diagnostikk av sjukdommar hos dyr, fisk og skjel
- påvising og karakterisering av smitteemne og framandstoff i fôr og mat
- GMO
- risikovurderingar og kost-nytte vurderingar

Endringane i rammevilkåra for internasjonal handel med dyr og dyreprodukt kan føre til auka risiko for innførsel av smitestoff og framandstoff. Veterinærinstituttet må i denne samanheng prioritere forskning på diagnostiske, analytiske og epidemiologiske metodar, med sikte på å betre forvaltninga sitt grunnlag for å ta rette avgjerder. Vidare må Veterinærinstituttet legge stor vekt på internasjonalt samarbeid og deltaking i internasjonale forskingsprosjekt.

Underpost 51.11 Grunnløyvingar til forskingsinstitutt

Grunnløyvingane skal gå til formål som er sentrale for forskinga ved institutta, slik som langsiktig kompetanseutvikling, fagleg fornying, rekruttering, forskning innan institutta sine kjerneområde, vitskapeleg utstyr, kvalitetssikring, nettverksbygging, publisering og formidling.

Det er ført over 1,3 mill. kr frå grunnløyvinga til NORSØK til nasjonale oppgåver ved same institutt, jf. post 51.13.

Underpost 51.12 Strategiske instituttprogram

Noregs forskingsråd tildeler strategiske program til institutt og forskingsmiljø ved universitet og vitskapelege høgskolar innan Landbruksdepartementet sitt sektoransvar. Formålet er å skape forskingsmiljø av høg kvalitet gjennom målretta grunnleggjande forskning, brukarretta forskning og kompetanseoppbygging slik at dei kan utvikle seg til gode reiskap for forskning, forvaltning og næringsliv innan sektoren. Programma skal bidra til fagleg styrking og spesialisering av sentrale forskingsmiljø innanfor område som er aktuelle for næringsutvikling. Forskarutdanning skal vere eit sentralt element innan programma. Gjennom strategiske program kan ein medverke til ei god arbeidsdeling og eit godt samarbeid mellom FoU-miljøa med sikte på arbeid på tvers av ulike fag- og institusjonsgrenser og betre utnytting av den samla spisskompetansen innan mat- og landbruksforskninga.

Dei strategiske programma skal brukast til å utvikle kompetanse innanfor prioriterte forskingsfelt og felt der det er behov for rekruttering og til

å etablere og vidareutvikle faglege tyngdepunkt. Programma skal vere retta inn mot dei fem satsingsområda i Langtidsplanen for landbruksforskinga og dei sju innsatsområda for dei næraste åra som no er peikt ut.

Underpost 51.13 Nasjonale oppgåver

Løyvinga skal dekkje utgifter knytt til Skogforsk, Planteforsk, NORSØK og Jordforsk som gjeld bibliotek, referansesamlingar, deltaking i internasjonale organisasjonar og utgreiings- og informasjonsoppgåver. Løyvinga er auka med 1,3 mill. kr som gjeld ulike forvaltningsoppgåver ved NORSØK, jf. post 51.11

Det er sett av midlar til medlemskap i Nordiske jordbruksforskernes forening (NJF). NJF er

eit forum for personar som er knytt til landbruksvitskapleg forsking, undervisning og rettleiing i Norden. Målet er å fremje jordbruksforskinga og formidle resultata gjennom utvikling av samarbeid mellom jordbruksforskarar i Norden.

Underpost 51.14 Investeringsstøtte

Forsøksstasjonen på Averøy blei kjøpt tilbake i 1996 basert på ein avtale mellom Noregs forskingsråd og eigedomsselskapet AKVAFORSK AS og finansiert med tilskott frå Forskingsrådet i 10 år. Løyvinga skal dekkje Forskingsrådet sitt tilskott. Det er sett av 2 mill. kr til dette i budsjettforslaget for 2002.

Programkatekori 15.30 Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning

Utgifter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket	50 979	54 147	54 914	1,4
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	156 460	153 067	139 975	-8,6
1143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)	158 647	164 900	161 918	-1,8
1145	Jordskifterettane (jf. kap. 4145)	135 737	132 536	135 811	2,5
1146	Norsk institutt for jord- og skogkart- legging (jf. kap. 4146)	70 091	57 895	63 167	9,1
1147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)	40 582	37 504	33 831	-9,8
1148	Naturskade - erstatningar og sikring	61 562	60 083	61 497	2,4
1150	Til gjennomføring av jordbruks- avtalen m.m. (jf. kap. 4150)	13 061 952	12 522 008	12 470 289	-0,4
1151	Til gjennomføring av reindrifts- avtalen	93 577	83 000	103 000	24,1
1161	Statskog SF - forvaltningsdrift	23 554	23 180	26 255	13,3
1163	Avslutning av Statens Kornforretning (jf. kap. 4163)	124 819			
2411	Statens nærings- og distrikts- utviklingsfond (jf. kap. 5311)	324 892	6 500		-100,0
Sum kategori 15.30		14 302 852	13 294 820	13 250 657	-0,3

Inntekter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
4143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)	26 709	24 088	22 999	-4,5
4145	Jordskifterettane (jf. kap. 1145)	9 144	15 247	12 687	-16,8
4146	Norsk institutt for jord- og skogkart- legging (jf. kap. 1146)	25 444	16 261	16 749	3,0
4147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 1147)	4 058	1 586	1 500	-5,4
4150	Til gjennomføring av jordbruks- avtalen (jf. kap. 1150)	121 811	121 000	122 000	0,8

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002	Pst. endr. 01/02
4163	Avslutning av Statens Kornforretning (jf. kap. 1163)	124 819			
5311	Statens nærings- og distrikts- utviklingsfond, lån til landbruksfor- mål (jf. kap. 2411)	369 881			
5545	Miljøavgifter i landbruket	54 870	60 000	40 000	-33,3
5571	Totalisatoravgift	88 175	98 000	98 000	0,0
	Sum kategori 15.30	824 911	336 182	313 935	-6,6

Omtala under kategorien er delt mellom verkeområda *arealforvaltning og næringsutvikling* og *miljø* med separat omtale av mål, status og verkemiddel på kvart område.

Løyvingane under kategorien siktar mot å ta vare på og nytte ressursgrunnlaget i landbruket og i bygdene. Hovudmålsetjingane er knytt til verdiskaping, sysselsetjing og miljøomsyn i tråd med prinsipp for berekraftig utvikling og langsiktig ressursforvaltning.

1. Arealforvaltning

Innleiing

Areal er eit viktig grunnlag for all landbruksproduksjon inkludert reindrift. Ei langsiktig arealforvaltning som medverkar til at verdifulle areal ikkje byggjast ned, er nødvendig for at landbruket skal kunne drivast på dei areala og i dei klimasonene som høver best for mat- og virkesproduksjon.

Storleiken på og den fysiske utforminga av eigedomane og driftseiningane er saman med eigartilhøva eit viktig grunnlag for sysselsetjing, busetjing og verdiskaping i landbruksområda. Berekraftig bruk av areal- og naturressursane er òg eit sentralt element i den samla velferds- og busetjingspolitikken.

Mål, status og tiltak

Hovudmålet for arealforvaltninga i landbrukspolitikken er å sikre areal som grunnlag for ein varig landbruksproduksjon, og bidra til at arealressursane blir forvalta for å fremme verdiskaping, busetjing og sysselsetjing. Delmåla er å:

- utvikle ein arealpolitikk som byggjer opp under ei langsiktig og berekraftig ressursforvaltning med eit sterkt jordvern, som blir praktisert strengast for dei mest produktive areala,

- ivareta landbruket sine interesser og verdier gjennom ei aktiv deltaking i samfunnsplanlegginga,
- medverke til ein rasjonell eigedoms- og driftseiningssstruktur,
- medverke til at arealressursane blir forvalta slik at busetjinga og sysselsetjinga i distrikta blir oppretthalde,
- ha ein velfungerande jordskifterett bygd på alminnelege domstolsprinsipp,
- medverke til å utvikle data om landbrukets arealressursar og gjere dei tilgjengeleg for ålmenta, næringslivet og forvaltninga.

Arealpolitikk - Samfunnsplanlegging

Storparten av areala i Noreg blir nytta til jord- og skogbruksverksemd samt utmarksnæring og reindrift. Forvaltninga av desse areala har mykje å seie for verdiskaping og næringsutvikling i dei fleste kommunane. Mange endringsprosessar i samfunnet får konsekvensar for landbruksnæringa og for ressursgrunnlaget. Det er eit mål å utvikle arealpolitikken og verkemidla for ei berekraftig utnytting av arealressursane for å sikre varig verdiskaping i landbruket.

Sjølv om landbruks- og reindriftsforvaltninga no er i betre inngrep med dei viktigaste planprosessane enn tidlegare, blir det i mange tilfelle ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til desse interessene i fylkesplanar, kommuneplanar og konsekvensutgreiingar. Med høg økonomisk vekst og sentralisering av befolkning og næringsliv, er det eit sterkt press for å ta landbruksareal i bruk til anna formål. Dei fleste vedtaka om nedbygging av areal som landbruksnæringa forvaltar, blir fatta av kommunane etter plan- og bygningslova.

Svært mange av dei nye golfbanane blir etablert på landbruksareal. Det er derfor ei utfor-

dring å medverke til betre planlegging og lokalisering av nye golfbaner. I den samanhengen har Landbruksdepartementet i samarbeid med Miljøverndepartementet utarbeidd eit rundskriv om arealplanlegging og golfbanar.

Dei regionale landbruksavdelingane skal overførast frå Fylkesmannen til fylkeskommunane seinast innan 01.01.03. Departementet vil prioritere arbeidet med å utvikle dialog og samhandling i høve til fylkeskommunane og kommunane. Det vil vere både nødvendig og viktig for Landbruksdepartementet å kome i god dialog med fylkeskommunane om den nasjonale arealpolitikken.

Kommunane har eit stort ansvar for å følgje opp dei nasjonale måla i arealpolitikken, og dette må skje etter rettleiing frå landbruksstyresmaktene på fylkesnivå. Det er òg viktig at kommunane nyttar den landbrukskompetansen dei har i det kommunale planleggingsarbeidet.

Langsiktig ressursforvaltning og verkemiddel for eit sterkare jordvern

Landbruksproduksjonen kan berre haldast ved lag over lang tid dersom arealressursar som jordsmonn, vatn og skog ikkje blir øydelagt. Derfor er det behov for ein meir målretta politikk som vernar om ressursgrunnlaget.

Departementet har ansvaret for å føre ein langsiktig politikk for landet si mattryggleik. Dette inneber et sterkt jordvern for å verne om produksjonsgrunnlaget. Jordsmonnet er ein knapp og ikkje-fornybar ressurs som saman med luft og vatn er det viktigaste grunnlaget for all biologisk produksjon og mangfald. Jordressursen blir derfor ein grunnleggjande faktor for å tilfredsstille menneskelege behov på kort og lang sikt. Vern om jordsmonnet, jordvern, er derfor ein viktig del av miljøvernpolitikken.

Det har vore lagt vekt på å ha ein arealpolitikk med eit sterkt jordvern i lang tid. Trass i dette blir det bygd ned store landbruksareal i heile landet og ikkje minst i dei beste klimasonene, der jorda har potensial for matkorndyrking. Tilgjengeleg statistikk frå dei seinare åra viser at det kvart år blir bygd ned nærare 20 000 daa landbruksjord. Dersom nedbygginga held fram i same omfang på areal eigna til korndyrking, vil dette få alvorlege følgjer for framtidig sjølvforsyningsgrad av matkorn. Nydyrkinga er noko mindre enn nedbygginga av areal, og finn i stor grad stad i område der ein ikkje kan dyrke matkorn. Departementet er derfor bekymra over nedbygginga av landbruksareal. Det er ei stor utfordring å hindre og redusere nedbygging av dei mest produktive are-

ala. Departementet har grunn til å tru at utan sterkare verkemiddel, vil arealavgangen halde seg oppe eller auke. I samband med at jordvern har blitt ein del av miljøvernpolitikken, vil departementet prioritere oppfølging av sektorane og rapportering knytt til nøkkeltala for jordvern. Departementet meiner òg det er viktig å prioritere arbeidet med byplanlegging for å fremme ein byutvikling som kan redusere presset på jordressursane.

Arealdokumentasjon

For å kunne ha eit sterkt jordvern og sikre landbruket sine interesser i høve til arealplanlegging, er det nødvendig med god dokumentasjon av bruken og verdien av landbruksareala i forkant av planlegginga. St.meld. nr. 31 (2000-2001) *Kommune, fylke, stat - en bedre oppgavefordeling* og Planlovutvalet si første delutgreiing inneber at arealdokumentasjon vil bli endå viktigare i framtida. Landbruksdepartementet har sett i gang tiltak for å betre slik dokumentasjon, m.a. med å utvikle jordressurskart som syner produksjonsevna til areala. Saman med ei betre oversikt over kva for areal som blir omdisponert, vil dette kunne gi ei meir effektiv utnytting av verkemidla for å nå dei måla som Stortinget har fastsett for praktisering av jordvernet. Departementet ønskjer å utvikle betre løysingar for å registrere avgang av areal. Registrering av saker som fører til avgang av areal må skje ved hjelp av digitale kart, og rapportane kan på sikt sendast ved hjelp av internett. Landbruksdepartementet samarbeider òg med Statistisk sentralbyrå om å utvikle registerbaserte metodar for å overvake vekst i tettstader og byar som går ut over landbruksareal.

Innafor ei ramme på 4 mill. kr vil departementet prioritere digitale markslagskart, distribusjon av data via internett og utvikling av eit internettbasert verkty for innsyn og analyse av digitale kart- og registerdata, jf. kap. 1146.

Engasjement i byplanlegging

Mange kommunar legg ut større areal til bustad- og næringsformål enn dei reelt sett treng, og slike areal blir ofte for dårleg utnytta. Ein betre by- og tettstadsplanlegging er derfor viktig for å økonomisere med areal. Det er viktig at landbruksstyremaktene er med og sett krav til effektiv arealutnytting i kommuneplanar og reguleringsplanar.

Departementet har delteke i eit treårig prosjekt om fortetting saman med Miljøverndepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og

seks kommunar. Målet har vore å få betre sam-svar mellom planar og bygging. Resultat og tilrå-dingar frå prosjektet er oppsummert i rapporten "*Virkemidler for bedre arealutnyttelse i byer og tett-steder*". Mellom anna peikar rapporten på urbant jordskifte som eit eigna verkemiddel i by- og tett-stadsutviklinga. I etterkant av dette prosjektet har dei tre departementa utforma eit tilbod til fylkes-kommunane med kunnskapsformidling om betre arealutnytting i byar og tettstader. Desse semi-nara blir gjennomført i 2001. Kunnskap om fortet-ting, urbant jordskifte, betre arealutnytting i byar og tettstader samt andre verkemiddel må no utvi-klast vidare. Det må leggjast vekt på å formidle slik kunnskap og praktiske erfaringar til kommu-nar, fylkeskommunar og andre aktørar.

Utarbeiding av kommunevise landbruksplanar

Landbruksdepartementet har laga ein rettleiar for kommunevise landbruksplanar der ein tilrår at kommunane startar ein planprosess for å skape engasjement og interesse for utvikling av land-bruksnæringa. Landbruksplanen kan vere eit sek-torinnspel til kommuneplanlegginga etter plan- og bygningslova, slik at landbruket blir sett inn i ein samfunnsmessig heilskap. Planen kan medverke til å setje landbruket på dagsordenen i kommu-nen, vise kva for verdiar og interesser næringa står for og medverke til dialog internt i kommu-nen og i forhold til eksterne partar. Ein land-bruksplan vil òg vere eit verkemiddel for kommu-nen som landbruksstyresmakt, t.d. i saker etter jordlova og konsesjonslova. Hittil har om lag 150 kommunar utarbeidd landbruksplan. Departe-mentet ser det som viktig at fleire kommunar utarbeider landbruksplanar og legg vekt på at landbruksstyresmaktene på fylkesnivå motiverar og rettleiar, og formidlar røynsle frå arbeidet mel-lom kommunane. Også i departementet sitt arbeid med å sette fokus på kommunen sitt hand-lingsrom, vil landbruksplanen vere viktig. Dei kommunale landbruksplanane vil òg kunne gi inn-spel til fylkeskommunane i deira rolle som regio-nal landbruksstyresmakt. Departementet har lagt ut nokre døme på landbruksplanar på nettsidene sine som ein idébank for nye kommunar som vil setje i gang.

Arbeid med verneplanar

I arbeid med verneplanar og regelverk for verne-planarbeid har det vore eit godt samarbeid mel-lom Direktoratet for naturforvaltning og departe-mentet.

Landbruksinteressene er blitt betre ivareteke i desse sakene, og dialogen mellom miljøvern- og landbruksavdelingane og dialogen med grunnei-garane har blitt betra.

Landbruksforvaltninga har som mål å sam-ordne vern med omsynet til utnytting av naturres-sursane, gjennom at landbruket sin bruk og utnyt-ting av naturressursane blir dokumentert og tatt omsyn til når ein set opp verneføresegner og for-valtningsplanar, og at det ikkje blir lagt unødige hinder for landbruksdrift. I mange høve er det ønskjeleg at landbruket si utnytting av ressursane held fram. Ved å gjennomføre ein god planprosess og leggje til rette for lokal forvaltning av dei områda som blir verna, vil ein medverke til å dempe motsetningar mellom styresmaktene og lokalsamfunnet. Ved å gi eit område status som nasjonalpark, kan ein auke potensialet for næringsutvikling knytt til turisme, reiseliv og anna tenesteyting dersom verneføresegner og for-valtningsplanar legg forholda til rette for det. Det blir viktig framover å ivareta og vidareutvikle dia-logen med miljøvernstyresmaktene.

Etter revisjonen av jordskiftelova i 1998, kan jordskifteretten gjennomføre arealbyte slik at ver-netiltaka fell på offentlig eigd grunn. Dette kan redusere dei negative verknadene av vernetiltaka for privat næringsverksemd som elles ville ha blitt råka. Lovendringa i 2001 gir jordskifterettane fleire verkemiddel for å unngå slike effektar for private grunneigarar.

Juridiske verkemiddel i arealforvaltninga

Departementet har sett i gang arbeidet med å føl-gje opp forslaga i St.meld. nr. 19 (1999-2000). Delar av forslaga blei gjennomførte våren 2001, jf. Stortinget sitt vedtak av 5. april 2001 om lov om endringar i konsesjonsloven og odelsloven m.v. (Ot.prp. nr. 33 (2000-2001) og Innst.O. nr. 61 (2000-2001)). Lovendringa blei sanksjonert i stats-råd 4. mai 2001. Endringane gjaldt oppheving av forkjopsretten, endringar i innhaldet i buplikta og heving av arealgrensene i konsesjonslova. Vidare er det bestemt at omsynet til busetjing skal ha større vekt enn til no ved vurderinga av ein søk-nad om fritak frå buplikta. Omsynet til busetjinga er og tatt inn i formålet i konsesjonslova. Opphe-ving av forkjopsretten skjedde med verknad frå sanksjoneringsdagen. Dei andre endringane trådte i kraft 1. september 2001. Dette gjaldt både endringane i buplikta og arealgrensene. Areal-grensa for konsesjonsfri overtaking av eigedom med bygning er heva frå 5 til 20 dekar totalareal. Arealgrensa for odlingsjord er heva frå 10 til 20

dekar jordbruksareal. Dei andre forslaga som blei sett fram i stortingsmeldinga vil bli følgd opp seinare i samband med ein generell gjennomgang av konsesjonslova.

Departementet overtok 1. april 2001 ansvaret for odelslova (bortsett frå prosessreglane) frå Justisdepartementet. For å følgje opp St.meld. nr. 19 (1999-2000) er det sett ned eit utval som skal utgreie verknadene av odelslova og fremje forslag til endringar i lovgivinga.

Dei juridiske verkemidla i jord- og konsesjonslova er viktige for bruksstrukturen, også gjennom den indirekte verknaden desse verkemidla har med tanke på å få til frivillige rasjonaliseringar. No når forkjopsretten er oppheva, er det føresett at moglegheitene for å avslå konsesjonssøknader blir styrkt, jf. Innst. O. nr. 61 (2000-2001). Det er likevel peika på at dette må tilpassast føremålet i konsesjonslova om å ta omsyn til busetjinga. I samband med lovendringane har departementet utarbeidd eit rundskriv som m.a. omhandlar dette. I dette rundskrivet har ein òg peikt på kva endringane inneber for kommunane og dei moglegheiter kommunane har etter endringane. Komitéfleirtalet har òg understreka at det primære for landbruksstyresmaktene framleis må vere å arbeide for frivillige avtaler som kan bidra til kostnadsreduksjonar. Komitéfleirtalet peikar derfor på at oppheving av forkjopsretten må følgjast opp med eit meir aktivt oppkjøp av eigedomar, både til ordinære rasjonaliseringsføremål og til offentlege føremål der areala kan inngå i arealbyte eller jordskifte.

Utbyggingstiltak, som offentleg veg, jernbane, bustadar, industri m.m., påverkar i særleg grad eigedomsstrukturen. Bruksstrukturen endrar seg også gjennom omsetning av eigedomar eller delar av eigedomar som tilleggsjord, ved leige og gjennom jordskifte.

Landbruk er eit viktig fundament for busetjinga i distrikta. Arbeidet med å få til ein kostnadseffektiv bruksstruktur er viktig for å halde oppe sysselsetjinga, noko som igjen vil påverke busetjinga. Av omsyn til busetjinga kan det likevel vere riktig å oppretthalde mindre bruk.

Omsynet til busetjinga er etter lovendringane enda viktigare enn før for vurderinga av søknad om fritak. Departementet har i samband med lovendringane utarbeidd eit nytt rundskriv om bu- og driveplikt.

Leigearealet aukar i alle fylke. Leigd areal er for mange bruk ein viktig del av arealgrunnlaget. Mange leigeavtalar er kortsiktige og skaper uvisse for langsiktig drift. I St.meld. nr. 19 (1999-2000) ga departementet uttrykk for at det er

ønskjeleg å styrkje leigetakaren si stilling for å sikre produksjonsgrunnlaget som drifta baserer seg på. Departementet foreslo at det blir lagt til rette for at avtaler om bortleige skal vare i minst 10 år. Det blei og foreslått at ein skulle gå gjennom avtalelovgivinga med sikte på forslag til reglar som kan førebygge eller redusere konflikhtar mellom avtalepartane. Departementet vil òg følgje opp desse forslaga.

Kvart fjerde år blei det lagt fram ei melding for Stortinget med statistikk og gjennomgangen av praktiseringa ved bruken av kvart enkelt verkemiddel etter jord- og konsesjonslovgivinga. Siste melding var St.meld. nr. 35 (1999-2000). Innhenting av data til meldinga krev store ressursar både i kommunen og hos fylkesmannen. Nyten av rapportane står etter departementet si meining ikkje i forhold til arbeidet med å skaffe fram data. Landbruksdepartementet vil halde fram innhentinga av data til dei viktigaste rapportane. Departementet vil då ha eit meir målretta grunnlag for å foreslå lovendringar og andre verkemiddel og vil gjennom budsjettproposisjonen kunne orientere Stortinget om korleis lovverket verkar. Departementet gjer derfor framlegg om at det ikkje lenger skal leggjast fram stortingsmeldingar om praktisering av jord- og konsesjonslovgivinga kvart fjerde år.

Det har vore forska lite på verknaden av dei juridiske verkemidla i jord-, konsesjons- og jordskiftelovgivinga. Det er behov for forskning på dette området. Departementet arbeider vidare med å få til dette.

Fleire fylkesmannsembete har auka aktiviteten i arbeidet med frivillig jordformidling. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har tidlegare gjennomført eit prosjekt om frivillig jordformidling. I 2000 starta fylkesmannen eit nytt prosjekt for vidareføring av arbeidet. Prosjektet skal etter planen gå over tre år. Ved vidareføringa vil det bli lagt vekt på å skaffe og prøve ut kunnskap om den praktiske oppfølginga for å få i stand frivillig eigedomsomsetting. Departementet vil kome tilbake med ei orientering om resultatane av prosjektet.

Jordskifte - jordskifterettane

Jordskifterettane er ein særdomstol som arbeider med oppgåver heimla i Jordskiftelova. Dei aller fleste krava om jordskifte kjem frå privatpersonar som eig areal eller har bruksrett. Dei juridiske verkemidla jordskifterettane kan bruke, fører til betre eigedomsstruktur, klårare rettstilhøve for fast eigedom, samarbeid på tvers av eigedoms grensene og auka bruk av grunn som erstatning

ved ekspropriasjon. Det er eit mål å få redusert ventetida og saksbehandlingstida ved Jordskifterettane for å ivareta partane sin rettstryggleik på ein betre måte. Det er m.a. derfor sett i gang ein omorganisering av verksemda.

Ein større revisjon av jordskifteloven trådte i kraft 01.01.99. Ei mindre lovendring våren 2001 ga jordskifteretten to nye oppgåver. Jordskifteretten sine mål og verkemiddel er nærare omtalt under kap. 1145.

Naturressursdata

Landbrukssektoren har gjennom mange år investert store beløp i data om naturressursane og arealbruken. Store datamengder ligg no føre i digital form og er i aukande grad brukt ved behandling av saker og for å ha tilsyn med arealutviklinga. På den måten haustar ein nytteverdien av investeringane. Landbruksdepartementet vil halde fram arbeidet med å gjere slike data betre tilgjengeleg for ålmenta, næringslivet og forvaltninga, mellom anna via internett. Samstundes arbeider departementet med å sikre den statlege landbruksforvaltninga rett til data gjennom Geovekst.

Digitale markslagskart (DMK) er grunnstamma i landbruket sine data om arealressursane. DMK føreligg for store område, og ein vil derfor bruke auka ressursar på ajourhald av karta. I arbeidet med ajourhald legg Landbruksdepartementet vekt på å betre rutinane for innsamling og analyse av data slik at dette er betre samordna og meir kostnadseffektivt enn før. Jordsmonnkart gir data om eigenskapar ved jordsmonnet. Desse karta vil bli brukt meir ettersom det blir stilt krav til miljøplan og dokumentasjon av kvalitet i jordbruket, jf. kap. 1146.

2. Næringsutvikling og miljø

Innleiing

Målet med politikkområdet er å sikre eit berekraftig landbruk som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av landet, både i primærproduksjonen og foredlingsindustrien. Verksedområdet Næringsutvikling og miljø tar sikte på ei heilskapleg landbruksbasert verdiskaping der ein ser dei tradisjonelle landbruksnæringane i samanheng med nye næringstiltak. Samtidig blir fokus i landbrukspolitikken retta mot alle ledd i verdikjeda, frå råvareprodusent via foredlingsledet til forbrukar, slik at den samla effekten av arbeidet blir best mogleg. Departementet legg

vekt på at dei tre verdiskapingsprogramma som er etablert for høvesvis norsk matproduksjon, reindrift samt skog og trevirke skal utnytte det potensial som ligg i ei aktiv satsing på både kvinner og menn i næringa. For å møte utfordringane og målsetjingane om eit berekraftig landbruk, legg ein vekt på å ha eit heilskapleg perspektiv der omsyna til natur, kultur og miljø er integrert i alle delar. Departementet legg opp til auka bruk av økologiske driftsmetodar i landbruket, og å sikre ein kostnadseffektiv produksjon av miljøgode. Vidare legg departementet vekt på å utnytte skogsektoren sine moglegheiter for å løyse viktige miljøoppgåver.

Regjeringa legg St.meld. nr. 19 (1999-2000) og Stortinget si behandling av meldinga til grunn for landbrukspolitikken framover. Meldinga legg vekt på landbruket sitt samla bidrag til samfunnsnytte på kort og lang sikt. Regjeringa legg til grunn at landbruket i tråd med samfunnet sine behov skal

- produsere helsemessig trygg mat av høg kvalitet med bakgrunn i forbrukarane sine preferansar
- produsere andre varer og tenester med utgangspunkt i næringa sine samla ressursar
- produsere fellesgode som livskraftige bygder, eit breitt spekter av miljø- og kulturgode
- sikre ei langsiktig matforsyning

Regjeringa legg til grunn at ei attraktiv landbruksnæring og aktiv landbruksproduksjon over heile landet er eit viktig grunnlag for å få løyst sentrale samfunnsoppgåver på ein god måte. Det er understreka at næringa skal ha moglegheiter for inntekt og sosiale vilkår på linje med andre. Regjeringa legg vekt på at yrkesutøvarane i landbruket er sjølvstendig næringsdrivande. God utnytting av moglegheitene i marknaden, auka mangfald, strukturelle endringar og fornuftige tilpassingar av kostnadene vil i aukande grad ha tyding for inntektsutviklinga.

Forsking og utvikling er eit sentralt verkemiddel i arbeidet for å nå dei mat- og landbrukspolitiske måla. For nærare omtale av den mat- og landbruksrelaterte forskinga viser ein til programkategori 15.20.

Med grunnlag i situasjonen og utviklinga i næringa, måla for mat- og landbrukspolitikken og internasjonale rammevilkår, blir næringspolitikken i jordbruket, skogbruket og reindrifta gjennomført gjennom eit sett med økonomiske, juridiske og administrative verkemiddel.

Jordbruk

Mål

Retningslinjer og målsetjingar for næringspolitikken i jordbruket er i all hovudsak trekt opp i St.meld. nr. 19 (1999-2000) og Stortinget si behandling av meldinga, jf. Innst. S. nr. 167 (1999-2000). St.meld. nr. 19 (1999-2000) tar utgangspunkt i hovudmålsetjingane for landbruket i St.prp. nr. 8 (1992-93). Måla for næringspolitikken i jordbruket er:

- å sikre eit berekraftig landbruk som gir grunnlag for verdiskaping og sysselsetjing i alle delar av landet, både i primærproduksjonen og for edlingsindustrien,
- medverke til rimelege matvareprisar, konkurransedyktige råvareprisar, lågare kostnadsnivå og ein produksjon som er tilpassa etterspurnaden,
- sikre næringsutøvarane moglegheit for inntekt og levekår på linje med befolkninga elles
- sikre miljøvenleg produksjon der òg omsynet til kulturlandskapet, kulturminne og biologisk mangfald står sentralt
- auke verdiskapinga frå jordbruksbaserte næringar
- styrkje rekrutteringa til og likestillinga i næringa

Nedanfor er det gitt ei oversikt over status og verkemiddelbruk på sentrale område i jordbrukspolitikken slik dei m.a. er trekte opp i St.prp. nr. 92 (2000-2001). Områda dekkjer til saman måla ovanfor. For ei meir detaljert oversikt over utviklinga på sentrale område i jordbrukspolitikken viser ein til kap. 3 i St.prp. nr. 92 (2000-2001).

Status og verkemiddel

Kostnadsutviklinga

Kostnadsutviklinga har mykje å seie for moglegheitene for inntekt i jordbruket. Kostnadene i primærjordbruket har i perioden 1990 til 1999 blitt redusert med 7,7 pst. Frå 1999 til 2000 blei dei totale kostnadene redusert med 2,5 pst. Både driftskostnadene og kapitalkostnadene blei redusert. Reduserte kraftfôrkostnader som ein følgje

av redusert volum er den viktigaste enkeltfaktoren, men òg bortfall av kunstgjødselavgift og redusert realrente bidrog vesentleg.

Regjeringa legg til grunn at god utnytting av moglegheitene i marknaden, auka mangfald, ein balansert marknad, strukturelle endringar og fornuftige tilpassingar av kostnader i aukande grad vil vere viktig for å nå ei rimeleg inntektsutvikling i jordbruket.

Prisutviklinga på matvarer og utviklinga i støttenivået

Prisutviklinga på matvarer har konsekvensar for fordelingspolitikken og for forbrukarane. Det er nødvendig å ta omsyn til konkurransekrafta til næringsmiddelindustrien og forbrukarane sine ønske og krav. Gjennom Stortinget si behandling av St.meld. nr. 19 (1999-2000) er det trekt opp retningslinjer for forbrukarorientering av mat- og landbrukspolitikken. Å leggje større vekt på forbrukarinteressene inneber m.a. å arbeide for lågare matvareprisar.

I perioden sidan 1979 har prisane på matvarer auka om lag som konsumprisindeksen. Regjeringa legg til grunn at skilnadene i matvareprisane mellom Noreg og nabolanda våre blir redusert. Innføringa av halvert matmoms frå 24 til 12 pst. med verknad frå 1. juli 2001, vil vere eit viktig verkemiddel for å oppnå dette. Departementet legg vekt på å følgje utviklinga i matvaremarknaden. Det er mellom anna viktig for å sikre at den reduserte matmomsen kommer forbrukarane til gode. Det er etablert et dokumentasjonsopplegg med månadleg dokumentasjon av prisar på produsent-, engros- og forbrukernivå. Undersøkinga gjennomførast i samarbeid mellom Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Statistisk sentralbyrå (SSB) og blir publisert på NILF sine heimesider månadleg. Det er òg gjennomført ein nærare analyse av marginar på ulike ledd. Dette har vore eit samarbeid mellom NILF og ECON Senter for økonomisk analyse. NILF, SSB og ECON har òg gjort ulike type prissamanlikningar med nabolanda. Departementet vil løpande følgje med i utviklinga på området.

Tabell 2.6 Nominell utvikling i løyvinga (mill. kr) til jordbruket over jordbruksavtalen (kap. 1150 og 4150)

År ¹⁾	Utgiftsløyving	Inntektsløyving	Nettoløyving
1975	2 341	308	2 032
1980	5 905	883	5 022
1985	9 319	622	8 697
1990	12 201	787	11 413
1995 ²⁾	11 975	386	11 589
1996	11 943	141	11 802
1997	11 928	109	11 819
1998	12 408	141	12 267
1999	12 537	195	12 342
2000	13 061	121	12 940
2001	12 555	134	12 421
2002	12 470	122	12 348

¹⁾ Tabellen er i nominelle tal basert på rekneskap for perioden 1975-00, revidert budsjett for 2001 og budsjettframlegg for 2002

²⁾ Frå 1995 er inntektsløyvinga redusert då den tidlegare kraftfôravgifta er erstatta med tollavgifter, jf. kap 5511

Nettoløyvingane til jordbruket over statsbudsjettet målt i realprisar var høgast i første halvdel av 1980-åra og blei redusert etter dette fram til 1997. Jordbruksavtaleprisane har òg blitt redusert. Ved jordbruksoppgjera i 1998 og 1999 blei både løyvingane over statsbudsjettet og jordbruksavtaleprisane auka noko.

I dei seinaste åra har det blitt gjennomført tiltak som har medverka til å redusere kostnadene i jord- og skogbruket. Med verknad frå 1.1.99 blei investeringsavgifta for driftsmiddel hovudsakleg til bruk i jord- og skogbruk fjerna, noko som medførte ein utgiftsreduksjon for næringa på om lag 400 mill. kr. Med verknad frå 1.1.2000 blei miljøavgifta for kunstgjødsel fjerna samtidig som ein gjennomførte ei auke i miljøavgiftene på plantevernmiddel. Desse tiltaka ga ein netto utgiftsreduksjon på 150 mill. kr.

I jordbruksoppgjeret i 2001 blei løyvingane over jordbruksavtalen auka med 40 mill. kr, og målprisane i jordbruksavtalen blei med verknad frå 1. november 2001 auka med 300 mill. kr på årsbasis, jf. kap. 6 i St.prp. nr. 92 (2000-2001).

Verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon

Det er framleis mange "flaskehalsar" for å få til nyskaping innan norsk matproduksjon. Det er eit mål å få til auka produksjon, omsetning og forbruk av spesialiserte matvarer slik at forbruka-

rane får auka kvalitet, mangfald og valmoglegheter i matvaretilbodet.

Ved jordbruksoppgjeret i 2000 ble det vedtatt å etablere eit verdiskapingsprogram for norsk matproduksjon, jf. kap. 1150. Programmet blei starta opp i januar 2001. Det overordna målet for verdiskapingsprogrammet er høgare verdiskaping gjennom å stimulere til auka utnytting av marknadsmoglegheitene både innan primærproduksjon og foredling.

Stortinget har vedteke ei endring av Landbrukskvalitetsloven, jf. Ot.prp. nr. 85 (2000-2001) for å gi heimel for ei norsk merkeordning for landbruksprodukt, bygd på geografisk opphav, tradisjon og eigenart. Denne merkeordninga følgjer opp St.meld. nr. 19 (1999-2000) og vil vere ein integrert del av verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon. Produkta som skal inngå i merkeordninga kan omfatte både volumprodukt og meir lokale produkt retta mot nisjar i marknaden. Samla sett vil dette legge til rette for auka lønsemd for næringa og auka høve til val for forbrukaren.

Utviklinga i næringsmiddelindustrien

Foredling og omsetning av jordbruksvarer ligg i hovudsak utanfor jordbruksavtalen sitt verkeområde. Det skjer likevel ein gjensidig påverknad mellom primærproduksjonen og foredlings- og omsetningsledda i matvaresektoren. Marknads-

ordninger og handelspolitiske rammevilkår er viktige for næringsmiddelindustrien og omsetningsledda, og landbrukspolitikken må i større grad ha auka fokus på alle ledd i matvarekjeda.

Foredlings- og omsetningsledda er viktige både for sysselsetting og verdiskaping, inntektsmoglegheiter i primærjordbruket og for produkttilbod og servicenivå til forbrukarane. Regjeringa ønskjer reell konkurranse i verdikjeda, og vil følge med i utviklinga i dei ulike ledda i matvarekjeda.

Produksjons- og marknadstilpassing

Overproduksjonen dei siste åra har påført produsentane store inntekts- og medverka til uønskete samfunnsøkonomiske kostnader. I 2000 var det ei vesentleg forbetring i marknadsbalansen. Momsreduksjonen på mat frå 1. juli 2001 og moglege reaksjonar frå forbrukarane på situasjonen rundt kugalskap og munn- og klauvsjuka i Europa, kan medverke til at ein kan redusere overproduksjonen av norske produkt ytterlegare.

Innanfor kjøtproduksjonen var det i 2000 ein liten prisnedgang på grunn av overproduksjon, og dette gjaldt i størst grad storfekjøtt. For dei andre produksjonane var det i 2000 tilnærma balanse mellom produksjonsvolum og avsetning. Dette medførte at jordbruket for ein stor del unngikk ekstrakostnader til marknadsreguleringstiltak.

Regjeringa legg til grunn at prisfastsetjinga gjennom avtaleprisane skal vere eit hovudverkemiddel for å regulere jordbruksvaremarknadene. Det generelle verkemiddelsystemet skal medverke til at ein unngår permanente problem med overproduksjon. Likevel kan det i situasjonar med overproduksjon vere aktuelt med meir omfattande tiltak for å tilpasse marknadsført varemengde til avsetningsmoglegheitene slik at jordbruksavtaleprisane kan bli realisert. Den statlege medverknaden til slike tiltak vil vere avgrensa til at regulering kan skje i høve til registrerte dyretal eller omsetningstal i jordbruksavtalen sine støtteordningar. Statens landbruksforvaltning, som sekretariat for Omsetningsrådet, kan medverke i forvaltninga av slike tiltak.

Ein meir open konkurransesituasjon krev ei offensiv utnytting av dei moglegheitene som ligg føre. Det gjeld å nytte marknadssignal og tilpasse produksjonen til marknaden, med særleg vekt på auka utvikling av nye produkt og tenester det er etterspørsel etter. Departementet vil gjennom verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon medverke til høgare verdiskaping både innan primærproduksjon og foredling gjennom betre

utnytting av marknadsmoglegheitene. Satsinga på økologisk landbruk er òg sentral i denne samanhengen.

Inntekt og levekår

Innanfor dei rammene som importvernet og andre omsyn i politikken set, vil ein gjennom landbrukspolitikken leggje til rette for at næringsutøvarane i landbruket skal få moglegheiter for utvikling av inntekt og levekår på linje med resten av befolkninga. Materialet frå Budsjettnemnda for jordbruket viser at jordbruket hadde ei svakare inntektsutvikling enn andre yrkesgrupper frå 1990 til 2000. Etter ei positiv utvikling frå 1997-1998 blei vederlag til arbeid og eigenkapital redusert med 1 milliard frå 1998-1999. Frå 1999-2000 økte jordbruket sitt vederlag til arbeid og eigenkapital med 5,6 pst., som pr. årsverk utgjorde ei inntektsauke på 10,7 pst.

Hovudårsaka til dette ligg i det omfattande oppkjøpet av mjølkekvoter i 2000 som er inntektsført sektoren med 667 mill. kr i 2000, mot 189 mill. kr i 1999 og 97 mill. kr i budsjettet for 2001. Levekårsgranskningane viser at hushaldsinntektene i jordbruket er om lag på linje med resten av befolkninga.

Ut frå ein samla vurdering av alle aktuelle tilpassingsmoglegheiter og inntektsverknader av ulike element, legg jordbruksavtalen for avtaleåret 2001-2002 eit grunnlag for at aktive utøvarar i jordbruket kan få ein inntektsutvikling og sosiale vilkår på linje med andre grupper i samfunnet. I denne vurderinga er det tatt omsyn til at det gjennomførast ein fordelingsprofil til fordel for jordbrukarar som har jordbruket som ein viktig del av dei samla inntektene. Elementa som inngår i ramma vil gi auka inntektsmoglegheiter i jordbruket på i alt 40 mill. kr for avtaleåret 2001-2002. Målprisane blir med verknad frå 1. november 2001 auka med 300 mill. kr på årsbasis. Inntektsfrådraget ved utrekning av alminneleg inntekt frå jord- og hagebruk ved skattelikninga er ført vidare.

I tillegg er det ei rekkje forhold utanfor jordbruksavtalen som er med å avgjere kva for inntektsutvikling jordbruket oppnår. Regjeringa vil styrkje bøndene si rolle som sjølvstendig næringsdrivande.

Miljøpolitikken i jordbruket

Landbruket har dei seinare åra lagt ned ein stor innsats for å bli meir miljøvennleg. Verkemidla som blir nytta har eit breitt verkeområde. I tråd

med dei signala som blei gitt i St.prp. nr. 75 (1998-1999) og prinsipp nedfelt i St.meld. nr. 19 (1999-2000), arbeider ein med eit miljøprogram for landbruket, samt innføring av miljøplan for den enkelte driftseining. Formålet med miljøprogrammet er gi ei betre målretting og koordinering av verkemidla med miljøeffekt. Miljøplanane skal vere eit plan- og dokumentasjonsverktøy i forhold til miljøtilstand og gjennomføringa av miljøtiltaka på den enkelte driftseining. Ein legg spesiell vekt på samordning med Kvalitetssystem i landbruket (KSL). Utforming av miljøprogram og miljøplan skjer i samarbeid mellom avtalepartane. Ei utprøving av miljøprogram og miljøplan er sett i gang i Østfold, Akershus og Oppland. Ein tek sikte på innføring av miljøplan for heile landet frå 2003.

Vansjø har gjennom fleire år hatt store problem med kvaliteten på drikkevatnet. Regjeringa vil setje inn ein auka innsats i forhold til forureining frå jordbruket og frå avløpssektoren. Regjeringa vil, i samråd med bøndene sine organisasjonar avsette 3 mill. kr over Landbrukets utviklingsfond. Lokale og regionale styresmakter får ansvaret for å bruke midlane effektivt i forhold til miljømåla. Regjeringa vil foreslå at ein stiller mjølkekvotar til disposisjon for nedslagsfeltet til Vansjø i dei kommande forhandlingane om kvotar på mjølk. Frå Miljøverndepartementets budsjett vil det bli sett av 2 mill. kr til dette nedbørsfeltet til eit krafttak frå kommunene sin side når det gjeld problema i avløpssektoren og til eit pilotprosjekt for oppfølging av rammedirektivet for forvaltning av vatnressursar.

Resultatkontroll og overvaking av jordsmonn og kulturlandskap skal sikre kvalitet i gjennomføringa av miljøtiltak og dokumentere miljøtilstanden og effektane av miljøarbeidet. Resultatkontrollen er òg knytt til internasjonale prosessar der arbeidet med kulturlandskap er viktig for å ivareta norske interesser.

Det er ei målsetting at 10 pst. av det totale jordbruksarealet skal vere økologisk innan 2010, jf. St.meld. nr. 19 (1999-2000). I tråd med dette, legg Regjeringa i budsjettforslaget opp til å styrke satsinga på økologisk landbruk med 50 mill. kr. Satsinga tar utgangspunkt i heile verdikjeda frå jord til bord. For å utnytte enkelte regioner sine føremoner i raskt å auke den økologiske produksjonen, tek ein sikte på å gjennomføre nasjonale pilotprosjekt i fleire regionar. Ein tar òg sikte på å styrke rettleiings-, informasjons- og marknadsarbeid. For nærare omtale av satsinga på økologisk jordbruk viser ein til kap. 1150 og St.prp. nr. 92 (2000-2001).

Distrikts- og strukturpolitikken

Det er ei viktig målsetjing for regjeringa å sikre hovudtrekka i busetjingsmønsteret. Ei stabil busetjing er ein viktig føresetnad for å kunne realisere viktige samfunnsmål knytt til ressursutnytting, miljø, velferd og trivsel. Som basisnæringar for busetjinga i distrikta må ein gi primærnæringane økonomiske og sosiale rammevilkår som kan sikre rekruttering og utnytting av lokale ressursar. Det blir vidare lagt til rette for utviklinga av alternative arbeidsplassar i tilknytning til landbruket, særleg for kvinner.

Resultatkontrollen til Budsjettnemnda for jordbruket viser at distrikta held oppe sin del av jordbruksarealet og den samla jordbruksproduksjonen. Sidan 1990 har totalt jordbruksareal i drift auka med ca. 4 pst. Det har dei siste tiåra vore ein nedgang i talet på bruk i drift og sysselsetjinga i landbruket målt i årsverk. Den årlege relative nedgangen i talet på bruk i drift har vore større på 90-talet enn frå 1985-1990. Nedgangen i arbeidsforbruk flata noko ut først på 1990-talet, men har seinare auka noko igjen. Gjennomsnittleg areal pr. bruk aukar, og dette var i 2000 på 155 dekar pr. bruk. Det blir òg vist til kap. 3 i St.prp. nr. 92 (2000-2001).

Gjennom Landbrukets utviklingsfond blir det gitt tilskott til viktige infrastrukturtiltak innanfor det tradisjonelle jordbruket. Departementet legg vekt på tiltak som kan redusere kostnadene og medverke til framtidsretta produksjonsopplegg. I jordbruksoppgjeret 2001 blei avsetninga til investeringar i tradisjonelt jordbruk auka frå 252 mill. kr til 273 mill. kr, jf. òg avsnittet om næringar i tilknytning til landbruket.

Handelspolitiske rammevilkår

Utforminga av importsystemet er viktig for jordbruket. Eit solid importvern som gir preferansar for norsk produksjon av jordbruksvarer er ein berebjelke i landbrukspolitikken, og vil vere ein viktig del av ein politikk som skal setje landbruksnæringa i stand til å oppfylle viktige samfunnsmål. Utforminga av pris- og marknadssystema i jordbruket må skje innanfor rammen av importvernet.

WTO-avtalen som trådte i kraft 1. januar 1995, fører med seg plikter og rettar når det gjeld grensevern, internstøtte og eksportstøtte. Medlemslanda i WTO var forplikta til å starte opp nye forhandlingar om m.a. landbruk før år 2000. Status i desse forhandlingane er det gjort nærmare greie for i kapittel 1.4.5.

Regjeringa legg stor vekt på landbruket si multifunksjonelle rolle i forhandlingane i WTO. På bakgrunn av dei viktige nasjonale interessene som er knytt til landbruket, vil denne sektoren vere eit viktig tema i dei vidare forhandlingane.

Beredskapstiltak

Beredskapstiltaka under Landbruksdepartementet, og den generelle mat- og landbrukspolitikken, medverker til ein tilfredsstillande matsikring i landet i fredstid, ved kriser og i krig. Tiltaka er ein viktig del av den samla forsyningsberedskapen. Ei anna side ved matvareberedskapen er å sikre den norske forbrukaren trygge matvarer. Landbruksdepartementet deltek i kriseutvalet for atomulykker.

Samarbeidsprosjektet *"risiko- og sårbarheitsanalyse over forsyningssituasjonen i Nord-Noreg"* mellom Nærings- og handelsdepartementet og Landbruksdepartementet er planlagt avslutta i 2001. Formålet med prosjektet er å gi grunnlag for vidare arbeid med forsyningsberedskapen i høve til trusselbiletet og strukturen i heile matvarekjeda i Nord-Noreg.

Effektivisering av verkemiddelbruken

Både St.meld. nr. 19 (1999-2000) og komitéinnstillinga føreset ein gjennomgang av verkemiddelbruken i landbrukspolitikken med sikte på ei betre målretting og forenkling.

Regjeringa legg vekt på å vurdere den samla effekten av alle verkemidla som påverkar mat- og landbrukssektoren: importvernet, dei økonomiske verkemidla over jordbruksavtalen, administrative og juridiske verkemiddel og skatte- og avgiftstiltak. Samtidig må det gjerast kontinuerlege politiske vurderingar om verkemiddelbruken i forhold til målkonfliktar.

Verkemidla skal utformast med sikte på auka forbrukarretting og auka konkurranse i verdikjeda og det er ei hovudutfordring å utforme dei økonomiske verkemidla slik at ein kan nå samfunnsmåla mest mogleg effektivt. For ein nærare omtale av verkemiddelbruken i jordbrukspolitikken viser ein til kap. 1150.

Skogbruk

Mål

Stortinget si behandling av St.meld. nr. 17 (1998-99) syner at det er brei semje om skogpolitikken framover. Regjeringa vil i tråd med meldinga føre

ein aktiv skogpolitikk for å styrkje bidraget frå skogen til velferd og nytte, til ei meir berekraftig samfunnsutvikling og i utviklinga av levande bygder. Det er eit stort potensial for auka verdiskaping i skogsektoren. Måla i skogpolitikken er derfor at:

- verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast og
- skogsektoren skal medverke til å løyse viktige miljøoppgåver.

Ei aktiv og langsiktig ressursforvaltning er nødvendig for å nå desse måla. Det er ein føresetnad at dei som eig eller har råderett over skogressursane er medvitne om dette og om forvaltaransvaret dei har.

Status

Det er knytt store verdier til skogen i Noreg. Bruttoproduksjonsverdi har dei seinare åra vore på 35-40 mrd. kr, og det er årleg eksportert skogprodukt for om lag 15 mrd. kr. I mange kommunar er det store skogressursar som kan medverke til livskraftige lokalsamfunn. Den trebrukande industrien er ei typisk distriktsnæring med verksemd i meir enn 300 av landets kommunar.

Skogsektoren arbeider i ein internasjonal marknad med raske endringar. Utviklinga i marknaden, både internasjonalt og nasjonalt, har dei siste åra endra rammevilkåra for den skogbaserte næringsverksemda og lønnsemda har vore fallande. Det er lite som tyder på at forholda skal betre seg dei næraste åra. Industrien har gått gjennom ei omfattande strukturrasjonalisering, noe som har ført med seg færre bedrifter og nedgang i den samla sysselsetjinga.

For å bidra til å motvirke den negative utviklinga innan skogsektoren ønskjer Regjeringa å auke satsinga på *Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke*. Gjennom ei satsing på nyskaping og marknadstilpassing i heile verdikjeda marknad-skog ønskjer Regjeringa å bidra til å betre lønnsemda innan sektoren, og såleis sikre verdifulle arbeidsplassar i distrikta.

Aktiviteten i skogbruket

Det har dei siste åra vore låg aktivitet i skogbruket. Avverkinga til sal og industriell produksjon har vore godt under 10 mill. m³ pr. år, og dei årlege investeringane har gått ned med nærare 50 pst. sidan slutten av 1980-talet. Ei rekkje forhold, som tømmerprisar, marknadskrav og teknologisk utvikling, har medverka til at store areal i dag er

mindre aktuelle for eit næringsmessig skogbruk. Det er samtidig ei aukande interesse for annan næringsaktivitet i utmarka, særleg knytt til jakt, fiske og utmarksturisme.

Skal skogen i framtida vere ei viktig kjelde til inntekt og sysselsetjing, krev det eit relativt høgt nivå på dei langsiktige investeringane samtidig som det blir sett inn tiltak i dei ulike ledda i heile verdikjeda. Det er eit potensial for utvikling av konkurranseevna i skogindustrien og betring av produktiviteten i alle ledd samtidig som produktutvikling og betre marknadstilpassing kan gi grunnlag for auka og betra utnytting av ressursane. Auka verdiskaping er òg avhengig av at avverkinga blir auka. Nyare undersøkingar av NIJOS og Skogforsk syner at ein stadig større del av skogen som er mogen for hogst står lenger bort frå veg. Ei lønnsam utnytting av desse tømmerressursane krev betre vegdekning. Ein har samstundes hatt aukande fokus på at ei slik aktivtetsauke kan gi negative miljøeffektar. Ytterlegare restriksjonar vil innebære at hogstkvantumet dei næraste tiåra må reduserast, noko som vil ha store negative konsekvensar særleg for dei næringsssvake delane av landet.

Skog og skogareal kan gi grunnlag for anna distriktsbasert næringsverksemd. Å leggje til rette for slik næringsutvikling er ei viktig oppgåve for Landbruksdepartementet i samarbeid med andre departement og med sentrale institusjonar som Statens nærings- og distriktsutviklingsfond og Noregs forskingsråd. Fylkesmannen er òg med i dette arbeidet gjennom m.a. regionale næringsutviklingsprosjekt.

Miljøprofilen i skogpolitikken

Departementet legg vekt på å utnytte skogsektoren sine moglegheiter for å løyse viktige miljøoppgåver. Skogen er ein fornybar ressurs som kan bidra til utvikling av meir berekraftig produksjon og forbruk fordi trevirket gir meir miljøvenlege produkt. Skogen sin innverknad på klimaet er til dels teken omsyn til i Kyotoprotokollen, men dei positive effektane av det langsiktige skogbruket i boreale strøk er ikkje tilstrekkeleg reflektert. Skogen si potensielle rolle i klimagassrekneskapen er seinast omtala i St.meld. nr. 54 (2000-2001).

Miljøprofilen i skogpolitikken er styrkt gjennom dei siste åra. Dette har skapt auka miljømedvit i heile skogsektoren. Dette er positivt for sektoren, men miljøarbeidet er samtidig ressurs- og arbeidskrevjande. Departementet arbeider derfor med å finne dei mest effektive opplegga med god balanse mellom det offentlege sitt ansvar og

det ansvaret som næringa må ta. Første fase i prosjektet for registrering av biologiske miljøkvalitetar (MiS) blei avslutta i 2000. Departementet følger no opp desse resultata og legg til grunn at dette fører med seg endringar i miljøarbeidet i skogsektoren.

Det aller meste av tømmeret som blir selt i Noreg er no sertifisert. Sertifiseringa bygger i all hovudsak på dei standardane som prosjektet Levende Skog arbeidde fram i 1998. Det har den seinare tida kome fram ei viss usemje mellom nærings- og miljøinteressane, noko som vitnar om at det framleis er ei utfordring å bli samde om nivået på miljøambisjonane.

Ein ønskjer i framtida å styrkje satsinga på bevaring av skogstrea sine genetiske ressursar, særleg i samband med arbeidet med frø- og planteforsyninga. Det blir òg arbeidd med å fastsetje ein nasjonal strategi for bevaring av dei genetiske ressursane i skog. Dette arbeidet skjer som eit ledd i det nordiske samarbeidet.

Verksemdområdet til Landbruksdepartementet er nært knytt til ei rekkje internasjonale prosessar. Det internasjonale skogpolitiske arbeidet har direkte verknad for skogbruket og skogindustrien i Noreg og for utforminga av den nasjonale skogpolitikken.

Departementet legg opp til at Noreg skal delta aktivt i internasjonal skogpolitikk. Noreg skal bidra konstruktivt til utvikling av berekraftig skogbruk globalt. Det er vidare viktig å sikre at internasjonale avtalar ivaretek norske interesser. Eit aktivt internasjonalt engasjement frå styresmaktene si side vil og vere til nytte for norske interesser og bedrifter i utlandet, og samtidig stimulere til opparbeiding av internasjonal skogkompetanse som kan vere nyttig nasjonalt.

Dei viktigaste prosessane for Noreg er Skogforumet i FN, FN-konvensjonen om klimaendringar og Kyotoprotokollen, FN-konvensjonen om biologisk mangfald, dei pan-europeiske ministerkonferansane for trygging av Europas skogar og det nordiske samarbeidet. Noreg deltek i koordineringa av Skogforumet og det europeiske samarbeidet, og overtek leiinga for det nordiske samarbeidet frå nyttår.

Verkemiddel

Skogbrukslova med tilhøyrande føresegner gir den juridiske ramma for skogbruket og er det grunnleggjande verkemidlet for å sikre berekraftig bruk av skogen. Lova legg til rette for å sikre produksjonsgrunnlaget og set krav om at det skal takast miljøomsyn. Departementet arbeider no

med å følge opp forslaget i Skogmeldinga om ein ny skogbrukslov.

Ordninga med skogavgift står sentralt i arbeidet for å nå investeringsmåla. Ordninga sikrar det finansielle grunnlaget for investeringane samtidig som ho aukar investeringsviljen hos skogeigarane ved at det er knytt skattefordel til bruken av skogavgifta til langsiktige investeringar i skogkultur og skogsvegar.

Ein kan ikkje hauste inntekt frå dagens investeringar i ny skog før om 50 til 120 år. Privatøkonomisk er derfor slike investeringar usikre for den einskilde skogeigar. For å sikre høg verdiskaping frå norsk skogbruk og skogindustri i dag og i framtida er det derfor nødvendig med statlege tilskott til dei langsiktige investeringane. Budsjettframlegget for 2002 inneber ei løyving til miljø- og næringstiltak i skogbruket på om lag 124 mill. kr. I tillegg er det totalt sett av 158 mill. kr til skogbrukstiltak over LUF. Samla forslag til løyving er på 282 mill. kr. Dette er 7,4 mill. kr mindre enn dei endelege løyvingane til skogbrukstiltaka i 2001.

Ei hovudutfordring i skogbruket framover er å auke lønnsemda i næringa m.a. gjennom auka foredling og ein meir differensiert utnytting av trevirket. For å bidra til ei positiv utvikling er budsjetttramma til verdiskapingstiltak auka frå 25 mill. kr til 32,5 mill. kr. Framlegget til løyving over statsbudsjettet inneber at tilskottsramma til skogkulturtiltak blir redusert med 20 mill. kr. Innanfor denne ramma vil ein prioritere oppbygging av ny kvalitetsskog. Budsjettreduksjonen gjer likevel at slike tiltak i sterkare grad må finansierast med skogavgift og andre private midlar. Av løyvinga til skogbrukstiltak over LUF vil tilskott til skogbruksplanlegging, skogsvegar, miljøtiltak og opplæring bli prioritert.

I miljøarbeidet bygger departementet på alle dei verkemidla som er til rådvelde for gjennomføring av skogpolitikken, og ein vurderer òg behovet for nye verkemiddel i miljøarbeidet.

Prosjektet Miljøregistreringer i skog vil bli følgt opp med krav om miljøregistreringar i nye skogbruksplanar, ved vegbygging og drift i områder med vanskelege driftsforhold.

Resultatoppnåinga framover set høge krav til økologisk kunnskap og krev brei informasjonsinnsats og sterk vekt på kompetansebyggjande tiltak.

Det vil òg i 2002 vere nødvendig å gjennomføre særskilde tiltak for å nå reell likestilling i næringa. Departementet ønskjer å sjå effekten av ulike verkemiddel i eit likestillingsperspektiv. Som eit ledd i dette arbeidet, vil departementet gjennomføre ei likestillingsvurdering av *Verdiska-*

pingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke, jf. pkt. 1.4.2 i innleiinga.

Skogforskinga nasjonalt og deltaking i internasjonal skogforsking står sentralt i den samla verkemiddelbruken i skogpolitikken. Forskingsinnsats er avgjerande for å sikre vidare utvikling av kunnskapsgrunnlaget for skogbruket.

Reindrift

Mål

Reindriftspolitikken er tufta på to sjølvstendige grunnlag – ein næringspolitisk produksjonsverdi og ein samepolitisk kulturverdi.

Mål og retningslinjer for reindriftspolitikken er trekte opp i St.meld. nr. 28 (1991-92) og Stortinget si behandling av denne, jf. Innst. S. nr. 167 (1991-92). I innstillinga er *"Ein berekraftig reindrift"* konkretisert nærare til å vere økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Desse tre måla står i ein innbyrdes samanheng; Økologisk berekraft gir grunnlag for økonomisk berekraft, og saman gir økologisk og økonomisk berekraft moglegheit for å utvikle kulturell berekraft.

Økologisk berekraft føreset at det blir lagt avgjerande vekt på å forvalte beitegrunnlaget slik at beitebalansen blir sikra. I områder der det har vært overbeiting må balansen rattast opp igjen. Dette for å gi næringen moglegheiter for utvikling på kort og lang sikt. Beitepotensialet må sikrast ved regulering av reintalet og ved at det ikkje blir gjennomført for sterke inngrep i ressursgrunnlaget. Dette gjelder også næringa sine egne inngrep i form av kjøring på barmark, bygging av gjerde o.l. Forhold knytt til m.a. god dyrehelse og god avkastning gjennom tilstrekkeleg beite står særdeles sentralt. Målsettinga føreset vidare at beitebruk og tilpassing av drifta skjer på naturen sine premisser og på ein måte som ivaretek og utviklar miljøkvalitet i vid forstand.

Økonomisk bærekraft føreset at det blir stilt krav om produktivitet, innteningsevne, kostnads-effektivitet, inntektsnivå og inntektsfordeling. Vidare at det er eit rimeleg forhold mellom næringa sitt ressursgrunnlag og talet på menneske som kan ha inntekt frå og sysselsetting i reindrifta med dei moglegheiter marknaden gir. Ei betre utnytting av potensialet for verdiskaping er heilt sentralt. Her blir det vist til moglegheitene som ligg i et større mangfald av produkt basert på lokal kultur og tradisjon, lokal vidareforedling, utnytting av bi-produkt, samt ei optimalisering av den biologiske produksjonen.

Reindrifta er avgjerande for bevaring og utvikling av samisk busetting, kultur og språk. Ved behandlinga av reindriftsmeldinga slutta Stortinget seg til at *kulturell bærekraft* inneber at næringa må sikrast ei stabil sysselsetting og inntekt. Dette er særskild viktig i det sør-samiske området som har ei spreidd og talmessig lita samisk befolkning. Klare rammevilkår for den enkelte næringsutøver gjer at reindrifta vil kunne styrke sin posisjon som sentral bærer av samisk kultur.

Målsettinga føreset at reindriftpolitikken blir sett i ein samepolitisk samanheng. Sikring av næringa sitt materielle grunnlag blir i en slik samanheng ein nødvendig del av en kulturell bærekraft. Næringen har stor verdi for å halde oppe og utvikle eit levande samisk samfunn - økonomisk, sosialt og kulturelt.

Status og verkemiddel

Det totale økonomiske resultat for reindrifta er svakt. Det er store skilnader mellom reindriftsområda. Lønsemnda er høgast i dei sørlege områda. Samanlikna med andre yrkesgrupper er ikkje resultatet i dei reindriftsområda med høgast vederlag til arbeid og eigenkapital spesielt gode. Situasjonen for reindrifta i delar av Finnmark og Troms har vore og er vanskeleg grunna stor svikt i produksjonen. I inneverande år er det innvilga 20 mill. kr i ekstraordinær støtte etter store tap og produksjonssvikt.

Reindriftsavtalen er, ved sida av reindriftslova, den viktigaste operative reiskapen for å følgje opp måla og retningslinene i reindriftpolitikken. Bruken av de økonomiske verkemidla blir fastsett m.a. ut frå reindriftslova si intensjon og reglar.

Spesielt tilpassinga av reintal til beiteressursane i Finnmark, men òg fordeling av reintal og inntekt, har stått sentralt når ein har drøfta innretninga av dei økonomiske verkemidla over reindriftsavtalen dei seinare åra. På same måten har optimalisering av produksjonen vore eit viktig delmål.

Dei økonomiske verkemidla over reindriftsavtalen har ikkje hatt den ønska effekten på tilpassinga av reintalet fordi dette er frivillige ordningar. I samband med forhandlingane om reindriftsavtale for avtaleåret 2000/2001 ble avtalepartane einige om å trekke dei forhold som gjeld reguleringar ut av forhandlingane. Det blei føresett at desse forholda følgjast opp gjennom reguleringar med heimel i reindriftsloven. Arbeidet med å bringe reintalet i balanse med beitegrunnlaget har høgaste prioritet og er en oppfølging av vedtak III i Innst. S. nr. 216 (1999-2000) som gjeld

fastsetjing av øvre reintal per distrikt. Reindriftsforvaltninga er ferdig med utgreiinga knytt til øvre reintal i Vest-Finnmark reinbeiteområde og utgreiinga har vore ute på høyring. Reindriftsstyret vil etter dette ha grunnlag for å fastsette rammevilkåra for distriktet i løpet av inneverande år. Utgreiinga for Aust-Finnmark reinbeiteområde er starte opp og ein tek sikte på å fastsetje øvre reintal for dette distriktet i 2002. Områdestyret vil følgje opp ved å fastsette øvre reintal per driftseining når øvre reintal per distrikt er fastsett. Områdestyra vil berre gripe inn i prosessen i dei distrikta som ikkje sjølv blir samde om fordeling av reintal mellom driftseiningane. Andre viktige moment for å skape tryggje rammevilkår er å fastsetje og overhalde beitetider, samt distriktsinndeling av fellesbeitene (vår/haust- og vinterbeitene). Dette er forutsett gjennomført innan utgangen av mars 2002.

Det er viktig å stimulere til auka verdiskaping i reindrifta, m.a. gjennom lokal foredling. Det er derfor sett av 7 mill. kr til eit verdiskapingsprogram, jf. kap. 1151.

Verkemidla under reindriftsavtalen er nærare omtalt i St.prp. nr. 70 (2000-2001) og i kap. 1147 og 1151.

Næringar i tilknytning til landbruket

Mål

For at landbruket skal kunne medverke til å oppfylle viktige samfunns mål knytt til busetnad og verdiskaping, er det ein sentral strategi å legge til rette for heilskapleg næringsutvikling innan og i tilknytning til landbruket gjennom småskalaprega verksemdar og lokalsamfunnstiltak. Det er òg eit mål å fremme berekraftig produksjon, og bruk av natur og utmark.

Landbruket har store moglegheiter til å medverke til auka bruk av bioenergi i landet. Departementet legg vekt på kontinuerleg å utvikle bioenergi som eit ledd i næringsutvikling, og vidareutvikle landbruket sine moglegheiter for å auke bruken av fornybare energikjelder. Arbeidet i Landbruksdepartementet må sjåast i samanheng med Olje- og energidepartementet si satsing på omlegging av energibruk og -produksjon.

Departementet legg vekt på å leggje til rette for ei utnytting av dei moglegheitene som ligg i eit breiare tilbod av landbruksprodukt retta mot ulike segment i marknaden. I denne samanheng er *Verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon* etablert for å auke verdiskapinga gjennom innovasjon og mangfald på matområdet. I dei to

første åra er hovudmålsetjinga for programmet å leggje til rette for primærnæring og næringsmiddelindustri som utviklar spesialiserte matvarer av høg kvalitet for sal i marknader med høg betalingsvilje. Dette inneber at Verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon involverer alle ledd i verdikjeda både fagleg og økonomisk, samstundes som programmet er målretta og handlingsorientert. I arbeidet med programmet er det utpeika strategiske handlingsområde som rettar seg mot nyskaping og bedriftsutvikling, distribusjon og marknadskanalar, kompetansebygging, mobilisering og nettverk, etablering av ein offentlig merkeordning for landbruksprodukt basert på geografisk opphav, tradisjon og eigenart samt ein gjennomgang av det institusjonelle rammeverket som verkar på entreprenørskap og nyskaping i næringa.

Ansaret for gjennomføringa av Verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon er lagt til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond i eit samarbeid med fylkesmannen si landbruksavdeling. Det er samstundes oppretta ei styringsgruppe for programmet som skal utvikle og konkretisere programmet sine strategiar, arbeide med overordna prioriteringar og uttale seg om prinsipielle saker og større prosjektsøknader.

Konkurransestrategiar for norsk mat blei etablert som eit eige utviklingsprogram for landbruket i 1992 for å medverke til å styrkje konkurransekrafta i norsk landbruk og næringsmiddelindustri. I Konkurransestrategiar for norsk mat inngår Kvalitetssystem i landbruket, Konsulent og nettverksprogrammet, Senter for produktinnovasjon, Godt Norsk merket og Eksportprogrammet. I samband med oppstarten av Verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon i 2001 blei delar av Konkurransestrategiar for norsk mat integrert som ein del av produkt- og bedriftsutvikling og kompetansesatsinga i verdiskapingsprogrammet. Samstundes med dette blei midlane til Konkurransestrategiar for norsk mat overført til LUF. Konkurransestrategiar for norsk mat skal evaluerast og evalueringa skal vere ferdig før jordbruksforhandlingane i 2002.

Regjeringa har vedteke at det skal arbeidast med ein handlingsplan for hestenæringa. Næringa har ein aukande tyding i landbruks-samanheng, og har eit utviklingspotensial på fleire område. Allereie i dag omfattar den samla sysselsettinga i hestenæringa 4 000 – 4 500 årsverk og verdiskapinga er rekna ut til meir enn 1 mrd. kr. Arbeidet med planen inneber eit breitt samarbeid med berørte organisasjonar og fag-

miljø. Det blir teke sikte på å avslutte arbeidet i 2002. Hestenæringa ønskjer å bli vel akta og få aktiv støtte til vidare utvikling av næringa.

I handlingsplanen vil ein m.a. drøfte følgjande element:

- forskning- og utviklingsstrategiar for hestenæringa
- utdanning
- hest brukt i helse, rehabilitering
- generell næringspolitikk

Når det gjeld skattlegging av hestehald, er det frå næringa si side presisert at næringsverksemda er langsiktig og at regelverket kan ha blitt forvalta ulikt i ulike delar av landet. Det er ikkje tatt stilling til om handlingsplanen skal innehalde forslag til endringar i skatte- og avgiftsregelverket. Landbruksdepartementet vil i samråd med Finansdepartementet gå gjennom skatte- og avgiftsspørsmål knytt til hestenæringa.

Status

Bygdeutviklingsmidlane er det viktigaste verket middelet for å fremme lønnsam næringsutvikling innan og i tilknytning til landbruket. Næringa si interesse for ordninga er stor i alle delar av landet, og satsinga syner gode resultat i form av arbeidsplassar og positive ringverknader i distrikta. I 2000 blei det registrert ein forventa auke i sysselsettinga på over 900 årsverk innanfor ordningane Etablerarstipend, Bedriftsutvikling, og Investering i tilleggsnæring. Litt over halvparten gjeld sysselsetting for kvinner. For desse ordningane ligg det eit gjennomsnittleg tilskott på 191 000 kr bak kvart forventa årsverk, medan det i gjennomsnitt for "kvinneårsverka" er 141 000 kr i tilskott. 67 pst. av dei bedriftsretta BU-midlane blei i 2000 brukt innanfor det distriktspolitiske verkeområdet. Talet kan ikkje direkte samanliknast med talet for 1999 då det ligg andre grupperingar til grunn.

Årsrapporten for BU-ordninga syner at det i 2000 blei løyvd totalt 544 mill. kr til utviklingstiltak på fylkesnivå, medan det blei løyvd 248 mill. kr til investeringar i tradisjonelt landbruk.

Innan skogsektoren legg departementet vekt på at midlane nyttast aktivt til å fremme lokal vida-refoedling av tre, effektiv utnytting av marknaden for skogprodukt og ein variert utnytting av skog- og utmarksressursane. Det er ei viktig oppgåve å stimulere til nettverkssamarbeid og å sikre samanheng og kommunikasjon gjennom heile verdikjeda.

Verkemiddel

Den samla næringspolitikken for bygdene må styrkje og utvide næringsgrunnlaget for å utvikle eit allsidig næringsliv og eit breiare grunnlag for

busetjingsmønsteret. Det blir lagt vekt på ein utviklingsretta bruk av verkemidlane der det er eit strategisk mål å mobilisere ressursane gjennom lokale prosessar.

Kap. 1140 Miljø- og næringstiltak i jordbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
50	Driftsøkonomiske analysar m.m., NILF	17 779	18 045	18 633
77	Miljøretta prosjektarbeid m.m., <i>kan overførast</i>	33 200	36 102	36 281
	Sum kap. 1140	50 979	54 147	54 914

Post 50 Driftsøkonomiske analysar m.m.

Ein stor del av verksemda til NILF er oppgåver til støtte for forvaltninga på oppdrag frå Landbruksdepartementet. Den forvaltningsretta verksemda til NILF kan ein dele inn i verksemdområda sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket, næringsøkonomisk dokumentasjon og analyse samt driftsøkonomisk rettleiing og styring. NILF har òg andre særskilde utgreiingsprosjekt der Landbruksdepartementet er direkte brukar.

Gjennom arbeidet med driftsgranskingane, analysebruk og økonomiforsøk blir det utarbeidd føretaksøkonomisk statistikk og analysar som grunnlag for forvaltning, forskning, undervisning, rådgiving og næringsverksemd, jf. kap. 1137. Materialet blir m.a. brukt som grunnlag for jordbruksforhandlingane og som grunnlag for utforming av ulike verkemiddel i landbrukspolitikken. Vidare medverker NILF til å dokumentere sentrale utviklingstrekk i landbruk, matvareindustri og matvaremarknader og til å overvake internasjonale handelsavtalar og internasjonale marknader. NILF skal òg medverke til betre organisering og leiing av landbruksføretak.

Resultatrapport 2000

Driftsgranskingane for 2000 omfatta 970 rekneskap frå yrkesmessig drivne bruk. Det er i tillegg utarbeidd eigne analysar som viser økonomisk utvikling i jordbruket på Austlandet, Vestlandet, Trøndelag og i Nord-Norge. Det blei i 1999 starta eit større vidareutviklingsarbeid på driftsgranskingane, med sikte på å tilpasse granskingane til behovet i framtida og å betre utbyttet av dei ressursane som blir sett inn i arbeidet. Prosjektet skal

avsluttast i 2001, og det nye systemet vil bli teken i bruk frå 2002.

Innanfor sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket er det i tillegg til dei faste årlege oppgåvene jobba med ein revisjon av referansebruksberekningane som vil gi eit system meir direkte basert på driftsgranskingane. Systemet vil vere operativt i løpet av 2001.

Av andre oppgåver har NILF mellom anna arbeidd med prosjekt om prisutvikling på mat, prisutjevningsordninga på mjølk og analyse av kostnadene knytt til forbod mot bruk av kjøttbeinmjøl i fôr til produksjonsdyr.

Mål og resultatkrav i 2002

NILF skal i 2002 føre vidare dei faste oppgåvene dei har for forvaltninga. NILF bør framleis leggje vekt på å gjere både data og analysar lettare tilgjengeleg for brukarane. Generelt legg departementet til grunn ei vidare utvikling av datamateriale som kan nyttast i samband med utforminga av landbrukspolitikken.

Innanfor området driftsøkonomiske data og analysar skal NILF innføre nye rutinar for driftsgranskingane i samsvar med den gjennomgangen som er gjort med sikte på betre organisering og ressursutnytting. Det er ei sentral oppgåve for NILF å utvikle dokumentasjonsverktøy knytt til tilhøva i matvaremarknaden. NILF skal i samarbeid med andre relevante kompetansmiljø utarbeide analysar og løpande dokumentasjon om prisdanning på ulike ledd i matkjeda. Det er òg behov for å dokumentere årsaker til ulik prisdanning i Noreg og våre naboland.

Det er grunn til å tru at det vil bli ei aukande fokusering på internasjonale marknader og inter-

nasjonal handelspolitikk dei næraste åra. Innanfor verksemdområdet driftsøkonomisk rettleiing og styring er det behov for å arbeide vidare med å utvikle betre verktøy for driftsleiing og økonomistyring. Det er eit mål å auke brukarfinansieringa for desse produkta.

Post 77 Miljøretta prosjektarbeid m.m.

Mål

Måla for det miljøretta prosjektarbeidet er:

- registrere og dokumentere miljøtilstand og miljøtilpassingar med omsyn til erosjon, tap av næringssalt, miljøgifter og spreiding av plantevernmidlar
- auke kunnskapen om miljø i forvaltninga og næringa for å fremme ei sikker og rask omstilling til meir miljøvenleg drift
- utvikle tiltak som gjer kommunane og dei regionale styresmaktene betre i stand til å sikre arealressursane og dokumentere landbruket sine interesser i arealplanprosessane og i arbeidet med verneplanar
- medverke i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet
- gi grunnstøtte til einskilde frivillige organisasjonar som alle arbeider innanfor det landbrukspolitiske området for å medverke til å halde oppe det miljø- og ressursretta arbeidet i organisasjonane
- gi støtte til Nordisk genbank for husdyr, som skal vere eit nordisk senter for dokumentasjon og bevaring av variasjonen i det dyregenetiske materialet i dei nordiske land.

Ein vil òg nytte midlar over posten til sentrale fellestiltak retta mot fylkesmannsembeta og kommunane og til oppfølging av St.meld. nr. 31 (2001-2002).

Resultatrapport 2000

Resultatkontrollen viser at miljøtiltaka i hovudsak går som planlagt. Det er likevel behov for at miljøarbeidet held fram og styrkjast for å nå måla.

Programmet Jordsmonnovervaking gir kunnskap om erosjon og utslipp av næringsstoff og plantevernmiddelrestar frå jordbruket. Resultata er såleis svært nyttige både for nasjonal og internasjonal rapportering og gir eit godt grunnlag for effektive miljøtiltak. Det er òg gitt midlar til eit utgreiingsprosjekt innanfor forureining. Dette skal gi grunnlag for auka kompetanse i forvaltninga.

Det er gjennomført prosjekt og tiltak når det gjeld overgang til meir miljøvennlege driftsmåtar, t.d. finansiering av nokre tiltak i Handlingsplan for redusert bruk av plantevernmidlar.

For å auke kunnskapen om miljø i næringa blei det innvilga midlar til Fylkesmannen sine landbruksavdelingar til informasjonstiltak knytt til miljøvennlege driftsformer i landbruket.

Det er òg i 2000 lagt vekt på å medverke i den internasjonale utviklinga av miljøarbeidet. Dette er m.a. arbeid knytt til oppfølging av Nordsjøplanen og arbeid innanfor OECD. I samband med dei komande forhandlingane i WTO er det ønskeleg å sette fokus på miljøspørsmål og det er gjennomført utgreiingar knytt til dette.

Planleggingssystem for balansert gjødsel blei støtta over posten. Ein har òg starta prosjekt om kadmium i kunstgjødsel i samarbeid med EU.

Det er gitt støtte til prosjekt som bidreg til å auke kunnskapen om landbruket og synleggjere landbruket sine interesser og verdiar i arealplanprosessar. Det har i 2000 vore fokus på prosjekt i tilknytning til tettstader og pressområde, samt prosjekt med auka planlegging og samhandling som mål, både på regionalt og lokalt nivå.

Nordisk genbank for husdyr (NGH) blei styrkt i 2000 gjennom auka nasjonal medfinansiering av verksemda på totalt 1,6 mill. danske kroner. Sju forskingsprosjekt blei ført vidare og ein ny strategi blei utarbeidd. Vidare har NGH innleidd eit nettverkssamarbeid med dei baltiske landa, noko som kjem i tillegg til NGH sitt totale internasjonale engasjement, m.a. i FAO og i fleire EU-prosjekt.

Det er starta arbeid med ein nasjonal plan for genetiske ressursar og ein handlingsplan for plantegenetiske ressursar.

Også i 2000 er det gitt støtte til einskilde frivillige organisasjonar. Formålet er å halde oppe miljø- og ressursarbeidet i organisasjonane. Støtta blei gitt i tråd med vilkåra.

Budsjettforslag 2002

For 2002 gjer ein framlegg om ei samla løyving under post 77 på 36,281 mill. kr.

Over posten er det sett av 9,22 mill. kr til ulike faglege prosjekt i landbruksforvaltninga regionalt og lokalt, m.a. knytt til satsinga på Geovekst og GIS og ulike faglege utfordringar og oppfølging av kommunane. Midlane vil òg bli nytta i samanheng med overføringa av oppgåver frå Fylkesmannen til fylkeskommunane, jf. St.meld. nr 31 (2001-2001) og omtale i kap. 1102.

Arbeidet med resultatkontroll, overvaking og miljødata blir ført vidare i 2002. Det skal m.a. rapporterast om resultata frå arbeidet på den femte Nordsjøkonferanse som skal haldast i Bergen i 2002.

Departementet legg vekt på å få til ei meir effektiv samordning av miljøarbeidet på sentralt, regionalt og lokalt nivå. I tillegg er det ein viktig strategi å auke presisjonen i miljøarbeidet. Det vil i samband med dette vere viktig å satse på kompetanseheving og lokal tilpassing av prosjekta.

For at landbruksforvaltninga skal bli betre i stand til å gjennomføre arealpolitikken, og ivareta jordverninteressene i arealplanprosessar, vil utviklingstiltak bli prioritert. Dette vil m.a. vere pilotprosjekt og prosjekt med stor overføringsverdi innan område som arealdokumentasjon og ressurskartlegging, landbruket i ulike planprosessar, fortetting og arealutnytting. Talet på søknader er aukande og Landbruksdepartementet prioriterer strengt mellom prosjekta.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt prosjekt om frivillig jordformidling er omtala under kat 15.30. Departementet vil òg i 2002 løyve midlar til prosjektet.

Som eit ledd i oppfølginga av planar for genetiske ressursar vil departementet styrke arbeidet nasjonalt gjennom eit nyoppretta norsk genressursråd. Departementet ynskjer å prioritere arbeidet med genetiske ressursar i våre kulturplanter, koordinert med aktivitetane i Nordisk genbank (planter), gjennom retta bevaringstiltak, kartlegging og nettverksbygging. Departementet vil òg leggje vekt på å bidra til ein høg prioritering av forvaltninga av genressursar innan relevante internasjonale fora.

Departementet legg vekt på det nordiske samarbeidet om genressursar, og ønskjer å styrkje Nordisk genbank for husdyr (NGH) si rolle som kompetansesenter og formidlar av informasjon.

Oppfølging av den nordiske strategien for husdyr-genetiske ressursar krev auka satsing frå genbanken i 2002. Departementet gjer derfor framlegg om å halde oppe den nasjonale satsinga på NGH på same nivå som i 2001 gjennom ei løyving på 1 mill. kr.

Biodiversitetskonvensjonen frå Riokonferansen vil bli følgd opp gjennom ein nasjonal handlingsplan for biologisk mangfald. Departementet vil òg prioritere arbeidet med Nordsjødeklarasjonen og medverke til utvikling av det internasjonale miljøarbeidet i OECD og Nordisk Ministerråd.

Innanfor løyvinga tek departementet sikte på å tildele til saman 13,608 mill. kr i grunnstøtte til einskilte frivillige organisasjonar som arbeider innanfor det landbrukspolitiske området, m.a. med faglege oppgåver knytte til husdyr- og planteproduksjon og alternative bygdenæringar. Departementet legg opp til å gi tilskott til desse organisasjonane: Det kgl selskap for Noregs vel 3 585 000 kr, Norske 4H 5 700 000 kr, Det norske hageselskap 1 160 000 kr og Nordnorsk hestesenter og Norsk Fjordhestsenter AS med til saman 2 000 000 kr. Resten, 1 163 000 kr, legg ein opp til å gi til Norges Standardiseringsforbund, Norges Dyrebeskyttelsesforbund, OIKOS, Biologisk Dynamisk forening, Norsk Gartnerforbunds planteskoleseksjon, Norsk Kolonihageforbund og som tilskott til fagtidsskrift. Ein legg opp til å auke støtta til Norges Dyrebeskyttelsesforbund i høve til 2000.

I tillegg til tilskotta som blir løyvde til Norske 4H og Det norske hageselskap over posten, vil desse organisasjonane i 2001 òg bli støtta gjennom at dei ikkje betaler for kontorlokale og kontortenester hos fylkesmannen si landbruksavdeling. Verdien av den indirekte støtta er rekna ut til om lag 2 mill. kr. Tilsvarende ordning gjeld for Det norske skogselskap.

Kap. 1142 Miljø- og næringstiltak i skogbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
50	Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket, Skogforsk	11 590	11 712	12 740
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 230	3 319	3 381
52	Omstillingstiltak NISK	5 000	2 000	
71	Tilskott til langsiktige investeringar og nærings-tiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	119 043	112 862	100 439
76	Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	17 597	23 174	23 415
	Sum kap. 1142	156 460	153 067	139 975

Mål og strategiar

Hovudmåla i skogpolitikken er at:

- verdiskapinga frå skogbaserte næringar skal aukast
- skogsektoren skal bidra til å løyse viktige miljøoppgåver

Aktiv og langsiktig ressursforvaltning er nødvendig for å nå desse måla slik at skogen kan haldast i hevd samtidig som ein tar vare på og utviklar miljøverdiane vidare. Det er ein føresetnad at dei som eig eller har råderett over skogressursane er medvitne om dette og om forvaltaransvaret dei har.

Fylkesmannen har som regional styresmakt ansvaret for å sette i verk den vedtekne skogpolitikken og leggje til rette for effektive og regionale tilpassingar. Fylkesmannen har òg ansvar for ein god dialog og kommunikasjon med kommunane, som er førstelinjeinstans for dei fleste skogpolitiske verkemidla.

Det er ei stor utfordring å få til betre lønnsemd og auka verdiskaping i skogsektoren. Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke som starta sommaren 2000, er viktig for å få til ei god samhandling mellom styresmaktene og næringa i dette arbeidet.

Verdiskapingsprogrammet er òg eit viktig innsatsområde for primærskogbruket. Utviklinga i næringa viser ei stadig fallande lønnsemd. Dette saman med reduserte tilskottsrammer har ført til at investeringane i langsiktige tiltak som skogkultur og skogsvegar er monaleg reduserte dei seinare åra, og aktiviteten ligg no klart under det nivå som blei omtalt i Skogmeldinga og i Stortinget si behandling av denne. Satsinga på verdiska-

pingsprogrammet og andre tiltak har som mål å få til auka verdiskaping og auka bruk av trevirke. Ei vellukka verdiskapingssatsing blir derfor særskild viktig for å motvirke den negative utviklinga i skogbruket.

Skogavgifta er den viktigaste finansieringskjelda for å sikre dei langsiktige investeringane i skogbruket. I tillegg kjem løyvingane over kap. 1142 og kap. 1150 (LUF) som skal brukast for å stimulere investeringsvilja hos skogeigarane og for å bidra til aktiv bruk av ressursane.

Det er òg andre tiltak som vil gi betre lønnsemd og investeringsvilje. Departementet legg derfor vekt på at endringane i regelverket for fastsetjing av pris på skogeigedomar bør gi auka motivasjon for omsetting av skogeigedomar og dermed auka aktivitet på eigedomar der det ikkje har vore særleg aktivitet i det siste. Departementet legg òg vekt på at næringa må ha gode og konkurransedyktige transportvilkår, og har derfor løyvd midlar til ulike kartleggings- og registreringstiltak knytt til vegnettet.

Landbruksdepartementet meiner at skogbruket treng ein god miljøprofil både av omsyn til skogmiljøet og for at næringa skal ha aksept i samfunnet og marknaden. Debatten kring skogbruk og miljø har blitt sterkare den seinare tida. Mest sentralt er kravet frå miljørådgjevarane om meir fredingsliknande miljøomsyn og at skogbruket sjølve må bere ein større del av kostnadene med slike tiltak. Det har òg vore usemje i oppfølginga av samarbeidsprosjektet *Levende Skog*. Denne usemja kan få negative konsekvensar for all den positive miljøomsatsinga som har vore i skogbruket dei siste åra. Det er òg fare for at aukande konflikt kring skogbruk og miljø vil føre med seg at så vel hogstkvantumet som investeringane i langsiktige

tiltak blir ytterlegare redusert. Ei slik utvikling vil vere svært negativt for den vidare satsinga på verdiskapingstiltak der eit av hovudmåla er å auke bruken av trevirke.

Skogbruket er òg eit viktig element i klimapolitikken, jf. St.meld. nr. 54 (2000-2001) "Norsk klimapolitikk". Skog og treprodukt bind store mengder karbon. I tillegg kan auka bruk av varige treprodukt gi forlenga karbonbinding, samtidig som treprodukt kan erstatte andre produkt med større klimagassutslepp i produksjon eller bruk (m.a. trekonstruksjonar til erstatning for betongkonstruksjonar, og bioenergi som erstattar fossil energi). Med framleis aktiv forvaltning av dei fornybare skogressursane kan ein nå målet om meir berekraftig produksjons- og forbruksmønster i Noreg.

Kvinner si deltaking i skogsektoren er framleis låg, og det er eit mål å auke denne. Dette er ei utfordring både for styresmakter og næringa. Departementet arbeider med å auke kvinner si deltaking i landbruket generelt, og støtter mellom anna organisasjonen *Jenter i Skogbruket* sitt arbeid og eit forskingsprosjekt om kvinner sin plass i ei skognæring under endring.

FoU-innsatsen er sentral for arbeidet med å forvalte skogressursane på ein best mogleg måte og for å auke verdiskapinga i skogbruket. Ein vil derfor bruke ein del av løyvinga over kapitlet til å sikre kunnskapsgrunnlaget for skogforvaltninga. Departementet vil understreke skognæringa sitt medansvar i FoU-arbeidet.

Resultatrapport 2000

Langsiktige investeringar

Aktiviteten i skogbruket har vist negativ utvikling sidan tidleg på 1990-talet med redusert avverking og lågare innsats på dei langsiktige investeringane. Reduksjonar i tilskottsrammene dei siste åra har ført til nedgang i investeringane i skogkultur. Det blei til saman investert 255 mill. kr i skogkultur i 2000, som er om lag det same som året før, men 23 mill. kr lågare enn i 1998. Totalt blei det planta til eit areal på 190 000 dekar og utført ungskogpleie på 386 000 dekar. I tillegg blei det gjennomført stammekvisting på 8 965 dekar. Markbereiing som dei siste åra har ligge på eit rimeleg høgt nivå, gjekk ned med knapt 2 000 dekar til 78 566 dekar i 2000.

Vegbyggingsaktiviteten i skogbruket gjekk ned i 2000 på same måte som den har gjort dei siste åra. Det blei bygd 166 km med nye skogsbilvegar og 573 km nye traktorvegar. Nybygginga er

med det redusert til 1/5 for bilvegar og 1/3 for traktorvegar samanlikna med det nivået ein hadde for 10 år sidan. I 2000 blei det i tillegg rusta opp 436 km gamle vegar til moderne skogsbilvegar. Med det har ombygginga halde seg om lag på same nivå dei siste 5 åra. Dei totale investeringane i skogsvegar i 2000 blei på 164 mill. kr. Det var på same nivå som i 1999. Resultatkontrollen som er gjennomført i fylka i høve til vegar som var ferdige i 2000, syner at miljøomsyn blir godt innarbeidd i tiltaka.

Vegbygginga er monaleg lågare enn det som ein reknar som naudsynt for å kunne nytte skogressursane på dei økonomisk drivbare areala. Med den forholdsvis låge aktiviteten ein har, vil det føre til lengre terrengtransport av tømmeret i åra framover. Det vil gi høgare driftskostnader og redusert hogst.

Verdiskapingsprogrammet

Departementet sette i gang *Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke* i 2. kvartal 2000. Det er starta opp ein rekkje aktivitetar og tiltak under leiing av Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND). Programmet er nærare omtalt under post 71.

Omstillingstiltak ved Norsk institutt for skogforskning (Skogforsk)

Omstillingstiltaka ved Skogforsk som blei sett i verk i 2000 for å tilpasse bemanninga til oppgåver og inntekter, er i hovudsak gjennomførte som føresett, jf. kap. 1142, post 52 i St.prp. nr. 1 (2000-2001). Stillingane til 18 personar blei berørt av tiltaka. Av desse vil under 10 personar gå på ventelønn i 2002.

Etter gjeldande reglar må Skogforsk dekkje ventelønnskostnadene fram til tilsetjing i ny stilling eller oppnådd pensjonsalder for den ein skilde. Dersom dette får vesentlege budsjettmessige konsekvensar, vil departementet leggje dette fram for Stortinget når kostnadene kan fastsetjast sikrere.

Areal- og ressursforvaltning, frø- og planteforsyning

Skogbruksplanlegginga, der statstilskottet blir dekt med LUF-midlar, blei gjennomført i tråd med planane for 2000. Det blei taksert om lag 3,7 mill. dekar, og utarbeidd planar for 2,7 mill. dekar. Dette resulterte i 3 300 planar, og om lag 900 skogeigarar deltok på kurs i bruk av skogbruksplanen.

Det er framleis viktig å vidareutvikle hovudplanane i kvart fylke med sikte på betre organisering av skogbruksplanarbeidet, auka effektivitet og meir målretta innsats. Planar som er mest mogleg tilpassa dei behova skogeigarar har, er eit viktig mål i dette arbeidet.

Under behandlinga av Skogmeldinga tok Næringskomiteen opp nokre spørsmål i Innst. S. nr. 208 (1998-99) kring skogavgiftsordninga:

- ”Komiteen mener at plikten til å sette av skogavgift skal opprettholdes og slutter seg til at skogavgiftsordningen fortsatt skal være en grunnpilar i finansieringen av bærekraftig skogbruk fremover. Komiteen har merket seg at beløpsgrensene for skattefordelen ved bruk av skogavgift har vært de samme siden ordningen ble innført.”
- ”Komiteen ber om at departementet vurderer en endring av beløpsgrensene eller ordningen slik at det stimuleres til økt investering. Her bør vurderes om beløpsgrensene for den såkalte skattefordelen kan oppheves og om skattefordelen kan økes til 50 pst.”
- ”Komiteen er ellers enig i at reglene for bruk av skogavgift med skattefordel i miljøsammenheng, blir gjennomgått for å gjøre ordningen mer virkningsfull.”
- ”Det bør etter komiteens mening åpnes for redusert inntektsføring etter skatteloven § 48, for tiltak med særlig miljøbetydning”.

Departementet tek no sikte på å gjennomføre endringane knytt til bruk av skogavgift i miljøsammenheng. Når det gjeld spørsmålet om endra skattefordelsats og endringar i beløpsgrensene har Regjeringa kome til at slike endringar bryt med hovudlinene i skattepolitikken, og desse spørsmåla blir derfor ikkje følgt opp.

I komitéinnstillinga peika fleirtalet vidare på at ein høgare pris på skogeigedomar vil stimulere til auka investeringar og at det er grunnlag for å vurdere ein særskild kalkulasjonsrentefot for verdsetjing av skog. Dette er følgt opp av departementet, og retningslinene for praktisering av prisreguleringa av omsetning av skog i konsesjonssaker er endra til at det skal brukast ein kalkulasjonsrentefot på 5 pst.

Overvåkingsprogrammet for skogskader har sidan 1986 følgt korleis helsa til skogen har utvikla seg. Resultat frå overvakinga syner at helsetilstanden, landet sett under eitt, òg i 2000 betra seg noko i forhold til året før. Resultata frå dei siste åra syner at den negativa utviklinga som blei registrert i perioden 1989-1997 har snudd. Årsaka

til desse endringane er uviss, men betra vekstforhold kan spele ei viktig rolle. Departementet har derfor teke opp med dei institusjonane som deltek i arbeidet at det no er aktuelt å redusere omfanget av programmet noko, jf. post 50.

Det blei i 1999 utarbeidd ein strategisk plan for skogfrøforsyning, planteforedling og bevaring av genetiske ressursar som m.a. skal leggjast til grunn for aktiviteten ved Det norske Skogfrøverk. Det er ei målsetjing at mest mogleg av frøforbruket i skogbruket i framtida skal ha sitt opphav i frøplantasjar. For å nå målsetjingane om ei sikker frøforsyning basert på foredla materiale vil det krevje noko auke i løyvingane til frøavl.

Miljøtiltak

Miljøprofilen i skogpolitikken er basert på samhandling mellom næringa og styresmaktene. Norsk skogpolitikk legg stor vekt på at næringa skal drive i tråd med prinsippet om fridom under ansvar, og dette prinsippet må også gjelde på miljøområdet. For styresmaktene er innarbeiding av miljøomsyn i regelverk, satsing på kompetanse, informasjon og resultatkontroll dei mest sentrale tiltaka, samstundes som næringa legg stor vekt på å følgje opp miljøprosjektet *Levende Skog* gjennom ulike tiltak som m.a. sertifisering. Så godt som alt tømmeret som blir omsett i Noreg er no sertifisert. Sertifiseringa bygger i all hovudsak på dei standardane som prosjektet *Levende Skog* arbeidde fram i 1998. Det har vist seg at standardane på nokre område har behov for presiseringar. Ei gruppe med om lag dei same organisasjonane som arbeidde saman i *Levende Skog* har derfor sidan 2000 sett nærare på tolkinga og presisert fleire av dei. Arbeidet stoppa opp i 2001 då miljø- og næringsinteressane ikkje kunne einast om definisjonen på naturskog.

Resultata frå Miljøregistreringar i skog (MiS) blei presentert i 2000, og hovudutfordringa på miljøside har i 2000 vore å informere, tilrettelegge og førebu ei større satsing på praktiske registreringar av kvalitetar knytt til det biologiske mangfaldet etter MiS-metodikken i 2001. Opplegget blei prøvd ut i fire områdetakstar i 2000, og erfaringane frå dette arbeidet har vore viktige for den metodikken og dei reglane og instruksane som skal brukast i 2001. Våren 2001 la, Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) og Landbruksdepartementet fram ei felthandbok som presenterer metodikk, reglar og instruksar for registreringsarbeidet i 2001. Samtidig gjennomførte Skogbrukets Kursinstitutt, (SKI) kurs i registre-

ringsmetodikken for dei som skal gjennomføre dei konkrete registreringane.

Arbeidet i *Verdiskapingsprogrammet* er òg viktig i samband med miljøstatsinga fordi auka bruk av trevirke gir miljøgevinst samanlikna med bruk av materialer som stål, aluminium, betong m.m.

Kurs- og opplæring

Oppslutninga om hovudtiltaka i regi av SKI har vore god. Det blei i 2000 gjennomført 672 kurs med til saman 3 557 deltakarar i kursserien Aktivt skogbruk. 11,4 pst. av kursdeltakarane i 2000 var kvinner. Aktiviteten har vore på same nivå som tidlegare år, og dette er positivt med tanke på den aktivitetsreduksjon ein elles har sett i skogbruket.

Det er òg arrangert korte distriktskurs for skogsarbeidarar og yrkesaktive skogeigarar i kystfylka.

Kompetanse og rekruttering er viktige satsingsfelt innanfor skogbruket, og eit av siktemåla er å leggje til rette for å utvikle felles haldningar og prioriteringar når det gjeld ulike spørsmål knytt til saksfeltet. Landbruksdepartementet har saman med KUF følgd opp Skogmeldinga gjennom eit auka engasjement når det gjeld yrkesfaglege studieretningar i vidaregåande skule og kompetanse- og rekrutteringssatsinga i skogbruket. Innsatsen på dette området har vore i samsvar med tilrådingane i Skogmeldinga og Stortinget sine merknader til denne. Departementet har starta eit formelt samarbeid med Skogbrukets Landsforening (SL), SKI og Kjelle vidaregåande skole i Akershus innan dette saksfeltet.

Resultatkontroll

Resultatkontrollen som starta i 1994, blir ført vidare. Den årlege aktivitetskontrollen som blir gjennomført av Fylkesmannen og kommunane, viser at tilskottsreglane er følgd i dei fleste høva. Det er likevel grunn til otte fordi heile 22 pst. av foryngingsarealet ikkje var tilrettelagt for forynging to vekstsesongar etter avverking. Kontrollen omfattar alle skogeigarar, og er eit nyttig hjelpemiddel i skogforvaltninga. NIJOS er gitt i oppdrag å utarbeide eit prosjektmandat for ein gjennomgang av resultatkontrollen i tråd med m.a. det som blei sagt i Skogmeldinga. Dette arbeidet skal setjast i verk i eit samarbeid mellom NIJOS og Statens landbruksforvaltning (SLF).

Budsjettforslag 2002

Oppfølginga av *Skogmeldinga* går vidare. Betre lønnsemd og auka verdiskaping er to hovudutfordringar for skogpolitikken framover. Gjennom forslaga til løyvingar over dette kapitlet og LUF vil ein prioritere desse oppgåvene:

- Auka satsing på betre lønnsemd og verdiskaping i skogsektoren m.a. gjennom auka løyving til *Verdiskapingsprogrammet*. Departementet arbeider òg med andre tiltak som kan medverke til meir positiv utvikling på desse områda. Tiltaka femner om betre tilgang til skogareala og meir effektivt transportarbeid i sektoren m.a. gjennom eit tilfredsstillande vegnett.
- Statleg støtte til oppbygging og stell av skogressursane. Det er eit langsiktig mål å halde oppe dei langsiktige investeringane i skogbruket på eit tilfredsstillande nivå. Det er derfor nødvendig at skogeigarane sjølve tek eit større ansvar for desse investeringane.
- Kunnskaps- og kompetanseoppbygging er viktig for gjennomføringa av alle sider av skogpolitikken. Departementet tek i 2002 sikte på å føre vidare samarbeidet med dei ulike aktørane i samsvar med tilrådingane i *Skogmeldinga* og dei vurderingane som departementet la fram i budsjettframlegget for 2001. Hovudutfordringane er knytt til rekruttering til relevante yrkesfaglege studieretningar i vidaregåande skule og tiltak retta mot kompetanse- og arbeidskraftbehovet i skogbruket.
- Høg miljøstandard som ein konkurransefremmon som må nyttast og gjerast betre. Skogbruksplanlegging og god skogbruks- og miljøkunnskap skal vera ei hovudplattform for eit langsiktig og miljøvenleg skogbruk. Miljøprofilen i skogpolitikken femnar om mange ulike tiltak knytt til opplæring og informasjon, registrering av miljøkvalitetar, kontrolltiltak og ulike samarbeidsprosjekt. Energi- og miljøkomiteen i Stortinget drøfta spørsmål kring vern av skog i Innst. S. nr. 295 (2000-2001) og sluttar seg til at det no er nødvendig med ei evaluering av det vedtekne barskogvernet og framtidig vernebehov. Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet følgjer opp desse merknadene gjennom ei tidsavgrensa meldeplikt etter §19 i *Skogbrukslova* for dei skogområde som no står på bruttolista for Midt-Noreg og Øst-Noreg for å sikre at denne evalueringa kan gjennomførast på ein god måte.
- Skogen sin verknad for klimaet har kome meir i fokus dei seinare åra. Binding av CO₂ i stå-

ande skog og i treprodukt, samt skogprodukta sine miljøfordelar framfor andre produkt er framheva i ulike samanhengar. Departementet følger Kyotoprosessen med sikte på integrering av skog i det internasjonale klimaarbeidet slik Stortinget bad om ved behandling av *Skogmeldinga*.

Ny skogbrukslov

Arbeidet med ny skogbrukslov blei starta opp i 2000, og departementet tek sikte på å sende eit utkast med merknader og lovframlegg på høyring kring årsskiftet 2001-2002. Departementet legg vekt på merknadene frå Stortinget til *Skogmeldinga*. Loven skal gi rammer og retningslinjer for eit næringsretta skogbruk med vekt på økonomisk avkastning og ein god miljøprofil. Det er ei viktig utfordring å finne den rette balansen slik at lova kan byggje opp under ein aktiv bruk av dei fornybare ressursane med sikte på auka og lønnsam bruk av trevirke og trefiber, samtidig som lova kan gi gode retningslinjer for miljøprofilen til næringa. Det må gjerast klare val slik at loven blir eit nyttig verkemiddel for den skogpolitikken Regjering og Storting har trekt opp. Departementet legg òg opp til forenkling i høve til gjeldande lov, og at lova ikkje i for stor grad må ha for detaljerte og tidkrevjande bestemmelsar.

Til støtte for revisjonsarbeidet har departementet sett i gang breie prosessar både i høve til regionale styresmakter og gjennom ei breitt samansett referansegruppe.

Resultatmål og resultatindikatorar

Midlane til dei ordinære tilskottsordningane over statsbudsjettet og LUF blir gitt som ei rammeløyving til fylka, og er omtalt ved tidlegare høve, seinast i St.prp. nr. 1 (1998-99). Det er utarbeidd særskilde tilskottsreglar for desse ordningane. For å følgje opp økonomireglementet og tidlegare gjennomførte evalueringar, er regelverket for nokre av ordningane blitt revidert.

Departementet tek i 2002 sikte på å evaluere verknadene av gjeldande reglar og retningslinjer for planlegging og bygging av skogsvegar.

For å sikre god måloppnåing styrer departementet verksemda m.a. etter resultatmål og –indikatorar knytt til oppbygging av kvalitetsskog, infrastrukturen i skogbruket, miljøtilpassingar i skogbruket og auka og breiare utnytting av skogressursane.

Merknader til dei einskilde postane

Post 50 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på knapt 12,8 mill. kr for 2002. Løyvinga skal dekkje forvaltningsstøtte og andre oppdrag for det offentlege.

Fleire forskingsinstitusjonar utfører viktige oppgåver for Landbruksdepartementet innanfor institusjonane sine fagområde. Institusjonane gir råd og gjer utgreiingar som ligg til grunn for politiske og forvaltingsprega tiltak både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Behovet for medverknad frå institusjonane i samband med internasjonale prosessar som gjeld skog og skogbruk er aukande.

Skogforsk er spesielt engasjert i kartlegging av miljøaspekt ved skogbehandling og genetikk knytt til skog. Skogforsk har ei mengd feltforsøk som har stor skogpolitisk verdi, og som det er viktig å oppretthalde både vitskapleg og som grunnlag for framtidig politikkutforming og forvaltning.

Overvaksingsprogrammet for skogskadar er Noregs bidrag i eit internasjonalt opplegg for skogovervaking som gir grunnlag for internasjonale vedtak og tiltak mot moglege skadeverknader av luftforureiningar. Med grunnlag i resultatane dei seinare åra legg departementet opp til at omfanget av skogskadeovervakinga kan reduserast frå 2002-2003. Departementet har derfor teke dette opp med dei aktuelle institusjonane for å få eit godt grunnlag for ei slik tilpassing til budsjett-rammene.

Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på knapt 3,4 mill. kr for 2002. Vedtektene for Utviklingsfondet for skogbruket blei fastsette ved Kgl. res. datert 25.2.1977. Det hadde tidlegare vore ei refusjonsordning for bensinavgift ved bruk av motorsag i skogbruket. Ved tariffoppgjeret mellom Skogbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund for 1976-78 gav arbeidsgivarane kompensasjon for bensinavgifta. Tilsvarende skulle ein årleg sum bli stilt til rådvelde frå staten til utviklingstiltak i skogbruket. Tilskottet skal løyvast til Utviklingsfondet for skogbruket og blir disponert av eit styre med medlemmar frå Skogbrukets Landsforening, Norges Skogeierforbund, Norsk Skogbruksforening og Landbruksdepartementet. Noregs forskingsråd administrerer fondet.

Post 71 Tilskott til langsiktige investeringar og nærings tiltak i skogbruket

Departementet gjer framlegg om ei løyving på vel 100,4 mill. kr på denne posten i 2002. I tillegg kjem løyvinga til skogbruket over LUF (kap. 1150) på 158 mill. kr. Samla forslag til løyving til skogbrukstiltak over LUF og kap 1142, post 71 er på 258,4 mill. kr og inneber ein reduksjon på 7,4 mill. kr i høve til 2001.

Regjeringa har ut frå den totale budsjettsituasjonen valt å prioritere verdiskapingstiltak, og sett av ei ramme på 32,5 mill. kr til dette tiltaket.

Sjølv om det er eit langsiktig mål å halde oppe høg aktivitet på oppbygging av ny kvalitetsskog, gjer eit stramt budsjettopplegg at ein må redusere tilskottsramma til skogkultur med 20 mill. kr i høve til saldert budsjett for 2001. Fordeling av tilskottsrammer på dei einskilte tiltaka går fram av tabell 2.7. Til samanlikning er tala frå rekneskapen i 2000 og avsette rammer for 2001 tekne med. (alle tal i mill. kr.)

Tabell 2.7 Fordeling av tilskottsramme på tiltak

Tiltak	Rekneskap 2000	Løyving 2001	Forslag 2002
Skogkultur	95	83	62,9
Transport	3	5	5
Verdiskapingstiltak	21	25	32,5
Sum	119	113	100,4

Skogkultur

Med tilskottet til skogkultur ønskjer ein å stimulere til etablering og oppbygging av kvalitetsskog. Det er i tabell 2.8 sett opp tal for nyplanting og

ungskogpleie (rydding, avstandsregulering og kjemisk behandling) og samla investeringar i skogkultur dei seinaste åra, venta tal for 2001 og mål for 2002.

Tabell 2.8 Oversikt over nyplantning, ungskogpleie og investeringar i skogkultur

Skogkultur	1998	1999	2000	2001	2002
Nyplanting, 1000 daa	209	196	190	150	130
Ungskogpleie, 1000daa	407	420	386	330	280
Investeringar i alt, mill. kr	278	254	255	210	170

Det har dei seinaste åra vore ei negativ utvikling på foryngingsfeltet. Det er m.a. avdekt at det på vel 20 pst. av foryngingsarealet ikkje er tilrettelagt for forynging i det heile. Tabellen over syner også at dei samla investeringane er klart lågare no enn tidlegare. Samla sett er skogkulturinnsatsen lågare enn skogbruksaktiviteten skulle tilseie. Samtidig er det eit stort etterslep for låg aktivitet dei seinare åra. Ei arbeidsgruppe sett ned av Landbruksdepartementet har kome fram til at med dagens nivå på avverkinga vil det dei næraste åra ideelt sett vere behov for nyplanting på om lag 250 000–300 000 dekar og oppfølging med ungskogpleie på om lag 450 000 dekar pr. år. Desse målsetjingane krev samla årlege investeringar på om lag 310 mill. kr, det vil seie om lag 100 mill. kr meir enn det som ein reknar med vil bli gjort i 2001. Med dei løyvingane som er foreslått for

2002 må ein rekna med ein ytterlegare nedgang i skogkulturinvesteringane. Ein vil dermed ikkje nå dei skisserte målsetjingane som låg til grunn i m.a. *Skogmeldinga*. Denne reduksjonen gjer det nødvendig å gå gjennom tilskotta til skogkultur og sjå på formål, satsar og virkeområde.

Det vil framleis bli opp til fylka å fastsette satsane for tilskott til dei einskilte tiltaka ut frå lokale og regionale behov, slik at ein får størst mogleg effekt av midlane.

For å auke interessa for å investere i skogkultur blir noko av løyvinga nytta, saman med midlar frå LUF, til informasjons-, opplærings- og rådgjevingstiltak retta mot den einskilte skogeigar. Med dei rammene som ligg til grunn i 2002 vil desse tiltaka bli enda viktigare med tanke på å unngå ein kritisk reduksjon i dei langsiktige investeringane.

Skogsvegar

Tilskott til bygging av skogsvegar vil bli gitt over løyvinga frå LUF. I samband med årets jordbruksoppgjer blei det semje om at tilskott til bygging av skogsvegar ikkje lenger skal gjevast til vegar som vil redusere dei områda som ligg meir enn 5 km frå eksisterande tekniske inngrep, såkalla "vill-

marksprega område". Departementet vil innarbeide dette i føresegnene for tilskott til bygging av skogsvegar som er under revisjon. I samband med jordbruksoppgjeret blei løyvinga til skogsvegar redusert med om lag 8 pst. i forhold til 2001. Ut frå dette må ein rekne med at vegbyggingsaktiviteten vil gå tilsvarande ned.

Tabell 2.9 Viser m.a. vegbyggingsaktiviteten dei seinare åra og venta aktivitet i 2001 og 2002.

Skogsvegar	1997	1998	1999	2000	2001	2002
Nybygging bilvegar, km	284	290	219	166	150	135
Ombygging bilvegar, km	359	503	432	436	430	400
Bilvegar i alt, km	643	793	651	602	580	535
Nybygging traktorvegar, km	745	707	573	573	550	500
Investeringar i alt, mill. kr	152	178	164	164	160	150

Transport

Formålet med løyvinga er å stimulere avsetnaden av tømmer frå område som ligg langt frå industrien. Direkte transporttilskott blei f.o.m. 1996 avgrensa til dei nordlegaste delane av landet. Ein stor del av tømmeret på Vestlandet må transportrast med båt. Dette krev at ein har tilgang på egna kaier. Med støtte frå denne løyvinga har ein fått bygd ut ein god del slike anlegg, men departementet ser det som nødvendig framleis å kunne bruke ein del av løyvinga over denne posten til bygging av nye og utbetring av gamle og dårlege kaier.

Verdiskapingstiltak

Næringsaktivitet knytt til bruk og foredling av trevirke utgjør eit viktig bidrag til verdiskaping og sysselsetjing, særskilt i distrikta. For å få til betre lønnsemd og såleis sikre verdifulle arbeidsplassar trengst det ei satsing på nyskaping og marknads-tilpassing i heile verdikjeda marknad - skog.

Departementet ønskjer gjennom *Verdiskapingsprogrammet for bruk og foredling av trevirke* å leggje til rette for heilskapleg utvikling av verdikjeda marknad – skog. Programmet blei sett i gang 2. kvartal 2000. Det femårige programmet har som mål å auke bruken og foredlingsgraden av trevirke og såleis auke skogsektoren sitt bidrag til meir berekraftig produksjon og forbruk.

For å nå *Verdiskapingsprogrammet* sine mål er det definert 3 strategiske satsingsområde *-profilering og kommunikasjon, produktutvikling og nyska-*

ping og samarbeid og effektivisering. Programmet er retta inn mot verksemder og andre aktørar i verdikjeda som gjennom prosjekter og tiltak innanfor programmet sitt verkeområde vil resultere i auka verdiskaping. Særleg prioriterast prosjekt som inneber samhandling mellom aktørar på ulikt hald i verdikjeda marknad – foredling – skog. Programmet skal samkjøre med andre verkemidlar innan næringa og offentlege midlar til skogtiltak. Ansvar for gjennomføring av programmet er lagt til SND.

Totalt har det i programmet for 2000 blitt starta om lag 20 prosjekt. Sentrale aktivitetar har mellom anna vore utviklingsprogram ved høgare lærestader, forprosjekt knytt til eit felles treinformasjonsorgan, samt fleire prosjekt knytt til utvikling av trevirket sine bruksområde (t.d. fleiretasjehus i tre, bruk av massivtreelement, bruk av tre i helsebygg, overflatebehandling av trevirke). Det er gjennom programmet utvikla samarbeid mellom Fylkesmannen og SND for å utnytte og styrke både sin kompetanse innanfor fagfeltet.

Programmet vil ut over kontakt med søkjarar og prosjekt arbeide vidare med å utvikle vekstområde for auka bruk av trevirke og profilering av skog og tre. For å realisere utvikling innanfor moglege vekstområde vil det vere nødvendig å sjå satsinga i samband med forsking- og utviklingsaktiviteten innanfor næringa. Verkemidla i verdiskapingsprogrammet må bli marknadsført og brukt på ein slik måte at dei utnyttar det potensialet som ligg i ei aktiv satsing på både kvinner og menn i næringa. Departementet tek sikte på å bruke 32,5 mill. kr til verdiskapingstiltak i 2002.

Post 76 Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket

Ein gjer framlegg om ei løyving på 23,4 mill. kr på post 76 for 2002. Løyvinga blir nytta til ulike ressurs- og miljøtiltak, som tiltak for å betre miljøtilpassingane og frø- og planteforsyninga i skogbruket, til ressursregistreringar og til informasjonstiltak.

Miljøregistrering i skog

Miljøregistreringar i skog er eit viktig grunnlag for miljøinnsatsen i skogbruket.

Landbruksdepartementet har lagt stor vekt på arbeidet med utvikling av eit vitskapleg dokumenterbart miljøregistreringsopplegg knytt til biologiske miljøverdiar- MiS-prosjektet.

Prosjektet har sidan 1997 arbeidd målretta for å utvikle og prøve ut eit vitskapeleg basert opplegg for registrering av biologiske miljøverdiar gjennom skogbruksplanlegginga. Det er laga ei handbok som gjer greie for registreringsarbeidet, og det er gjennomført kurs for skogbruksplanleggarar og andre interesserte brukarar. 2001 er det første året ein i stort omfang registrerer, rangerer og vel ut biologiske miljøkvalitetar etter MiS-metodikken. Erfaringane i 2001 og publisering av resultat vil føre til at registreringsmetodikken utviklast og forbetrast vidare fram mot sesongen 2002. Det pågår ein omfattande aktivitet med hovudvekt på publisering både internasjonalt og nasjonalt.

Gjennom det vidare arbeidet i MiS-prosjektet kan ein vente ny kunnskap som både vil vere relevant for framtidig registreringsmetodikk, og som vil ha verdi for dei miljøtilpassingar skogbruket gjennomfører etter offentleg skogpolitikk og i høve til *Levende Skogs* standardar.

Dette vil krevje ei oppfølging av prosjektet i alle fall ut 2003 i samsvar med omtalen i tidlegare års budsjettproposisjonar.

I samband med behandlinga av *Skogmeldinga* opna Stortinget for at det innanfor rammene av kap. 1142 kunne brukast midlar i samband med meirkostnader for den einskilde skogeigar knytt til å ta vare på verdiane i nøkkelbiotopar. I samband med fastsetjing av rammene til dei einskilde tiltaka over LUF for 2001, blei det vedtatt å etablere ei ordning med tilskott til særleg tyngjande miljøomsyn i skogbruket over dette budsjettet. Ordninga har for 2001 ei ramme på 5 mill. kr og vil bli auka til 10 mill. kr i 2002.

Departementet held fram arbeidet knytt til registrering av kulturminne i skog. Dette miljøregistreringsprosjektet er lagt til NIJOS. Arbeidet i

dette delprosjektet vil bli ført vidare i alle fall ut 2002.

Anna oppfølging på miljøområdet er knytt til følgjande tiltak:

- samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning for å utvikle den nasjonale "rødlista" for trua artar for å gjere lista meir brukbar for dei som skal drive praktisk skogbruk. Prosjektet blei starta opp i 2001 og vil krevje ressursar i 2002,
- utvikling av nødvendige kompetansetiltak for å følgje opp dei ulike elementa i det nye miljøregistreringsopplegget.

Den nedbørrike hausten har òg ført til omfattande følgeskader av sopp, særleg på furuskog, i einskilde distrikt særleg i fylka Hedmark, Akershus og Østfold. Det er ikkje klart kor store skadene er. Departementet koordinerer no ei kartlegging i dei mest utsette områda.

Frø- og planteforsyning og bevaring av genetiske ressursar

Det vil innanfor posten bli gitt støtte til Det norske Skogfrøverk for å sikre dei langsiktige oppgåvene innan frøforsyninga. Det vil for 2002 bli prioritert midlar til frø- og konglesanking frå klimautsette område, samt til frøavl og arbeid for å sikre dei genetiske ressursane i skogen. Innanfor ramma vil ein òg sikre ressursar til nødvendige forvaltningsoppgåver innan frø- og planteforsyninga. Det har vore gode tilhøve for granblomstring på Austlandet. Det er derfor mogleg at det kan bli konglesanking på gran i 2002.

Det blei i 1998 og 1999 gjennomført ei større kartlegging av DDT-deponiar ved dei norske skogplanteskulane. Resultata frå denne kartlegginga syner at 37 deponi bør fjernast og 7 deponi bør dekkjast til. Det blir no arbeidd fram prosjektpolar for dei ulike lokalitetane. I samaband med gjennomføring av tiltak kan det bli aktuelt at staten finansierer deler av tiltaka.

Med bakgrunn i m.a. Noregs ratifisering av Rio-konvensjonen og den Pan-europeiske ministerkonferansen i Strasbourg har Noreg utarbeidd ein nasjonal strategi for bevaring av genetiske ressursar i skog. Med bakgrunn i denne strategien er det etablert eit nasjonalt genressursutval for skog. Sekretariat og leining for utvalet er lagt til Skogforsk som sit inne med god kompetanse og oversikt på dette fagområdet. Utvalet består elles av representantar frå Fylkesmannen, Det norske Skogfrøverk, skogeigarorganisasjonane og miljøforvaltninga.

Informasjonstiltak og kunnskapsoppbygging

Under posten vil ein bruke midlar for å skaffe fram meir kunnskap om korleis skogbruket kan verne om sårbare artar og økosystem. Informasjonstiltaka rettar seg både mot samfunnet generelt, mot rådgjevarane i skogbruket og mot den einskilde skogeigar. Særleg blir det lagt vekt på å nå ut til utøvarane i næringa med kunnskap om skogøkologi og korleis dei kan ta omsyn til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv i verksemda si.

Tilskott til organisasjonar

Innanfor løyvinga tek departementet sikte på å tildele 1,36 mill. kr i grunnstøtte til organisasjonane Det norske Skogselskap, (0,8 mill. kr), Stiftelsen Det norske Arboret på Milde (0,36 mill. kr) og Jenter i Skogbruket (0,2 mill. kr). Tilskotta tek sikte på å medverke til å halde oppe aktiviteten i organisasjonane, som alle arbeider med oppgåver som er relevante for skogpolitikken.

Kap. 1143 Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	140 270	141 794	139 673
70	Tilskott til beredskap i kornsektoren, <i>kan overførast</i>	16 584	14 000	13 045
71	Omstillingsstøtte til slakteri, <i>kan overførast</i>	1 793	9 006	9 100
72	Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>		100	100
	Sum kap. 1143	158 647	164 900	161 918

Mål og strategier

Statens landbruksforvaltning (SLF) blei oppretta med verknad frå 01.07.2000, jf. St.prp. nr. 82 (1999-2000). SLF er eit utøvande forvaltningsorgan for dei sentrale landbrukspolitiske verkemidla og eit støtte- og utgreiingsorgan for departementet. SLF har ei sentral rolle i samband med gjennomføringa av mat- og landbrukspolitikken, og det er lagt opp til at SLF i tillegg til å administrere dei ulike ordningane, òg skal ha ei rådgjevande rolle. Det er føresett at SLF skal medverke til administrativ forenkling og å utvikle eksisterande regelverk med sikte på auka måloppnåing.

SLF har følgjande verksemdidé:

- SLF er ei utøvande og rådgjevande verksemd under Landbruksdepartementet
- SLF skal medverke til ein god ressursforvaltning og eit godt fungerande næringsliv i heile verdikjeda frå jord til bord.

Hovudmål for verksemda:

SLF skal innanfor dei landbrukspolitiske rammer medverke til å:

- sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder
- sikre matproduksjon og ei stabil matforsyning

- sikre ein stabil marknad og ein godt fungerande næringsmiddelindustri
- sikre eit godt fungerande importvern og oppfylling av internasjonale plikter. SLF skal vere ei velfungerande verksemd med initiativrike, endringsdyktige og serviceinnstilte medarbeidarar som gjennom forvaltning og rådgjeving skal sikre brukarane effektive tenester.

På bakgrunn av dei utfordringane SLF står føre i dei næraste åra, framstår desse område som særleg strategisk viktige:

- leiing- og leiarutvikling
- å fremme ein einsarta organisering og felles bedriftskultur
- kompetanseutvikling
- informasjon og kommunikasjon
- informasjons- og kommunikasjonsteknologi
- samarbeid med andre (nasjonalt og internasjonalt).

Resultatrapport 2000

SLF blei oppretta 1. juli 2000. Arbeidet med å realisere verksemdidéen og hovudmåla blei sett i gang i 2000 sjølv om hovudfokus ved samordningstidspunktet var å føre vidare alle eksisterande ordningar og basisaktivitetar som blei tatt

over frå dei tidlegare verksemdene. Den administrative samordninga av dei tidlegare verksemdene har òg kravd stor merksemd. Eit omfattande utgreiings- og omstillingsarbeid er gjennomført parallelt med at dei ulike ordningane er ført vidare. Eitt av dei prioriterte områda i 2000 har vore å oppretthalde god kundebehandling i avviklings- og samordningsfasen. Dette har SLF lykkast med. Det vil krevje ein systematisk innsats over fleire år å omstille og utvikle verksemda i tråd med dei nye krava.

Samarbeidet med andre aktørar er starta opp. Det er gjennomført ein omfattande møterunde med sentrale aktørar som det er naturleg for SLF å ha kontakt med, m.a. faglag, næringsmiddelverksemdar og organisasjonar, FoU-institusjonar. SLF har prioritert å etablere god kontakt og kommunikasjon med Fylkesmannen og kommunal landbruksforvaltning gjennom deltaking på styrmøter og fylkesvise samlingar for landbruksforvaltninga.

Løyvinga for 2000 dekte òg driftsutgiftene til Statens Kornforretning for 1. halvår 2000. Samordninga til ny institusjon prega arbeidet i Statens Kornforretning i perioden, men det blei òg lagt stor vekt på å gjennomføre dei ordinære oppgåvene.

Budsjettforslag 2002

I 2002 vil det vere viktig å utvikle organisasjonen vidare slik at SLF kan nå dei måla og gjennomføre dei strategiane som er lagt til grunn for verksemda.

Under følgjer ei nærare omtale av dei enkelte resultatområda:

Areal- og ressursforvaltning

SLF skal medverke til å sikra ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder. Dei viktigaste ansvarsområda er knytt til klagebehandling, forvaltning og utvikling av tiltak innan areal- og ressursforvaltning etter m.a. jord-, konsesjons- og odelslova, samt miljø og kulturlandskap. SLF har òg ansvar for ein del av BU-midlane og ordningar for skadeerstatning. SLF skal leggje opp til ei effektiv forvaltning av ordningane knytt til areal- og ressursforvaltning. I 2002 må SLF arbeide vidare med å leggje til rette for ein meir heilskapleg verkemiddelbruk på miljøområdet som er betre tilpassa dei lokale utfordringane, m.a. gjennom utvikling av miljøplan og gjennom ulike utgreiings- og utviklingsprosjekt.

Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

SLF skal medverke til å sikre ein stabil matproduksjon og stabil matforsyning. SLF forvaltar inntekts- og velferdsordningar med primærprodusentar som målgruppe. Dei viktigaste ansvarsområda er knytt til utvikling og forvaltning av verkemidla innan areal- og kulturlandskapstilskott, husdyrtilskott, pristilskott m.m., kompetanse, rekruttering og velferdsordningar, kvoteordningar for mjølk og husdyrkonsesjonar.

I 2002 må SLF sørge for å føre vidare arbeidet med systemutvikling og gi innspel til forenklingar i dei økonomiske verkemidla over jordbruksavtalen.

Omsetning og marknadstiltak

SLF skal medverke til å sikre ein stabil marknad og ein godt fungerande næringsmiddelindustri. Dei viktigaste ansvarsområda er marknadsreguleringstiltak og marknadsordningar for mjølk, kjøtt, egg, grønt, potet og korn. Formålet med ordningane er å sikre avsetning for norske jordbruksråvarer. Omsetningsleddet og annan næringsmiddelindustri er målgruppa. I 2002 må SLF styrkje forvaltninga og kompetansen innanfor marknadsordninga for mjølk.

Handel og industri

SLF skal medverke til å sikre eit godt fungerande importvern og oppfylling av internasjonale rettar og pliktar. Dei viktigaste ansvarsområda er importvern, tollnedsetjingar, importkvotar, ordninga med råvarepriskompensasjon, eksportstøtteordningar, marknadsovervaking og prisinnhenting. Felles for ordningane er at importørar og næringsmiddelindustrien er viktige målgrupper, og at ordningane er knytt til internasjonale avtaler. SLF må særleg sette fokus på å vidareutvikle gode relasjonar til brukarar og samarbeidspartar.

Administrasjon

SLF skal vere ei velfungerande verksemd som utnyttar sine ressurser på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgjeving sikrar brukarane effektive tenester. Dei viktigaste ansvarsområda er knytt til utvikling av personal- og lønnspolitikk, kompetanseutvikling, organisasjonsutvikling, økonomistyring, leiarutvikling, dokumentasjon og informasjon, interne driftsoppgåver samt IKT. SLF må i 2002 framleis ha fokus på arbeidet innanfor ekstern kontroll. SLF må i 2002 styrkje

kompetansen innan økonomistyring og arbeide vidare med effektivisering av verksemda.

Departementet har det overordna ansvaret for IT-systema som nyttast i forvaltninga av statlege midlar. SLF har driftsansvar for dei IT-systema som dei nyttar og må sørge for tiltak som sikrar ein tilfredsstillande kontroll av fagsystem og databaser. SLF må prioritere arbeidet med vidareutvikling og kontroll av datasystema.

Merknader til dei einskilte postane

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om ei løyving på kap. 1143 post 01 på vel 139 mill. kr for 2002.

Posten skal dekkje SLFs driftsutgifter. Posten er redusert i høve til 2001 som følgje av reduserte utgifter knytt til administrasjon av marknadsordninga for korn etter omlegginga.

For å kunne oppretthalde nødvendig fleksibilitet vil det framleis vere aktuelt å belaste tilskottsordningane med visse utgifter, særleg av utviklings- og utgreiingskarakter og ved evalueringar, jf. omtale om Økonomiregelverket i staten i programkategori 15.00.

Post 70 Tilskott til beredskap i kornsektoren

Tiltaka som blir finansiert over løyvinga er ein del av forsyningsberedskapen i Totalforsvaret. Departementet legg i 2002 vekt på å følgje opp St.meld. nr. 25 (1997-98) *Langtidsplan for det sivile beredskap 1999-2002*. Dette inneber vurdering av

beredskapstiltak i høve til planføresetnadene. Det er etablert eit prosjekt saman med Nærings- og handelsdepartementet om forsyningsberedskapen i Nord-Noreg. I samband med dette er beredskapsordningane der til nærare vurdering. For 2002 legg departementet til grunn at ordningane blir ført vidare og gjer framlegg om ei løyving på 13 mill. kr. Det vil i tillegg bli nytta fondsmidlar frå Det Osterhausske legat til visse beredskapsformål i kornsektoren.

Post 71 Omstillingsstøtte til slakteri

Etter at finansieringa av kjøttkontrollen blei lagt om frå 1.1.99, har enkelte verksemdar fått større kostnader til kjøttkontroll. Omstillingsstøtta skal medverke til å jamne ut kostnadene som slakteria har til kjøttkontroll, og er særleg retta inn mot at små slakteri over tid kan tilpasse seg den nye finansieringsmodellen.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på vel 9 mill. kr i 2002. Departementet legg opp til at små slakteri vil bli prioritert innanfor løyvinga.

Post 72 Erstatningar

Ein gjer framlegg om ei løyving på 0,1 mill. kr som skal dekkje erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen. Posten er oppretta som ei følgje av frådømming av rett til samisk tamreindrift i Trollheimen, og som etterpå resulterte i den såkalla Trollheimlova av 21.12.84.

Kap. 4143 Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsinntekter m.m.	11 193	22 329	22 999
02	Tilbakebetaling av Bygdemøllenes rasjonaliseringsfond	4 000		
18	Refusjon sjukepengar	1 773		
80	Renteinntekter	9 743	1 759	
	Sum kap. 4143	26 709	24 088	22 999

Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga gjeld driftsinntekter som Statens landbruksforvaltning har knytt til sekretariatet for Omsetningsrådet administrasjon av ulike fond og sal av tenester. Inntekter frå gebyr blir òg ført på

posten. Departementet gjer framlegg om ei løyving på knapt 23 mill. kr for 2002.

Post 80 Renteinntekter

Under posten har ein budsjettert renteinntekter på lån til Lager og tørkefondet og renteinntekter

ved sal av korn. Lager- og tørkefondet blei gjort opp 31.12.00. Ordninga med statleg kjøpeplikt av

korn blei avvikla 30.6.01. Ein budsjetterer derfor ikkje med renteinntekter i 2002.

Kap. 1145 Jordskifterettane (jf. kap. 4145)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	135 737	132 536	135 811
	Sum kap. 1145	135 737	132 536	135 811

Mål og strategiar

Jordskifterettane er særdomstolar som arbeider med oppgåver som er heimla i jordskiftelova. Særdomstolen er administrativt underlagt Landbruksdepartementet, men er uavhengig i den dømande verksemda.

Formålet med jordskifte er å gjere eigedomar betre skikka for utnytting. Jordskifteretten gjennomfører jordskifte ved m.a. å løyse opp sameige, forme ut eigedomar på nytt gjennom å byte grunn og rettar, gi reglar om bruken i områder på tvers av eigedomsgrensene, og klarleggje og fastsetje grenser. Jordskiftelova slår fast at ingen part i ei jordskiftesak kan påførast tap.

Gjennomføringa av jordskifte, skjønn og grensegang er organisert i domstolsform for å ivareta rettstryggleiken til dei som blir berørt av jordskifte.

Til forskjell frå dei ordinære domstolane, syter jordskifterettane for avmerking, innmåling og kartfesting av eigedomsgrenser som ein integrert del av jordskiftesakene. På denne måten sikrar Jordskifteretten effektiv utnytting av dei ressursane samfunnet set inn.

For å kunne ivareta rettstryggleiken til partane er det eit mål at domstolen bygger på almene domstolsprinsipp, fungerer godt og har ei tilfredsstillande vente- og saksbehandlingstid. Dette vil bli lagt stor vekt på i tida framover.

Resultatrapport 2000

Overslag og erfaring kan tyde på at løyvingar til Jordskifterettane gir ei verdiskaping på minst det dobbelte av løyvinga i form av auka produktivitet og sysselsetjing i distrikta.

Statistikken viser at det blei avslutta totalt 1 084 saker i 2000, fordelt med 1 032 saker ved jordskifterettane og 52 saker ved jordskifteoverrettane. Dette er ein oppgang på 108 saker i høve til 1999. Både talet på omformingssaker, og reine

grensefastsetjande saker auka noko frå 1999 til 2000. 841 tvistar blei behandla og avgjort enten gjennom dom eller rettsforlik. 8 300 partar fikk løyst problem knytt til eigedomane deira i sakene som blei avslutta. I dei avslutta sakene blei det pålagt felles investeringar for om lag 27 mill. kr. Det blei vedtatt bygd 185 km skogsvegar og det blei merka og koordinatfesta 1 889 km grenser. Gjennomsnittsalderen på avslutta saker auka med 0,1 år frå 1999 til 2000 til 2,8 år. Gjennomsnittleg ventetid før sakene kom opp til behandling var 16 månader og gjennomsnittleg saksbehandlingstid var 16 månader.

Budsjettforslag 2002

Departementet har endra namnet på dette kapitlet til Jordskifterettane. Bakgrunnen for dette er at jordskifterettane er særdomstolar etter domstolslova. Nemninga Jordskifteverket er derfor ikkje treffande. Etter omorganiseringa, som er omtalt nedanfor, er det heller ikkje lenger noko administrativt organ mellom dei einskilte domstolane og departementet.

Jordskifteretten arbeider etter jordskiftelova. Retten må treffe avgjerd i alle saker som fell under lova. Revidert jordskiftelov trådte i kraft 01.01.99. Gjennom lovrevisjonen blei jordskifterettane sin kompetanse til å halde skjønn vesentleg utvida. Dette gjeld særleg heimlane til å halde skjønn i samband med offentlege utbyggingstiltak og offentlegrettsleg regulering av eigarrådvelde. I slike høve blir skader og ulemper - så langt råd er - erstatta med areal og rettar i staden for pengar. Revisjonen inneber såleis ei markert utviding av ordninga med arealbytte som alternativ til pengeerstatning når det offentlege t.d. skal kjøpe eller oreigne areal til utbyggingstiltak, eller regulere eigarrådvelde. Ved lovendring våren 2001 fekk jordskifteretten to nye oppgåver. Jordskifteretten kan no gjennomføre arealbytte/makeskifte mellom jordskiftefeltet og eigedomar som ligg utan-

for feltet, t.d. i ein annan kommune. Sakstypen høver godt for grunnverv gjennom arealbytte for store tiltak, som Regionfelt Østlandet. Jordskifteretten fekk òg heimel til å halde grensegang for grenser som gjeld offentlegrettsleg råderett-sinnkrenking, t.d. for barskogvernområda. Erfaringar frå dei fleste landa i Europa og evalueringsrapportar i Noreg i samband med viktige offentlege utbyggingstiltak har vist at jordskifte er eit egna verkemiddel.

Ventetida før ei sak blir tatt opp til behandling ved jordskifterettane er 16 månader, og sjølv saksbehandlingstida 16 månader. Gjennomsnittleg saksavviklingstid for sivile saker ved herads- og byrettane er 6,5 månader. Ein må akseptere noko lenger saksbehandlingstid ved jordskifterettane enn ved herads- og byrettane, sidan det samla arbeidet med jordskiftesaker gjennomgåande må ta lenger tid enn ei sivil sak i dei alminnelige domstolane. Grunnane til dette er m.a. at ein som regel er avhengig av synfaring på barmark og ein god del teknisk arbeid. Det er likevel eit mål at ventetida ved jordskifteretten skal bli kortare. I 2002 er det eit mål å redusere gjennomsnittleg ventetid til 14 månader, og gjennomsnittleg saksbehandlingstid til 14 månader. På lengre sikt vil det vere eit mål å redusere ventetida til det same som ved dei ordinære domstolane.

Rett fordeling av tilgjengelege ressursar er avgjerande for at ikkje restansene skal auke ved dei einskilte jordskifterettane, og at tilbodet til publikum skal bli det same over heile landet. Departementet vurderer kontinuerleg ressursfordelinga med bakgrunn i dette.

Då Stortinget behandla St.prp. nr. 1 (2000-2001), slutta det seg til framlegget om omorganisering av jordskifterettane og jordskifteoverrettane. Dette innebar nedlegging av alle fylkesjordskiftekontora, 5 jordskifterettar, ein jordskifteoverrett og flytting av 2 jordskifteoverrettar.

I St.prp. nr. 1 (2000-2001) blei det i tillegg lagt opp til å vurdere nærare nedlegging av 2 jordskifterettar og flytting av 2 jordskifterettar. Desse spørsmåla har no vore på høyring. Etter ei samla vurdering er Østfold jordskifterett flytta frå Moss til Sarpsborg med verknad frå 1.7.02, medan Finnmark jordskifterett blir verande i Vadsø.

Departementet har i 2001 arbeidd med omorganiseringsprosessen. Departementet tar sikte på

at omorganiseringa skal vere gjennomført seinast innan utgangen av 2003.

I sum reknar ein med at omorganiseringa vil på sikt gi ein effektivisering på opp mot 10 pst. Omstillinga vil gjere det mogleg å få meir kostnadseffektivt arbeid internt på kontora ved raskare investering i utstyr og ved å effektivisere administrativt arbeid ved å ta bort fylkesnivået i organisasjonen. I dei næraste to åra reknar ein med at kostnadene til omstilling knytt til flytting av folk og endring i husleigeavtaler m.m. vil gi ein mindre produktivitetssvikt. Den samla effekten av desse endringane er ein viss auke i stillingar og oppgåver i distrikta.

I St.prp. nr 1 (2000-2001) blei det lagt opp til at økonomiforvaltninga i jordskifterettane skulle samordnast. For å gjennomføre dette vil det frå 1.1.2002 bli oppretta ei felles rekneskapseining for Jordskifterettane.

Det er oppnemnt eit utval (Løken-utvalet) som skal greie ut om jordskiftearbeidet i framtida framleis skal gjerast i ein særdomstol, eller gå over til å bli forvaltning. Utvalet vil leggje fram innstilling innan 1. juni 2002.

Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet gav i 2001 ut rapporten *"Virkemidler for bedre arealutnyttelse i byer og tettsteder"*, jf. kat. 15.30. Rapporten peiker på urbant jordskifte som eit egna verkemiddel i by- og tettstadsutviklinga. Etter høyring av delinnstilling 1 har planlovutvalet kontakta departementet med sikte på å få endra jordskiftelova slik at jordskifteverkemidla blir tilgjengelege også i byar og tettstader. Departementet vil starte eit lovendringsarbeid på dette grunnlaget.

Det er i de siste åra satsa på bruk av GPS-utstyr for å effektivisere markarbeidet i Jordskifteretten. Ein legg i budsjettframlegget opp til å nytte 5 mill. kr til investeringar i GPS-utstyr i 2002. Dette er ein auke på 2 mill. kr i høve til 2001.

Jordskifterettane har fram til 2001 dekt 0,3 mill. kr av utgiftene til målearbeid over sitt budsjett. Det er i budsjettframlegget for 2002 føresett at alle utgiftene til målearbeid blir dekt av partane, jf. òg omtale under kap. 4145.

Samarbeidet med fylkesmennene om geodata (GIS) vil bli ført vidare i 2002. GIS blir brukt til å framstille jordskifte- og temakart raskare.

Kap. 4145 Jordskifterettane (jf. kap. 1145)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
01	Saks- og gebyrinntekter	7 115	15 247	12 687
05	Refusjon, utgifter til målehjelp	13		
15	Refusjon, arbeidsmarknadstiltak	327		
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	1 049		
18	Refusjon sjukepengar	640		
	Sum kap. 4145	9 144	15 247	12 687

Post 01 Gebyrinntekter

Posten omfattar inntekter ved innkrevjing av gebyr frå partane. Det er ikkje lagt opp til endringar i gebyrreglane i høve til 2001 og budsjettforslaget for 2002 er på same nivå som revidert budsjett for 2001, jf. St.prp. nr. 84 (2000-2001).

Partane ber i tillegg ei rekkje utgifter som t.d. godtgjersle til meddommarar, målearbeid, grensemerker og eigen innsats ved førebuing til rettsforhandlingar. Desse utgiftene blir ført i eigne saksregnskap og er ikkje inkludert i budsjettframlegget for Jordskifterettane.

Kap. 1146 Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 4146)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	70 091	57 895	63 167
	Sum kap. 1146	70 091	57 895	63 167

Mål og strategiar

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) skal dekkje dei behova samfunnet har for grunnleggjande data om jord, skog, vegetasjon og landskap.

NIJOS skal òg levere standardisert ressurs- og miljøinformasjon med tilhøyrande kompetansetjenester som grunnlag for langsiktig areal- og ressursforvaltning og næringsutvikling. Data frå NIJOS skal medverke til

- betre utforming, iverksetjing og etterprøving av nasjonal politikk
- betre lokal og regional forvaltning og utnytting av natur- og landskapsressursane
- betre grunnlag for utforming av langsiktige strategiar og auka verdiskaping innanfor næringslivet
- betre grunnlag for målretta internasjonal bistand

NIJOS skal bidra til at desse måla blir nådd ved å

- gjennomføre landsdekkjande utvalsundersøkingar av skogressursar og kulturlandskap
- byggje opp og vedlikehalde system for samordna arealinformasjon for heile landet
- samordne ressurs- og miljødata, tilretteleggje data for brukarstilpassa løysingar og yte kompetansetjenester innanfor skogbruksplanlegging, landbruksforvaltning og jordskifte

Mange av dei data NIJOS samlar inn, har nytteverdi for fleire sektorar enn landbruket. NIJOS bør derfor ha eit aktivt informasjonsarbeid og ha kontakt med andre sektorar i samfunnet. NIJOS må òg halde fram med å skaffe inntekter i marknaden ved delfinansiering av produkt, oppdragsverksemd og prising av nokre produkt og tenester.

NIJOS skal leggje auka vekt på fleirbruk og gjenbruk av informasjonen, mellom anna ved hjelp av internett. Dette skal gi auka bruk av data og auka samfunnsnytte.

Resultatrapport 2000

Landsskogstaksering og skogovervaking

NIJOS har i 2000 ført vidare landsskogstakseringa med registreringar på 1/5 av dei landsdekkjande permanente prøveflatene. NIJOS har gitt ut rapport "Skog 2000" om ressursoversyn og overvaking, og tre fylkesvise rapportar. I samarbeid med forskingsinstitusjonar har NIJOS analysert karbonbinding i skog. Dette er nytta i internasjonale klimaforhandlingar. Data frå landsskogstakseringa og skogovervakinga er nytta som grunnlag for analysar innan verdiskaping, biologisk mangfald og andre miljøgode og i samband med klima. Det er gjeve ut internasjonale rapportar frå dette arbeidet.

Overvaking av kulturlandskap

Programmet "Overvåking av jordbrukets kulturlandskap" er gjennomført for fylka Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark. Overvaking skal vise utviklinga i kulturlandskapet for indikatorar innan arealstruktur, biologisk mangfald, kulturminne og ferdselsmoglegheit. Programmet skal gi grunnlag for nasjonal og internasjonal rapportering.

Digitale markslagskart (DMK)

I 2000 har NIJOS produsert 14 500 km² og ajourført 1 500 km². Pr. 31. desember 2000 blei det etablert DMK for totalt 86 000 km². Ved utgangen av år 2000 var det etablert DMK for det arealet som er kartlagt i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000 i 214 kommunar. DMK er ein viktig del av den nasjonale digitale infrastrukturen av kartdata fordi DMK seier noko om kvaliteten på dei kartlagte areala. Når det digitale kartet er ferdig for heile fylke slik det t.d. er i Østfold, kan ein lage arealressurskart i andre og meir oversiktlege målestokkar som for eksempel 1:100 000.

Jordsmonnkartlegging

I 2000 har NIJOS kartlagt ca. 190 km² jordsmonn. Det er dei areala som er mest utsette for erosjon, som er gitt prioritet. Det er utarbeidd temakart for ei rekkje ulike bruksområde. Det er starta eit nytt tiltak der ein kombinerer jordsmonn, klima- og plantedata ved hjelp av moderne informasjonsteknologi. Data frå dette vil vere ein god reiskap for arealforvaltning, og vil kunne gi grunnlag for

betre lønsemd ved at ein ut frå karta kan velje planter som gir best mogleg kvalitet på produkta.

Anna

I 2000 har ein halde fram arbeidet med informasjonssystem for husdyrbeite i utmark. Informasjonssystemet vil bli ferdig i løpet av 2001. Kartlegging av ressursar i utmark er ført vidare. Det er utvikla modellar for verdsetjing av jordbruksareal. Dette nyttast m.a. i jordskifte.

Budsjettforslag 2002

NIJOS samlar inn og klassifiserer data om ressursgrunnlaget for skog, jord, vegetasjon, utmark og landskap. Denne grunnleggjande datafangsten skal førast vidare. Samstundes skal NIJOS utvikle nye produkt og yte kompetansenester for eksisterande og nye grupper.

NIJOS skal føre vidare satsing på formidling av data, informasjon og kunnskap gjennom internett.

Departementet ser behov for å styrkje arbeidet med arealressurskartlegging og formidling av ressursdata. Innanfor ei ramme på 4 mill. kr vil ein prioritere digitale markslagskart, distribusjon av data via internett og utvikling av eit internettbasert verktøy for innsyn og analyse av digitale kart- og registerdata. Ved å satse meir på DMK, får den regionale forvaltninga tilgang til ressursdata over større område som bidrag til etablering av felles grunnkart i Geovekst-samarbeidet. Landbruksforvaltninga vil òg nytte EDB-verktøy for analyse av digitale kart.

Landsdekkjande utvalskartlegging

I 2002 skal NIJOS føre vidare og effektivisere nåverande program.

Måla for 2002 er å:

- føre vidare den 8. landsskogtakst med 5-årig omdrev, registrere alle flatene i overvakingssystem for skogskader,
- halde oppe arbeidet med vegetasjonskartlegging i utmark,
- forvalte dei innsamla data, produsere og formidle dei nasjonale standardrapportane for tilstand og endringar i ressursar og miljø og standardrapportane for internasjonalt samarbeid.

I tillegg er det sett av midlar over kap. 1140 post 77 for å finansiere NIJOS sitt arbeid med overvaking og resultatkontroll av jordbrukets kulturlandskap, jf. kap. 1140 post 77.

Landsdekkjande samordna arealressurskartlegging

NIJOS skal føre vidare og effektivisere eksisterande program. Med grunnlag i desse skal NIJOS byggje opp samordna arealinformasjon for heile landet og meir detaljert informasjon om dei viktigaste områda for næringsverksemd.

Måla for 2002 er at NIJOS skal:

- etablere ca. 12 000 km² og ajourføre 2 000 km² DMK, jf. omtale av satsinga på DMK ovanfor
- kartleggje ca. 150 km² jordsmonn
- forvalte dei innsamla data og produsere og formidle standardinformasjon til bruk i samfunnsplanlegging, arealforvaltning og næringsutvikling
- produsere samordna kommune- og fylkesvise arealressurskart basert på generalisering av markslag, jordsmonndata, klimadata og andre data kombinert med data frå satellittbilete. Dette skal etablerast i fylke med god dekning av markslags- og jordsmonndata og der det er etterspurnad etter slike kart. NIJOS skal arbeide for å få delfinansiering av karta frå kommunane, fylkeskommunane og andre.
- vidareutvikle informasjon basert på jord, klima og plantedata som grunnlag for betre jordvern, verdsetjing og betre bruk av ressursane i jordbruket generelt. Slike data er mellom anna nyttige for nisjeproduksjon. Bruk av standardiserte klima, jord- og plantedata er eit tiltak som gir grunnlag for betre marknadsplanlegging, betre produktkvalitet og kostnadseffektive dyrkingssystem.
- føre vidare informasjonssystem for utmark og vegetasjonskartlegging i utmark. Vegetasjons-

kartlegging og anna aktivitet innan området utmark vil likevel bli noko redusert.

Kompetansesenter m.m.

NIJOS er landbruket sitt kompetansesenter innanfor geodata i høve til skogbruksplanlegging. Ordninga med nasjonale temasenter for samordning av miljøinformasjon er lagt ned.

Måla for 2002 er å

- yte tenester til regionale landbruksstyresmakter, fylkeskommunane og jordskifterettane for å effektivisere geografisk informasjonsbehandling. Tilrettelegging av grunnlagsdata skal prioriterast.
- støtte departementet i utforming av strategiar og handlingsplanar innanfor skogbruksplanlegging. Hovudoppgåvene for kompetansesentret er knytt til skogbruksplanlegginga som eit viktig element i oppfølginga av St.meld. nr. 17 (1998-99), der regelverksforbetring, metodeutvikling og dataforvaltning står sentralt.
- utvikle vidare *Landbrukets geografiske informasjonssystem (LGIS)* for å løyse fleire oppgåver og bli tilpassa internetteknologi

Ein tar sikte på å redusere aktiviteten innan delar av dette området i 2002.

Verksemda ved NIJOS er organisert med eit hovudkontor på Ås og distriktskontor i Bø, Hamar, Andselv og Steinkjer. Landbruksdepartementet ser det som føremålstenleg å vurdere organiseringa av NIJOS og vil sjå nærare på ei nedlegging av distriktskontoret på Hamar frå 2003.

Kap. 4146 Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 1146)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
02	Driftsinntekter	24 375	16 261	16 749
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	634		
18	Refusjon sjukepengar	435		
	Sum kap. 4146	25 444	16 261	16 749

Det er under kap. 4146 post 02 budsjettert med inntekter frå NIJOS si oppdragsverksemd.

Kap. 1147 Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	25 138	28 564	28 036
45	Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	4 569	3 028	3 061
70	Tilskott til fjellstover	594	625	625
71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	10 281	5 287	2 109
	Sum kap. 1147	40 582	37 504	33 831

Mål og strategiar*Innleiing*

Reindriftsforvaltninga skal leggje til rette for at måla i reindriftpolitikken blir nådde. Reindriftsforvaltninga forvaltar reindriftslova og verkemidla under reindriftsavtalen. Reindriftsforvaltninga er òg sekretariat og utøvande organ for Reindriftsstyret og Områdestyra og har ein rådgjevande funksjon i høve til næringa.

Overordna mål

Reindriftpolitikken byggjer på to sjølvstendige verdigrunnlag - ein næringspolitisk produksjonsverdi og ein samepolitisk kulturverdi. Dei reindriftpolitiske måla er samanfatta i omgrepet "*Ei berekraftig reindrift*". Med dette meiner ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Desse tre måla står i innbyrdes samanheng. Økologisk berekraft gir grunnlag for økonomisk berekraft, og saman gir økologisk og økonomisk berekraft grunnlag for å utvikle kulturell berekraft.

Departementet har trekt opp seks resultatområde som Reindriftsforvaltninga arbeider etter.

1. Ressursforvaltning

Reindriftsforvaltninga skal på bakgrunn av grunnlagsdata om utviklinga i lavbeitene og veker av rein etter sommarbeiteperioden medverke til nødvendige tiltak som gir ein tilpassa reinbestand, samt kontrollere at rammene for bruk av beiteressursane blir haldne.

2. Arealforvaltning

Reindriftsforvaltninga skal arbeide for å få dokumentert reindrifta si arealbruk og rettar, samt

arbeide for auka forståing av reindriften si bruk av areal, og da særleg blant arealplanleggjarar i kommunar og fylkeskommunar. Vidare er det viktig å få bevisstgjort planleggjarane sitt ansvar på alle nivå i forhold til den plikt desse òg har etter Grunnloven §110 a og folkeretten sine reglar om urbefolkning og minoritetar.

3. Reindriftsbasert næringsutvikling

Reindriftsforvaltninga skal medverke til utnytting og utvikling av reindrifta basert på prinsippet om ei berekraftig reindrift, under det etablering av tilleggsnæringar i samanheng med dei inntekts- og velferdspolitiske tiltaka retta mot reindrifta.

4. Tilskottsforvaltning

Reindriftsforvaltninga skal medverke til eit enklare og betre regelverk for tilskottsordningane, og betre forståinga av verkemidla sine innhald.

5. Samordning – rettleiing og informasjon

Reindriftsforvaltninga skal medverke til å opparbeide nettverk og alliansar med andre offentlege institusjonar slike som stat, fylke og kommunar. Vidare er det stilt krav om nær kontakt mellom næringa sine representantar og Reindriftsforvaltninga for å opparbeide tillit og forståing for samarbeid som avgjerande grunnlag for å nå målet om ei berekraftig reindrift.

6. Internadministrasjon

Reindriftsforvaltninga skal vere omstillingsdyktig og formålseffektiv, og ha eit kostnadseffektivt rettleiings- og styringsapparat overfor reindriftskontora og den enkelte reindriftsutøvar.

Reindriftsforvaltninga – rapport frå arbeidsgruppe

Landbruksdepartementet sette ned ei arbeidsgruppe med oppgåve å vurdere forvaltninga med tanke på ei betre oppnåing av gjevne politiske mål innanfor fastsette økonomiske rammer. Arbeidsgruppa har vurdert dei ulike sidene av forvaltninga med bakgrunn i NIBR si evaluering frå 2000, ei spørjeundersøking til alle tilsette og diverse styringsdokument. Arbeidsgruppa har definert Reindriftsforvaltninga sine kjerneoppgåver til å vere arealforvaltning, ressursforvaltning og tilskottsforvaltning. Arbeidsgruppa viser til at det er stor forskjell mellom dei ulike områdekontora når det gjeld kva for oppgåver som krev ressursar. Arbeidsgruppa meiner at Reindriftsforvaltninga bør omprioritere ressursar mellom område, m.a. frå tilskottsforvaltning til ressurs- og arealforvaltning. Det er òg nødvendig med omprioriteringar innan dei einskilte områda. Dette krev forenklingar både i tilskottsordningane og i forvaltning av økonomiske og juridiske verkemiddel, samt endringar i arbeidsdelinga mellom forvaltningsnivåa. Arbeidsgruppa seier vidare at dei administrative funksjonane må ha nok merksemd og kapasitet. Arbeidsgruppa meiner at kompetansen innan personal og jus må styrkjast og at kompetanseheving, økonomiforvaltning, leiing- og leiarkompetanse samt arealforvaltning ved hovudkontoret må ha auka merksemd framover. Arbeidsgruppa meiner at Reindriftsforvaltninga bør omorganiseras for å få styrkt samhandlinga mellom nivåa i organisasjonen, få ein flatere organisasjonsstruktur og få eit auka leiarfokus. Arbeidsgruppa sin rapport har vore ute på høyring til alle tilsette i Reindriftsforvaltninga og det har ikkje vore merknader til tiltaka som blei foreslått.

Landbruksdepartementet legg rapporten frå arbeidsgruppa til grunn for det vidare arbeidet med å utvikle og effektivisere Reindriftsforvaltninga, jf. omtale under budsjettframlegg 2002.

Resultatrapport 2000

1. Areal- og ressursforvaltning

Beitegrunnlaget for reinen blei dramatisk redusert på 1900-talet, og reduksjonsfarten er aukande. Seinare års datainnsamling av levandeveker og slakteveker, samt ein forskingsrapport frå 2000 som er utarbeidd av NORUT i Tromsø og NINA, gir eit tilstrekkeleg grunnlag for å fastsetje nødvendige rammer for ein økologisk berekraftig reindrift. Arbeidet med fastsetjing av høgste rein-

tal for distrikta i Finmark er påbegynt. Mykje tid er nytta til kommunikasjon med næringa, media og andre offentlege organ.

Reindriftsforvaltninga har eit ansvar for å ivareta reindriften sine arealinteresser i den allmenne arealforvaltninga. Dette skjer i hovudsak gjennom arealplan- og arealsakprosessar etter plan- og bygningsloven. Reindriften sine arealbrukskart er under revisjon i samheng med distriktsplanarbeidet. Desse karta er særskild viktige for å få synleggjort reindriften si arealbruk og med det sikre næringa si plass i kommuneplanane.

Behandlinga av søknader om rovdyrerstatning har vore svært arbeidskrevjande grunna store rovdyrtaf. Ved at reinen finn si føde i utmark heile året gir dette i seg sjølv ein auka tapsrisiko som gjer reindriftsnæringa spesielt sårbar ved auke i rovdyrstammene. Tapet er i enkelte distrikt no så store at grunnlaget for ei berekraftig reindrift er i fare.

2. Reindriftsbasert næringsutvikling

Frå Reindriften sin utviklingsfond er det overført 2 mill. kr til Samisk utviklingsfond. Midlane er nytta til binæringar knytt til reindrift.

Arbeidet med å styrke kvinne- og familieretta tiltak er kome i gang. Det er oppretta ei referansegruppe for kvinneretta tiltak. Vidare er det over heile landet etablert eit kvinnenettverk.

3. Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Ordninga med konfliktførebyggjande tiltak mellom jordbruk og reindrift er administrert av SND i Troms. Forvaltninga har iverksett ulike tiltak for å hindre konflikter og skape respekt og dialog over interessegrensene.

4. Samordning - informasjon

Gjennom kontaktmøte på fylkesplan har forvaltninga informert om reindrift både på politisk og administrativt plan. Særleg har det vore stor aktivitet innan områda arealplanlegging og rovdyrforvaltning.

I forhold til næringa er det sendt ut forskrifter både på norsk og samisk. Vidare har reindriftsagronomane heldt orienteringsmøter for utøvarane om reindriftsavtalen for 1999/2000. For leiinga er det gjennomført kurs i mediestrategiar.

Reindriftsforvaltninga har fått lagt grunnlaget for eiga web-side på internett.

5. Rettleiing og internadministrasjon

Reindriftsforvaltninga har hatt som prioritert oppgåve å auke kompetansen innanfor samisk språk og kultur. I samband med dette har tre tilsette i forvaltninga gjennomført kompetansegivande opplæring.

Norsk Institutt for By- og regionforskning (NIBR) la fram si evaluering av Reindriftsforvaltninga i oktober i fjor, jf. egen omtale i St.prp. nr. 1 (2000-2001). Oppfølging av rapporten er ivareteke gjennom nedsetjing av ei eiga arbeidsgruppe, jf. eigen omtale.

Budsjettforslag 2002

I tråd med forslag frå arbeidsgruppa som har vurdert dei ulike sidene ved forvaltninga vil resultat-områda bli noko endra frå og med 2002.

1. Ressursforvaltning

For å nå målet om ei økologisk, økonomisk og kulturelt berekraftig reindrift må reintalet i Finnmark reduserast, verdiskaping på grunnlag av kjøtt og biprodukt auke samt tiltak for å redusere rovdyrtpapa gjennomførast.

Tilpassing av reintalet til beiteressursane, låg produksjon og nye distriktsinndelingar er hovudutfordringar i Finnmark. Det skal satsast på ei sterkare samordning av økonomiske og juridiske verkemiddel for å oppnå ein stabil og optimal utnytting av beiteressursane. Arbeidet med å fastsette øvre reintal skal slutførast.

2. Arealforvaltning

På generell basis vil sikring av beiteareala mot inngrep vere den viktigaste utfordringa i tillegg til rovdyrproblematikken. Dokumentasjon av reindriften sin arealbruk og rettar er avgjerande for næringa si framtid. Det er viktig at dette arbeidet blir prioritert slik at forvaltninga kjem i forkant av og med innspel til t.d. kommune- og fylkesplanar. Nettverk og alliansar til andre offentlege organ skal gjere det kjent og auke aksepten for reindriften sitt nærvær.

3. Reindriftsbasert næringsutvikling

Det skal satsast meir på etablering av tilleggsnæringar i samband med dagens reindrift. Tilleggsnæringar er særleg viktig for kvinnene og for å ta vare på heilskapen i reindriftskulturen. Reindriften vil på den måten medverke til at verdifulle trekk

ved samisk kultur blir haldne ved like og ført vidare, og næringa vil då ha legitimitet som eit viktig materielt grunnlag for samisk kultur. Verdiskapingsprogrammet for reindrift blei starte opp 01.07.01. Programmet skal leggje til rette for høgare verdiskaping i og frå reindriften. Det må arbeidast for å skape og leggje til rette for ei positiv samhandling mellom reindriftnæringa, SND, som har sekretariatsansvaret, og Reindriftsforvaltninga i gjennomføringa av verdiskapingsprogrammet. Verkemidla i verdiskapingsprogrammet må bli marknadsført og brukt på ein slik måte at dei utnyttar det potensialet som ligg i ei aktiv satsing på både kvinner og menn i næringa. Det er òg viktig at andre verkemiddel blir sett i samanheng med verdiskapingsprogrammet slik at den samla effekten blir størst mogleg.

4. Tilskottsforvaltning

Reindriftsforvaltninga skal halde fram arbeidet for enklare og betre regelverk for tilskottsordningane, og for betre forståing av verkemidla sine innhald.

Reindriften er ei næring som krev mykje areal. Dette kan føre til konflikhtar i høve til andre interesser, t.d. jord- og skogbruk. Reindriftsforvaltninga skal derfor delta aktivt i arbeidet med å utvikle konfliktførebyggjande tiltak i høve til andre næringsinteresser. Ein må t.d. sørge for at konfliktane blir reduserte mest mogleg gjennom vilkår og rettleiing i dei tilfella der gjerdebygging og bruk av motoriserte hjelpemiddel er nødvendig.

5. Samordning – rettleiing og informasjon

Reindriftsforvaltninga må drive aktiv informasjonsverksemd om sine ansvarsområde overfor eit større publikum, og formidle informasjon om utviklinga i reindriften og dei sentrale verdiane som reindriften tar vare på.

Dokumentasjon av reindriften sin arealbruk og sine rettar er avgjerande for næringa si framtid. Nettverk og alliansar til andre offentlege organ skal gjerast kjent og auke aksepten for reindriften sitt nærvær. Vidare er det stilt krav om nær kontakt mellom næringa sine representantar og Reindriftsforvaltninga for å opparbeide tillit og forståing for samarbeid som avgjerande grunnlag for å nå målet om ei berekraftig utvikling.

Reindriftsforvaltninga skal bidra til at resten av reinbeitedistriktet utarbeider eigne distriktsplanar.

Det er viktig å sikre gode koplingar mellom forskingsmidlane og midlar til utviklingstiltak

over reindrifftsavtalen, jf. kap. 1137 post 50 og kap. 1151 post 50.

- Hovudstrategien for praktisk relatert forskning, utvikling og fagretta arbeid skal m.a. bidra til
- å oppfylle delmåla i reindrifftspolitikken
 - målretta og problemløysande forskning
 - auka relevans gjennom heilskapstenking og fleirfagleg samarbeid
 - auka utnytting av eksisterande kunnskap
 - auka vekt på formidling og nettverksbygging mot brukarane

6. Internadministrasjon

Reindrifftsforvaltninga skal vere omstillingsdyktig og føremålseffektiv, og ha eit kostnadseffektivt rettleiings- og styringsapparat overfor reindrifftsområdekontora og den enkelte reindrifftsutøvar.

Reindrifftsforvaltninga sentralt i Alta skal auke innsatsen i tilsyn og oppfølging av områdekontora og hjelpe til med kunnskap om bruk av lover, forskrifter og allmenn saksbehandling i saker der avgjerd i første instans er lagt til desse.

Med fokus på leiing og styring skal Reindrifftsforvaltninga arbeide for ein meir effektiv måloppnåing innanfor fastsette økonomiske rammer. jf. anbefalingane frå arbeidsgruppa som har vurdert forvaltninga si verksemd.

Post 01 Driftsutgifter

Det er overført 0,6 mill. kr frå posten til kap 0540 post 50 *Tilskott til Sametinget* for å styrkje Sameetinget sitt arbeid med reindrift og leggje til rette for auka samhandling mellom Reindrifftsforvaltninga og Sametinget. Det vil framleis vere noko utgifter knytt til forhandlingar om den norsk-svenske reinbeitekommisjonen. Ordninga med kvinne- og familieretta tiltak i reindrifftsnaeringa vil bli ført vidare.

Landbruksdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under posten med inntil 0,5 mill. kr ved forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf. forslag til vedtak III.

Post 45 Store utstyrsjøp og vedlikehald

Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 3 mill. kr til vedlikehald av konvensjonsgjerda.

Post 70 Tilskott til fjellstover

Formålet med tilskottet er å halde oppe tilbodet av gjetarhytter til m.a. reingjetarane. Ein har i dag fire statseigde fjellstover og i tillegg kontrakt med tre private om fjellstovehald. Ein foreslår ei løyving på vel 0,6 mill. kr.

Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark

Formålet med tiltaket er å redusere talet på rein og kanalisere ei oversysselsetjing over i andre yrke.

Reineigarane har fått tilbod om å gå over i aktiv omstilling mot å avvikle reindriffta si. Fristen for søknad om omstillingslønn var 1.9.1995 og inntaksstans var 31.12.1995. Ved inntaksstans var om lag 100 driftseiningar gått inn på ordninga med omstillingslønn, og det var slakta ut vel 20 000 rein. Dei siste omstillarane vil gå ut av ordninga i løpet av vinteren 2000-2001.

Det har vist seg svært vanskeleg å få omstillarar over 55 år i anna arbeid. For denne gruppa var det ikkje sett krav om aktiv omstilling. For å medverke til å gi denne gruppa ei verdig avslutning på arbeidslivet og for å hindre at dei tek opp att reindriffta, vil dei kunne søkje om forlenga omstillingslønn fram til den til ei kvar tid gjeldande ordinære pensjonsalder etter lovgivinga i folketrygd. Føresetnaden for å kome inn under ordninga er at vedkomande si driftseining blei avvikla. Ordninga vil bli finansiert innanfor løyvinga til omstillingstiltak.

For å dekkje behovet for omstillingslønn i 2002 gjer ein framlegg om ei løyving på vel 2 mill. kr.

Kap. 4147 Reindrifftsforvaltninga (jf. kap. 1147)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsinntekter m.m.	3 526	1 586	1 500
16	Refusjon, fødselspengar/adopsjonspengar	531		
	Sum kap. 4147	4 058	1 586	1 500

Ein reknar med inntekter på 1,5 mill. kr under post 01 frå administrative tenester knytte til rein-driftsavtalen, jf. kap. 1151.

Kap. 1148 Naturskade - erstatningar og sikring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
70	Tilskott til sikringstiltak m.m., <i>kan overførast</i>	4 800	19 810	20 016
71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	56 762	40 273	41 481
	Sum kap. 1148	61 562	60 083	61 497

Mål og strategiar

Statens naturskadeordning dekkjer erstatning for naturskadar som det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning. Statens naturskadeordning skal òg fremme sikring mot naturskadar m.a. gjennom å gi tilskott til sikringstiltak og ved samhandling med andre aktørar innanfor sikringsområdet.

Statens naturskadeordning er organisert med eit styre, ei ankenemnd og eit sekretariat. Statens landbruksforvaltning (SLF), er sekretariat for ordninga. SLF førebur sakene for styret og ankenemnda og gjer etterarbeidet som følgjer av vedtaka i styret og ankenemnda. SLF har òg det administrative ansvaret for ordninga.

Styret og SLF skal syte for at krav om erstatning for naturskadar og søknader om tilskott til sikringstiltak får ei rask og forsvarleg behandling. SLF skal dessutan raskt kunne setje inn ein målretta og utvida innsats når naturkatastrofar oppstår.

SLF skal sjå til at sekretariatet arbeider effektivt. SLF skal vidareføre arbeidet med informasjonstiltak og samarbeid med andre aktørar på området.

Budsjettforslag 2002

Post 70 Tilskott til sikringstiltak m.m.

Statens naturskadeordning skal medverke til å fremje sikring mot naturskadar gjennom økonomiske tilskott, bistand til kommunane i samband med sikringstiltak og fareregistrering. Det skal prioriterast å gi tilskott til kommunar med spesielt vanskeleg økonomi og stort sikringsbehov.

I 2002 gjer ein framlegg om ei løyving på 20 mill. kr. Ein gjer framlegg om ei tilsegnfullmakt for 2002 på 2 mill. kr, jf. tabell 2.10 og forslag til

vedtak IV. Dette vil gjere det mogleg å gi nye tilsegn for 22 mill. kr.

Tabell 2.10 Tilsegnfullmakt sikringstiltak (mill. kr)

Ansvar pr. 1.1.2001	4,1
Tilsagn 2001	19,8
Sum	23,9
-(løyving 2001+overførte midlar)	23,9
Ansvar pr. 31.12.2001	0,0
Nye tilsegn 2002	22,0
Sum	22,0
Forslag til løyving 2002	20,0
Tilsegnfullmakt 2002	22,0

Post 71 Naturskadeerstatningar

Løyvinga til naturskadeerstatningar er tilpassa år med gjennomsnittleg skadeomfang. Erstatningane blir utbetalt etter at skaden er utbetra. Fristen for utbetring er 3 år og dette verker inn på den årlege utbetalinga. Styret skal gi ei rask og forsvarleg behandling av krav om erstatning som er heimla i naturskadelova. Landbruksdepartementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av rapportar om økonomi og saksbehandling og i styringsdialogen.

Over posten blir det betalt ut erstatning i samsvare med lova. I tillegg blir det dekt rettfærdsvederlag, utgifter til taksering, m.a. av skader, samt nødvendige utgifter til ekstrahjelp og utvikling av edb-system for verksemda.

Styret kan totalt gi tilsegn for inntil 2 mill. kr til forskingsprosjekt, informasjonstiltak og andre aktivitetar som medverker til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulykker, eller å auke effekten av dei ressursar som nyttast på naturskadeområdet.

Etter naturskadelova kan det setjast som vilkår for utbetaling av erstatning, at skaden blir utbetra på ein slik måte at faren for naturskade minkar. Dette gjeld både utbetringar på skadeobjektet og gjennomføring av mindre sikringstiltak i nærleiken av skadeobjektet. For slike sikringstiltak kan ein, i samband med erstatninga òg over denne posten, gi tilskott på maksimalt kr 25 000 pr. sak til den skadelidne til dekning av desse meirkostnadene.

Flaumen på sør- og austlandet i oktober/november 2000 og stormen i Nordland hadde ekstraordinært stort skadeomfang, og det var nødvendig å gjere framlegg om tilleggsløyving i 2001 på 80 mill. kr, jf. St.prp. nr. 99 (2000-2001). Ved utrekning av behovet for løyving i 2002 er det føresett at Stortinget vedtek framlegget om tilleggsløyving i 2001.

Ut frå dette gjer ein framlegg om ei løyving på 41,5 mill. kr og ei tilsegnfullmakt på 10 mill. kr, jf. tabell 2.11 og forslag til vedtak IV.

Tabell 2.11 Tilsegnfullmakt naturskadeerstatningar (mill. kr)

Ansvar pr. 1.1.2001	24,7
Tilsegn 2001	130,3
Sum	155,0
-(løyving + overførte midlar)	140,8
Ansvar pr. 31.12.2001	14,2
Nye tilsegn 2002	37,3
Sum	51,5
Forslag til løyving 2002	41,5
Tilsegnfullmakt 2002	10,0

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. (jf. kap. 4150)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
50	Fondsavsetningar, <i>overslagsløyving</i>	1 471 837	1 604 560	784 960
70	Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	206 450	230 500	222 500
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	1 507 545	1 727 370	2 456 417
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	6 953 628	6 758 524	6 873 558
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	1 064 287	402 600	359 000
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 858 204	1 798 454	1 773 854
	Sum kap. 1150	13 061 952	12 522 008	12 470 289

Mål og strategiar

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av jordbruksavtalen. Jordbruksavtalen og tilskottsordningane under han er dei viktigaste verkemidla for å følgje opp måla og retningslinene i landbrukspolitikken. For ei nærare omtale av mål og strategiar i jordbrukspolitikken visar ein til programkategori 15.30 og til kap. 6 i St.prp. nr. 92 (2000-2001).

Det er lagt vekt på eit berekraftig landbruk som grunnlag for verdiskaping og sysselsetting i alle delar av landet. Næringsutøvarane må sikrast mogelegheit for inntekt og levekår på linje med befolkninga elles, samtidig som landbrukspolitikken må medverke til lågare kostnadsnivå, konkurransedyktige råvareprisar, lågare matvareprisar og produksjon tilpassa etterspørselen. Jordbruket

produserer også fellesgode, som kulturlandskap, og ein legg vekt på å utvikle miljøvenlege produksjonsmetodar.

Det høge kostnadsnivået i norsk jordbruk er eit resultat av naturgjevne forhold som klima og topografi, strukturen i det norske jordbruket og eit generelt høgt pris- og kostnadsnivå i Noreg. Vidare er den geografiske produksjonsfordelinga og eigedomsstrukturen i landbruket i Noreg viktig for å sikre eigen matproduksjon, og for å oppretthalde produksjonen av samfunnsgode som kulturlandskap, sysselsetting og busetting i distrikta. For å vege opp for dette og sikre lønsemd i matproduksjonen, er det i Noreg behov for ein del overføringar direkte knytt til produksjonen. Nærare omtale av målsetjingar for tilskottsordningane under kap. 1150 er gitt i budsjettforslaget for 2002 nedanfor.

Resultatrapport 2000

Marknadsreguleringa er gradvis redusert og gjort enklare slik at prisane har meir å seie for marknadstilhøva. For 2001 har Budsjettnemnda budsjettert med vesentlege forbetringar i marknadsbalansen. For kjøtt er det til dels budsjettert med marknadsunderskott i 2001. Nedgangen i det innanlandske mjølkeforbruket held fram. Det blei kjøpt til saman 96 mill. liter kumjølkkvote gjennom ordninga med kjøp og sal av mjølkekvoter i 2000. Ikkje noko av dette blei selt ut igjen.

Den regionale fordelinga av produksjonen er i hovudtrekk som føresett. Distrikta held oppe sin del av den samla produksjonen. Det har dei siste tiåra vore ein jamn nedgang i sysselsetjinga i jordbruket. Bruk av ny teknologi og nye arbeidsmåtar er ein vesentleg årsak til dette. Talet på bruk i drift har òg gått jamt ned.

For ein detaljert statusrapport pr. 2000 for jordbrukspolitikken viser ein til kap. 3 i St.prp. nr. 92 (2000-2001). Ein viser òg til programkategori 15.30.

Jordbruksoppgjæret 2001

Ved jordbruksoppgjæret i 2001 kom partane 19.5.01 fram til ei forhandlingsløyising for ein jordbruksavtale med verknad frå 1.7.01. Avtalen har ei auka varig ramme på 425 mill. kr. Avtalen inneber ein auke i løyvingane over statsbudsjettet (kapittel 1150) på 40 mill. kr. Avtaleprisane blir auka med 300 mill. kr. Kompensasjonen for tiltaka mot kugalskap blir utvida til heilårsverknad med 85 mill. kr. I tillegg vil eingongsbeløp av frie midlar på 148 mill. kr bli disponert over avtalen i 2001 og 2002.

Jordbruksavtalen for avtaleåret 2001-2002 legg til grunn føresetnadene om dei økonomiske rammevilkåra for jordbruket i Innst. S. nr. 167 (1999-2000):

«Dette flertallet mener det må føres en aktiv landbrukspolitikk som sikrer aktive utøvere i jordbruket en inntektsutvikling og sosiale vilkår på linje med andre grupper i samfunnet.»

og:

«God utnytting av markedsmulighetene, økt mangfold, et balansert marked, strukturelle endringer og fornuftige kostnadstilpasninger vil i økende grad få betydning for at en slik inntektsutvikling kan oppnås.»

Det er lagt til grunn for avtalen at det er nødvendig med kostnadsreduksjonar og omstilling i

heile matvarekjeda. Vidare er det lagt til grunn at reduksjonen i meirverdiavgifta på matvarer frå 1.7.01 blir utnytta av jordbruket på ein offensiv måte for å auke produksjon og inntekter i næringa.

Fordelingsprofilen er basert på prinsippa frå Innst. S. nr. 167 (1999-2000), ved at målprisauken får størst utslag på bruk der vareproduksjonen er viktig for inntekt og sysselsetting. Strukturprofilen på nokon av tilskottsordningane er blitt redusert. Den geografiske differensieringa er styrkt gjennom auka distriktstilskott til produksjonar på Vestlandet og i Nord-Noreg.

Avtalen inneber ein del små forenklingar. Avtalepartane skal innan jordbruksoppgjæret i 2002 utgreie verkemiddelsystemet med sikte på forenkling. Partane skal òg utgreie beitetilskottsordningane og ein ordning med kjøp og sal av mjølkekvotar mellom produsentar.

For å styrkje satsinga på auka mangfald i matvaresektoren er løyvinga til verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon auka frå 50 mill. kr til 90 mill. kr.

Ramma for tilskott til økologisk landbruk er auka monaleg for å medverke til rask vekt i produksjon og sal av økologiske produkt i tråd med Stortinget sine føresetnader.

Avtalen inneber at miljøtiltaka blir styrkt. Det blir lagt opp til framleis sterk satsing på utviklingstiltak og alternativ sysselsetjing i distrikta, samt auka satsing på investeringar i tradisjonelt jordbruk.

Importvernet er ikkje forhandlingstema i jordbruksoppgjæret. Ramma for jordbruksavtalen 2001-2002, og fordelinga av ho, er utforma innanfor WTO-pliktene våre.

Fase II-drøftingane blei avslutta 29.6.2001. Sluttprotokollen frå Fase II følgjer proposisjonen som trykt vedlegg.

Jordbruksoppgjæret og endringane i statsbudsjettet for 2001 er lagt fram for Stortinget i St.prp.nr. 92 (2000-2001).

Etter at Stortinget behandla jordbruksoppgjæret, var det 16.–22. august møter mellom partane i jordbruksoppgjæret om verknaden av den nye marknadsordninga for korn. Vidare hadde partane møte 14. september med bakgrunn i brev fra Norges Bondelag av 6. september. Protokoll frå forhandlingsmøte 22. august 2001 mellom Staten og Norsk Bonde- og Småbrukarlag om tillegg til jordbruksavtalen, og referat frå dei møter som er halde følgjer proposisjonen som trykt vedlegg.

I jordbruksoppgjæret 2001, jf. pkt. 3 i sluttprotokoll frå forhandlingsmøte 18–19. mai mellom Staten og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og

Småbrukarlag, er det lagt til grunn at ein skal fastsette målprisar i den nye marknadsordninga for korn, gjeldande frå 01.07.01, som inneber ei teknisk justering av prisane i tidlegare ordning med 14 øre pr. kg. Etablering av ny marknadsordning for korn er ei heilt spesiell systemomlegging der avtalepartane har eit særskilt ansvar for å gjere vedtak som best mogeleg realiserer dei føresetnader som låg til grunn for omlegginga. Frå statens side blei det i desse forhandlingane halde fram at føresetnaden til partane for systemomlegginga var at denne i seg sjølv ikkje skulle innebere endra kornprisar ved sal for kornprodusentane. Vidare rekna ein med at den tekniske endringa ville innebere ein auke i kraftfôrprisen på 1 øre pr. kg. Storleiken på den tekniske justeringa av prisane blei sett slik at den skulle realisere desse føresetnadene.

Det var først i veke 32/33 det var mogeleg å gjere ei vurdering av om avtalen sine føresetnader om kornprisar og kraftfôr/matkornprisar skulle kunne bli gjennomført. Dei prisar som i veke 32/33 blei fastsette i marknaden synest å gje eit prisnivå til kornprodusent som var 5-6 øre høgare enn det som blei lagt til grunn i jordbruksoppgjæret, under føresetnad av samme leveringsmønster som i kornsesongen 2000-2001. Prissettinga på korn har i første rekke verknad på fordelinga av inntekter mellom kornprodusentane og husdyrprodusentane. Ein auke i kornprisane på 5-6 øre ville derfor ha auka inntektene for kornprodusentane med 10-12 000 kr pr. årsverk og gitt ein reduksjon i inntektene i dei kraftfôrbaserte produksjonane på 6-25 000 kr pr. årsverk.

På dette grunnlag blei det 16.-17. august halde møter mellom Landbruksdepartementet og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag for å drøfte saka. Det blei ikkje semje mellom partane om løysing. Staten og Norsk Bonde- og Småbrukarlag var i alle hovudtrekk samde. Norges Bondelag meinte det ikkje var grunnlag for å gjere endringar i avtalen som var inngått. Ut frå den situasjon som låg føre, kravde Staten forhandlingar om endringar i inngått jordbruksavtale med heimel i § 2-4 i Hovudavtalen for jordbruket av 17.02.92.

På formelt forhandlingsmøte 21. august blei partane ikkje enige om løysing. Norges Bondelag avviste Statens krav om endringar i inngått avtale. Norges Bondelag meinte at verken viktige føresetnader for avtalen hadde blitt vesentleg endra eller at det hadde oppstått forhold som ikkje var føresett. Norges Bondelag la også til grunn at ei inngått avtale ikkje kan bli endra utan at dei organisasjonane som har inngått avtalen samtykkjer i

det. Etter Norges Bondelags meining var det ikkje grunnlag for forhandlingar etter § 2-4 i Hovudavtalen. Norsk Bonde- og Småbrukarlag meinte at saka var stor nok til å kunne takast opp til forhandling etter § 2-4 i Hovudavtalen. Det blei deretter sett forhandlingsmøte mellom Staten og Norsk Bonde- og Småbrukarlag etter § 1-4 i Hovudavtalen. Partane blei på møte 22. august samde om protokoll (sjå vedlegg 3). Ut frå denne protokollen blei partane samde om eit tillegg til avtalen om at marknadsregulator skal leggje sine prisnoteringar på målprisanlegga på eit nivå som ved marknadsbalanse gir eit gjennomsnittleg prisnivå for avtaleåret på 4 øre under eksisterande målpris. Med den protokollen som Staten og Norsk Bonde- og Småbrukarlag har blitt samde om, skulle føresetnadene i jordbruksavtalen 2001-2002 vere mogeleg å nå.

Norges Bondelag ba i brev av 6. september 2001 om eit nytt møte med staten om saka. Bondelaget la til grunn at partane drøfta den juridiske utgreiinga som professor Henning Jakhelln hadde gjort etter oppdrag frå Norges Bondelag.

Eit slikt møte blei halde 14. september. Partane sine ulike vurderingar går fram av vedlegg 2.

Norges Bondelag viste til konklusjonane i utgreiinga der det blir sagt at det verken i jordbruksavtalen eller i dei forhandlingane som hadde gått føre seg tidlegare var kome fram noko vilkår som skulle føre til at ein avgrensa marknadsmessig endring skulle utløyse plikt for partane til å reforhandle jordbruksavtalen. Norges Bondelag viste vidare til at utgreiinga konkluderte med at § 1-4 i Hovudavtalen ikkje kan nyttast for avtalen som var inngått i dette høve. Endeleg meinte Norges Bondelag at denne endrings/tilleggsavtala ikkje er gyldig.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag viste til at organisasjonen gjeikk i forhandlingar fordi den nye marknadsordninga i ettertid synte seg å ha store utilsikta verknader for enkeltprodusentar. Organisasjonen meinte og ei endring var nødvendig av omsyn til den politiske legitimiteten til forhandlingsinstituttet og den nye marknadsordninga. Norsk Bonde- og Småbrukarlag viste til at det var desse særskilde tilhøva som var årsak til reforhandling av avtalen. Organisasjonen hadde ikkje vurdert den juridiske utgreiinga og såg på denne som eit partsinnlegg frå ein av forhandlingspartane.

Frå staten si side viste ein til at saka var vurdert på ny ut frå den juridiske utgreiinga Norges Bondelag hadde lagt fram. Frå staten si side blei det vist til at utgreiinga baserte seg på ei saksutgreiing frå Norges Bondelag si side. Det var her

peikt på fleire viktige avvik og manglar. Dei viktigste var etter staten sitt syn at:

- prissettinga på korn etter ny marknadsordning skulle fange dei nye rammevilkår samla
- utrekningane frå Norske Felleskjøp og SLF i august var knytt til føresetnader som i hovudprinsippa er på linje med prinsippa ved teknisk omlegging
- avvik i kornpris gir monaleg effekt for ein skilde produksjonsområde i jordbruket.

Vidare peika staten på at Norske Felleskjøp i møte i departementet 16. august hadde sagt at organisasjonen si vurdering har vore at den tekniske omlegginga vil ha ein annan verknad enn det avtalepartane rekna med. Staten som part i forhandlingane var ikkje tidlegare kjend med Norske Felleskjøp sine vurderingar.

Ut frå ein samla vurdering av desse momenta meinte staten at det er grunnlag for å endre avtalen, om nødvendig etter forhandlingar etter § 2-4. Frå staten si side meiner ein at terskelen for forhandlingar må vere lågare når kravet om forhandlingar er knytt til tilhøve der staten som part ikkje er kjend med viktige vurderingar.

Når det gjeld § 1-4 i Hovudavtalen, meiner staten at heimelen til å gjere avtale med ein organisasjon er generell. Denne heimelen kom inn i Hovudavtala i 1984 for å hindre at ein organisasjon blokkerer avgjerd når det ikkje er semje mellom dei to organisasjonane. Det er ikkje noko omfattande praksis å vise til når det gjeld bruken av heimelen. Dette heng først og fremst saman med at partane har lagt vekt på å kome fram til forhandlingsløyisingar med begge organisasjonar. Staten peikte på at det ikkje har vore innført eller drøfta særskilde avgrensingsreglar knytt til heimelen om å forhandla med ein organisasjon verken i 1984 eller seinare.

Med bakgrunn i denne oppsummeringa konstaterte partane på møte 14. september at dei har ulike vurderingar når det gjeld desse spørsmåla, og avslutta med dette drøftinga av saka. Frå staten si side orienterte ein om at Stortinget ville bli orientert om forhandlingane og behandlinga av saka i St.prp. nr. 1 for 2002.

Frå Regjeringa si side har ein sett på denne saka som viktig, der det i første omgang blei lagt vekt på å kome fram til semje partane i mellom. Når det etter fleire møter ikkje var mogeleg, meinte staten det var grunnlag for og nødvendig å gå vidare i forhandlingar med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Saka har òg vore viktig av omsyn til den politiske legitimiteten til forhandlingsinstituttet og marknadsordninga slik Norsk Bonde- og

Småbrukarlag peikar på. Utviklinga etter at tillegg til avtala blei fastsett 22. august, syner at marknaden for korn, matmjøl og kraftfôr no fungerer godt, og at prisane er i samsvar med føresetnadene partane la til grunn i avtalen av 18.-19. mai 2001.

Regjeringa vil likevel streke under at det berre må vere i heilt særskilde situasjonar at det blir gjennomført slike forhandlingar. I dette tilfelle meinte Regjeringa at det var ein slik særskild situasjon.

Norges Bondelag har vidare sagt at det etter organisasjonen si meining ikkje etter Hovudavtalen kan gjerast endringar i ei inngått avtale utan at dei organisasjonar som har inngått avtale er samde i det. Etter staten si meining gjer Norges Bondelag har uttrykk for det som bør vere den normale situasjonen, nemleg at partane utan formelle forhandlingar blir samde om endringar. Det er ikkje konkrete reglar i Hovudavtalen frå 1992 som støttar opp under Norges Bondelag sitt syn. Den noverande Hovudavtalen blei utgreidd i eit særskilt utval med representasjon frå alle partar. I innstillinga frå utvalet i 1988 finn ein heller ikkje vurderingar frå utvalet

Budsjettframlegg 2002

Budsjettforslaget for 2002 inneber at løyvinga på kap. 1150 blir redusert med om lag 52 mill. kr i forhold til saldert budsjett 2001, frå 12,522 mrd. kr til 12,470 mrd. kr. Inntektene på kap. 4150 aukar med 1 mill. kr til 122 mill. kr.

Ved vurdering av ramma for jordbruksavtaleperioden 2001-2002 ble følgjande lagt til grunn når det gjeld tiltak mot kugalskap, jf. St. prp. nr. 92 (2000-2001):

«Kostnadene for jordbruket knyttet til tiltak mot kugalskap (BSE) er beregnet av Budsjett-nemda for jordbruket til 270 mill. kr for 2001. Dette er lagt inn i Totalkalkylen for jordbruket og tatt hensyn til i inntektsberegningen 1999-2001. Ved full testing av alle storfe over 30 mnd. er varige kostnader beregnet til 310 mill. kr pr. år for næringen. I tillegg kommer 70 mill. kr, når det legges til grunn at testprogrammet avgiftsfinansieres gjennom økt næringsmiddelavgift fra 01.07.2001. Merkostnaden ved full gjennomføring blir dermed 110 mill. kr på avtaleåret.» Det var likevel lagt til grunn at: "Norge ikke går lenger i testing enn det våre naboland gjør.»

Det testomfang for storfe som det no er lagt opp til gjer at kostnadsauken for jordbruket blir

vesentleg mindre enn det som blei lagt til grunn for jordbruksavtalen, jf. kat. 15.10. I det nye beslutningsgrunnlaget for testomfang er det på den andre sida vedtatt auka testing for skrape-

sjuke på sau. Det blir lagt til grunn at denne reduserte kostnadsauken blir tatt omsyn til ved jordbruksforhandlingane våren 2002.

Merknader til dei einskilde postane

Post 50 Fondsavsetningar, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
50.11	Tilskott til LUF	620 277	734 000	736 000
50.12	Tilskott til Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon	27 900	27 900	12 900
50.13	Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe m.m.	38 060	38 060	36 060
50.14	Tilskott til kornfondet	785 600	804 600	
	Sum post 50	1 471 837	1 604 560	784 960

Underpost 50.11 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)

Etter LUF sine vedtekter kan fondsmidlane nyttast til tiltak som tar sikte på å styrkje og bygge ut næringsgrunnlaget på det einskilde bruk. Utgifter til administrasjon av LUF blir dekt over fondet.

LUF hadde pr. 31.12.2000 ein kapital på 2 561 mill. kr. Av kapitalen var 1 063 mill. kr i statskassa og 1 498 mill. kr var lånt ut. Det blei løyvd 620 mill. kr til LUF i 2000. Ramma for nye tilsegn blei sett til 925 mill. kr. Det blei utbetalt 967 mill. kr frå fondet. Ansvar knytt til innvilga, men ikkje utbetalte tilskott og investeringslån var pr. 31.12.2000 på 942,7 mill. kr. I 2001 var løyvinga til fondet 734

mill. kr før jordbruksoppgjeret, medan innvilgingsramma var på 987 mill. kr. I jordbruksoppgjeret 2001 blei løyvinga til fondet i 2001 auka til 754 mill. kr som eit eingongstiltak for å styrkje fondskapitalen. For 2002 blei innvilgingsramma sett til 1013 mill. kr, og løyvinga blei sett til 735 mill. kr. I tillegg blir tilskott til kurs for avløyssarar og landbruksvikarar flytta frå underpost 78.15 til LUF, kompetansetiltak.

På bakgrunn av dette gjer ein framlegg om ei løyving til LUF på 736 mill. kr for 2002.

Tabell 2.12 viser forslaget til fordeling av innvilgingsramma frå fondet i 2002 slik det blei vedteke i jordbruksavtala 2001-2002.

Tabell 2.12 Oversikt over LUF (mill. kr)

Nemning	Fordeling 2000	Budsjett 2001	Forslag 2002
Verdiskapingsprogram for matproduksjon		50	90
Konkurransestrategiar for norsk mat		69	60
Kompetansetiltak		5	8
BU: Sentrale	50	30	35
BU: SND fylker	463	455	458
BU: Fylkesmennene	120	80	60
Miljøtiltak	133	143	142
Skogbruk	153	153	158
Frukttrefelt	4	-	-
Overføring til SUF	2	2	2
Sum innvilgingsramme	925	987	1013

Verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon blei starta opp i januar 2001. Det overordna målet for verdiskapingsprogrammet er høgare verdiskaping gjennom å stimulere til auka utnytting av marknadsmogelegheitene både innan primærproduksjon og foredling. I den første fasen fram til utgangen av 2002 er handlingsområdet *Nyskaping og bedriftsutvikling* prioritert saman med handlingsområda *Kompetanse og Mobilisering og nettverk*. Verkemidla i verdiskapingsprogrammet må bli marknadsført og brukt på ein slik måte at dei utnyttar det potensialet som ligg i ei

aktiv satsing på både kvinner og menn i næringa. Ramma for verdiskapingsprogrammet blir auka med 40 mill. kr til 90 mill. kr i 2002.

Konkurransestrategiane for norsk mat er frå 2001 ein del av verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon. Ein legg opp til ei evaluering av konkurransestrategiane i 2002 med sikte på ei tilpassing til verdiskapingsprogrammet. I jordbruksoppgjøret 2001 blei det lagt til grunn ei samla ramme på 60 mill. kr for 2002, som òg skal dekkje utgiftene til administrasjon av ordninga. Midlane er foreslått fordelt som vist i tabell 2.13.

Tabell 2.13 Konkurransestrategiar for norsk mat (mill. kr)

Tiltak	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
Kvalitetssystem i landbruket (KSL)	16	22
Produkt og bedriftsutvikling	23	9
Merkeordning (Stiftelsen Godt Norsk)	17	18
Eksportprogram	9	8
Offentlege strategiar / Fellesutgifter / Informasjon	4	3
Sum	69	60

Formålet med BU-midlane til utviklingstiltak er å etablere ny lønnsam næringsverksemd i og knytt til landbruket. Hovudmålgruppa er personar knytt til gardsbruk. Det kan gis støtte til småskal-aprega tiltak som fører til auka verdiskaping frå landbruket og verksemd knytt til landbruket. Ramma for utviklingstiltak skal såleis nyttast m.a. til utgreiings- og tilretteleggingstiltak, etablerartiltak, bedriftsutvikling og investeringar utanom tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk (tilleggsnæringer). Det skal leggjast særleg vekt på å fremme samarbeidstiltak og tiltak som gir arbeidsplassar for kvinner og ungdom. Departementet legg derfor vekt på å styrkje innsatsen i næringsutviklingsarbeidet retta mot disse gruppene.

Dei sentrale BU-midlane er i stor grad øyremerkt gjennom jordbruksoppgjøret, jf. St.prp. nr. 92 (2000-2001). For 2002 har departementet i samråd med avtalepartane øyremerkt 5 mill. kr til ledelses- og startegiutviklingsprogrammet AgroFRAM, 10 mill. kr til Markedsføringssamarbeidet Landbruket – Norges Turistråd, 5 mill. kr til vidareutvikling av det næringsmessige potensialet i utmarksressursene og 1 mill. kr til Kystkulturmu-seet NORVEG i Rørvik. Vidare skal organisasjonane Norsk Gardsmat og Norsk Bygdeturisme og i 2002 få sentral støtte til utvikling av organisasjonane. Departementet er positiv til samtale om ei nærare samordning av dei to organisasjonane.

Ei samanslåing av dei er nødvendig for å få betre effektivitet og marknadsretting og departementet har forventningar om at dette kan gi meir kraft til arbeidet. Arbeid med matkultur og opplevingar er viktig og må sjåast i samanheng med arbeid knytt til Verdiskapingsprogrammet for norsk matproduksjon. Departementet er oppteke av at rådgjevingstenesta i landbruket skal bli føremåls- og kostnadseffektiv. Forprosjektet som er utført skal vidareførast med sikte på ei betre samordning og ei meir effektiv rådgjevingsteneste over heile landet. Dei sentrale BU-midlane blir fordelte av departementet i samråd med avtalepartane.

Tilskott til investeringar i tradisjonelt jord- og hagebruk innanfor BU-ordninga er eit viktig infrastrukturtiltak med omsyn til dei nye utfordringane som landbruket møter i ein meir konkurranseutsett situasjon. Tilskott og investeringslån til bygging av driftsbygningar m.m., kjøp av landbruksareal og etableringstilskott er sentrale element i ordninga. Ordninga skal òg medverke til omstilling i husdyrproduksjonane, m.a. for å møte krava som er fastsette i dei nye husdyrforskriftene. Ramma for støtte til investeringar i tradisjonelt jord- og hagebruk er auka med 21 mill. kr til 273 mill. kr i 2002. Avsetninga omfattar ordninga med tilskott til grøfting i Nord-Noreg.

Dei fylkesvise BU-midlane til utgreiing og tilrettelegging må knyttast opp til ei regional utvik-

ling på nasjonale satsingsområde, til dømes økologisk landbruk, verdiskaping i utmark, arbeid med verdiskapingsprogramma, praktikantordninga, lokal mobilisering osv.

Avsetninga på 142 mill. kr for 2002 til spesielle miljøtiltak fordelar seg med 28,3 mill. kr til sentrale miljø- og kulturlandskapsmidlar og 113,7 mill. kr til fylkesvise miljø- og kulturlandskapsmidlar. Formålet med miljøtiltaka er å ta vare på kulturlandskaps- og bygningsressursar og å hindre erosjon, arealavrenning og forureining frå jordbruket. Ordninga omfattar òg midlar til heilskaplege fellestiltak i større område, informasjonsarbeid, tilstandsovervaking og resultatkontroll og forskning innanfor kulturlandskap. Av dei fylkesvise midlane blir 3 mill. kr øyremerka til ei tiltakspakke for å redusere forureininga i Hobøl-Vansjøvassdraget. Avsetninga til sentrale miljø- og kulturlandskapsmidlar omfattar òg 3 mill. kr til programmet for økt omsetning av produkt basert på våtorganisk avfall og slam, som Landbruksdepartementet og Miljøverndepartementet har etablert saman med ulike organisasjonar knytt til jordbruket og avfallsbransjen.

Ramma for skogbruk under LUF er 158 mill. kr for 2002. Avsetninga omfattar tilskott til skogbruksplanlegging, drift i område med vanskelege driftstilhøve, tilskott til å ta vare på viktige miljøkvalitetar, kurs, opplæring, tiltak for auka skogkultursatsing, organisering av virkesomsetning på Vestlandet og i Nord-Noreg, skogsvegar og nokre meir kortsiktige tiltak. Endeleg fordeling mellom skogbrukstiltaka blir fastsett etter drøfting mellom jordbruksavtalepartane. Ein viser elles til kap. 1142 der det er gitt ei samla framstilling av tiltaka innan skogbruk.

Overføringa til Samisk utviklingsfond (SUF) for å betre rammevilkåra for næringskombinasjonar i samiske område blir ført vidare med 2 mill. kr.

Underpost 50.12 Tilskott til Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon m.m.

Formålet med katastrofeordninga i jord- og hagebruket sin planteproduksjon er å gi økonomisk støtte til jord- og hagebrukarar med store avlingsskadar som kjem av klimatiske eller klimatisk avleidde forhold som brukaren sjølv ikkje rår over. Normale variasjonar i avlinga er ikkje omfatta av katastrofeordninga i planteproduksjonen, som omfattar følgjande ordningar:

- erstatning for avlingssvikt,
- tilskott etter vinterskadar på eng,
- erstatning etter offentlege pålegg som ein følgje av plante skadegjerarar.

Som ledd i arbeidet med å gjere verkemidla enklare blir ordningane med tilskott til kjøp av grovfôr og tilskott til fornying av frukttrefelt avvikla frå 2002.

Formålet med erstatning for svikt i honningproduksjon er å gi økonomisk støtte til birøktarar med birøkt som næring, som av klimatiske eller klimatisk avleidde forhold har fått redusert honningproduksjonen monaleg.

Formålet med erstatningsordninga etter offentlege pålegg som følgje av planteskadegjerarar er å gi økonomisk støtte for tap på grunn av offentlege pålegg gitt for å motverke og hindre spreiding av planteskadegjerarar.

Fondet for katastrofeordninga i planteproduksjon hadde pr. 1.1.2001 ein kapital på om lag 95 mill. kr. Av dette var om lag 0,6 mill. kr bunde opp som ansvar. Medrekna løyvinga til fondet i 2001 vil det stå om lag 110 mill. kr til disposisjon for å møte avlingsskadar i 2001.

Erstatningsordninga skil seg frå andre tilskott ved at ein ved ordninga kompenserer i ettertid for eit tap som produsentar har lidd. Ordninga si karakter gjer at det ikkje er tenleg å setje krav til rapportering av resultat frå tilskotsmottakar, ut over rapportering om at eventuelle vilkår er oppfylt.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 12,9 mill. kr til fondet i 2002.

Underpost 50.13 Tilskott til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe m.m.

Formålet med løyvinga er å yte tilskott til avlstiltak og fagleg verksemd for saue-, geite- fjørfe-, kanin-, pelsdyr- og kjøttfeholdet i landet. Midlar kan òg nyttast til tilskott for å fremme beitebruk og til tiltak som tek sikte på å avgrense tap av sau og geit på utmarksbeite. Det kan òg nyttast midlar av fondet til delvis erstatning for særleg store tap i husdyrhald når eigaren er utan skuld i skaden og det ikkje blir gitt skadebot på annan måte og det samtidig ikkje har vore mogeleg for brukaren å sikre seg økonomisk mot tap ved forsikring. Det kan nyttast midlar av fondet til tiltak for å halde nede husdyrsjukdommar (mædi, skrapesjuke, alveld). Som ledd i arbeidet med å gjere verkemidla enklare blir produkttilskottet til honning avvikla frå 2002. Styret tilpassar løyvinga frå fondet ut frå omsynet til kapitalsituasjonen.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 36,06 mill. kr til Tiltaksfondet for småfe og fjørfe i 2002.

Underpost 50.14 Tilskott til kornfondet, overslagsløyving

I samband med at marknadsordninga for korn blei lagt om frå 1.7.2001 gjer ein framlegg om å

avvikle kornfondet frå 1.1.2002. Som følgje av dette gjer ein ikkje framlegg om løyving på posten i 2002, jf. forslag til vedtak VII. Ordningane under posten er overført til post 73 Pristilskott på kap. 1150, jf. omtale under post 73.

Post 70 Marknadsregulering, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
70.11	Avsetningstiltak	64 874	66 400	48 400
70.12	Tilskott til råvareprisordninga	119 024	138 100	148 100
70.13	Eksportrestitusjon	19 877	26 000	26 000
70.15	Radioaktivitet	2 675		
	Sum post 70	206 450	230 500	222 500

Underpost 70.11 Avsetningstiltak

Formålet med avsetningstiltaka er å medverke til at ein kan nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukt, og jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetning for produsert vare og medverke til å sikre forsynningar i alle forbruksområde. Kostnadene ved marknadsregulering blir dekte av løyvinga til avsetningstiltak over jordbruksavtalen og gjennom omsetningsavgifta.

Prisnedskriving for potetsprit, kollektiv dekning av omsetningsavgift for grønsaker, frukt og jordbær, skolemjølkordninga, avsetningstiltak i hagebrukssektoren, tilskott til produsentsamanlutningar og kadaverhandtering blir finansiert over underposten. Ordninga med prisnedskriving av frukt og grønt i skolen blir overført til underpost 77.15 frå 2002.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 48,4 mill. kr i 2002.

Underpost 70.12 Tilskott til råvareprisordninga

Formålet med råvareprisordninga (RÅK-ordninga) er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg, og å gjere norske eksport-

produkt under ordninga konkurransedyktige på verdsmarknaden. Utjamninga av råvarepris kan skje i form av:

- toll på råvaredelen av importerte ferdigvarer,
- tilskott ved eksport av ferdigvarer (eksportrestitusjon) og/eller
- prisnedskriving ved at prisane på innanlandske jordbruksråvarer til framstilling av ferdigvarer blir skrivne ned.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 148,1 mill. kr til RÅK-ordninga i 2002. Av dette blir det sett av 111,7 mill. kr til prisnedskriving og 36,4 mill. kr til eksportrestitusjon.

Underpost 70.13 Eksportrestitusjon

Underposten omfattar ordninga med eksportrestitusjon til foredla kjøttprodukt (XRK-ordninga) og Catering-ordninga. Formålet med XRK-ordninga er å gjere det mogeleg for norsk næringsmiddelindustri å levere foredla kjøttvarer til eksportmarknader. Formålet med Cateringordninga er at norske cateringsselskap som leverer menyar til fly i utanriksfart, skal kunne konkurrere med utanlandske selskap når dei nyttar norsk råvare.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 26 mill. kr i 2002.

Post 73 Pristilskott, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
73.11	Tilskott til norsk ull	135 392	165 800	167 840
73.13	Pristilskott, mjølk	521 080	513 600	534 286
73.15	Pristilskott, kjøtt	746 949	911 000	864 461
73.16	Distriktstilskott egg	1 878	2 500	4 960
73.17	Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær, grøn- saker og potet	41 886	54 770	54 770
73.18	Fraktilskott	60 360	79 700	229 700
73.19	Prisnedskriving korn			434 400
73.20	Tilskott matkorn			166 000
	Sum post 73	1 507 545	1 727 370	2 456 417

Posten er ei overslagsløyving. Budsjettforslaget er utrekna på grunnlag av prognosar for kvantum i 2002 (ull, mjølk, kjøtt og korn) og prisar/satsar for avtaleperioden 2001/2002.

I samband med at marknadsordninga for korn blei lagt om frå 1.7.2001 blir Kornfondet avvikla frå 1.1.2002, jf. omtale under post 50. Tilskottsordningane i den nye marknadsordninga er overført til post 73, jf. postane 73.18, 73.19 og 73.20.

Underpost 73.11 Tilskott til norsk ull

Tilskottet skal medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i sauehaldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskottet skal òg medverke til ei betring av kvaliteten på norsk ull, samt sikre avsetning i marknaden for norsk ull av god kvalitet.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 167,84 mill. kr for 2002.

Underpost 73.13 Pristilskott, mjølk

Løyvinga omfattar ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for mjølk og mjølkeprodukt og tilskott til små konsummjølkmeieri.

Formålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare mjølk og mjølkeprodukt til forbrukaren. Satsar for grunntilskott er 3,6 øre for kumjølk og 188 øre for geitemjølk.

Formålet med distriktstilskottet er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsmda i produksjonen. Distriktstilskottet blir gitt med ulike satsar for mjølk produsert i vanskelegstilte område i Sør-Noreg og for all mjølk i Nord-Noreg. Satsane for distriktstilskott varierer frå 0 til 168 øre pr. liter.

Formålet med tilskott til små konsummjølkmeieri er å lage rammevilkår som gir eit reelt grunnlag for konkurranse i denne sektoren. Ordninga er mellombels og gjeld berre for allereie etablerte meieri med eigne leverandørar. Satsane er 75 øre pr. liter behandla mjølk inntil 5 mill. liter og 80 øre pr. liter mellom 5 og 10 mill. liter.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 534,3 mill. kr til ordninga med pristilskott til mjølk for 2002. Av dette utgjer grunntilskottet 93,1 mill. kr, distriktstilskottet utgjer 429,2 mill. kr og tilskottet til små konsummjølkmeieri utgjer 12 mill. kr.

Underpost 73.15 Pristilskott, kjøtt

Underposten omfattar ordningane med grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt samt distriktstilskott for fjørfeslakt.

Formålet med grunntilskottet er å medverke til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris. Grunntilskottet skal vidare medverke til rimelegare kjøtt og foredla kjøttprodukt til forbrukaren. Grunntilskottet for kjøtt blir gitt til slakt av storfe, kalv, sau/

lam og geit/kje. Det blir ikkje gitt grunntilskott til slakt av svin og fjørfe.

Formålet med distriktstilskotta er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i kjøttproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsmda i produksjonen. Satsen for distriktstilskott for kylling og kalkun i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag er på 20 øre pr. kg. Satsane for distriktstilskottet på anna kjøtt varierer frå 0 til 13 kr pr. kg.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 864,5 mill. kr til ordninga med pristilskott til kjøtt for 2002. Av dette utgjer grunntilskottet 360,4 mill. kr, medan 504,1 mill. kr er distriktstilskott.

Underpost 73.16 Distriktstilskott egg

Formålet med ordninga er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i eggproduksjonen som medverker til å oppretthalde busetting og sysselsetting i distrikta gjennom å jamne ut skilnader i lønnsmda i produksjonen. Satsen for distriktstilskott for egg er 40 øre pr. kg og gjeld for Vestlandet (unntatt Rogaland), Trøndelag og Nord-Noreg.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 4,96 mill. kr til ordninga i 2002.

Underpost 73.17 Distrikts- og kvalitetstilskott, frukt, bær, grønsaker og potet

Underposten omfattar distrikts- og kvalitetstilskott til frukt, bær og veksthusgrønsaker, og distriktstilskott for potetproduksjon i Nord-Noreg.

Formålet med ordningane er å betre inntekta for yrkesprodusentane innan grøntsektoren og sikre ein geografisk spreidd produksjon. Tilskottet skal stimulere til kvalitetsproduksjon og ordna omsetningsforhold.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 54,77 mill. kr til ordninga med distrikts- og kvalitetstilskott for frukt, bær, grønsaker og potet i 2002.

Underpost 73.18 Frakttilskott

Underposten omfattar frakttilskott til slakt, egg, konserverblomkål, korn, kraftfôrråvarer og kraftfôr.

Frakttilskotta skal medverke til å jamne ut prisar til produsent og forbrukar.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 229,7 mill. kr til frakttilskott for 2002.

Underpost 73.19 Prisnedskrivingstilskott til norsk korn og oljefrø

Formålet med prisnedskrivingstilskottet er å sikre avsetning av norsk korn gjennom marknadsordninga og å skrive ned prisen på råvarer til matmjøl og kraftfôr.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 434,4 mill. kr for 2002.

Underpost 73.20 Tilskott til matkorn

Formålet med tilskottet til matkorn er å skrive ned prisen på matkorn.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 166 mill. kr for 2002.

Post 74 Direkte tilskott, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
74.11	Driftstilskott, mjølkeproduksjon	1 329 819	1 316 000	1 334 600
74.14	Tilskott til husdyr	2 283 922	2 221 705	2 263 757
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	3 329 543	3 210 319	3 042 301
74.18	Tilskott til dyrking av fôr i fjellet	10 344	10 500	222 900
74.19	Tilskott til tiltak mot radioaktivitet			10 000
	Sum post 74	6 953 628	6 758 524	6 873 558

For nærare oversyn over satsar for dei ulike ordningane viser departementet til St.prp. nr. 92 (2000-2001).

Underpost 74.11 Driftstilskott, mjølkeproduksjon

Formålet med driftstilskottet i mjølkeproduksjonen er å medverke til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som medverker til å jamne ut skilnader i lønnsemd mellom bruk av ulik storleik generelt og mellom bruk i Sør-Noreg og Nord-Noreg.

Ordninga blir frå 2002 lagt om til eit produksjonsnøytralt tilskott pr. bruk, med ei nedtrapping av tilskottet for dei minste bruka. Nedtrappinga blir rekna ut på grunnlag av talet på mjølkekyr eller mjølkegeiter, slik at tilskottet blir trappa ned lineært for bruk med færre enn 5 mjølkekyr eller 27 mjølkegeiter.

Frå 2002 blir tilskott til samdrifter lagt om og flytta frå underpost 78.15 til underpost 74.11.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1 334,6 mill. kr for 2002.

Underpost 74.14 Tilskott til husdyr

Tilskottet skal medverke til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar og storleiker på bruk i husdyrhaldet.

Tilskottet blir gitt pr. dyr, og blir avgrensa oppover med ei beløpsgrense. Denne grensa blei auka frå kr 120 000 til kr 125 000 pr. bruk ved jordbruksoppgjeret 2001, jf. St. prp. nr. 92 (2000-2001).

Ein gjer framlegg om ei løyving på om lag 2,26 mrd. kr i 2002.

Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskapstilskott

Areal- og kulturlandskapstilskotta til grovfôr, korn, potet, frukt, bær og grønsaker skal medverke til å styrkje og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar, storleiker på bruk og distrikt innanfor planteproduksjon og husdyrproduksjon basert på grovfôr. Ordninga skal medverke til å skjøtte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å oppretthalde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål.

Ordninga med tilskott til unge bønder blei avvikla som eiga ordning i jordbruksoppgjøret 2001, og løyvinga blei overført til underpost 50.11 Landbrukets utviklingsfond.

Frå 2002 blir tilskott til endra jordarbeiding, tilskott til brattlendte bruk og tilskott til seterdrift med mjølkeproduksjon flytta til underpost 74.18 Andre arealbaserte tilskottsordningar.

Ein gjer framlegg om ei løyving på om lag 3,04 mrd. kr for 2002.

Underpost 74.18 Andre arealbaserte tilskottsordningar

Underposten omfattar ordningane tilskott til dyrking av fôr i fjellet, tilskott til endra jordarbeiding, tilskott til brattlendte bruk og tilskott til seterdrift med mjølkeproduksjon.

Formålet med tilskottet til dyrking av fôr i fjellet er å kompensere for auka arbeids- og transportkostnader i samband med dyrking av fôr i fjellet. Tilskottet blir gitt pr. dekar og satsane varierer med vegavstanden frå driftsbygningen på bruket til dyrkingsjorda på fjellet. Tilskottet til endra jordarbeiding har som mål å redusere omfanget av jordarbeiding om hausten og stimulere til å så til med vegetasjon for å redusere erosjon og arealavrenning. Formålet med driftsvansketilskottet for brattlendte bruk er å kompensere for høgare kostnader ved jordbruksdrift i bratt terreng. Formålet med tilskottet til seterdrift med mjølkeproduksjon er å medverke til å oppretthalde og ta opp att tradisjonell seterdrift med mjølkeproduksjon og å halde ved like det tradisjonelle kulturlandskapet i seterområder gjennom beiting med husdyr.

Avsetninga til ordninga med tilskott til endra jordarbeiding blir auka til 153 mill. kr. Satsen for tilskott til seterdrift blir ført vidare med 13 000 kr pr. seter, og driftsvansketilskottet blir ført vidare med 210 kr pr. dekar. Avsetninga til dyrking av fôr i fjellet blir uendra på 10,5 mill. kr.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 222,9 mill. kr for 2002.

Underpost 74.19 Tilskott til tiltak mot radioaktivitet

I 2000 var det eit forbruk på 2,5 mill. kr til tiltak mot radioaktivitet. Tiltaka går ut på berge radioaktivt kjøtt slik at det kan nyttast til humant konsum. Dette inneber blant anna nedfôring og kjøp av Berlinerblått. I 2000 blei om lag 48 000 dyr nedfôra.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 10 mill. kr. til tiltak mot radioaktivitet i 2002.

Post 77 Utviklingstiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
77.11	Tilskott til inseminering m.m.	66 775	69 800	69 800
77.12	Tilskott til frøavl m.m.	7 089	7 000	7 000
77.13	Tilskott til forsøksringar og forskning	61 233	59 000	59 700
77.14	Tilskott til pelsdyrfôrlag	39 268	38 000	36 200
77.15	Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak	102 541	48 600	57 700
77.16	Tilskott til økologisk jordbruk	58 611	75 000	100 500
77.17	Tilskott til fruktlager	8 100	8 100	8 100
77.18	Oppkjøp av mjølkekvoter	720 670	97 100	20 000
	Sum post 77	1 064 287	402 600	359 000

Underpost 77.11 Tilskott til inseminering m.m.

Løyvinga skal medverke til at kostnadene med inseminering av ku og svin kan haldast på same nivå i heile landet. Løyvinga skal òg medverke til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtenester. Det er sett av 1,5 mill. kr til å fremme avlsarbeidet innan spesialisert kjøttproduksjon. Tilskottsordninga til inseminering av storfe og svin vil frå 2002 bli lagt om slik at den blir nøytral i forhold til organisasjon.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 69,8 mill. kr for 2002.

Underpost 77.12 Tilskott til frøavl m.m.

Formålet med tilskottet er å fremme dyrking og frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det kan nyttast tre ulike typar tilskott under ordninga; pristilskott, arealtilskott og lagringstilskott.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 7 mill. kr for 2002.

Underpost 77.13 Tilskott til forsøksringar og forskning

Underposten skal dekkje tilskott til forsøksringar og midlar til forskning over jordbruksavtalen. Tilskottsordninga skal medverke til kunnskapsoppbygging hos bøndene ved å leggje eit økonomisk grunnlag for drift i forsøksringane, slik at desse ved hjelp av tilskottet og eigenfinansiering kan drive rådgjeving som er lønnsam for medlemmane. Arbeidet i forsøksringane er viktig for medlemmane og for heile landbruksnæringa. Endrin-

gar i rammevilkåra for landbruket og marknadssituasjonen krev ikkje berre næringspolitiske tilpassingar, men òg produksjonsmessige og faglege tilpassingar. Midlane over jordbruksavtalen er med på å sikre likeverdig rådgjevingstilbod over heile landet. Forskingsmidlane blir forvalta av eit eige styre. Det er etablert eit nært samarbeid med Noregs forskingsråd.

Det er overført 0,3 mill. kr frå post 77 til kap. 1143 post 01 for å dekkje kostnadene med å administrere tilskott til forsøksringane. Ein gjer framlegg om ei løyving på 59,7 mill. kr for 2002. Tilskottet til forsøksringane utgjer 37,7 mill. kr og ramma for forskning er 22 mill. kr.

Underpost 77.14 Tilskott til pelsdyrfôrlag

Underposten omfattar tilskott til pelsdyrfôrlag og tilskott til pelsdyrfôr (fôrrefusjon). Formålet med tilskott til pelsdyrfôrlag er å medverke til utjamning av fraktkostnadene ved innfrakt av råstoff og utfrakt av ferdig fôr frå fôrkjøkken for produksjon av pelsdyrfôr i Noreg. Ordninga skal fremme ei rasjonell omsetning av fôr til pelsdyr.

Tilskott til pelsdyrfôr er ein refusjon av fôr-kostnader. Ordninga skal medverke til at norsk pelsdyrnæring er konkurransedyktig på verdsmarknaden. Refusjonsordninga skal medverke til at fôrkostnadene i næringa, som følgje av det høge prisnivået på korn og kraftfôr i Noreg, blir likestilt med fôrkostnadene på verdsmarknaden.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 36,2 mill. kr på posten. Tilskottet til pelsdyrfôrlag utgjer 24,8 mill. kr og tilskottet til pelsdyrfôr utgjer 11,4 mill. kr. Det er overført 0,3 mill. kr frå post 77 til kap. 1143 post 01 for å dekkje kostna-

dene med å administrere ordninga, jf. St.prp. nr. 92 (2000-2001).

Underpost 77.15 Tilskott til kvalitets- og salsfremmande tiltak

Underposten inneheld fleire ordningar som skal medverke til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurransedyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene.

Framlegget til løyving til kvalitets- og salsfremmande tiltak for 2002 er på 57,7 mill. kr. Det er lagt opp til følgjande fordeling av løyvinga:

Tabell 2.14 Kvalitets- og salsfremmande tiltak (mill. kr)

Tiltak	Forslag 2002
Utvikling av plantemateriale	9,7
Handlingsplan plantevern	20,0
Statskontrollert settepotetavl	9,1
Foredlingsarbeid i kornsektoren	1,0
Opplysningsarbeid om frukt, grønsaker og potet	17,9
Sum	57,7

Formålet med framavlsarbeidet og det offentlege engasjementet i dette er å skaffe norsk hagebruk plantemateriale som er kontrollert for bestemte skadegjerarar og med definerte eigenskapar tilpassa norske forhold. Det blir vidare sett av 20 mill. kr til ei vidareføring av handlingsplanen for redusert helse- og miljørisiko ved bruk av plantevernmidde. Formålet med å gi tilskott til statskontrollert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av settepoteter av høg kvalitet gjennom den statskontrollerte settepotetavlen. Det blir sett av 9,1 mill. kr til tilskottet. Formålet med tilskottet til opplysningsarbeidet om frukt og grønsaker er å stimulere til auka totalforbruk av frukt, bær og grønsaker. Bruk av midlar over jordbruksavtalen og frå omsetningsavgift skal styrkje omsetning og forbruk av norske produkt. For å fremme omsetninga av norskproduserte poteter kan det gis tilskott til tiltak for å betre potetkvaliteten og til produsentretta informasjon om marknadstilhøva. Det blir sett av 7,9 mill. kr til tiltaka for 2002.

Frå 2002 er løyvinga til frukt og grønt i skolen flytta frå underpost 70.11 til underpost 77.15.

Ein vil leggje opp til at opplysningsarbeid i kornsektoren som før blei budsjettert på kap.

1150 post 77 frå 2002 blir finansiert gjennom omsetningsavgift. Posten er med bakgrunn i dette redusert med 3,9 mill. kr. Det er sett av 1 mill. kr til foredlingsarbeid i kornsektoren.

Underpost 77.16 Tilskott til økologisk jordbruk

Underposten dekkjer m.a. ordningane omleggings- og arealtilskott, husdyrtilskott, tilskott til forskning, tilskott til regional forankring, rettleiing og informasjon, tilskott til organisasjonar, marknadsstrategiar og kontroll.

For å nå målet om at 10 pst. av totalt jordbruksareal i Noreg skal vere økologisk innan 2010 er det nødvendig med ei rask auka i den økologiske produksjonen. Ein tek derfor sikte på å setje i gang nasjonale pilotprosjekt der ein utnyttar ein skilde regionar sine føretrinn til raskt å utvikle spesielle produksjonar. Gjennom dei nasjonale pilotprosjekta skal en avdekkje flaskehalsar, finne rasjonelle løysingar og utvikle heilkjedesystem som sikrar at økologiske produkt kjem ut til forbrukarane. Det skal òg leggast vekt på breitt samarbeid med aktuelle aktører, herunder primærprodusentar, marknadsaktører, vegleiingsapparat, forskingsinstitusjonar og forvaltning. Prosjekta skal gi klare overføringseffekter til andre deler av landet. Ein legg opp til ein årleg finansiering over ein tidshorisont på 3-5 år. Nokre prosjekt som er i ferd med å setjast i gang, er omtalt nedanfor.

I Hordaland er det planlagt eit prosjekt til utvikling av økologisk sauehald. Det er sett i gang eit forprosjekt for å analysere flaskehalsar og skisere tiltak til eit pilotprosjekt i heile verdikjeda frå jord til bord.

I Rogaland drivast berre 0,6 pst. av arealet i fylket etter økologiske produksjonsmetodar. Rogaland er samtidig eit fylke med gode føresetnader for å drive økologisk produksjon. For å auka produksjonen i denne regionen, ønskjer ein derfor å sette i gang eit pilotprosjekt, mellom anna med basis i miljøet kring Ullandhaug økologisk gard utanfor Stavanger.

Det økologiske miljøet i midt-Noreg har i fleire år jobba målretta for å utvikle det økologiske jordbruket i regionen. I 2001 har NORSØK, i samarbeid med RIT 2000, fylkesmennene og OIKOS si avdeling i midt Noreg sett i gang eit forprosjekt knytt til å gjere kjøkkenet på Regionsjukehuset i Trondheim mest mogeleg økologisk. Ein legg vekt på at dei økologiske produsentane i regionen skal kunne tilby RiT dei økologiske råvarene dei har behov for.

Fylkesmannen i Hedmark og Oppland har utarbeidd ei eiga handlingsplan for økologisk landbruk i regionen. Ein sentral aktør i gjennomføringa av denne handlingsplanen er stiftelsen BioInn. BioInn skal gjennomføre pilotprosjekt knytt til teknologiutvikling, produksjon av økologisk svinekjøt og produksjon av økologisk potet.

Ein har òg planar om å setje i gang pilotprosjekt i andre regionar.

I tillegg til satsinga på nasjonale pilotprosjekt, legg ein opp til ein vesentleg auke i innsatsen til veileiing og informasjon samt styrkt satsing på marknadsarbeid. Det er overført 4,5 mill. kr frå post 77 til kap. 1110 for å dekkje kostnader med kontroll og informasjon, jf. St.prp. nr. 92 (2000-2001). Det vises til nærare omtale av økologisk landbruk i kap. 7.5 i St.prp. nr. 92 (2000-2001). Ein gjer framlegg om ei løyving på 100,5 mill. kr under post 77.16 i 2002.

Underpost 77.17 Tilskott til fruktlager

Formålet med tilskottet til fruktlager er å fremme eit forpliktande samarbeid om felles lagring, sortering, pakking og omsetning av frukt, som med-

verker til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt. Ordninga inneheld òg ei fraktutjamning for ulike kostnader knytte til inntransport.

I samsvar med jordbruksoppgjeret 2001 legg ein opp til at ordninga blir avvikla frå 01.07.2002. Ein gjer framlegg om ei løyving på 8,1 mill. kr til ordninga i 2002. Løyvinga skal dekkje utgiftene til administrasjon av ordninga.

Underpost 77.18 Oppkjøp av mjølkekvoter

Ordninga med kjøp og sal av mjølkekvoter skal medverke til å auke fleksibiliteten i kvoteordninga for mjølk, sikre ei betre utnytting av kapasiteten i driftsbygningar til aktive produsentar og tilpasse produksjonen til marknaden.

Ved kjøp- og salsrunde i 2001 blei det selt 54,4 mill. liter mjølk. Av desse trakk staten inn 20 mill. liter, mens 34,4 mill. liter mjølk blei lagt ut igjen for omfordeling og sal til gjenverande mjølkeprodusentar.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 20 mill. kr til oppkjøp av mjølkekvoter i 2002.

Post 78 Velferdsordningar, kan overførast

(i 1 000 kr)				
Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
78.11	Tilskott til avløyising for ferie/fritid	1 281 597	1 231 319	1 231 319
78.12	Tilskott til avløyising for sjukdom m.m.	198 113	184 800	194 800
78.13	Medlemsavgift til folketrygda	130 800	130 800	130 800
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket	88 000	88 000	88 000
78.15	Andre velferdstiltak	96 989	93 600	54 000
78.16	Tidlegpensjonsordning for jordbrukarar	62 705	69 935	74 935
Sum post 78		1 858 204	1 798 454	1 773 854

Underpost 78.11 Tilskott til avløyising for ferie/fritid

Formålet med ordninga er å leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onna gjennom å medverke til finansiering av innleie av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar pr. dyr. Satsane er differensierte etter dyreslag og dyretal på bruket, og er avgrensa til 48 500 kr pr. bruk. For å ha krav på refusjon må utrekna refu-

sjonsbeløp vere minst 5 000 kr. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyising.

Ein gjer framlegg om ei løyving på vel 1,23 mrd. kr for 2002.

Underpost 78.12 Tilskott til avløyising for sjukdom m.m.

Formålet med ordninga er å medverke til å finansiere avløyising på bruk med husdyrproduksjon eller heilårs veksthusproduksjon når brukaren av særlege grunnar og for eit kortare tidsrom ikkje

kan ta del i arbeidet på bruket. Ordninga bidreg og til å finansiere avløyning på driftseiningar med planteproduksjon eller honningproduksjon når brukaren som følgje av sjukdom ikkje kan ta del i arbeidet på driftseininga i onnetida.

Tilskottet til husdyrbrukarar blir fastsett ut frå utrekna maksimalt tilskott i ordninga med tilskott til avløyingsutgifter for ferie og fritid. For veksthusprodusentar blir tilskottet fastsett ut frå veksthusarealet. Ut frå dette grunnlaget blir det rekna ut maksimale dagsatsar for tilskottet. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyning, opp til maksimal dagsats for det einskilde bruk.

Som oppfølging av jordbruksoppgjeret i 2001 blir ordninga med Tilskott til avløyning for sjukdom m.m. avvikla frå 2002 og erstatta med ein tilskottsordning administrert av Trygdeetaten, men framleis med løyving over jordbruksavtalen.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 194,8 mill. kr for 2002.

Underpost 78.13 Medlemsavgift til folketrygda

Av den pensjonsgjevande inntekta innanfor jordbruk, husdyrhald, hagebruk, gartneri og skogbruk skal den einskilde brukaren betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta som lønns-mottakarar betaler. Skilnaden mellom den avgifta som er fastsett for sjølvstendig næringsdrivande (10,7 pst.) og den avgifta som skal betalast av den einskilde brukaren (7,8 pst.) blir finansiert over jordbruksavtalen. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i pensjonsgjevande inntekt i jord- og skogbruk. Midlane blir førte over sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 130,8 mill. kr for 2002.

Underpost 78.14 Tilskott til sjukepengeordninga i jordbruket

Den kollektive innbetalinga over jordbruksavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 14 dagar. Fødselspengar blir ytt med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Ordninga er rekna som kollektiv forsikring som ikkje gir rett til frådrag ved likninga. Løyvinga blir rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei jordbrukarane som går inn under ordninga. Midlane blir førte over sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 88 mill. kr til ordninga for 2002.

Underpost 78.15 Andre velferdstiltak

Underposten omfattar tilskott til landbruksvikarordninga, administrasjonstilskott til avløyingsarlag og tilskott til landbrukshelsa. Tilskott til kursverksemd for avløyingsarar og landbruksvikarar blir overført til underpost 50.11 Landbrukets utviklingsfond frå 2002. Tilskott til samdrifter blir overført til underpost 74.11 Driftstilskott i mjølkeproduksjon frå 2002.

Landbruksvikarordninga skal medverke til at kommunane tilset landbruksvikarar for å betre brukaren sin tilgang til avløyingsarar først og fremst ved akutte krisesituasjonar. Det blir sett av 20,5 mill. kr til ordninga i 2002.

Godkjende avløyingsarlag kan gjennom ordninga med administrasjonstilskott til avløyingsarlag få tilskott til dekning av administrasjonsutgifter etter ein fast sats pr. medlem. Tilskottsordninga skal leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne få ferie, ordna fritid og hjelp til avlasting i onna gjennom å medverke til finansiering av drifta av avløyingsarlag. Avløyingsarlag har som formål å kartleggje, organisere og administrere all avløyning innanfor eit område der det ligg til rette for eit slikt samarbeid. Avløyingsarlaget kan overfor medlemmane òg yte andre tenester i tilknytning til den daglege drifta av garden viss det er naturleg for laget å gjere dette. Det blir sett av 20 mill. kr i tilskott til avløyingsarlag i 2002.

Landbrukshelsa er ein ideell stiftelse oppretta av Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Den har som formål å organisere eit effektivt og godt helse- og arbeidsmiljø i landbruket. Verksemda skal gi eit førebyggjande tilbod til alle gardbrukarane og tilsette i landbruket. Landbrukshelsa skal medverke til at gardbrukarane sjølve tek ansvar for å betre arbeidsmiljøet sitt, og til å skape ein sikker og triveleg arbeidsplass og eit trygt oppvekstmiljø for barna. Landbrukshelsa blei evaluert i 1999 og skal videreførast i tråd med resultatane av denne. Det blir sett av 13,5 mill. kr til tilskottet i 2002.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 54 mill. kr for 2002.

Underpost 78.16 Tidlegpensjonsordning for jordbrukarar

Formålet med ordninga er å medverke til lettare generasjonsskifte for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 74,935 mill. kr for 2002.

Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen (jf. kap. 1150)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
50	Refusjon frå Kornfondet		121 000	
80	Marknadsordninga for korn	121 811		122 000
	Sum kap. 4150	121 811	121 000	122 000

Post 80 Marknadsordninga for korn

Underposten budsjetterer inntektene frå prisutjamningsbeløp på kraftfôrråvarer. Formålet med å legge prisutjamning på proteinråvarer og karbohydratfôr som ikkje er importert med toll, er å

sikre tilnærma like vilkår mellom korn og andre råvarer til kraftfôr til husdyr og fiskeoppdrett. Pelsdyrfôr har fritak frå ordninga.

Ut frå dei prisar som gjeld på verdsmarknaden for m.a. sildemjøl og norsk korn gjer ein framlegg om ei løyving på 122 mill. kr.

Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	39 200	33 700	49 700
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	4 400	4 800	5 300
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	44 607	42 700	46 200
79	Velferdsordningar	1 800	1 800	1 800
82	Kompensasjon for kostnader vedkommande radioaktivitet i rein	3 570		
	Sum kap. 1151	93 577	83 000	103 000

Mål og strategiar

Kapitlet omfattar løyvingar til gjennomføring av reindrifftsavtalen og ordninga med kompensasjon for kostnader vedkommande radioaktivitet i rein-kjøtt.

Dei mål og retningslinjer som ligg til grunn for reindrifftspolitikken er trekt opp i St.meld. nr. 28 (1991-92) *En bærekraftig reindrift*, og Innst. S. nr. 167 (1991-92). Hovudstrategien er å skape ei meir bærekraftig reindrift. Med dette forstår ein ei reindrift som har økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Desse tre måla står i ein innbyrdes samanheng: Økologisk berekraft gir grunnlag for økonomisk berekraft, og saman gjer økologisk og økonomisk berekraft det mogleg å utvikle kulturell berekraft.

Reindriffta er ei lita næring i nasjonal målestokk, men både i samisk og lokal samanheng har den stor verdi når det gjeld økonomi, sysselsetjing

og kultur. Reindriffta er derfor ein viktig del av det materielle grunnlag for samisk kultur.

Reindrifftsavtalen er, ved sida av reindrifftslova, det viktigaste verkemidlet for å følgje opp måla og retningslinjene i reindrifftspolitikken.

For nærare omtale av mål og strategiar i reindrifftspolitikken viser ein til pkt. 2 i programkategori 15.30 og til St.prp. nr. 70 (2000-2001) og Innst. S. nr. 216 (2000-2001). Nærare omtale av målsetjingane for dei enkelte ordningane på kapitlet går fram av budsjettforslaget for 2002.

Resultatrapport 2000

Utviklinga i talet på rein vil framleis vere ein viktig indikator for ressurstilpassinga, sjølv om ein etterkvart ser for seg ei sterkare vektlegging av kvalitative sider ved reinflokkane, flokkstrukturering etter kjønn, vekt og alder, som tiltak for å tilpasse reintalet til beiteressursane.

Det er store skilnader i dei økonomiske resultat mellom områda, noko som reflekterer skilnader i produksjonstilpassing og effektivitet i næringa. Det totale økonomiske resultat for reindrifta er svakt. Inntektsfordelinga er framleis skeiv, og den økonomiske og sosiale situasjonen for ein del driftseiningar i Finnmark er svært vanskeleg.

Inngrep, som kvar for seg er små og isolert sett kan vere marginale for reindriftnæringa, er ein alvorleg trussel for reindrifta sitt arealgrunnlag. Disse sakene blir vurdert enkeltvis, og konsekvensane av den samla effekten av inngrepa blir ikkje vurdert. Det er ei monaleg utfordring å sikre reindrifta sitt arealgrunnlag ved å hindre ein fragmentering av beiteland.

Reintalet ser ut til å vere i samsvar med ressursgrunnlaget i alle område unntatt i Vest-Finnmark og i Karasjok reinsogn i Aust-Finnmark der mistilpassing, som ei av fleire årsaker, har resultert i monaleg produktivitetssvikt. Utfordringane er størst i Vest-Finnmark.

Det må òg leggjast til at forhold som forstyringar, både av menneske og rovdyr, vanskelege klimatiske forhold, driftsform og bruk av beiteområde òg er sentral for reinen sin kondisjon. Det er likevel uten tvil at beitetilstanden i enkelte område er hovudårsaka til årvis låg produktivitet og høg døyingssprosent.

Radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulukka i 1986 skaper framleis ekstra kostnader for reindriftnæringa. Ei tiltakspakke blei derfor finansiert av staten for å halde næringsutøvarane i reindrifta økonomisk skadeslause.

Reduksjon av flokkane som følgje av rovdyrtap fører til redusert produksjon både på kort og lang sikt. På kort sikt fører dette med seg redusert kjøttproduksjon i tapsåret, og på lang sikt har ein i tillegg bortfall av kalve- og kjøttproduksjon frå tapte livdyr.

For ein meir detaljert resultatrapport for reindriftpolitikken viser ein til kap. 3 i St.prp. nr. 70 (2000-2001), der det er lagt fram materiale som syner utviklinga på ulike område. Ein viser òg til pkt. 2 under programkategori 15.30.

Reindriftsavtalen for 2001/2002

Avtalen legg vekt på å følgje opp dei føresetnadene som ligg i St.meld. nr. 28 (1991-92) og Innst. S. nr. 167 (1991-92). Reindriftsavtalen for 2001/2002 har ei ordinær ramme på 103,0 mill. kr som er ein auke på 20 mill. kr. I tillegg er det sett av ei disposisjonsløyving på 3,5 mill. kr til dekking av kostnader knytte til radioaktivitet. Avtalen sine

viktigaste mål er stimulere til størst mogleg verdiskaping innanfor gitte rammer, tilpasse talet på driftseiningar til ressursgrunnlaget og medverke til inntektsutjamning. Med bakgrunn i disse måla blei det m.a. sett av 7 mill. kr til eit verdiskapingsprogram for reindrifta over Reindrifta sitt utviklingsfond (RUF). Verdiskapingsprogrammet skal medverke til auka verdiskaping for næringstøvarane m.a. gjennom auka lokal foredling. Satsingsområde er ein gjennomgang av regelverk som kan vere til hinder for auka verdiskaping, mobilisering og nettverk, rettleiing, motivering og kompetanseheving. Verdiskapingsprogrammet vil omfatte alle sider ved reindrifta som kan gi auka verdiskaping i næringa.

Vidare er det sett av 12 mill. kr over RUF til innløyising av driftseiningar og andre strukturtiltak i distrikt med behov for tiltak for tilpassing av tal på driftseiningar og reintal. Innløyising av driftseiningar i område med for lite beiteressurser i forhold til dagens reintall er eit effektivt tiltak for å betre vilkåra i næringa. Tiltaket skal brukast målretta mot områder med slike problem.

Lovbaserte tiltak for å betre reintallstilpassinga til beiteressursene for delar av Finnmark inngår ikkje i reindriftsavtalen. Slike tiltak er som nemnt under kap. 1147 under førebuing og vil bli fremme etter reindriftslova sine reglar.

I tillegg til sjølve avtalen er partane i sluttprotokollen til avtalen einige om finansiering av tiltak mot radioaktivitet i reinkjøtt.

Budsjettforslag 2002

Departementet gjer framlegg om at Stortinget vedtek løyvingar under kap. 1151 for 2002 i samsvar med reindriftsavtalen for 2001-2002. I omtalen av dei einskilte postane er det gjort kort greie for formål og innhald i dei ulike ordningane. For nærare omtale viser ein til St.prp. nr. 70 (2000-2001). Arbeidet med å styrkje og betre tilskottsforvaltninga vil halde fram i 2002.

Post 51 Tilskott til Reindrifta sitt utviklingsfond

RUF kan nyttast til praktiske tiltak i næringa som t.d. investeringar i anlegg til bruk i utøvinga av reindrift og investeringar knytte til binæringar. Fondet kan òg gi støtte til faglege tiltak til fremjing av reindrifta, samt støtte til tiltak av allmenn interesse for samisk kultur. Fondet kan yte lån eller tilskott knytte til etablering i næringa.

Det ble for avtaleperioden 2000/2001 gitt en ordinær løyving til RUF på 33,7 mill. kr etter at 5

mill. kr til ressurovervaking blei ført over til kap. 1147 post 01 frå 1. januar 2001. For avtaleperioden 2001/2002 er løyvinga sett til 49,7 mill. kr. Innanfor den auka løyvinga er det sett av 7 mill. kr til Verdiskapingsprogram for reindrifta, 8 mill. kr til innløyising av driftseiningar og andre strukturtiltak i distrikt med behov for tiltak for tilpassing av tal på driftseiningar og reintal, og 1 mill. kr til kvinneretta tiltak.

Av di det er sett av midlar til eit verdiskapingsprogram for reindrifta, der òg marknadsfremmande tiltak inngår, blei partane einige om å avvikle *Marknads- og kvalitetsutvalet for reinkjøtt*. Det er òg mogleg å søkje om midlar til marknadsfremmande tiltak frå RUF sine ordinære midlar dersom ikkje tiltaket er i tråd med retningslinjene for verdiskapingsprogrammet.

Partane blei einige om å føre vidare tidlegpensjonsordninga for reindrifta. Ordninga bidreg til å gjere det mogleg for reindriftsutøvarane å gå ut av næringen før dei har rett til alderspensjon etter Folketrygden. Dette skal stimulere til tidlegare

generasjonsoverganger samt til ei tilpassing i reintalet og strukturen i næringa. Ordninga er lagt opp etter det same prinsipp som gjeld for jordbrukarane, men med nødvendig tilpassing for reindriftdrifta. Ordninga blir forvalta av *Reindriftsforvaltninga*. Det blir ikkje sett av særskild løyving til ordninga, og kostnadene i avtaleåret 2001/2002 er føresett dekt over RUF.

I tråd med St.prp. nr. 65 (1999-2000) er det budsjettert med at utgifter til ressurovervaking skal dekkjast over Reindriftsforvaltninga sitt ordinære budsjett.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 49,7 mill. kr for 2002.

Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

Dei store utfordringane reindriftnæringa står ovanfor, krev ei aktiv deltaking frå næringa sjølv. Ein gjer framlegg om ei auke av løyving med 0,5 mill. kr til 5,3 mill. kr for 2002.

Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
75.10	Administrasjon av reindriftsavtalen	1 500		
75.11	Frakttilskott	1 596	1 700	2 000
75.12	Tilskott til driftseiningar og tamreinlag	25 356	26 000	28 600
75.13	Distriktstilskott	9 652	8 000	8 000
75.14	Driftstilskott for Troms og Nordland	4 540	5 000	5 600
75.18	Tidlegslaktetilskott i Finnmark	1 964	2 000	2 000
	Sum post 75	44 607	42 700	46 200

Ein gjer framlegg om ei samla løyving under posten på 46,2 mill. kr for 2002 som er ei auke på 3,5 mill. kr i høve til 2001, jf. omtalen nedanfor.

Underpost 75.11 Frakttilskott

Formålet med frakttilskottet er å medverke til å jamne ut prisane på reinkjøtt til reineigarane i ulike distrikt. Ein gjer framlegg om ei løyving på 2,0 mill. kr.

Underpost 75.12 Tilskott til driftseiningar og tamreinlag

Formålet med ordninga er å medverke til å tilpasse reintalet i høve til beiteressursane og å auke produktiviteten pr. dyre- og arealeining. Tilskottet skal òg ha ein kvalitetsfremjande effekt og verke inntektsutjamnande mellom regionar og einingar i næringa. Satsen for produksjonstilskottet blei ført vidare med kr 50 000 pr. driftseining. Tamreinlaga får satsen på kr 50 000 for kvar 600 rein.

Sanksjonsmidlar er at tilskottet fell bort dersom krava ikkje blir overhaldne. Det er sett av 23,6 mill. kr til produksjonstilskott, og 5 mill. kr til

kalveslaktetilskott. Satsen er ført vidare med 225 kr pr. kalv.

Ektefelletilskottet er ført vidare med kr 50 000 pr. driftseining.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 28,6 mill. kr, som er ei auke på 2,6 mill. kr i høve til 2001. Auka skyldes endringar i krava som gjer at fleire får tilskott, mens satsane blir førte vidare.

Underpost 75.13 Distriktstilskott

Formålet med distriktstilskottet er å medverke til at reinbeitedistrikta skal kunne ta auka ansvar for utvikling av næringa i ei berekraftig retning. Tilskottet skal òg gi grunnlag for at distrikta skal ha ansvar for finansiering av kostnader ved avløyning under sjukdom og svangerskap utover dei generelle ordningane i Folketrygda. Det vil bli opna for oppbygging av tapsførebyggjande fond i distrikta ved at distrikta får høve til å setje av inntil 20 pst. av ordinært distriktstilskott til slike fond, og at distrikta i så fall blir tilførte ein tilsvarende sum over reindriftsavtalen.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 8 mill. kr.

Underpost 75.14 Driftstilskott for Troms og Nordland

Formålet med ordninga er å heve og jamne ut inntekter mellom einingar i næringa. For i størst mogleg grad å ta omsyn til dei mange spesielle tilhøva for reindrifta i Troms, blei det ved reindriftsforhandlingane i 1997 innført ei ordning med flatt driftstilskott for driftseiningane i Troms. Dette blei utvida i reindriftsavtalen 1999/2000 til òg å gjelde Nordland.

Satsen blir ført vidare med 80 000 kr pr. driftseining. Ein gjer framlegg om ei løyving på 5,0 mill. kr.

Underpost 75.18 Tidlegslaktetilskott i Finnmark

Ordninga med tidlegslaktetilskott blei innført i slaktesesongen 1993/94 grunna dei særlege problema knytte til vinterbeita i Finnmark og Troms. Formålet med ordninga er å medverke til at rein blir slakta tidleg på hausten. Dette for å redusere trykket på marginale lavbeite, samt å oppnå best mogeleg kvalitet på kjøtt og biprodukt.

Ordninga har hatt bra effekt på slaktinga, særleg i Vest-Finnmark. Ein gjer framlegg om ei løyving på 2 mill. kr.

Post 79 Velferdsordningar

Posten omfattar ordninga med Medlemsavgift til Folketrygda og sjukepengeordninga.

Den enkelte reineigar skal betale ei avgift til folketrygda som er lik den avgifta lønsmottakarene betalar. Skilnaden mellom den avgifta som er fastsett for private næringsdrivande (10,7 pst.), og den avgifta som skal betalast av den enkelte reineigar (7,8 pst.) blir finansiert over reindriftsavtalen. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i utviklinga i pensjonsgjevande inntekt i reindrifta.

Den kollektive innbetalinga over reindriftsavtalen til sjukepengeordninga dekkjer tilleggspremien for auke av sjukepengane frå 65 til 100 pst. av inntektsgrunnlaget for sjukdom utover 14 dagar. Fødselspengar blir òg ytte med 100 pst. av inntektsgrunnlaget. Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei utvarane i reindrifta som går inn under ordninga. Midlane blir overført sentralt til Folketrygda.

Ein gjer framlegg om ei løyving på 1,8 mill. kr.

Kap. 1161 Statskog SF - forvaltningsdrift

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert bud- sjett 2001	Forslag 2002
70	Tilskott til forvaltningsdrift	16 529	16 324	16 299
71	Distriktsrettet næringsutvikling			3 031
73	Avviklingskostnader	381	212	212
75	Oppsyn i statsalmenningar	6 644	6 644	6 713
	Sum kap. 1161	23 554	23 180	26 255

Mål og strategiar

Målet for Statskog SF sitt arbeid med forvaltningsoppgåvene er å sikre at dei rettar bruksretts-havarar og andre har på eigedomane, blir ivaretatt i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningslinjer. I samarbeid med bruksrettshavarar, brukarorganisasjonar, kommunar og miljøvernstyremakter skal føretaket arbeide for ei areal- og ressursdisponering som er mest mogleg tenleg for samfunnet, for dei distrikta der eigedomane ligg og for staten som eigar.

Frå departementet si side blir aktiviteten styrt gjennom tildelingsbrev og styringsmøtene på same måte som anna forvaltningsverksemd. Omorganiseringa frå forvaltningsbedrift til statsforetak i 1993 ble evaluert i 1999, jf. omtale i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (1999-2000).

Forvaltningsoppgåvene omfattar både lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver. Dei lovpålagde oppgåvene har grunnlag i særlover som gjeld for eigedomane - fjellova, lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark fylke, lov om skogsdrift m.v. i statsalmenningane og lov om utmarkskommisjon for Nordland og Troms. Dei oppgåvene som ikkje er lovpålagde har grunnlag i særlege pålegg og retningslinjer.

Lovpålagde oppgåver

Skogbruk. Oppgåvene, som følgjer av lov om skogsdrift i statsalmenningar og lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark, er knytte til vedutvisning i Finnmark og til virkesutvisning i statsalmenningar til dekking av bruksrettar. I tillegg inngår arbeid med salsvirke til inntekt for allmenningsfonda.

Grunneieroppgåver som ikkje gir inntekt. Verksemda følgjer av lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark og det særlege samfunnsansvaret Statskog har som dominerande grunneigar i fylket. Tidlegare fall òg grunneigaroppgåvene i statsalmenningar inn her. Utgiftene til desse oppgåvene blei f.o.m. 2000 dekt over grunneigarfondet, jf. Innst. S. nr. 8 (1999-2000).

Utmarkskommisjonen for Nordland og Troms. Oppgåvene omfattar Statskog sitt arbeid for kommisjonen med trykking av Riksarkivet sine utgreiningar, kartarbeid, arkivgransking, synfaringar og saksførebuing.

Offentlegsrettslege oppgåver. Verksemda dekkjer oppgåver der Statskog SF handlar som offentlig styresmakt, behandlar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova, lov om skogsdrift m.v. i statsalmenningane og lov om statens umatriku-

lerte grunn i Finnmark. Administrasjonsutgiftene knytt til tilskotsforvaltninga for post 75 fell òg inn her.

Ikkje lovpålagde oppgåver

Administrasjon av fiske i Finnmark. Inntil vidare gjeld særlege ordningar for forvaltning av fisket i Finnmark. Forvaltningsordninga skal vurderast i samband med oppfølginga av arbeidet til Same rettsutvalget.

Friluftsliv, tilrettelegging. I samsvar med St.meld. nr. 40 (1986-87) *Om friluftsliv* held Statskog m.a. opne husvære i fjellet, merkar stier og løyper og byggjer bruer, klopper, rasteplassar og fiskebrygger for uføre og barnefamiljar. Tiltaka har ofte innslag av kulturminnevern i samband med restaurering av gamle bygningar, fløytningsdammar og -renner. Tiltak for friluftslivet blei evaluert i 1996, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (1996-97).

Oppsyn i Nord-Norge - fjellteneste. Tenesta, som er finansiert saman med m.a. miljøvernstyresmak-tene, skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og tilrettelegging medverke til sikring av naturverdiar og bevaring av biologisk mangfald. Tenesta omfattar eit areal på knapt 70 mill. dekar. Tenesta blei evaluert i 1999, jf. omtale i St.prp. nr. 1 Tillegg 3 (1999-2000). Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom Statskog SF og Statens Naturoppsyn om at Fjelltenesta skal utføre offentlegrettsleg naturoppsyn for SNO i Nord-Noreg.

Resultatrapport 2000

På post 70 er det i 2000 rekneskapsført 16,56 mill. kr som er i samsvar med løyvinga. I tillegg ytte Statskog SF sjølv 479 000 kr, slik at dei totale kostnadene for dei oppgåvene Statskog utførte for Landbruksdepartementet i 2000 var 17,04 mill. kr. Om lag 45 pst. av utgiftene skriv seg frå dei lovpålagde oppgåvene.

I alt 25 400 m³ tømmer og ved er utvist til bruksrettshavarane eller selt til inntekt for almenningsfonda. Av dette utgjer utvisninga i Finnmark 13 500 m³. Etterspørselen har her auka sterkt dei siste åra. Det er derfor sett i gang ei registrering av lauvskogressursane i samarbeid med kommunane og Fylkesmannen. Målet er å sikre god ressursforvaltning og bruksrettshavarane sine rettar. I Vadsø, Alta og Tana er arbeidet avslutta. Arbeidet i Porsanger er venta ferdig i 2001. Dei områda der ressursane er mest pressa vil då vere dekte med registreringar og planar.

Arbeidet med skogbruksplanar i samsvar med § 4.3 i statsallmenningsslova held fram. Av i alt 77 allmenningar er skogressursane så store at det skal lagast planar for 58. I 55 av desse er planane fullførte. Dei tre siste vil etter planen bli ferdigstilte i 2001 eller 2002. Registrering av særskilde miljøverdiar knytte til skogen i statsallmenningane vil starte først i statsallmenningar som er taksert relativt nyleg og som derfor ikkje skal takserast på nytt før om noen år.

Registrering av bygningar og bruk på setrar som fell inn under føresegnene i fjellova blei sett i gang i 2000 og held fram i 2001.

Fond knytte til forvaltningsoppgåvene

Bruken av grunneigarfondet som pr. 31.12.00 var på 46,9 mill. kr., er regulert ved § 12 i fjellova. Fondet skal etter samråd med Fjellstyresambandet m.a. brukast til tiltak i statsallmenningane med sikte på verdiskaping og lønnsame arbeidsplassar. I 1999 blei det utarbeidd nytt regelverk som skal bidra til at fondet i større utstrekning enn hittil blir brukt til tiltak i allmenningsbygdene. Grunneiegarfondet blei redusert med i overkant av 2 mill. kr frå 1999 til 2000. Grunnen er auka utbetaling til godkjende tiltak i samsvar med det nye regelverket og omlegging av finansieringa av ikkje inntektsgivande grunneigaroppgåver frå statsbudsjettet til grunneigarfondet jf. Innst. S. nr. 8 (1999-2000). Almenningsfonda, som på same tid var på vel 20 mill. kr, skriv seg frå salshogstar og erstatning for barskogvern m.m. i underskottsallmenningane. Fonda skal saman med skogavgiftsfonda brukast til investeringar i skogbruket i den enkelte allmenning.

Budsjettforslag 2002

Post 70 Tilskott til forvaltningsdrift

Verksemda er knytt til lovpålagde og ikkje lovpålagde forvaltningsoppgåver som Statskog SF utfører for Landbruksdepartementet. Ein reknar med

at avverkinga av bruksrettsvirke vil liggje på om lag same nivå som i 2000, 25 000 til 30 000 m³. Arbeidet med å registrere og leggje inn data frå om lag 2 000 setrar i seterregisteret held fram saman med fjellstyra. Kostnaden blir delvis dekt av midlar frå grunneigarfondet. I samarbeid med NINA og NIKU skal det setjast i gang eit prosjekt for kartlegging og sikring av kulturminne på eigedomane. Tiltak for friluftslivet vil elles særleg bli retta mot eigedomar nær tettstad område.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 16,3 mill. kr.

Post 72 Distriktsretta næringsutvikling

Departementet meiner at ein større del av verdiskapinga i Statskog må først tilbake til distrikta, og gjer derfor framlegg om ei løyving på om lag 3 mill. kr som skal brukast til forsterka distriktsretta næringsutvikling i samarbeid med private, kommunar, næringsliv og det offentlege verkemiddelapparatet der Statskog er stor grunneigar, spesielt i Nord-Noreg. Midlane skal nyttast til tiltak som bidreg til lønsam næringsverksemd eller utviklar infrastruktur som indirekte bidreg til lønnsame arbeidsplassar. Næringsverksemda må ha som formål å utnytte ressursane knytt til Statskog sine eigedomar.

Post 73 Avviklingskostnader

Posten dekkjer ventelønn til dei som fekk rett til dette i samband med flyttinga av Statskog sitt hovudkontor frå Oslo til Namsos. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 0,2 mill. kr.

Post 75 Oppsyn i statsallmenningane

Posten dekkjer tilskott til fjellstyra for oppsynsordningar i statsallmenningane i samsvar med §36 i fjellova. Statsallmenningane omfattar 27 mill. daa. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 6,7 mill. kr.

Kap. 2411 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (jf. kap. 5311)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
01	Driftsutgifter	392		
50	Tapsfond, lån til landbruksformål	24 000	6 000	
71	Rentestøtte	500	500	
90	Lån, <i>overslagsløyving</i>	300 000		
	Sum kap. 2411	324 892	6 500	

Forvaltninga av dei økonomiske verkemidla knytt til finansiering av tradisjonelt landbruk, og nye næringar blei overført til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SND) i samband med avviklinga av Statens landbruksbank 31.12.1999, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (1999-2000).

I St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 10 (2000-2001) blei det i samband med harmonisering av inn- og utlånssystema under tidlegare Statens landbruksbank og Statens nærings- og distriktsutviklingsfond gjort framlegg om at tilbod om nye lån til bustad- og næringsformål i landbruket frå og med 2001 blir gitt innanfor lågrisikolåneordninga i SND med same vilkår for lån til landbruksformål som for andre næringslån, m.a. lån til fiskeriformål. Stortinget vedtok denne endringa og nye lån til landbruksformål blir no gitt innanfor lågrisikolåneordninga i SND.

Regjeringa legg fram forslag om at lån til landbruksformål gitt til og med 2000 får same vilkår som andre næringslån frå og med 2002, slik at utgifter til administrasjon, låneprovisjon til staten

og tapsavsetjingar blir dekkja innanfor rentemarginen i staden for over statsbudsjettet. Som ein konsekvens av dette gjer ein ikkje framlegg om løyvingar på kap. 2411 for 2002.

Omlegginga inneber at lånekundane som har lån med flytande rente (om lag 55 pst.) vil få endra sine rentevilkår frå og med 2002, medan lånekundane som har lån med fast rente (om lag 45 pst.) vil få endra sine rentevilkår når bindingstida går ut (fram til medio 2006). Rentenivået vil etter omlegginga ligge om lag 0,6 prosentpoeng over utlånsrenta i Husbanken, og vil vere lik for alle lån til landbruksformål uavhengig av når lånet er gitt.

Resultatrapport 2000*Utlånsverksemda*

SND si ramme for løyving av nye lån var i 2000 på 400 mill. kr. SND sine utlån til dei ulike formåla i 1999 og 2000 går fram av tabell 2.15.

Tabell 2.15 Utlån til dei ulike formåla i 1999 og 2000

Formål	1999	1999	2000	2000
	Talet på lån	Sum i mill. kr	Talet på lån	Sum i mill. kr
Driftsbygningar	330	121,8	273	117,5
Tilleggsnæringer	48	16,4	68	39,9
Kjøp av tilleggsareal og eigedomsoverføring	222	92,4	210	133,6
Miljøtiltak	5	0,5	3	1,5
Reindrift	9	1,3	-	-
Div. landbruksformål	20	6,9	42	15,1
Sum landbruksformål	634	239,3	596	307,6
Nye bustader	141	85,0	97	67,1
Utbetring av bustader	123	51,8	98	39,6
Sum bustadformål	264	136,8	195	106,7
Sum totalt	898	376,1	791	414,3

Ved utgangen av 2000 utgjorde samla utlån til landbruksformål 4 265 mill. kr. Dette gav ein nedgang i utlånskapitalen på 106 mill. kr. Etter ein mellombels nedgang i etterspurnaden ser det no ut til at det framleis er større etterspurnad enn disponible midlar.

I høve til utlånsmassen er tapstala framleis særers låge, for 2000 var tapstala likevel høgare enn

tidlegare på grunn av store tap knytt til einskildprosjekt innan sopproduksjon. SND hadde i 2000 eit samla tap på utlån til landbruksformål på 27,3 mill. kr.

Når det gjeld SND sitt arbeid med næringsutvikling i og knytt til landbruket blir det vist til kapittel 1150.

Kap. 5311 Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, lån til landbruksformål (jf. kap. 2411)

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
90	Avdrag	369 881		
	Sum kap. 5311	369 881		

Avdraga blei frå og med 2001 ført som inntekt i budsjettet til Nærings- og handelsdepartementet, jf. St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 10 (2000-2001).

Kap. 5545 Miljøavgifter i landbruket

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
70	Miljøavgift, kunstgjødsel	2 011		
71	Miljøavgift, plantevernmidler	52 858	60 000	40 000
	Sum kap 5545	54 870	60 000	40 000

Miljøavgift er eit av fleire verkemiddel for å nå nasjonale og internasjonale miljømål. Gjennomføringa av tiltak er dokumentert i systemet med resultatkontroll i jordbruket. Landbrukstilsynet krev inn miljøavgifta.

Post 71 Miljøavgift, plantevernmidler

Som ei oppfølging av *Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidler* blei avgiftssystemet lagt om frå 1.3.1999. Plantevernmidla blir no grupperte i avgiftsklasser basert på ibuande eigenskapar og eksponeringsbelastning. Avgifta var tidlegare basert på omsetningsverdi, medan den no er basert på normerte arealdosar differen-

siert etter midla sin risiko for helse- og miljøskader. For at avgifta skal få tilstrekkeleg effekt i høve til målsettinga for plantevernmidelbruken, vil departementet vurdere nivået på avgifta i samband med dei årlege budsjettframlegga. Frå 1998 til 2001 er budsjetterte avgiftsinntekter auka frå 22 til 60 mill. kr. Ein viser til omtale under kap. 1110.

Omsetningstala så langt syner at det nye avgiftssystemet har god effekt og ein har fått både redusert omsetning og ein overgang til plantevernmidler i lågare avgiftsklassar, dvs. midler med lågare miljø- og helserisiko. For 2002 er det derfor budsjettert med inntekter på 40 mill. kr.

Kap. 5571 Totalisatoravgift

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
70	Avgift	88 175	98 000	98 000
	Sum kap. 5571	88 175	98 000	98 000

Under posten blir ført inntekter frå avgift på totalisatorspel.

I 2000 blei den samla omsetninga i totalisatorspel på 2 572 mill. kr. Dette var ein auke på 242 mill. kr frå året før. Inntekta frå totalisatoravgift blei på 88,2 mill. kr.

For 2001 er det budsjettert ut frå ei samla omsetning på om lag 2 650 mill. kr. Utviklinga hit-

til tyder på at omsetninga i 2001 vil bli på om lag dette nivået.

For 2002 gjer ein framlegg om ei løyving under posten på 98 mill. kr. Det er i framlegget lagt til grunn uendra avgiftssats på 3,7 pst. av omsetninga, og ei omsetning i 2002 på same nivå som i 2001.

Programkategori 15.40 Forretningsdrift

Utgifter under programkategori 15.40 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)				
Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Pst. endr. 01/ Forslag 2002 02
1170	Statkorn Holding ASA	1 205 186		
	Sum kategori 15.40	1 205 186		

Inntekter under programkategori 15.40 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)				
Kap.	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Pst. endr. 01/ Forslag 2002 02
4162	Sal av Drevsjø Trelast AS (jf. kap. 1162)	550		
5614	Renter av lån til landbruksformål	275 360		
5651	Aksjar i selskap under Landbruksde- partementet	1 762	21 500	750 -96,5
5652	Innskottskapital i Statskog SF	10 000	8 500	8 500 0,0
	Sum kategori 15.40	287 673	30 000	9 250 -69,2

I kategorien er utbytte frå Statskog SF og Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS budsjettert.

Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
80	Utbytte	1 762	21 500	750
	Sum kap. 5651	1 762	21 500	750

Post 80 Utbytte

Cermaq ASA

Statkorn Holding ASA har i 2000 vore i sterk omstilling og det blei gjennomført ei kapitalutviding i selskapet på 1,5 mrd. kr. Av dette bidrog staten med 1,2 mrd. kr. Selskapet skifta i samband med omstillinga namn til Cermaq ASA.

Årsoppgjeret for 2000 viser eit konsernresultat før skatt på 396 mill. kr mot 81,9 mill. kr i 1999.

Driftsmarginen i 2000 er på 9,2 pst. mot 3,4 pst. i 1999. Eigenkapitalrentabiliteten var på 13,3 pst. i 2000 mot 3,4 pst. i 1999. Samla bokført egenkapital i konsernet per 31.12.00 var på 2,731 mrd kr.

Selskapet ble 1.7.2001 ført over til Nærings- og handelsdepartementet. Utbytte frå selskapet er derfor budsjettert under Nærings- og handelsdepartementet.

Norsk Kornforedling A/S

Selskapet blei stifta 17. august 1993, jf. St.prp. nr. 78 (1992-93) og Innst S. nr 240 (1992-93). I 1993 teikna Statens Kornforretning på vegne av staten 51,1 pst. av aksjene i selskapet. Aksjane som Statens Kornforretning teikna blei seinare overført til Statkorn Holding AS (noverande Cermaq ASA) i samband med at forretningsverksemda blei skilt ut av Statens Kornforretning. Dei andre aksjonærane er Felleskjøpet Øst Vest (38,9 pst.) og Strand Brønderi (10 pst.). Aksjane som Cermaq ASA eig i selskapet vil i løpet av hausten 2001 bli overført til Staten ved Landbruksdepartementet.

Selskapet står for foredling og prebasis av betre kornsortar tilpassa norske og nordiske forhold. Utvikling av tidlege sortar av bygg og havre har særleg vore vellykka. Utvikling av vårkveite har òg kome langt. Selskapet sertifiserer såkornet og har retten til sortane utvikla under Kornforedlingsprogrammet. Selskapet mottar lisens- og foredleravgift ved omsetting av såkornet i marknaden. Norsk Kornforedling A/S finansierer forskning ved Planteforsk og NLH/Institutt for plantefag. Hovudkontoret til Norsk Kornforedling A/S ligg på Bjørke Forsøksgård i Løten.

Det er sett i gang eit arbeid får å greie ut ei utvikling av Norsk Kornforedling til eit breiare selskap som omfattar planteforedling av aktuelle planteslag i Noreg.

Statens skogplanteskoler AS

Begge dotterselskapa, Sønsterud skogplanteskole AS og Reiersøl og Lyngdal skogplanteskoler AS, er selde. I hovudsak på grunn av salsgevinst ved salet av dotterselskapet Sønsterud skogplanteskole AS blei årsresultatet i morselskapet 7,3 mill. kr i 2000. Salet av Reiersøl og Lyngdal skogplanteskoler AS blir ført i rekneskapen for 2001.

Statens skogplanteskoler AS vil bli avvikla så raskt som mogleg.

Veterinærmedisinsk oppdragscenter AS (VESO)

VESO er ei kunnskapsbedrift med fagleg fundament i norske veterinærmedisinske og beslektede miljø. VESO hadde i 2000 ei omsetning på 138 mill. kr og eit ordinært resultat etter skatt på 4,7 mill. kr. Den største delen av verksemda er knytt til leveransar til norsk oppdrett og akvakultur.

VESO er i dag eit statsaksjeselskap. Stortinget har gitt departementet fullmakt til å selje inntil 66 pst. av aksjane i selskapet. Gjennom salet ønskjer Landbruksdepartementet å få inn langsiktige strategiske eigarar som kan vere med å vitalisere og utvikle selskapet vidare. Ein legg opp til at aksjesalet blir gjennomført i to runder, der ein i første runde sel 49 pst. av aksjane, jf. St.prp. nr. 84 (2000-2001).

Kap. 5652 Innskottskapital i Statskog SF

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2000	Saldert budsjett 2001	Forslag 2002
80	Utbytte	10 000	8 500	8 500
	Sum kap. 5652	10 000	8 500	8 500

Post 80 Utbytte

Statskog SF skal forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigedomar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av denne målsettinga kan Statskog SF òg drive andre eigedomar og yte andre former for tenester. Statskog SF skal leggje vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftssinteresser. Ressursane skal utnyttast balansert. Den økonomiske styringa skal skje etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp.

Konsernet hadde i 2000 driftsinntekter på 221 mill. kr og eit driftsresultat på 11,4 mill. kr. Årsresultatet etter finanspostar og skattar viser eit overskott på 8,1 mill. kr. Bokført totalkapital i konsernet pr. 31.12 2000 var 264,6 mill. kr. og eigenkapitalen utanom skogavgiftsfondet 189 mill. kr. Forrentinga av bokført eigenkapital har i åra 1998–2000 vore høvesvis 7,4 pst., 9,0 pst. og 4,2 pst. Utbyttet for 2000 er fastsett til 6,1 mill. kr.

Statskog har utarbeidd ny konsernstrategi for perioden 2000–2003. Måla er m.a. å bidra til næringsutvikling i distrikta gjennom å styrkje samarbeidet med kommunar, verksemdar og frivillige organisasjonar innanfor den økonomiske

ramma som blir sett av eigars krav til avkastning og utbyttepolitikk.

Ved omorganiseringa i 1993 hadde Statskog eit skogavgiftsfond på 44 mill. kr. Som andre større skogeigarar, forvaltar Statskog fondsmidlane sjølv. På grunn av at fondet var så stort, og at det i høve til andre skogeigarar ville vore urettvist om avkastninga skulle tilfalle Statskog, blei det bestemt som ei særordning for Statskog at den årlege avkastninga skulle innbetalast til statskassen. Skogavgiftsfondet er no redusert til 7 mill. kr som tilsvargar om lag eit års forbruk. Departementet vil derfor avvikle denne særlege innbetalingsordninga.

Departementet legg til grunn følgjande avkastnings- og utbyttepolitikk for Statskog SF:

For perioden 2001-2003 er avkastningskravet sett til 7 pst. av bokført eigenkapital i konsernet. Utbyttet blir sett til 75 pst. av årsresultatet i konsernet inntil utbyttet tilsvargar statens innlånsrente multiplisert med den gjennomsnittlege bokførte eigenkapitalen til konsernet. Utbyttepolitikken kan vurderast på nytt dersom eksterne forhold eller omstillingar i Statskog SF skulle krevje det.

Det er budsjettert med eit utbytte på 8,5 mill. kr frå selskapet i 2002. Endeleg vedtak om utbytte blir gjort på ordinært foretaksmøte våren 2002.

Landbruksdepartementet

tilrår:

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2002 blir dei summane førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag:

Sum utgifter under kap 1100-1161	Kr	14 424 500 000
Sum inntekter under kap 4100-4150, 5545, 5571, 5651 og 5652	Kr	706 400 000

Forslag til vedtak om bevilgning for budsjetterminen 2002, kapitlene 1100-1161, 4100-4150, 5545, 5571, 5651 og 5652

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Mat- og landbruksforvaltning m.m.				
1100	Landbruksdepartementet (jf. kap. 4100)			
	01 Driftsutgifter	107 532 000		
	45 Store utstyrskjøp og vedlikehold - ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1100 post 50</i>	4 741 000		
	50 Store utstyrskjøp og vedlikehold - forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	200 000		
	70 Tilskott til drifta av Staur gard	300 000	112 773 000	
	Sum Mat- og landbruksforvaltning m.m.		112 773 000	
Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse				
1107	Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 4107)			
	01 Driftsutgifter	186 901 000		
	70 Tilskott til veterinær beredskap	45 416 000		
	73 Tilskott til tiltak mot dyresjukdommar, <i>overslagsløyving</i>	16 166 000	248 483 000	
1110	Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 4110)			
	01 Driftsutgifter	116 430 000	116 430 000	
1112	Forvaltningsstøtte, utviklingsoppgåver og kunnskapsutvikling m.m.			
	50 Forvaltningsstøtte og utviklingsoppgåver, Veterinærinstituttet	106 848 000		
	51 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling, Planteforsk	49 107 000		
	52 Støtte til fagsentra, Planteforsk	12 821 000	168 776 000	
1114	Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 4114)			
	01 Driftsutgifter	245 644 000	245 644 000	
	Sum Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse		779 333 000	

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
Forsking og utvikling				
1137	Forsking og utvikling			
	50 Forskingsaktivitet	131 214 000		
	51 Basisløyvingar til forskingsinstitutt m.m.	150 523 000	281 737 000	
	Sum Forsking og utvikling		281 737 000	
Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning				
1140	Miljø- og næringstiltak i jordbruket			
	50 Driftsøkonomiske analysar m.m., NILF	18 633 000		
	77 Miljøretta prosjektarbeid m.m., <i>kan overførast</i>	36 281 000	54 914 000	
1142	Miljø- og næringstiltak i skogbruket			
	50 Forvaltningsstøtte, utvikling og kunnskapsformidling i skogbruket, Skogforsk	12 740 000		
	51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 381 000		
	71 Tilskott til langsiktige investeringar og næringstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	100 439 000		
	76 Ressurs- og miljøtiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	23 415 000	139 975 000	
1143	Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 4143)			
	01 Driftsutgifter	139 673 000		
	70 Tilskott til beredskap i kornsektoren, <i>kan overførast</i>	13 045 000		
	71 Omstillingsstøtte til slakteri, <i>kan overførast</i>	9 100 000		
	72 Erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	100 000	161 918 000	
1145	Jordskifterettane (jf. kap. 4145)			
	01 Driftsutgifter	135 811 000	135 811 000	
1146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 4146)			
	01 Driftsutgifter	63 167 000	63 167 000	
1147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 4147)			
	01 Driftsutgifter	28 036 000		
	45 Store utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	3 061 000		
	70 Tilskott til fjellstover	625 000		
	71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i>	2 109 000	33 831 000	
1148	Naturskade - erstatningar og sikring			
	70 Tilskott til sikringstiltak m.m., <i>kan overførast</i>	20 016 000		
	71 Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	41 481 000	61 497 000	
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m. (jf. kap. 4150)			
	50 Fondsavsetningar, <i>overslagsløyving</i>	784 960 000		
	70 Marknadsregulering, <i>kan overførast</i>	222 500 000		
	73 Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	2 456 417 000		

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
	74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	6 873 558 000	
	77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	359 000 000	
	78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 773 854 000	12 470 289 000
1151		Til gjennomføring av reindriftsavtalen		
	51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet	49 700 000	
	72	Tilskott til organisasjonsarbeid	5 300 000	
	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	46 200 000	
	79	Velferdsordningar	1 800 000	103 000 000
1161		Statskog SF - forvaltningsdrift		
	70	Tilskott til forvaltningsdrift	16 299 000	
	71	Distriktsrettet næringsutvikling	3 031 000	
	73	Avviklingskostnader	212 000	
	75	Oppsyn i statsalmenningar	6 713 000	26 255 000
		Sum Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning		13 250 657 000
		Sum departementets utgifter		14 424 500 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
		Mat- og landbruksforvaltning m.m.		
4100		Landbruksdepartementet (jf. kap. 1100)		
	01	Refusjon og gebyr	386 000	386 000
		Sum Mat- og landbruksforvaltning m.m.		386 000
		Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse		
4107		Statens dyrehelsetilsyn (jf. kap. 1107)		
	03	Gebyr og analyseinntekter m.m.	38 302 000	38 302 000
4110		Statens landbrukstilsyn (jf. kap. 1110)		
	01	Gebyr og analyseinntekter m.m.	88 114 000	88 114 000
4114		Statens næringsmiddeltilsyn (jf. kap. 1114)		
	01	Gebyr og analyseinntekter m.m.	256 413 000	256 413 000
		Sum Matvarekvalitet, dyrehelse og plantehelse		382 829 000
		Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning		
4143		Statens landbruksforvaltning (jf. kap. 1143)		
	01	Driftsinntekter m.m.	22 999 000	22 999 000
4145		Jordskifterettane (jf. kap. 1145)		
	01	Saks- og gebyrinntekter	12 687 000	12 687 000

Kap.	Post	Kr	Kr	Kr
4146	Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (jf. kap. 1146)			
	02 Driftsinntekter	16 749 000	16 749 000	
4147	Reindriftsforvaltninga (jf. kap. 1147)			
	01 Driftsinntekter m.m.	1 500 000	1 500 000	
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen (jf. kap. 1150)			
	80 Marknadsordninga for korn	122 000 000	122 000 000	
5545	Miljøavgifter i landbruket			
	71 Miljøavgift, plantevernmiddel	40 000 000	40 000 000	
5571	Totalisatoravgift			
	70 Avgift	98 000 000	98 000 000	
	Sum Næringsutvikling, miljø og arealforvaltning		313 935 000	
Forretningsdrift				
5651	Aksjar i selskap under Landbruksdepartementet			
	80 Utbytte	750 000	750 000	
5652	Innskottskapital i Statskog SF			
	80 Utbytte	8 500 000	8 500 000	
	Sum Forretningsdrift		9 250 000	
	Sum departementets inntekter		706 400 000	

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2002 kan:

1.

overskride løyvingar under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1100 post 01	kap. 4100 post 01
kap. 1107 post 01	kap. 4107 post 03
kap. 1110 post 01	kap. 4110 post 01
kap. 1114 post 01	kap. 4114 post 01
kap. 1143 post 01	kap. 4143 post 01
kap. 1145 post 01	kap. 4145 post 01
kap. 1146 post 01	kap. 4146 post 02
kap. 1147 post 01	kap. 4147 post 01

2. overskride kap. 1100 Landbruksdepartementet, post 45 Store utstyrskjøp og vedlikehald med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom. Unytta meirinntekter frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av overførbart beløp under løyvinga.

III

Forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein
Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2002 kan overskride løyvinga under kap. 1147 Reindriftsforvaltninga, post 01 Driftsutgifter med inntil kr. 500 000 i samanheng med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

*Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover
gitte løyvingar*

IV

Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2002 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammelt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade, erstatningar og sikring	
	70	Tilskott til sikringstiltak	2 mill. kroner
	71	Naturskade, erstatningar	10 mill. kroner

Andre fullmakter

V

Sal av fast eigedom

Stortinget samtykkjer i at Landbruksdepartementet i 2002 kan selje innkjøpt og opphavleg statseigedom for inntil 5 mill. kroner.

VI

Avvikling av fond

Stortinget samtykkjer i at Kornfondet avviklast og at eventuelle gjenverende midlar i fondet blir ført over til kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m., post 73 Pristilskott.

Vedlegg 1

Jordbruksoppgjøret 2001 – fase II

Sluttprotokoll fra møte 29. juni 2001 mellom Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Landbruksdepartementet og Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Til stede:

Fra Norges Bondelag: Værdal, Spanne,
Agerup, Skorge

Fra Norsk Bonde- og Småbrukarlag: Vinje,
Svardal

Fra Landbruksdepartementet: Grue, Sagelvmo,
Helgen, Nordlund, Haug, Grotli

Fra Arbeids- og administrasjons-
departementet: Nersten

**1 Avtaletekst for avtaleperioden
2001/2002**

Ny avtaletekst ligger vedlagt som *vedlegg 1*.

Partene legger til grunn at innføring av regelen om at alle husdyr skal inngå i samdriften ved søknad om husdyrtilskudd, jf. St.prp.nr 92 (2000-2001) kap 7.7.3, i seg selv ikke skal føre til endrede rettigheter i forhold til regelverket for konsesjonsregulert husdyrhold.

**2 Målpriskurver og representantvarer
for frukt, grønnsaker og poteter**

Partene er enige om målpriskurver og øvre prisgrenser for poteter, grønnsaker og frukt for sesongen 2001/2002 jfr. vedlegg 2. Opplegget innebærer at første uke med målpris for epler blir uke 34 mot tidligere uke 33.

I vedlegg 3 er målpriskurver og øvre prisgrenser for poteter, grønnsaker og frukt vist slik de vil se ut for avtaleåret 2002/2003 dersom det ikke gjøres endringer for disse i neste års jordbruksoppgjør (utslag for et helt avtaleår og ikke bare fra 01.11.).

Omregning til enhetspriser gjennomføres ikke, jf. for øvrig Innst. S. nr. 345 (2000-2001) Innstilling fra næringskomiteen om jordbruksoppgjøret 2001 - endringer i statsbudsjettet for 2001 m.m.

Partene er enige om at man for neste avtaleår kan se frukt og grønnsaker samlet ved eventuelle målprisjusteringer.

**3 Prisutjevningsordningen for melk:
Tekniske justeringer i målprisene og
fordeling av tilleggene i melkepris**

Partene er enige om visse tekniske endringer for enkelte produktgrupper fra 01.07.2001 og fordeling av økning i målpris for melk fra 01.11.2001, jf. jordbruksoppgjørets fase I.

Råvarepriser i prisutjevningen for melk. Kroner per liter anvendt helmelk.

Melk i/til produktgruppe	Pris per 01.07.00	Teknisk endring	Ny pris fra 01.07.01	Fordeling av end- ring i jordbruks- oppgjøret	Ny pris fra 01.11.01
Sure smakstilsatte produkter, dagligvare	5,79	0,00	5,79		5,79
Ikke smakstilsatte produkter, dagligvare	5,11	0,15	5,26	0,10	5,36
Søte smakstilsatte produkter, dagligvare	3,52	0,00	3,52	0,10	3,62
Ikke smakstilsatte produkter, industri	2,93	0,00	2,93		2,93
Ferske oster, dagligvare	4,34	0,00	4,34	0,10	4,44
Modna oster, dagligvare	3,50	0,00	3,50	0,11	3,61
Modna oster, industri	2,87	0,00	2,87		2,87
Modna oster, melkevarereeksport	2,55	0,00	2,55		2,55
Tørrmelk, industri	2,98				2,98
Geitemelksprodukter, dagligvare	4,00	0,00	4,00	0,07	4,07
Fløte til kremfløte, kroner per liter fløte	25,51	2,65	28,16		28,16
Produksjonsfløte, kr pr liter fløte ¹	-	-	16,725		16,725
Fløte til smør, kr pr liter fløte	7,94	0,00	7,94		7,94
Myse til mysost, kr pr liter myse	2,88	-0,57	2,31		2,31

¹ Metoden for beregning av produksjonsverdien for fløte ved å nytte et aritmetisk gjennomsnitt av råvareverdien av fløte til hhv kremfløte og smør endres. Ved teknisk justering av fløteverdien holdes produksjonsfløteverdien fast

Partene er enige om ikke lengre å fastsette målpris på kjernemelk i jordbruksoppgjøret. Det legges til grunn at prisen på kjernemelk fra og med kommende avtaleperiode fastsettes som en funksjon av verdien på skummet melk. Endringen følges opp ved at det tas inn en bestemmelse om dette i prisutjevningsforskriften.

Partene er enige om at man i PU-ordningen benytter råvareverdiene for fløte og myse som fastsettes i jordbruksavtalen som grunnlag for biproduktavgifter uten avkortning. Dette er lagt til grunn for tabellen ovenfor. Endringen følges opp ved at det tas inn en bestemmelse om dette i prisutjevningsforskriften.

Partene er innforstått med at Landbruksdepartementet vil foreta endringer i forskrift for administrative tollnedsettelse slik at det i tillegg til tørrmelk, blir mulig å sette ned tollen på det aktuelle produkt hvor overnotering har skjedd eller er i ferd med å skje.

4 Økologisk landbruk: Fordeling av økningen i husdyrtilskuddet og utforming av prosjektvirkomheten

Partene er enige følgende nye satser for husdyrtilskudd i økologisk landbruk:

Sone	AK-til- skudds- sone 1-4	AK-til- skudds- sone 5-7
	Ny sats (kr pr. dyr)	Ny sats (kr pr. dyr)
Melkeku/ammeku	630	880
Andre storfe	190	280
Melkegeit/ammegeit/vinterfora sau	70	90

Partene er enige om følgende fordeling av posten "regional forankring, veiledning og informasjon (77.16.4):

Tiltak	Mill. kr
Nasjonale og regionale pilotprosjekter	16,0
Veiledning, herunder GFR, oppfølgingsbesøk, intensivrådgivning, nettbasert innføringskurs og fadderordning	9,3
Økologisk formeringsmateriale, herunder prisnedskrivningstilskudd til settepotet	0,2
Storskalaforsøk økologisk korn	2,0
Informasjon/evaluering m.m	0,5
Sum	28,0

Partene legger til grunn at fordeling mellom prosjekter heretter foretas av Landbruksdepartementet etter samråd med avtalepartene og at partene i fase II – forhandlingene begrenser seg til eventuelt å vurdere rammer og kriterier for tilde-

ling. Det legges videre til grunn at det fortsatt er mulig å fremme prosjektsøknader på dette området og at muligheten for å søke denne type midler kunngjøres noe bredere. Prosjekter med overføringsverdi prioriteres.

5 Grunntilskudd for slakt: Fastsetting av tilskuddssatser

Partene er enige om følgende grunntilskuddssatser i avtaleåret 01/02:

Storfe og kalv:

– Fra 01.07.01

Ung okse, kastrat og kvige	Kr 3,10 pr. kg
Ung ku, ku og okse	Kr 2,25 pr. kg
Kalv	Kr 4,10 pr. kg

– Fra 30.07.01

Alle kategorier Ned kr 1,10 pr. kg

– Fra 29.10.01

Alle kategorier Opp kr 0,60 pr. kg

– Fra 12.11.01

Alle kategorier Opp kr 0,70 pr. kg

– Fra 03.12.01

Alle kategorier Opp kr 0,70 pr. kg

Sau /lam:

– Fra 01.07.01

Lam 13,1-23 kg	Kr 5,50 pr. kg
Lam>23 kg	Kr 4,50 pr. kg
Sau og ung sau/mellomlam	Kr 5,50 pr. kg
Vær	Kr 5,50 pr. kg

– Fra 27.08.01

Alle kategorier Ned kr 0,50 pr. kg

– Fra 24.09.01

Alle kategorier Ned kr 0,40 pr. kg

– Fra 05.11.01

Alle kategorier sau/lam Opp kr 0,40 pr. kg

Vær Ned kr 3,00 pr. kg

– Fra 04.03.01

Alle kategorier sau/lam Opp kr 0,50 pr. kg

Vær Opp kr 3,50 pr. kg

Geit/kje:

– Fra 01.07.01

Geit og kje Kr 5,15 pr. kg

6 Fastsetting av satser for frakttilskudd for kjøtt, egg og konserverblomkål

Partene er enige om følgende gjennomsnittssatser for frakttilskudd kjøtt for avtaleåret 2001/2002:

Fraktsatser kjøtt	Kr/kg
Innfrakt	0,209
Mellomfrakt helt slakt, T1	0,362
Mellomfrakt stykket/skåret vare – NII	0,261
Annet tilskudd, skjema A	0,263

Partene legger til grunn at tilskuddsforvalter (SLF) med grunnlag i gjennomsnittssatsene, vurderer behovet for å justere ulike delelementer (sattabeller basert på fraktavstand m.m. og prosentjusteringer av tabellsatser) slik at forbruket av midler i utgangspunktet blir innenfor avsetningen for frakttilskudd slakt på 74,5 mill. kroner. Eventuelt økt bevilgningsbehov må ha grunnlag i økt kvantum eller endringer i transportmønster.

Partene er enige om følgende satser for frakttilskudd egg for avtaleåret 2001/2002:

Sone	Sats (øre pr. kg)
0	0
1	15
2	24
3	33
4	42
5	51
6	59

Eventuelt økt bevilgningsbehov må ha grunnlag i økt kvantum eller endringer i transportmønster.

Partene er enige om at satsen på 0,30 kr/kg for frakttilskudd til konserverblomkål i sone 4 og 5 videreføres i avtaleåret 2001/2002

7 Areal- og kulturlandskapstilskudd: Fastsetting av et forholdstall pr. dyreslag for maksimalt beiteareal pr. beitedyr

Partene er enige om følgende forholdstall per dyreslag for maksimalt beiteareal pr. grovfôrdyr:

Dyreslag	AK-sone 1-4	AK-sone 5	AK-sone 6 og 7
Hest (111+114)	6,5	7,0	8,5
Melkeku/ammeku (120+121)	8,0	9,0	11,0
Storfe (124-129), andre grovfôrdyr	5,0	6,0	7,0
Geit (140+141+142)	2,5	3,0	4,0
Sau (130+133), hjort (181)	2,5	3,5	4,5

8 Forsøksringer: Fordeling mellom rammetilskudd, spesialsatsingstilskudd og avsetning til feltforsøk

Partene er enige om følgende fordeling av midlene til forsøksringene i 2002:

Kompetansetilskudd	1,0 mill. kr
LFR, sekretariatsoppgaver	0,5 mill. kr
Forsøksfelt	2,0 mill. kr
Rammetilskudd etter gammel ordning	11,4 mill. kr
Rammetilskudd og spesialsatsingstilskudd etter ny ordning	22,8 mill. kr
Sum tilskudd	37,7 mill. kr

I forbindelse med statsbudsjettet for 2002 vil 0,3 mill kr bli overført fra kap 1150 tilskudd til forsøksringer og forskning til kap 1143 Statens landbruksforvaltning til å dekke administrasjonskostnadene ved ordningen.

Partene er enige om at for den delen av tilskuddet til forsøksringer som fordeles etter ny ordning, videreføres forholdet 75/25 mellom rammetilskudd og spesialsatsingstilskudd for 2002.

Partene er videre enige om at produksjonene pyntegrønt og urtedyrking gir rett til spesialsatsingstilskudd på lik linje med frukt, bær, blomster og grønnsaker, dvs. vektet med 1.

9 Oppfølging av Innst. S. nr. 158 (2000-2001) om at staten skal dekke også grunneiernes saksomkostninger i tvister om reinbeite

I jordbruksforhandlingene 2001 ble det bestemt at de fylkesvise BU-midlene til tradisjonelt land-

bruk kan brukes til å sikre landbrukets interesser i konfliktsaker med reindriften.

Partene er enige om at grunneiernes saksomkostninger i tvister om reinbeite kan støttes med inntil 50 % fra de fylkesvise BU-midlene til tradisjonelt landbruk. Det blir SND i grunneiernes fylke som behandler søknad om delvis dekning av saksomkostninger i tvister om reinbeite.

Partene er enige om at denne ordningen også omfatter slike saksomkostninger i forbindelse med dom avsagt i Høyesterett 21. juni 2001, saksnr. 365/1999 ("Selbu-saken"). Partene er videre enige om at det ikke blir stilt krav til egenandel for grunneierne i denne saken og at deres saksomkostninger kan dekkes over avsetningen til fylkesvise BU-midler til tradisjonelt landbruk fra og med 2001.

10 Hest i skogbruket

Partene er enige om at tømmerdrift med hest omfattes av følgende ordninger over underpost 50.11 LUF: Tilskudd til drift i områder med vanskelige driftsforhold og til ivaretagelse av viktige miljøkvaliteter og Tilskudd til mer kortsiktige tiltak (bl.a. førstegangstynning).

Oslo, 29. juni 2001

Per Harald Grue

Kirsten Indgjerd Værdal

Arne Vinje

11 Fordeling av midler til Konkurransestrategiene for Norsk Mat

Partene er enige om følgende fordeling av midler til Konkurransestrategiene for norsk mat:

Tiltak	Fordeling 2001	Fordeling 2002
Konsulent og nettverksprogrammet	23 mill. kr	9 mill. kr
Stiftelsen Godt Norsk	17 mill. kr	18 mill. kr
Eksportprogrammet	10 mill. kr	8 mill. kr
KSL	15 mill. kr	22 mill. kr
Offentlige strategier/info/fellesutgifter	4 mill. kr	3 mill. kr
Sum	69 mill. kr	60 mill.kr

12 Fastsettelse av satser innenfor prisnedskrivingsordningen for sprit

Partene er enige om at bevilgningen for avtaleåret 2001-2002 på 18,5 mill NOK fordeles med en prisnedskrivningssats for potetsprit på 7 kr pr liter 100% og et rektifikasjonsbidrag på 3 kr pr. liter 100%. Dersom avsetningen av potetsprit overstiger 18,5 mill. liter potetsprit, skal rektifikasjonsbidraget reduseres.

Vedlegg 2**Referat fra møter mellom Statens forhandlingsutvalg og Norges Bondelag/Norsk Bonde- og Småbrukarlag 14. september 2001**

Til stede:

Fra Norges Bondelag: Værdal, Wettre, Milli, Agerup, Skorge

Fra Norsk Bonde- og Småbrukarlag: Fossen, Reksnes

Fra Staten: Grue, Leirpoll, Gunnarson, Skjeflo, Flåthen, Kvakkestad, Gjørberg, Sandaaker

Grue viste til at møtet var innkalt med bakgrunn i brev fra Norges Bondelag av 06.09.2001. Dette brev med vedlegg var også oversendt Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Værdal viste til "Protokoll fra forhandlingsmøte mellom Staten og Norsk Bonde- og Småbrukarlag 22. august 2001" hvor det er enighet om tillegg til eksisterende jordbruksavtale inngått mellom Staten og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag, jf. Sluttprotokoll fra forhandlingsmøte 18.-19. mai mellom Staten og

Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Værdal viste videre til møte mellom Staten, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag 21. august 2001. Norges Bondelag avviste på møtet statens krav om endringer i den inngåtte avtale med basis i at Hovedavtalens § 2-4 ikke var oppfylt.

I Hovedavtalens §2-4 framgår det at:

«Partene kan kreve forhandlinger om endringene i en løpende jordbruksavtale når viktige forutsetninger for denne er blitt forandret vesentlig. Partene kan også kreve forhandlinger om tillegg til en løpende jordbruksavtale når uforutsette forhold oppstår.»

Norges Bondelag avviste Statens krav om forhandlinger om endringer i inngått jordbruksavtale. Dette ut fra at verken viktige forutsetninger for avtalen var blitt forandret vesentlig eller at det var oppstått uforutsette forhold.

Statens grunnlag for krav om forhandlinger var at prisprognoser for korn pr. dato viste en økning på ca 5 øre pr. kg ift. fjorårets pris. Staten forventer at dette vil gi tilsvarende økning i råva-

reprise til matmel og kraftfôr. Målprisuttaket vil bli som fastsatt i jordbruksavtalen.

Det er med ny markedsordning for korn innført "et mer fleksibelt og konkurransebasert pris-system" slik det heter bl.a. i Stortingsmelding nr 19 (1999-2000). Med et mer konkurransebasert prissystem vil kornprisen bli påvirket av konkurransesituasjonen i markedet. At dette skjer er ikke i seg selv et tilstrekkelig grunnlag for å kreve endringer i inngått jordbruksavtale. Hvordan dette vil påvirke matmel- og kraftfôrprisene, er det umulig å fastslå på det nåværende tidspunkt.

I St.prp. nr. 92 (2000-2001) "Om jordbruksoppgjøret 2001" er det gitt følgende føringer om målpris og kraftfôrpris:

Målprisene i den nye markedsordningen, gjeldende fra 01.07.2001, innebærer en teknisk justering av prisene i gjeldende ordning med 14 øre pr. kg. Justeringen kan innebære en økning i kraftfôrpris på 1 øre pr. kg."

Forutsetningen om at kraftfôrprisen kan øke med 1 øre pr. kg er knyttet til den tekniske justeringen av prisene. Det er med dette ikke gjort forutsetninger om hvordan konkurransesituasjonen vil kunne påvirke kornprisene eller få effekt på råvareprisen til matmel eller kraftfôr.

Det ble også lagt til grunn at en inngått avtale mellom to parter ikke kan endres uten at begge parter samtykker i dette.

Norges Bondelag ba, med bakgrunn i den oppståtte situasjon, professor Henning Jakhelln ved Universitetet i Oslo, om en juridisk utredning av spørsmålet om Staten var berettiget til å kreve forhandlinger om endringer i den eksisterende Jordbruksavtale, inngått 19. mai 2001, og hvorvidt Staten var berettiget til å inngå avtale om endringer av denne jordbruksavtale bare med Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

I utredningen framgår følgende konklusjon (s. 23) når det gjelder hvorvidt Staten var berettiget til å kreve forhandlinger om endringer i eksisterende Jordbruksavtale ut fra Hovedavtalens bestemmelser:

«På denne bakgrunn må det konkluderes med at det hverken i jordbruksavtalen eller i de forutgående forhandlinger er kommet tilstrekkelig klart til uttrykk noe særskilt vilkår eller noen særskilt uttalt forutsetning, at en begrenset markedsmessig endring av kornprisene - slik det her er tale om - skulle innebære en bristende forutsetning for den nye markedsordning, med den konsekvens at den skulle utløse plikt for partene til å reforhandle jordbruksavtalen for så vidt.»

I spørsmålet om hvorvidt Staten ut fra Hovedavtalen var berettiget til å inngå avtale om endringer av eksisterende jordbruksavtale bare med Norsk Bonde- og Småbrukarlag, framgår følgende i utredningen (s. 24):

«§ 1-4 omhandler bare forhandlinger om og inngåelse av jordbruksavtale; tilsvarende omhandler § 4-2 bare jordbruksavtale. Noen tilsvarende bestemmelse om endrings- og tilleggsavtaler er ikke gitt i Hovedavtalen, og det kan heller ikke antas at § 1-4 får anvendelse ved forhandlinger om og inngåelse av slike avtaler. Dersom bestemmelsen skulle få anvendelse for slike avtaler, ville den innebære et vesentlig brudd med det grunnleggende prinsipp i § 1-3 om organisasjonenes felles opptreden som én part; det ville innebære en generell adgang til tilleggs- og endringsavtaler etter forhandlinger med bare den ene av organisasjonene, og kanskje på tross av den annen organisasjons standpunkt og interesser. Uten klare holdepunkter kan en slik forståelse derfor ikke legges til grunn.»

Og videre (s.28):

«Reelle hensyn taler således for at den annen organisasjon må kunne påberope seg bruddet på Hovedavtalens regler om partsforholdet, med den virkning at den inngåtte endrings- og/eller tilleggsavtale mellom Staten og den ene organisasjon må kjennes ugyldig.»

Den samlede konklusjon i utredningen (s. 28) er som følger:

«På denne bakgrunn må det legges til grunn at Norges Bondelag vil kunne kreve lagt til grunn at den inngåtte endrings- og/eller tilleggsavtale av 22. aug. 2001 mellom Staten og Norsk Bonde- og Småbrukarlag er ugyldig.»

Norges Bondelag krevde på denne bakgrunn at tillegg til avtaleteksten for avtaleperioden 2001-2002 kap. 2.4 av 22. august 2001 mellom Staten og

Norsk Bonde- og Småbrukarlag settes til side, og at jordbruksavtalen mellom Staten, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Bondelag av 19. mai 2001 fortsatt gjelder.

Fossen viste til at Norsk Bonde- og Småbrukarlag (NBS) gikk inn i forhandlinger med Staten med basis i § 2-4 i Hovedavtalen fordi etableringen av ny markedsordning for korn under årets jordbruksforhandlinger i ettertid viser seg å ha store utilsiktede utslag for enkeltprodusenter, med uforutsette utgiftsøkninger på opptil ca. 25.000 kroner pr. bruk.

Ved tidspunktet for inngåelse av avtalen hadde ingen av partene mulighet til å vurdere om avtalens forutsetninger om kornpriser og kraftfor/matkornpriser kunne gjennomføres etter avtalens intensjoner. Ut fra de opplysningene NBS fikk fra markedsregulator (Norske Felleskjøp) og Statens landbruksforvaltning i uke 32/33 ble det imidlertid klart at forutsetningene ikke ville holde, og at det var grunnlag for reforhandlinger. Også av hensyn til den politiske legitimiteten til forhandlingsinstituttet og markedsordninga var det viktig å justere prisnivået for korn ved å vedta et tillegg til den løpende jordbruksavtalen.

Fossen uttrykte at NBS sin holdning i denne saken baserer seg på de spesielle omstendigheter knyttet til negative utslag av ny markedsordning for korn og derfor oppfyller kravene til reforhandlingsgrunnlag i avtalen, men ikke kan sees på som en generell tilslutning til utviding av grunnlaget for reforhandling av inngåtte avtaler.

Fossen viste videre til den juridiske betenknin-gen fra Bondelaget, og påpekte at NBS ikke på nåværende tidspunkt hadde underkastet denne nærmere granskning, men forholdt seg kun til denne som et saksinnlegg fra en av forhandlingspartene. NBS står fortsatt fast på sin opprinnelige vurdering som lå til grunn for å gå inn i forhandlinger.

Grue framholdt at en fra Statens side på ny hadde gjennomgått saken ut fra Norges Bondelags brev og professor Jakhellns utredning.

Grue framholdt at utredningen var foretatt på basis av en saksframstilling fra Norges Bondelag. I saksutredningen fra Norges Bondelag er det flere viktige avvik og mangler. De viktigste er følgende:

- Prissettingen på korn skulle fange opp helheten i de nye rammevilkår. Den tekniske omleggingen skulle i seg selv ikke gi økt kornpris. I den tekniske omlegging var det tatt hensyn til virkningen av omleggingen av fraktordningene på Østlandet og at kontrollkostnadene for korn til kraftfôr ikke lenger skulle dekkes av staten.

- De beregninger som Felleskjøpet og Statens landbruksforvaltning gjorde i august 2001 for gjennomsnittlig kornpris etter ny markedsordning var basert på en prognose ved markedsbalanse. Disse forutsetningene er i hovedprinsippene på linje med de prinsippene som ble lagt til grunn ved teknisk omlegging.
- Avviket i kornpris gir en betydelig effekt innenfor enkelte produksjonsområder i jordbruket. Utslaget representerer en uforutsett forskyvning i inntekt på 60-70 mill. kr. Den gir en inntektsheving for kornprodusenter på 10-12 000 kr pr årsverk og en reduksjon i inntektene i de kraftfôrkrevende produksjoner på 6-25000 pr årsverk.

Grue framholdt videre at Norske Felleskjøp på møte i departementet 16.8.01 har sagt at organisasjonen har hatt den vurdering at den vedtatte tekniske omlegging ville ha en annen virkning på kornpris enn avtalepartene har forutsatt. Prognosen for kornpris i august var i samsvar med Norske Felleskjøps tidligere vurderinger. Staten som part var ikke tidligere gjort kjent med Felleskjøpets vurderinger.

Ut fra en samlet vurdering av de forannevnte momenter mener Staten at det er grunnlag for å endre den inngåtte avtale, om nødvendig etter forhandlinger i henhold til § 2-4. Fra Statens side mener en terskelen for å kreve forhandlinger må være lavere i de tilfeller hvor kravet om forhandlinger er knyttet til at staten som part ikke var kjent med viktige vurderinger.

Vedrørende Hovedavtalens § 1-4 mener staten at hjemmelen til å inngå avtale med en organisasjon er generell. Bestemmelsen ble innført i 1984 for å hindre at en organisasjon blokkerer avgjørelse ved uenighet mellom to organisasjoner. Det er ikke noen omfattende praksis å vise til. Dette henger primært sammen med at partene har søkt å komme fram til forhandlingsløsninger med begge organisasjoner. Bestemmelsen i § 1-4 ble innført i 1984 og det ble ikke inntatt eller drøftet noen avgrensingsbestemmelser verken i 1984 eller seinere.

Grue framholdt at partene i protokoll av 23.2.1984 sier at

«partene har drøftet spørsmål om tillegg til Hovedavtalen og andre viktige spørsmål både for forhandlingene i 1984 og mer generelt.»

Ved forhandlingene i 1987 ble bestemmelsen anvendt i en forhandlingsløsning med Norsk Bonde- og Småbrukarlag avgrenset til fordelings-spørsmål. Disse forhandlingene ble foretatt etter at Stortinget hadde fastsatt inntektsramme og noen andre spørsmål.

I Hovedutvalgets utredning (NOU 1988:10) er det ikke foretatt noen vurderinger om avgrensning av bestemmelsen. Ut fra dette er det etter statens oppfatning klart at staten også må kunne gjennomføre forhandlinger i henhold til § 2-4 med en av organisasjonene.

Partene konstaterte at det er lagt ulike vurderinger til grunn.

Vedlegg 3

Referat fra forhandlingsmøte mellom Staten og Norsk Bonde- og Småbrukarlag 22. august 2001

Til stede:

Fra Norsk Bonde- og Småbrukarlag: Vinje, Fossen, Reksnes, Godli

Fra Staten: Grue, Sagelvmo, Gunnarson, Nersten, Skjeflo, Helgen, Sandaaker

Grue viste til forhandlingsmøte mellom Staten og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag 21. august der det ble enighet mellom Staten og Norsk Bonde- og Småbrukarlag om å oppta forhandlinger med basis i § 2-4 i Hovedavtalen for jordbruket av 17.02.92.

Partene ble enige om protokoll, se undervedlegg.

Undervedlegg 1

Protokoll fra forhandlingsmøte mellom Staten og Norsk Bonde- og Småbrukarlag 22. august 2001

Partene viser til pkt. 3 i sluttprotokoll fra jordbruksforhandlingene 2001, forhandlingsmøte 18. – 19. mai mellom Staten og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. I sluttprotokollen er det lagt til grunn at det skal fastsettes målpriser i den nye markedsordningen for korn, gjeldende fra 01.07.01, som innebærer en teknisk justering av prisene i tidligere ordning med 14 øre pr. kg. I protokollen fra møtet 18. – 19. mai legges det til grunn at justeringen kan innebære en økning i kraftfôrpris på 1 øre pr. kg.

Partene viser til etablering av ny markedsordning for korn er en helt spesiell systemomlegging hvor det påhviler avtalepartene et særskilt ansvar i å fastsette avtalebestemmelser som realiserer de forutsetningene som lå til grunn for omleggingen. Partene viser videre til at det først i uke 32/33 har vært mulig å foreta en vurdering av om avtalens forutsetninger om kornpriser og kraftfôr/matkornpriser skal kunne gjennomføres. Partene konstaterer at de priser som nå er fastsatt i marke-

det synes å gi et prisnivå til kornprodusent i gjennomsnitt 5-6 øre høyere enn forutsatt i jordbruksoppkjøret, forutsatt samme leveringsmønster som i kornsesongen 2000-2001. Partene er på dette samlede grunnlag enige om å oppta forhandlinger med basis i § 2-4 i Hovedavtale for jordbruket.

På dette grunnlag er partene enige om følgende:

1. Prisjusteringen som ble foretatt under årets jordbruksoppkjør er en teknisk justering på grunn av overgang til ny markedsordning for korn, der omleggingen i seg selv ikke skal innebære noen endring i gjennomsnittlig kornpris til produsent.
2. De kornpriser som nå er satt i markedet på grunnlag av gjeldende målpriser synes å gi et prisnivå til kornprodusent i gjennomsnitt 5-6 øre høyere enn forutsatt i jordbruksoppkjøret forutsatt samme leveringsmønster som i kornsesongen 2000-2001.
3. Disse kornprisene innebærer også en prisøkning på råvarene i kraftfôr- og matmelmarkedene som om lag ligger tilsvarende over det som var forutsetningene i jordbruksoppkjøret.
4. For å realisere det prisnivå som var forutsatt i jordbruksoppkjøret er partene enige om at Norske Felleskjøp som markedsregulator skal legge sine prisnoteringer på målprisanleggene på et nivå som ved markedsbalanse gir et gjennomsnittlig prisnivå for avtaleåret på 4 øre under eksisterende målpris.
5. Landbruksdepartementet vil instruere Statens landbruksforvaltning om å legge det nye prisnivået ved målprisanleggene, herunder øvre og nedre prisgrenser, til grunn ved administreringen av importvernet.
6. Virkningen av den nye markedsordningen og de ulike virkemidler på kornsektoren, herunder fraktordningene, vil bli gjennomgått og vurdert av partene forut for forhandlingene i 2002. Partene er enige om å gjennomføre endringer med sikte på å redusere pris-/lønnsomhetsforskjeller på korn internt på Østlandet. Partene er enige om at det er viktig å gjennom-

føre tilpassinger i markedsordningen for korn basert på de erfaringer en høster, med sikte på å effektivisere markedssystemet for korn og bidra til kostnadsreduksjoner. Partene er enige om at endringene må gjennomføres slik at alle aktører får klare insitamenter til å gjennomføre kostnadsbesparende tilpassinger og at evt. overkompensasjon i fraktordningene skal fjernes.

7. Partene vil følge gjennomføringen av markedsordningen i avtaleåret 2001-2002 nøye. Mar-

kedsregulator og SLF forutsettes å gi løpende rapporter om gjennomføringen.

Partene er enige om følgende tillegg til avtaleteksten for avtaleperioden 2001-2002, kap. 2.4 Korn:

«For avtaleåret 2001-2002 skal markedsregulator legge sine prisnoteringer på målprisanleggene på et nivå som ved markedsbalanse gir et gjennomsnittlig prisnivå for avtaleåret på 4 øre under eksisterende målpris.»

Oslo 22. august 2001

Arne Vinje

Per Harald Grue

Vedlegg 4**Referat fra forhandlingsmøte mellom Staten og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag 21. august 2001**

Til stede:

Fra jordbruket: Værdal, Spanne, Wettre, Milli, Agerup, Skorge, Fossen, Reksnes og Godli

Fra staten: Grue, Sagelvmo, Skjeflo, Nersten, Helgen og Sandaaker

Grue viste til referat fra møter mellom Landbruksdepartementet og Norges Bondelag/Norsk Bonde- og Småbrukarlag 16. og 17. august. Staten krevde på møtet 17. august forhandlinger om endringer i inngått jordbruksavtale med hjemmel i § 2-4 i Hovedavtalen for jordbruket av 17.02.92. Han viste for øvrig til referat fra møtene 16.–17.08 når det gjelder begrunnelsen for kravet fra Statens side.

Værdal, Norges Bondelag, viste til at de to organisasjoner ser ulikt på statens krav om forhandlinger.

Norges Bondelag avviser statens krav om endringer i inngått avtale. Dette ut fra at verken viktige forutsetninger for avtalen har blitt forandret vesentlig eller at det har oppstått uforutsette forhold. Norges Bondelag legger også til grunn at en inngått avtale mellom to parter ikke kan endres uten at begge parter samtykker i dette. Værdal viste videre til brev av 21.08.2001 angående statens krav som ble overlevert på møtet (se vedlegg).

Fossen, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, sa at saken er stor nok til å kunne tas opp til forhandling i henhold til Hovedavtalens § 2-4. Norsk Bonde- og Småbrukarlag var innstilt på gjennom forhandlinger å søke å komme fram til en omforent løsning. Det er imidlertid nødvendig å understreke de helt spesielle forhold i saken ved overgang til ny markedsordning. Det må være en høy terskel for å kunne kreve forhandlinger om tillegg til en løpende avtale. Han beklaget videre at det ikke var mulig å få Norges Bondelag med på videre forhandlinger.

Grue framholdt at det er gitt uttrykk for forskjellige synspunkter fra jordbruksorganisasjonenes side, og at det ikke er enighet mellom partene i saken. Han framholdt at dette er en sak der alle parter bør ha et ansvar for å komme fram til enig-

het. På den annen side kan heller ikke uenighet innebære at det ikke blir mulig å gjennomføre tillegg til jordbruksavtalen gjennom forhandlinger.

Grue ga uttrykk for at han oppfattet Norges Bondelags og Norsk Bonde- og Småbrukarlags tilbakemelding slik at det ikke var grunnlag for å komme fram til felles standpunkt mellom organisasjonene og dermed til et felles standpunkt ut fra hovedavtalens bestemmelser i § 1-4 og ba om Norges Bondelags og Norsk Bonde- og Småbrukarlags vurdering av dette.

Grue viste videre til Hovedavtalens § 1-2 – 1-4 og framholdt at Hovedavtalen og dens forarbeider ikke har noen slike formelle begrensninger som Norges Bondelag har gitt uttrykk for. Hovedavtalens § 1-2 ”regulerer forhandlinger om inngåelse av jordbruksavtaler og endrings- og tilleggsavtaler, visse virkninger av jordbruksavtaler og endrings- og tilleggsavtaler, og gjennomføring av tiltak vedrørende jordbruket som er fastsatt i jordbruksavtaler eller på annen måte.”

Hjemmelen i § 1-4 til å inngå avtale med en organisasjon er generell. Formålet med bestemmelsen er å hindre at en organisasjon blokkerer en avgjørelse ved uenighet. Grue var imidlertid enig i at hjemmelen skal brukes med varsomhet og bare nyttes for viktige spørsmål når alle forsøk på å komme fram til enighet er uttømt. Han mente klart at en slik situasjon nå forelå.

Værdal gjentok at Norges Bondelag mener en inngått avtale ikke kan endres uten at de organisasjoner som har inngått avtalen samtykker i det. Etter Norges Bondelags mening er det ikke grunnlag for forhandlinger i henhold til § 2-4 i Hovedavtalen. På Grues spørsmål om Staten har fulgt opp de materielle bestemmelser i Hovedavtalens § 1-4, viste Værdal og Fossen til at saken var grundig drøftet i Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag, og at det ikke var mulig å komme fram til et felles standpunkt. Det ble også vist til møter på formannsplan 17.08 og kontakt i forkant av møtet.

Grue meddelte at staten ut fra dette vil ta opp forhandlinger med Norsk Bonde- og Småbrukar-

lag om tillegg til den inngåtte avtale. Norges Bondelag forlot deretter møtet.

Grue satte deretter forhandlingsmøte med Norsk Bonde- og Småbrukarlag i henhold til Hovedavtalens § 1-4.

Partene gjennomgikk alle sider av saken og drøftet innholdet i en sluttprotokoll om tillegg til den inngåtte avtale.

Partene var enige om å møtes 22.08 kl 1000 for å slutføre forhandlingene.

Undervedlegg 1

Brev av 21. august 2001 fra Norges Bondelag til Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Angående Statens krav om forhandlinger om endringer i inngått jordbruksavtale av 19.05.2001 framsatt i møte 21.08.2001

Det vises til at Landbruksdepartementet i møte med Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Bondelag 17.08.2001 innkalte partene til forhandlingsmøte 21.08.2001.

Det vises til Hovedavtale for jordbruket §2-4 hvor det framgår at "Partene kan kreve forhandlinger om endringene i en løpende jordbruksavtale når viktige forutsetninger for denne er blitt forandret vesentlig. Partene kan også kreve forhandlinger om tillegg til en løpende jordbruksavtale når uforutsette forhold oppstår."

Med hilsen

Kirsten Indgjerd Værdal

Norges Bondelag avviser Statens krav om forhandlinger om endringer i inngått jordbruksavtale. Dette ut fra at verken viktige forutsetninger for avtalen har blitt forandret vesentlig eller at det har oppstått uforutsette forhold.

Statens grunnlag for krav om forhandlinger er at prisprognoser for korn pr. dato viser en økning på ca 5 øre pr. kg ift. fjorårets pris. Staten forventer at dette vil gi tilsvarende økning i råvareprisen til matmel og kraftfôr. Målprisuttaket vil bli som fastsatt i jordbruksavtalen.

Det er med ny markedsordning for korn innført "et mer fleksibelt og konkurransebasert pris-system" slik det heter bl.a. i Stortingsmelding nr 19 (1999-2000). Med et mer konkurransebasert prissystem vil kornprisen bli påvirket av konkurransesituasjonen i markedet. At dette skjer er ikke i seg selv et tilstrekkelig grunnlag for å kreve endringer i inngått jordbruksavtale. Hvordan dette vil påvirke matmel- og kraftfôrprisene, er det umulig å fastslå på det nåværende tidspunkt.

I St.prp. nr. 92 (2000-2001) "Om jordbruksoppgjøret 2001" er det gitt følgende føringer om målpris og kraftfôrpris: "Målprisene i den nye markedsordningen, gjeldene fra 01-07.2001, innebærer en teknisk justering av prisene i gjeldene ordning med 14 øre pr. kg. Justeringen kan innebære en økning i kraftfôrpris på 1 øre pr. kg." Forutsetningen om at kraftfôrprisen kan øke med 1 øre pr. kg er knyttet til den tekniske justeringen av prisene. Det er med dette ikke gjort forutsetninger om hvordan konkurransesituasjonen vil kunne påvirke kornprisene eller få effekt på råvareprisen til matmel eller kraftfôr.

Det legges også til grunn at en inngått avtale mellom to parter ikke kan endres uten at begge parter samtykker i dette.

Harald Milli

Vedlegg 5**Brev av 28. august 2001 fra Arbeids- og administrasjonsdepartementet til Norges Bondelag****Angående Statens krav om forhandlinger på bakgrunn av nye opplysninger om markedsordning for korn.**

Det vises til brev av 21. august 2001 fra Norges Bondelag om ovennevnte sak.

Da nåværende målpris på korn ble avtalt av partene i årets jordbruksoppgjør var det lagt til grunn at overgangen til den nye markedsordningen for korn i seg selv ikke skulle føre til endringer i kornpris til produsenten. Ny informasjon synes å gi et prisnivå til produsentene som ligger 5-6 øre høyere enn forutsatt. På denne bakgrunn krevde staten 17.08.2001, med basis i Hovedavta-

lens § 2-4 nye forhandlinger. Fra statens side ser vi dette som en riktig fortolkning av Hovedavtalen.

I forhandlinger mellom staten og Norsk Bonde- og Småbrukarlag, har partene kommet fram til et tillegg til årets jordbruksavtale jfr. protokoll av 22. august 2001 mellom staten og Norsk Bonde- og småbrukarlag som følger vedlagt.

Vi vil i forhold til Norges Bondelags brev av 21.08.01 særlig vise til andre avsnitt i vedlagte protokoll hvor det klart går fram at Norsk Bonde- og Småbrukarlag er enig i statens fortolkning av Hovedavtalen.

Med hilsen

Rune Solberg (e.f.)

Ekspedisjonssjef

Arnulf Leirpoll

Vedlegg: 1

Vedlegg 6**Referat fra møter mellom Landbruksdepartementet og Norges Bondelag/Norsk Bonde- og Småbrukarlag 16.-17. august 2001**

Til stede:

Fra jordbruket: Værdal, Fossen, Milli, Godli, Wettre, Agerup, Skorge,

Fra staten: Grue, Sagelvmo, Kvakkestad, Helgen, Sandaaker

Grue viste innledningsvis til at de kornpriser som nå er satt i markedet på grunnlag av gjeldende målpriser synes å gi et prisnivå til kornproducent i gjennomsnitt 5-6 øre høyere enn forutsatt i den inngåtte jordbruksavtale. Uavhengige beregninger foretatt av markedsregulator og Statens landbruksforvaltning på grunnlag av fjorårets kornleveranser til Felleskjøpet Øst Vest sine anlegg på Østlandet bekrefter dette. Markedsregulator Norske Felleskjøp var til stede på møtet 16. august og redegjorde for analyser og prissetting i overgangen til ny markedsordning.

Grue viste til at prisjusteringen som ble foretatt under årets jordbruksoppgjør er en teknisk justering som forutsetningsvis ikke skal innebære noen endring i gjennomsnittlig kornpris til produsent, jf. pkt. 3 i sluttprotokoll fra jordbruksforhandlingene 2001, og fordelingsskjemaet der det er lagt til grunn at det skal fastsettes målpriser i den nye markedsordningen for korn, gjeldende fra 01.07.01, som innebærer en teknisk justering av prisene i tidligere ordning med 14 øre pr. kg. I protokollen fra møtet 18. – 19. mai legges det til grunn at justeringen kan innebære en økning i kraftfôrpris på 1 øre pr. kg. Grue påpekte at de kornprisene som nå er satt i markedet også vil innebære en prisøkning på råvarekostnadene i kraftfôr- og matmelmarkedene som ligger tilsvarende over det som var forutsetningene i jordbruksoppgjøret. Grue mente prisøkningene er i strid med forutsetningene i jordbruksoppgjøret og foreslo følgende løsning: Målprisene for korn fastsatt i jordbruksoppgjøret endres ikke, men avtalepartene gir instruks til markedsregulator, Norske Felleskjøp, om å legge sine prisnoteringer på målprisanleggene på et nivå som gir et gjen-

nomsnittlig prisnivå for året på 6 øre under eksisterende målpris for inneværende avtaleperiode.

Værdal, Norges Bondelag, var ikke enig i beskrivelsen av hvordan endringen av markedsordningen for korn ville påvirke korn-, kraftfôr og melpreis. Hun mente at det vi visste på det nåværende tidspunkt ikke var i strid med de forutsetninger som var lagt i jordbruksavtalen. Det var en forutsetning ved endringen av markedsordningen for korn at markedet skulle sette prisene innenfor den fastsatte målprisen. Aktørene har nå fastsatt prisene og virkning på kraftfôrprisen ville ikke kunne bli registrert tidligst før over nyttår. Hun kunne derfor ikke akseptere forslaget fra Landbruksdepartementet. Hun viste videre til at partene har inngått jordbruksavtale som Stortinget har behandlet, og kunne ikke se at det var grunnlag for å endre denne.

Fossen, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, mente at forutsetningen om at prisjusteringen under jordbruksoppgjøret var en teknisk justering som må legges til grunn ved vurdering av saken. Fossen ga uttrykk for at Norsk Bonde- og Småbrukarlag kunne være med på en justering på 3 øre i forhold til målpris under forutsetning av at fraktordningene på korn ble gjennomgått før neste års jordbruksoppgjør og endret ved neste jordbruksoppgjør.

Grue konstaterte det ikke var enighet i saken og at jordbruksorganisasjonene ga uttrykk for forskjellige vurderinger. Det ble deretter holdt sær- møter og formannsmøter. I plenumsmøte etterpå oppsummerte Grue med at det ikke var enighet om en omforent løsning mellom partene. Fra statens side hadde en innkalt til møte med sikte på å komme fram til en enighet. Ut fra den foreliggende situasjon meddelte Grue at staten krever forhandlinger om endringer i inngått jordbruksavtale med hjemmel i § 2-4 i Hovedavtalen for jordbruket av 17.02.92.

Det ble bestemt at partene skulle møtes til forhandlingsmøte 21.08.01 kl. 11.00.

Vedlegg 7**Oversikt over resultater fra overvåkings- og kontrollprogram for levende dyr og næringsmiddel**

Dyreart	Infeksjon	Start	Omfang i 2000	Antall prøver 2000	Positive funn i 2000
Storfe	IBR/IPV	1992	10 % av melkefebesetningene, 10 % av kjøttfebesetningene	1578 tankmelkprøver, 2892 blodprøver fra 340 besetninger	Ingen
	Brucella	2000	20 % av melkefebesetningene 20% av kjøttfebesetningene Ved aborter	4228 tankmelkprøver 5695 blodprøver fra 677 besetninger 17 fostre fra 14 besetninger, 22 blodprøver fra 11 besetninger	Ingen
	BVD	1992	Alle besetninger	19970 tankmelkprøver fra 16615 besetninger 1610 samleblodprøver fra 1520 besetninger	Forekomsten av BVD-smitte er betydelig redusert 136 opphevede og 84 pålagte restriskjoner
	EBL	1994	10 % av melkefebesetningene, 10 % av kjøttfebesetningene	1578 tankmelkprøver 2892 blodprøver fra 340 besetninger	Ingen
	Paratuberkulose	1996	36 organprøver og 186 avføringsprøver fra totalt 53 melkekubesetninger hvor det tidligere er påvist høye serologiske verdier. 30 blodprøver, 19 organprøver og 61 avføringsprøver fra 19 besetninger undersøkt på klinisk grunnlag		Ingen
	BSE	1988 2000	Undersøkelse ved klinisk mistanke Overvåking av importdyr	35 dyr fra 35 besetninger 19 dyr fra 15 besetninger	Ingen
	EHEC	1999	200 utvalgte kjøttfebesetninger	1435 individprøver fra 165 besetninger	Ingen
Gris	AD	1994	Alle avlsbesetninger samt et utvalg av kombinerte besetninger og slaktegris besetninger	4573 prøver fra 457 besetninger	Ingen
	TGE	1995	«	4565 prøver fra 457 besetninger	Ingen
	PRRS	1995	«	4574 prøver fra 457 besetninger	Ingen

Dyreart	Infeksjon	Start	Omfang i 2000	Antall prøver 2000	Positive funn i 2000
	Svinein-fluensa	1997	«	4574 prøver fra 457 besetninger	Ingen
Fjørfe	New-castle disease		Alle sertifiseringsflokker testes	5834 prøver fra 77 produsenter	Ingen
	ILT	1997	Alle flokker i avlspyramiden	5635 prøver fra 71 produsenter	Ingen
	ART	1997	Alle flokker i avlspyramiden for høns og kalkun	5725 prøver fra 73 produsenter	Ingen
Småfe	Scrapie	1997	Screening av et utvalg av slaktede sauer Undersøkelse ved klinisk mistanke, sau og geit	2570 prøver fra 2258 besetninger 215 (hvorav 38 undersøkt ved NVH-Sandnes)	Ingen 5 positive dyr (alle undersøkt ved VI)
	Mædi	1997	Ca. 25 % av besetningene i Hordaland og Rogaland (alle skal undersøkes i løpet av 5-6 år)	24478 prøver fra 1301 besetninger	1 positiv besetning
Flere arter	Salmonella-infeksjon (levende dyr)	1995	Storfe: 3000 lymfeknuteprøver Gris: 3000 lymfeknuteprøver, avføringsprøver fra alle avls-besetninger Fjørfe: avføringsprøver fra alle besetninger med >50 slaktekylling eller >250 verpehøns / avlsdyr	– 2525 lymfeknuter fra 1929 besetninger – 2862 lymfeknuter fra 1685 besetninger – 2175 avføringsprøver fra 167 besetninger – 5109 avføringsprøver fjørfe fra 1448 besetninger	Totalt 7 positive (1 positiv avføringsprøve fra gris, 2 positive avføringsprøver fra kalkun. 2 positive lymfeknuter fra storfe og 2 fra gris)
Fisk	VHS/IHN	1994	50 % av antall anlegg skal undersøkes hvert år	14871 samleprøver	Ingen
	VNN (VER)	1999	Alle yngelprodusenter av kveite og piggvar skal undersøkes en gang årlig	547 prøver (120 fra import)	Ingen
	Herpesvirus scophthalmi	1999	Alle yngelprodusenter skal undersøkes en gang årlig (2 anlegg) + 1 import	46 prøver fra anlegg, 60 fra import	1 påvisning
	Anguillicola	1999	Alle åleanlegg skal undersøkes hvert år	30 (1 anlegg)	Ingen
	Gyrodactylus salaris	2000	Plan (gjennomført): 133 (99) elver + 16 (10) anlegg	4224 villfisk + 362 oppdrettsfisk	1 elv med nypåvisning og 2 elver med resmitte, 1 elv og 1 anlegg med mistanke
Østers	Bonamiose / Marteili-ose	1995	Våren: 30 prøver fra 8 prøvepunkt undersøkt. Høsten: 30 prøver fra 9 prøvepunkt undersøkt	510	Ingen

Smittestoff

Analytter	Start	Omfang	Tal prøver 2000	Positive funn 2000
Salmonella nedskjærings-verksemder	1995	Produksjon > 20 tonn/veke 1 prøve per veke. Produksjon < 20 tonn/veke 1 prøve pr måned. Verksemder godkjent med begrensa kapasitet: 2 prøver per år.	2399	1
EHEC slakte-skrotter	1998 storfe 1999 inkl. småfe	Tal prøver som vert teke ut skal tilsvare en prøve per 150 storfeslakt, 1 prøve per 1.000 saueslakt og 1 per 150 geiteslakt.	Storfe: 2383 Småfe: 1069	1 positivt storfeslakt, 1 positiv saueslakt
Salmonella ferskt kjøtt og fjørfe-kjøtt	1995	Prøver frå lymfeknuter, halsskinn og overflatesvaber i henhold til instruks.	Storfe: 2542, Svin: 2851, Sau: 2494, Fjørfe: 7467	Ingen
Listeria i ost av upasturisert mjølk	1999	Kvart 5. parti importerte varer	216	Ingen
EHEC i storfe-kjøtt	1999	Kvart 5. part importert storfekjøtt sjekkes	40	Ingen
Salmonella i skaldyr, mjølk-egg-produkter og vilt-kjøtt	1999	Kvart 5. parti importerte varer	Skaldyr: 688 Mjølkeprod: 227 Eggprod: 11 Viltkjøt: 517	Skaldyr 2 Mjølkeprod: ingen Eggprod: ingen Viltkjøt: 6-26
Salmonella i fersk kjøt og fersk fjørfe-kjøtt m/salmonellagaranti	1999	Kvart parti importerte ferskt kjøtt m/salmonellagaranti	6374	Storfekjøt: 4-20 svinekjøt: 11-47 fjørfe-kjøt: 6-18
Campylobacter i fjørfeprodukt	1999	Kvart 5. parti importert ferskt fjørfe-kjøtt	165	13
Vibrio i skaldyr	1999	Kvart 5. parti importerte skaldyr	709	51
Førekomst av antibiotikaresistente bakteriar i utvalgte næringsmiddel på den norske marknaden	1998	Grønsaker, frukt, fjørfeslakt, mjølkeprodukt, storfekjøt, laks, svinekjøt	Fjørfe: 197 Svin: 400	Truleg samanheng mellom bruk av antibiotika til mat-produserande dyr og førekomst i mat.
Førekomst av antibiotikaresistens hos listeria monocytogenes	1998	Listeriaisolat frå norske næringsmiddel og prod.miljø i forhold til 16 antibiotika		

Analytter	Start	Omfang	Tal prøver 2000	Positive funn 2000
Førekomst av antibiotikaresistente bakterier i starterkultur	1998	Starterkultur i forhold til 14 antibiotika		
Mikrobiologisk status på upasturiserte mjølkeprodukt	1998	Ost, rømme o.a		
Mikrobiologisk status av frukt og grønnsaker	1999	Norske og importerte grønnsaker, bær, tørket frukt, avrenningsvatn og vanningsvatn	1430	Avrenningsvatn (spire): 3 salmonella. Vatningsvatn: TKB og pres. E.coli påvist frå samtlige prøver. Salat: TKB i 9 %
Paratuberkulose i rå mjølk	1999	Rå ku- og geitemjølk	200 geitemjølk	10 positive utslag ved IMS-PCR
Mikrobiologisk status i rå mjølk	1999	Ku- og geitemelk, tankmjølkprøver	186 kumjølk og 100 geitemjølk	Geitemjølk: Staph.aureus 83 % Listeria: 4 % TKB 21 %. Kumjølk Staph.aureus: 65 % Listeria: Ikkje påvist TKB 31 %
Parasitter i drikkevann	1998	Drikkevatnkjelder		
Clostridium botulinum i honning	1999	Honning		
Virus i skjell	2000	Skjell		Føre kjem sporadisk Avventer endelig rapportering
Listeria i rakfisk	2000	Rakfisk i butt, fleire prøveuttak pr butt	120 buttar samt 15 kontrollprøver	Ved lagring 8 – 10 ° C, 1 av 15 (7 %) kontrollprøver positive

Framandstoff

Analytter	Start	Omfang	Tal prøver 2000	Positive funn 2000
Foruren- sende stof- fer (ca. 80) og legemid- ler (ca. 60)	1988	Den nasjonale overvåkingen av forurensninger og legemidler i kjøtt har pågått i SNTs regi siden 1988. I 1999 ble programmet utvidet til å omfatte også melk, egg og honning. Prøveomfanget er i hht EU-krav (96/23), basert på produksjons-statistikk fra 1998.	Storfe: 2965, Gris: 1801, Sau: 1505, Hest: 25, Kyl- ling: 200, Høns: 14, Rein: 100, Melk: 300, Egg: 200, Honning: 30	Resultater foreligger ikke enda
Foruren- sende stof- fer (ca. 16) og legemid- ler (ca. 20)	1997	Overvåkingen av forurensninger og legemidler i importerte varer startet i 1997. Omfanget har økt gradvis. I år 2000 skal det tas fem prøver av hvert femte parti med kjøtt fra kylling og storfe, samt kjøtt og fett fra svin.	Resultater foreligger ikke enda	Resultater foreligger ikke enda
Miljøgifter: PCB, dioksi- ner, PAH, TBT og tungmetal- ler	1999	Havner og Fjorder, Ytre Oslofjord		Rapport 2001
Miljøgifter: PCB, dioksi- ner, PAH, TBT og tungmetal- ler	1999	Havner og Fjorder, Rogaland		Rapport 2001
Organiske miljøgifter ferskvanns- fisk	1998	Utvalgte ferskvann i Norge		Rapport 2001
Kvikksølv i ferskvanns- fisk del III	2000	Utvalgte ferskvann i Norge.		Rapport 2001

Analytter	Start	Omfang	Tal prøver 2000	Positive funn 2000
Nye organiske miljøgifter i fisk, tran og krabbe. Prøvene skal analyseres for dioksiner, PCB, toksafen, PCN og bromerte flammehemmere.	1999	Fiskeslag langs norskekysten, samt tran og krabber.		Rapport 2001
Miljøgifter i hval og enkelte arter av marin fisk. Kvikksølv, PCB, dioksin, toksafen, bromerte forbind.	1998	Prøver av hval og noen fiskearter.		Rapport 2001
Kartlegging av organiske miljøgifter i næringsmidler. Dioksiner og PCB	2000	Prøver av egg, smør, storfe, svin, lam, kylling, kalkun, margarin, rødspette.		Rapport 2001
Radioaktivt Cesium (137Cs)	1986-1987	Målinger av småfe, storfe, tamrein (0,1% av dyr fra frisoner / dyr som kan verte sendt rett til slakteriet og 1% av dyr fra tiltakssone / dyr som ved levende dyr målinger har ligge over tiltaksgrensa og blitt føret ned), mjølk, geitemjøl, sopp, fôr og gras.	Totalt ca. 5000 dyr	Småfe: 3 % over tiltaksgrensa (600 Bq/kg) Tamrein: 6,5% over tiltaksgrensa (3000 Bq/kg)
Radioaktivt Cesium (137Cs)	1987	"Matkurv"; sju bestemte matvarer (kjøtt av småfe, storfe, tamrein og vilt samt saltvassfisk, honning og geitost) plukkes ut i daglegvareforretningar over hele landet og måles.	Ca. 643 målinger (ca. 90 målinger for kvart næringsmiddel)	Ei honningprøve og ei småfeprøve over tiltaksgrensa (600 Bq/kg)

Analytter	Start	Omfang	Tal prøver 2000	Positive funn 2000
Radioaktivt Cesium (137Cs)	1993	Overvåking / målinger av radioaktivitet i saltvassfisk	Ca. 25 prøver (samleprøver av fisk/25 stk.), kongekrabbe, blåskjell og reker. Målinger i samband med ubåtulykka i Baretshavet i august.	Lave verdier
Plantevernmidler i drikkevann	1998	Kartlegging av rester av plantevernmidler i drikkevann fra offentlige vannverk	30 vann fra 10 vannverk basert på grunnvann. Mange prøver spesialanalysert	Vann ett vannverk inneholdt rester av to metabolitter fra atrazin (0.30 mg/l)
Nitrat i salat og spinat	1999	Overvåking og sjekk om norskprodusert salat er i samsvar med regelverket	96 salatprøver + 4 spinatprøver	13 salatprøver +1 spinatprøve over grenseverdien.
3-MCPD i ulike matvarer	1999	Undersøkelse av ulike typer soysaus på det norske markedet	31 ulike merker/typer soyasaus	27 over grenseverdien på 0,02 mg/kg. Høyeste verdi var 146,1 mg/kg.

Vedlegg 8**Tilsetjingsvilkår for leiarane i heileigde statlege selskap under
Landbruksdepartementet****Statskog SF**

Utgifter til:	Kr
Lønn, styrehonorar	651 000
Pensjonsutgifter	83 000
Anna godtgjersle	4 000

Administrerande direktør har ein avtale som sikrar årleg pensjon på 66 pst. av pensjonsgrunnlaget frå fylte 62 år.

VESO AS

Utgifter til:	Kr
Lønn, styrehonorar	824 460
Pensjonsutgifter	31 941
Anna godtgjersle	123 647

Administrerande direktør har ein avtale med styret om å kunne gå av ved fylte 65 år. Frå fylte 65 år til 67 år har han ein årleg kompensasjon på 60 pst. av lønn ved avgang.
